



DET KONGELIGE  
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

# Prop. 1 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

**FOR BUDSJETTÅRET 2021**

Utgiftskapitler: 61, 400–491

Inntektskapitler: 3400–3490





DET KONGELIGE  
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

# Prop. 1 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

**FOR BUDSJETTÅRET 2021**

Utgiftskapitler: 61, 400–491

Inntektskapitler: 3400–3490



# Innhald

<b>Del I</b>	<b>Innleiande del</b> .....	9	<b>Del II</b>	<b>Nærmare om budsjettforslaget</b>	59
<b>1</b>	<b>Hovudinnleiing</b> .....	11	<b>2</b>	<b>Nærmare om budsjettforslaget</b>	61
1.1	Ansvarsområde og organisering ..	11	<b>Programområde 06 Justissektoren</b> .....		61
1.2	Mål for justis- og beredskapssektoren .....	12	<i>Programkategori 06.10 Administrasjon</i> .....		61
1.3	Hovudsatsingar i 2021 .....	12	Kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet .....		62
1.4	Effektiv kamp mot kriminalitet .....	15	Kap. 3400 Justis- og beredskapsdepartementet .....		64
1.4.1	Tilstandsvurdering – kriminalitetsbiletet i dag .....	15	<i>Programkategori 06.20 Rettsvesen</i> .....		65
1.4.2	Konsekvensane av virusutbrotet for straffesakskjeda .....	17	Kap. 61 Høyesterett .....		68
1.4.3	Politiet .....	18	Kap. 410 Domstolene .....		69
1.4.4	Den høgare påtalemakta .....	19	Kap. 3410 Domstolene .....		81
1.4.5	Kriminalomsorga og konfliktråda .....	19	Kap. 414 Forlikråd og andre domsutgifter .....		82
1.5	Rettstryggleik .....	19	<i>Programkategori 06.30 Straffegjennomføring og konfliktråd</i> .....		84
1.5.1	Domstolar .....	20	Kap. 430 Kriminalomsorgen .....		86
1.5.2	Spesialeininga for politisaker .....	20	Kap. 3430 Kriminalomsorgen .....		93
1.5.3	Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker .....	21	Kap. 432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter (KRUS) .....		93
1.5.4	Sivile rettspleie- og forvaltningsoppgåver i politiet .....	21	Kap. 3432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter .....		94
1.5.5	Offentleg rettshjelp .....	21	Kap. 433 Konfliktråd .....		95
1.5.6	Offeromsorg .....	21	Kap. 3433 Konfliktråd .....		96
1.5.7	Verjemålsordninga .....	21	<i>Programkategori 06.40 Politi og påtale</i> .....		98
1.5.8	Feil tolking av trygderegelverket ..	21	Kap. 440 Politiet .....		100
1.6	Tryggleik i samfunnet .....	22	Kap. 3440 Politiet .....		107
1.6.1	Innleiing .....	22	Kap. 442 Politi høgskolen .....		109
1.6.2	Virusutbrotet .....	22	Kap. 3442 Politi høgskolen .....		109
1.6.3	Beredskapen .....	23	Kap. 444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST) .....		110
1.6.4	Nasjonal tryggleik .....	25	Kap. 3444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST) .....		112
1.6.5	Digital tryggleik .....	26	Kap. 445 Den høgere påtalemyndighet .....		112
1.7	Kontrollert og berekraftig innvandring .....	30	Kap. 3445 Den høgere påtalemyndighet .....		113
1.7.1	Innleiing .....	31	Kap. 446 Den militære påtalemyndighet .....		114
1.7.2	Asyl/vern .....	32	Kap. 448 Grensekommisjonen .....		114
1.7.3	Andre saker om opphald .....	33	<i>Programkategori 06.50 Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap</i> .....		115
1.7.4	Retur – færre personar med plikt til å forlate landet .....	34	Kap. 451 Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap .....		127
1.7.5	ID-arbeid og arbeid med tilbakekallssaker .....	35	Kap. 3451 Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap .....		132
1.8	Godt forvalta polarområde .....	36	Kap. 452 Sentral krisehåndtering .....		133
1.9	Godt og moderne lovverk .....	38	Kap. 453 Sivil klareringsmyndighet .....		134
1.10	Oppfølging av oppmodingsvedtak .....	39	Kap. 454 Redningshelikoptertjenesten .....		135
1.10.1	Stortingssesjon 2019–2020 .....	42	Kap. 3454 Redningshelikoptertjenesten .....		137
1.10.2	Stortingssesjon 2018–2019 .....	44			
1.10.3	Stortingssesjon 2017–2018 .....	45			
1.10.4	Stortingssesjon 2016–2017 .....	49			
1.10.5	Stortingssesjon 2015–2016 .....	52			
1.10.6	Stortingssesjon 2014–2015 .....	53			
1.10.7	Stortingssesjon 2012–2013 .....	53			

Kap. 455	Redningstjenesten .....	137	3.3	Politiet .....	193
Kap. 3455	Redningstjenesten .....	140	3.3.1	Digitalisering i politiet .....	193
Kap. 457	Nasjonal sikkerhetsmyndighet .....	141	3.4	Domstolane .....	194
Kap. 3457	Nasjonal sikkerhetsmyndighet .....	142	3.4.1	Digitalisering av domstolane .....	194
			3.5	Utlendingsforvaltninga .....	194
<i>Programkategori 06.60 Andre virksomheter ...</i>		144	3.5.1	Modernisering av IT-løysingane til utlendingsforvaltninga .....	194
Kap. 460	Spesialenheten for politisaker .....	145	3.5.2	Meir effektiv innleiande asylsakshandsaming .....	194
Kap. 466	Særskilte straffesaksutgifter m.m. ....	146	3.5.3	Betre samhandling mellom utlendingsforvaltninga og det moderniserte folkeregisteret .....	195
Kap. 467	Norsk Lovtidend .....	148			
Kap. 468	Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker .....	148			
Kap. 469	Vergemålsordningen .....	149			
Kap. 3469	Vergemålsordningen .....	151			
			<b>4</b>	<b>FNs berekraftsmål – rapportering</b> .....	196
<i>Programkategori 06.70 Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordninger, m.m.</i>		152	4.1	Rapport om nasjonal og internasjonal innsats i 2019 .....	196
Kap. 470	Fri rettshjelp .....	153			
Kap. 3470	Fri rettshjelp .....	155	<b>5</b>	<b>Likestilling</b> .....	199
Kap. 471	Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning .....	155	5.1	Justis- og beredskapsdepartementet .....	199
Kap. 473	Statens sivilrettsforvaltning .....	156	5.2	Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker .....	201
Kap. 3473	Statens sivilrettsforvaltning .....	159	5.3	Spesialeininga for politisaker .....	201
Kap. 475	Bobehandling .....	159	5.4	Kontoret for valdsoffererstatning .	202
			5.5	Den høgere påtalemyndighet .....	202
<i>Programkategori 06.80 Svalbardbudsjettet m.m.</i>		161	5.6	Statens sivilrettsforvaltning .....	203
Kap. 480	Svalbardbudsjettet .....	162	5.7	Domstoladministrasjonen .....	203
Kap. 481	Samfunnet Jan Mayen .....	165	5.8	Kriminalomsorga .....	204
Kap. 3481	Samfunnet Jan Mayen .....	166	5.9	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) .....	205
			5.10	Hovudredningssentralen (HRS) ..	206
<i>Programkategori 06.90 Beskyttelse og innvandring</i>		167	5.11	Sivil klareringsstyresmakt (SKM)	206
Kap. 490	Utlendingsdirektoratet .....	180	5.12	Nasjonalt tryggingssorgan (NSM)	207
Kap. 3490	Utlendingsdirektoratet .....	188	5.13	Sekretariatet for konfliktråda (Sfk)	207
Kap. 491	Utlendingsnemnda .....	189	5.14	Utlendingsnemnda (UNE) .....	208
			5.15	Politiet .....	209
<b>Del III Særlege tema</b>		191	<b>6</b>	<b>Opptrappingsplan mot vald og overgrep</b> .....	210
<b>3</b>	<b>Fornye, forbetre og forenkle</b> ....	193	<b>7</b>	<b>Tekniske endringar i kontostrukturen og bruk av stikkord kan overførast</b> .....	211
3.1	Direktoratet for samfunns-tryggleik og beredskap .....	193			
3.1.1	Nødmeldingssentralar .....	193			
3.2	Kriminalomsorga .....	193			
3.2.1	Nytt fengsel i Agder .....	193	<b>Forslag</b> .....		213

## Tabelloversikt

<p>Tabell 1.1 Tabellarisk oversikt over regjeringas hovudprioriteringar på Justis- og beredskapsdepartementets område samanlikna med saldert budsjett 2020: ..... 14</p> <p>Tabell 1.2 Ansvarsfordeling mellom departement for tverr-sektorielle områder i samfunns-tryggleiksarbeidet. .... 27</p> <p>Tabell 2.1 Tildelingar til Noregs forskingsråd i 2019 ..... 63</p> <p>Tabell 2.2 Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid ..... 71</p> <p>Tabell 2.3 Kapasitetsutnytting i fengsel, 2013–20201 ..... 87</p> <p>Tabell 2.4 Del av fengselsdøgn med aktivitet, 2013–20201 ..... 89</p> <p>Tabell 2.5 Talet på registrerte situasjonar med vald eller truslar mot tilsette og mellom innsette, 2014–2019 . 90</p>	<p>Tabell 2.6 Talet på uteksaminerte fengselsbetjentar, 2013–2019 .... 94</p> <p>Tabell 2.7 Tilskot som lyses ut ..... 106</p> <p>Tabell 2.8 Øyremerkte tilskot til særskild mottakar ..... 107</p> <p>Tabell 2.9 Grunnleggande nasjonale funksjonar ..... 122</p> <p>Tabell 2.10 Sentral drifts- og bruksinformasjon om Nødnett .. 129</p> <p>Tabell 2.11 Folketal i Longyearbyen og Ny-Ålesund, 1. januar ..... 163</p> <p>Tabell 2.12 Returar og rekneskapstal per ordning, 2019 ..... 186</p> <p>Tabell 2.13 Namn på organisasjonar UDI har inngått rammeavtalar med i 2019 ..... 186</p> <p>Tabell 5.1 Oversiktstabell for departementet ..... 199</p> <p>Tabell 5.2 Fordeling av stillingar 2018 og 2019 ..... 199</p> <p>Tabell 5.3 Lønn (i 1 000 kroner) ..... 200</p>
---	--

## Figuroversikt

Figur 1.1	Melde lovbrøt etter lovbrøtstype, indeksverdi 100 = talet på melde lovbrøt i året 2003 .....	16	Figur 2.13	Mottekne og påtaleavgjorde meldingar og gjennomsnittleg saksbehandlingstid, Spesialeininga for politisaker (2015–2019) .....	145
Figur 1.2	Talet på politimelde lovbrøt per 1 000 innbyggjarar og delen oppklarte lovbrøt av alle ferdig etterforska lovbrøt i 2018 .....	17	Figur 2.14	Innkomme og behandla erklæringer og restansar (2015–2019) .....	146
Figur 1.3	Utvikling i asyltilkomstar, relokaliserte og overføringsflyktningar .....	32	Figur 2.15	Saksbehandling, Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker .....	149
Figur 1.4	Saksinngang fordelt på type .....	33	Figur 2.16	Utgifter til fri rettshjelp (2015–2019) .....	154
Figur 1.5	Utvikling i tal returar, tvang og assistert (frivillig) .....	35	Figur 2.17	Nye søknader, saksbehandlingstid og behaldning av ubehandla saker (restanse) (2015–2019) .....	157
Figur 1.6	Saker om tilbakekall .....	36	Figur 2.18	Erstatningsutbetaling, vedtak om regress og innbetalningar (2015–2019) .....	158
Figur 2.1	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i tingrettane (2015–2019) .....	72	Figur 2.19	Fiske- og fangstfartøy i fiskevernsona ved Svalbard, seglingar i året. ....	164
Figur 2.2	Restansar for meddomsrettssaker i tingrettane .....	72	Figur 2.20	Innkome og behandla asylsaker UDI (ekskludert klagesaker) og UNE (vanleg klagesak og omgjeringssoppmodingar), 2014 til 31. august 2020 .....	170
Figur 2.3	Restansar for tvistesaker i tingrettane .....	73	Figur 2.21	Overføringsflyktningar 2014–2020 (per 31. aug) .....	171
Figur 2.4	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i lagmannsrettane (2015–2019) .....	73	Figur 2.22	Utvikling i talet på innkomne saker og behandla saker i UDI og UNE, 2014–juni 2020 .....	173
Figur 2.5	Saksinngang meddomsrettssaker 2019 vs. 2018 (prosentvis endring) .....	75	Figur 2.23	Tal tilbakekallssaker og vedtak 2017–2020 (juni) og fordeling av vedtak i 2019. ....	175
Figur 2.6	Saksinngang tvistesaker 2019 vs. 2018 (prosentvis endring) .....	76	Figur 2.24	Tal på utviste årleg 2014–2020 (juni) fordelt på årsak. ....	176
Figur 2.7	Saksavvikling i forliksråda 2015–2019 .....	82	Figur 2.25	Assisterte returar og personar i mottak med utreiseplikt, 2014–30. juni 2020. ....	177
Figur 2.8	Utvikling i soningskøen for vilkårslause dommar, 2013–2020 .....	87	Figur 2.26	Bebuarar i mottak og delen einslege mindreårige bebuarar per 31. desember i perioden 2014–30. juni 2020 (total avrunda til nærmaste 100) .....	179
Figur 2.9	Talet på saker i konfliktråda 2014–2019 .....	95	Figur 2.27	Tal på mottak og vertskommunar ved slutten av året 2014–2019, og per 30. juni 2020. ....	179
Figur 2.10	Ikkje påtaleavgjorte saker .....	103			
Figur 2.11	Innsatsane til Siviltforsvaret fordelte etter hendingar per august 2020 .....	128			
Figur 2.12	Månadleg fordeling av og utvikling i talet på registrerte hendingar ved HRS i perioden 2012 til juli 2020 .....	139			





DET KONGELIGE  
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

# Prop. 1 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

## FOR BUDSJETTÅRET 2021

Utgiftskapitler: 61, 400–491

Inntektskapitler: 3400–3490

*Tilråding fra Justis- og beredskapsdepartementet 21. september 2020,  
godkjent i statsråd samme dag.  
(Regjeringen Solberg)*



*Del I*  
*Innleiande del*



# 1 Hovudinnleiing

## 1.1 Ansvarsområde og organisering

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for rettsvesenet, kriminalomsorga, politi- og påtalemakta, redningstenesta og utlendingsstyresmaktene, og har samordningsansvar for samfunnstryggleik og truslar mot rikstryggleiken på sivil side. Ansvar for samordning av norsk politikk i polarområda og svalbardbudsjettet ligg òg til departementet. Departementet har ansvar for om lag 150 lover, og har i tillegg som oppgåve å bidra til å sikre kvalitet i lovarbeidet i andre departement. Totalt har Justis- og beredskapsdepartementet 21 underliggende og tilknytte verksemdar som saman bidrar til å oppfylle sektorens samfunnsoppdrag.

Arbeidet med å førebygge, etterforske og oppklare kriminalitet, føre saker for retten, gjennomføre straff og sørge for at straffedømte tilbakeføres til samfunnet etter soning, omtales som straffesakskjeda. Politiet utgjer det første leddet i denne kjeda. Påtalemakta i politiet har ansvar for å leie etterforskinga og førebu og føre saker for retten. Den høgare påtalemakta har eit særleg ansvar for å stille krav til og sørge for at kvaliteten på straffesaksbehandlinga held eit høgt nivå. Spesialeininga for politisaker etterforskar, avgjer påtale og fører for retten saker der tilsette i politiet er melde for å ha gjort ei straffbar handling i tenesta.

I straffesaker tek domstolane avgjerder knytte til skuld og straff, og i tillegg blir det teke avgjerder medan politietterforskinga går føre seg. Den rettsmedisinske kommisjon kvalitetssikrar rettsmedisinske erklæringar og utsegner frå sakkunnige i straffesaker. Gjenopptakingskommisjonen er eit uavhengig organ som skal ta stilling til om ein som er domfelt med rettskraftig dom, skal få ny behandling av saka si i retten.

Kriminalomsorga gjennomfører straff etter dom og stiller varetektsplassar til disposisjon for politiet. Straffa skal gjennomførast på ein måte som tek omsyn til formålet med straffa, motverkar nye straffbare handlingar, er tryggande for samfunnet og sikrar dei innsette tilfredsstillande forhold innanfor desse rammene.

Konfliktråda tilbyr gjenopprettande prosess i sivile saker og i straffesaker der gjerningsperson, fornærma og andre saka gjeld, kan møtast og gjennom dialog komme fram til løysingar. Konfliktråda er ansvarlege for gjennomføringa av straffereaksjonane ungdomsstraff, ungdomsoppfølging og oppfølging i konfliktråd.

Fleire av verksemdene og ordningane i justis-sektoren skal ta vare på rettstryggleiken og interessene til enkeltpersonar, noko som står sentralt for ein rettsstat som Noreg. Dette er viktig for den det gjeld, for samspelet mellom borgarane og for samfunnet som heilskap. Rettane til offer og pårørande skal varetakast i politiet og påtalemakta si handsaming av straffesakene. Politiet har også ansvaret for den sivile rettspleia på grunnplanet samt ei rekkje forvaltningsoppgåver. Kontoret for valdsoffererstatning gir erstatning når skadevaldaren er ukjend eller ute av stand til å gjere opp for seg. Statens sivilrettsforvaltning har ansvar for verjemålsordninga, som tar vare på menneske som ikkje kan sørge for sine egne interesser. Verksemda forvaltar også rettshjelpsordninga, der det offentlege heilt eller delvis dekker advokathjelp i nærmare bestemte saker.

Dei alminnelege domstolane har ansvar for å vareta rettstryggleiken ved å avseie dommar og treffe avgjerder i straffesaker innan rimeleg tid og med høg kvalitet. Domstolane er den tredje statsmakta og den viktigaste konfliktløysaren i samfunnet, anten saka gjeld arbeidsforhold, familieforhold, økonomi, offentlege vedtak eller andre rettslege tvistar. Konfliktdøysing kan løysast både gjennom mekling og ved dom. Forlikråda er eit rimeleg og effektivt tvisteløysingsorgan der ein stor del av tvistesakene blir endeleg løyste. Avgjerder frå forlikråd kan bringast inn for tingretten.

Samfunnstryggleik er evna samfunnet har til å verne seg mot og handtere hendingar som truar grunnleggjande verdiar og funksjonar, og som set liv og helse i fare. Kunnskapen som evna vår til å verne oss mot og handtere truslar byggjer på, er blant anna dei nasjonale trussel- og risikovurderingane frå Politiets tryggingsteneste, Etterretningstenesta, Nasjonalt tryggingorgan og ulike einingar i politiet, til dømes Økokrim og Kripas.

Arbeidet med samfunnstryggleik er kjenne-teikna av mange aktørar som tek hand om ulike delar av arbeidet, både offentlege aktørar på ulike forvaltningsnivå og private og frivillige organisasjonar. Godt samfunnstryggleiksarbeid stiller høge krav til samordning på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, og til godt samarbeid med private og frivillige aktørar.

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for lov om nasjonal sikkerhet (tryggingslova) og det overordna ansvaret for det førebyggjande tryggleiksarbeidet i sivil sektor. Departementet har ei samordningsrolle og eit pådrivaransvar for samfunnstryggleik i sivil sektor, jf. Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet (samfunnstryggleiksinstruksen). Dette inneber å sikre eit koordinert og einskapleg arbeid med samfunnstryggleik på tvers av sektorgrensene.

Justis- og beredskapsdepartementet har òg ansvar for dei verkemidla som kan brukast til å forebygge, handtere og motverke hendingar og truslar mot samfunnstryggleiken og nasjonal tryggleik gjennom Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, Nasjonalt tryggingsorgan, Politiets tryggingsteneste, politiet og Sivil klareringsmyndighet. Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for hovudtyngda av dei sivile rednings- og beredskapsressursane i Noreg. Sivilforsvaret er statens forsterkningsressurs og gir støtte til nød- og beredskapsstatane i heile krisespekteret.

Proessen frå ein person søker om oppholdstillatelse eller beskyttelse i Noreg, via vedtak i utlendingssaken, til integrering i det norske samfunnet eller til avslag og retur til hjemlandet eller trygt tredjeland, omtales som migrasjonsskjeda. Ulike deler av forvaltninga er involvert i ulike deler av denne kjeda, og det er derfor viktig med eit godt og nært samarbeid mellom alle involverte. Justis- og beredskapsdepartementet har hovudansvar for utlendingslovgivinga, utøving av grensekontroll, identitetsavklaring og anna saksbehandling knytta til utlendingar, drift av asylmottak, tiltak for assistert retur og tiltak for utvising og tvangsretur av personar som ikkje har rett på opphald. Dei operative oppgåvene blir utførte i dei underliggjande etatane Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE), Utlendingsforvaltningas fageining for landinformasjon (Landinfo), Politidirektoratet (POD) og Politiets tryggingsteneste (PST). Under POD høyrer 12 politidistrikt, fem særorgan (Økokrim, Politiets utlendingsenhet, Utrykningspolitiet, og Politihøgskolen) og fire andre underliggende enheter (Politiets fellestjenester, Politiets IKT-tjenester, Nasjonalt ID-senter og Grensekommisariatet).

Andre departement med særleg ansvar innan utlendingsforvaltning er Arbeids- og sosialdepartementet (arbeidsinnvandring og all innvandring frå EØS-land), Barne- og familiedepartementet (omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkarar under 15 år), Kunnskapsdepartementet (busetjing, statsborgarskap og samordning av integreringspolitikken) og Utanriksdepartementet (utanriksstasjonar som førstelinje i saksbehandling) (sjå omtaler i budsjettproposisjonane til desse departementa).

## 1.2 Mål for justis- og beredskapssektoren

---

For budsjettperioden 2020–2021 gjeld desse overordna måla for justissektoren:

- Effektiv kamp mot kriminalitet
- Rettstryggleik
- Tryggleik i samfunnet
- Kontrollert og berekraftig innvandring
- Godt forvalta polarområde
- Godt og moderne lovverk

Årsaka til endringa av måla samanlikna med budsjettperioden 2019–2020 har blant anna vore eit ønske om eit meir overordna og heilskapleg rammeverk for styringa av sektoren, i tråd med prinsipp for god styring.

## 1.3 Hovudsatsingar i 2021

---

Regjeringa vil ta Noreg trygt ut av koronakrisa, samstundes som vi skal løyse dei langsiktige utfordringane som landet står overfor. Regjeringa vil bevare tryggleiken og tilliten i det norske samfunnet, og vidareutvikle et sterkt internasjonalt engasjement.

Regjeringas budsjettforslag for 2021 inneber ei brei og omfattande styrking av justis- og beredskapssektoren. For meir effektiv kamp mot kriminalitet og auka rettstryggleik foreslår regjeringa tiltak som bemanningsauke, digitalisering og bygg. Forslag som legg til rette for auka tryggleik i samfunnet er mellom anna auka samarbeid med EU innan sivil beredskap og grensekontroll, fleire politistillingar, etablering av ny fagskule for brann- og redningstenesta, auka kapasitet i Sivil klareingsmyndighet, ny redningsskøyte i Finnmark og tiltak mot hatkriminalitet. Det blir foreslått løyving til skredsikring på Svalbard. På innvandringsfeltet blir det samla sett foreslått redusert løyving som følgje av færre asyltilkomstar. Samstundes foreslår regjeringa å vidareføre 3 000 kvoteplassar

til flyktningar og asylsøkarar. Regjeringas budsjettforslag for justis- og beredskapssektoren i 2021 skal motverke problema som smitteverntiltaka har skapt for drifta av enkelte verksemder i sektoren.

Politiet skal i løpet av 2020 nå ei nasjonal politidekning på to polititene personar per 1 000 innbyggjarar. Regjeringa vil i 2021 leggje til rette for eit tilgjengeleg politi som i enda sterkare grad er til stades i lokalsamfunna, og foreslår å auke løyvinga til politistillingar med 477,8 mill. kroner i 2021. Dette tilsvarar ei vidareføring av dei 400 politistillingane som blei oppretta i samband med Prop. 67 S (2019–2020). Løyvinga til stillingane blir foreslått som ei varig auking. Stillingane skal overførast til politidistrikta når det ekstraordinære bemanningsbehovet som følger av virusutbrotet har falt bort, og skal i hovudsak nyttast til å styrke dei geografiske driftseiningane der. Regjeringa foreslår å vidareføre ekstraløyvingane i 2020 knytt til konsekvensar av smitteverntiltaka. Det blir foreslått å løyve 39 mill. kroner til påtalearbeidet i politiet og 20 mill. kroner til Den høgare påtalemakta i 2021. Løyvingsaukinga til stillingar blir foreslått som ei varig auking. Aukinga skal bidra til å redusere restansane som følger av smitteverntiltaka, og til å redusere restansar i påtalearbeidet ytterlegare når det ekstraordinære behovet som følger av virusutbrotet har falt bort. I revidert nasjonalbudsjett 2020 blei det løyva midlar til mellombelse stillingar hos namsmannen for å redusere restansane i utleggsforretningar. Desse blir foreslått vidareført i 2021.

Regjeringa foreslår ein heilskapleg styrking av domstolane med tiltak knytt til struktur, digitalisering, bemanningsauke og regelverk. Denne samla satsinga vil auke effektiviteten, kvaliteten og forbetre saksbehandlingstida i domstolane. Departementet vil leggje fram ei eiga sak om endringar i domstolstrukturen. For å auke fleksibiliteten foreslås det å utvide rettskrinsane til domstolane, samstundes som alle rettsstadene først vidare i tråd med høyringsbrev av 2. mars 2020. Det blir foreslått 71 mill. kroner til stillingar i domstolane i 2021. Regjeringa foreslår at løyvingsaukinga til stillingar er ei varig auke i budsjetta til domstolane for å bidra til å bygge ned restansar og korte ned saksbehandlingstida. Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 42,6 mill. kroner til ein utviding av det pågåande prosjektet for digitalisering av saksbehandlinga i domstolane til å omfatte alle domstolar, samt investeringar til lisensar og ressursar for betre informasjonstryggleik i domstolane. Regjeringa foreslår å løyve 11 mill. kroner i 2021 til forprosjektering av nytt tinghus i Bergen. Ber-

gen tingrett har liten kapasitet, låg tryggleik og det er et stort behov for modernisering av bygget.

Oslo fengsel har behov for vedlikehald. Fengslet er viktig av omsyn til varetektskapasiteten for politiet i Oslo og det sentrale austlandsområdet. Det blir foreslått å auke løyvinga med 46,3 mill. kroner til vidare arbeid med forprosjektet for eit nytt fengsel. Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 11,8 mill. kroner for å motverke isolasjon i fengsel. Av dette er 6,8 mill. kroner til etablering av eit nasjonalt ressursteam for kvinner ved Bredtveit fengsel og forvaringsanstalt, som skal bidra til å førebyggje og hindre langvarig isolasjon for kvinnelege innsette med alvorlege psykiske lidingar. Det blir òg foreslått 5 mill. kroner til aktiviseringsteam i kriminalomsorga.

Spesialeininga for politisaker bidreg til tillit til at alle saker blir behandla på ein god måte. For at eininga skal etterforske desse sakene og samtidig gjennomføre nødvendig utvikling av eininga, blir det foreslått å auke løyvinga med 6 mill. kroner i 2021.

I november 2020 vil Politiets nasjonale beredskapssenter bli opna. Dette inneber eit stort løft for den nasjonale beredskapen ved at dei nasjonale beredskapsressursane blir samla på ein stad med gode fasilitetar for øving og samordning. Regjeringa legg fram forslag om å auke løyvinga med 26 mill. kroner slik at anslagsvis 500 innsatspersonell i politidistrikta årleg får auka mulighet til å trene ved det nye beredskapssenteret, med hensikt å forbetre beredskapen i alle politidistrikt.

Regjeringen vil styrke forbygging av hatkriminalitet og foreslår å løyve 7 mill. kroner til eit nasjonalt kompetansemiljø som skal være til støtte for alle politidistrikt. Regjeringen foreslår òg å løyve 3 mill. kroner til forskning på feltet.

Som følge av ein ambisjon i EU om å styrke europeisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, blir det foreslått å auke løyvinga til DSB med 37,2 mill. kroner i 2021. Løyvinga skal dekke Noregs auka kontingent til eventuell deltaking i ny programperiode av EUs ordning for sivil beredskap. Det tas atterhald om at endeleg avgjerd om norsk deltaking i EU sine nye program i perioden 2021–2027 takast etter at EUs langtidsbudsjett er vedteke. Vidare blir det foreslått å auke løyvinga til politiet med 183,5 mill. kroner til internasjonalt samarbeid om grensekontroll, som ei oppfølging av den nye forordninga om den europeiske grense- og kystvakta.

Regjeringa vil styrke brannutdanninga gjennom å etablere ein ny fagskule for brann- og redningspersonell ved Noregs brannskule i Tjeldsund kommune. Det er behov for ny infrastruktur

ved Noregs brannskule før fagskulen kan starte opp. Det foreslås å auke løvinga med 139,1 mill. kroner i 2021 til å starte byggeprosjektet og etablering av fagskulen.

På grunn av mangelfull dekning med redningsskøyter langs kysten i Øst-Finnmark, foreslår regjeringa å auke tilskotet til Redningsselskapet med 15 mill. kroner i 2021 til drift av ei ny redningsskøyte i Finnmark.

Sivil klareringsstyresmakt er den sentrale styresmakta for tryggingsklarering på sivil side. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til Sivil klare-

ringsstyresmakt (SKM) med 14,6 mill. kroner, for å gjere verksemda i stand til å handtere veksten i saksmengd som følgje av ny tryggingslov.

Klimaendringar har gitt større mengder nedbør og større fare for skred i Longyearbyen. NVE byggjer eit fysisk sikringsanlegg for skred i Longyearbyen. Det foreslås å løyve 61,1 mill. kroner på svalbardbudsjettet i 2021 til skredsikringstiltaka i Longyearbyen.

Regjeringa vil i 2021 legge til rette for ei eingongsløysing der utlendingar med lang opphaldstid i Noreg vil få innvilga vern.

Tabell 1.1 Oversikt over regjeringas hovudprioriteringar på Justis- og beredskapsdepartementets område samanlikna med saldert budsjett 2020:

	Mill. kroner
<b>Politiet</b>	<b>778,5</b>
400 politistillingar – vidareføring av aukinga i 2020, og løyvingaukinga foreslås varig	477,8
Ny forordning for den europeiske grense- og kystvakta (EBCG) auka Frontex-kontingent avgjeving av mannskap	183,5
Mellombels auke i bemanninga hos Namsmannen i samanheng med virusutbrotet – vidareføring av aukinga frå 2020	42,2
Vidareføre aukinga i 2020 til påtaleeiningar i politiet, og løyvingaukinga foreslås varig	39,0
Politiets nasjonale beredskapssenter – trening for politidistrikta	26,0
Innsats mot hatkriminalitet – nasjonalt kompetansemiljø og FoU	10,0
<b>Den høgare påtalemakta</b>	<b>20,0</b>
Statsadvokatar – vidareføre aukinga frå 2020, og løyvingaukinga foreslås varig	20,0
<b>Domstolane</b>	<b>131,6</b>
Fleire dommarstillingar – vidareføre aukinga frå 2020, og løyvingaukinga foreslås varig	71,0
Digitale domstolar II	42,6
Forprosjekt for nytt tinghus i Bergen <sup>1</sup>	11,0
Lokale for handtering av saker gradert som «STRENGT HEMMELIG» i Oslo tingrett	7,0
<b>Kriminalomsorga</b>	<b>58,1</b>
Forprosjekt av ny løysning for Oslo fengsel <sup>2</sup>	46,3
Motvirke isolasjon i fengsel <sup>3</sup> nasjonalt ressursteam for kvinner ved Bredtveit fengsel og forvaringsanstalt aktiviseringsteam i kriminalomsorga	11,8



Tabell 1.1 Oversikt over regjeringas hovudprioriteringar på Justis- og beredskapsdepartementets område samanlikna med saldert budsjett 2020:

	Mill. kroner
<b>Spesialeininga for politisaker</b>	<b>6,0</b>
Auka løyving til Spesialeininga for politisaker	6,0
<b>Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)</b>	<b>176,3</b>
Oppstart av bygging av ny fagskole for brann- og redningspersonell i Tjeldsund <sup>4</sup>	139,1
Ny programperiode for EUs ordning for sivil beredskap	37,2
<b>Sivil klareringsmyndighet</b>	<b>14,6</b>
Auka løyving i samanheng med auka saksmengde Sivil klareringsmyndighet	14,6
<b>Redningstenesta</b>	<b>15,0</b>
Redningsskøyte til Øst-Finnmark (Vardø)	15,0
<b>Utlendingsforvaltninga</b>	<b>73,7</b>
Eingongsløysing for utlendingar med lang opphaldstid i Noreg <sup>5</sup>	12,2
Behandle fleire søknader om statsborgarskap	61,5
<b>SUM</b>	<b>1 273,8</b>

<sup>1</sup> Over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett (Statsbygg)

<sup>2</sup> Inkl. 43,8 mill. kroner over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett (Statsbygg)

<sup>3</sup> Inkl. 1,8 mill. kroner over Helse- og omsorgsdepartementets budsjett

<sup>4</sup> Inkl. 124,6 mill. kroner over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett (Statsbygg)

<sup>5</sup> Inkl. 8,3 mill. kroner over Kunnskapsdepartementets budsjett

## 1.4 Effektiv kamp mot kriminalitet


Å kjempe effektivt mot kriminalitet skal bidra til eit samfunn med få kriminelle handlingar og alvorlege brotsverk. Ein viktig føresetnad for låg kriminalitet er at lovbrott ikkje blir gjentekne.

### 1.4.1 Tilstandsvurdering – kriminalitetsbiletet i dag

Sidan midten av 1990-tallet har det vore ein internasjonal trend i retning mindre kriminalitet, både målt etter melde lovbrott og reell førekomst i

befolkninga. Trenden har særleg si årsak i nedgangen i vinningskriminalitet, men også i færre valdslovbrott.

Kriminalitetsutviklinga i Noreg har likskapstrekk med den internasjonale trenden mot mindre kriminalitet. I løpet av dei siste 15 åra har talet på meldingar til politiet totalt gått ned med rundt 25 prosent, og eksisterande befolkningsundersøkingar av reell førekomst peikar anten i den same retninga eller viser stabilitet. Tabellen under viser korleis dei ulike lovbrotskategoriane har utvikla seg i perioden 2003 til 2019.



Figur 1.1 Melde lovbrott etter lovbrottstype, indeksverdi 100 = talet på melde lovbrott i året 2003

Kjelde: SSB 2020, tabell 08484


Det har vore ein kraftig nedgang i talet på melde eigedomstjuveri av ulike typar, og det er den viktigaste grunnen til nedgangen i det totale talet på meldingar. Befolkningsundersøkingar av reell førekomst av tjuveri og skadeverk peikar klart i retning av mindre kriminalitet. Omtrent fire prosent av befolkninga vart utsette for tjuveri i 2018. Kunnskapsgrunnlaget om digitale vinningslovbrott er svakare, men potensielle lovbrutarar har auka insentiv til å vri vinningskriminaliteten over til digitale plattformer i takt med digitaliseringa av økonomien og samfunnslivet.

Talet på meldingar av vald og mishandling har auka med om lag 20 prosent, medan den reelle førekomsten i befolkninga av vald og truslar om vald har lege ganske stabilt. Prosentdelen av den vaksne befolkninga som opplyser om å ha vore utsette for vald eller truslar om vald, har lege stabilt mellom to og tre prosent sidan starten av 1980-åra. Drapsraten har også lege stabilt rundt 0,5 drap per 100 000 innbyggjarar over lang tid, og dei aller fleste drapa blir oppdaga og oppklarte.

Drapsraten i Noreg er blant dei aller lågaste i Europa. Dette tyder på auka straffefølgjing av valdslovbrott, men ikkje på auka reell førekomst av valdslovbrott i befolkninga.

Talet på meldingar om seksuallovbrott auka kraftig på slutten av 2010-tallet, før det igjen fell i 2019. Det er vanskeleg å vurdere om talet på meldingar tyder på auka reell førekomst eller auka straffefølgjing. Auken i talet på meldingar kan komme av ein reell auke i overgrep, truleg primært på internett. Men det er òg sannsynleg at politiet dekkjer fleire offer og saker ved hjelp av elektroniske spor, og at offer for seksuallovbrott i større grad enn tidlegare melder forholdet til politiet. Det er sannsynleg at mørketala for seksuallovbrott er høge.

For lovbrott med definerte offer og høg meldingsfrekvens er talet på melde lovbrott likare den reelle førekomsten av lovbrott i befolkninga. Talet på oppklarte lovbrott vil vere ein indikasjon på prioriteringar og produktivitet i straffesaksjeda.



Figur 1.2 Talet på politimelde lovbrøt per 1 000 innbyggjarar og delen oppklarte lovbrøt av alle ferdig etterforska lovbrøt i 2018

Kjelde: SSB 2020, tabell 08484 og 09406

For lovbrøt utan definerte offer vil melde lovbrøt vere ein indikasjon på korleis politiet og påtalemakta klarar eller prioriterer å straffefølgje kriminalitetsområdet, spesielt dersom befolkningsundersøkingar tyder på stabil førekomst av lovbrøt i befolkninga. Den svært høge prosentdelen oppklarte meldingar av rusmiddellovbrøt og trafikkbrøt heng saman med at det i hovudsak er politiet sjølv som melder sakene, noko som også er med på å auke gjennomsnittet for oppklarte lovbrøt totalt.

Det er lite som tyder på at stabiliten i oppklaringa av melde lovbrøt kjem av større omfang av grove lovbrøt innanfor hovudgruppene av lovbrøt. Sidan midten av 2000-talet har tendensen snarare vore ein kraftig nedgang i talet på grove lovbrøt med høg meldingsfrekvens, slik som grovt tjuveri, grovt ran, grove valdslovbrøt og brukstjuveri av bil og anna motorkjøretøy. Unntaket frå denne trenden er grovt bedrageri, der det har vore ein auke i den same perioden. Samstundes har det vore ein auke i meldingar om vald og mishandling totalt og seksuallovbrøt, medan oppklaringsprosenten har vore svært stabil. Begge lovbrøtstypene er ressurskrevjande å straffefølgje, spesielt når det gjeld å skaffe fram bevis. Dette inneber at straffesaksjeda i sum oppklarar fleire lovbrøt enn tidlegare innanfor desse kriminalitetsområda.

#### 1.4.2 Konsekvensane av virusutbrøtet for straffesaksjeda

Som følge av virusutbrøtet vart det sett i verk ei rekkje smitteverntiltak i politiet, påtalestyresmakta, konfliktråda, domstolane og kriminalomsorga, noko som har påverka saksavviklinga hos aktørane i straffesaksjeda.

Det overordna bildet for straffesaksjeda i perioden mars til juni 2020 var at påtalestyresmakta hadde redusert restansane sine, medan restansane i domstolane og soningskøen i kriminalomsorga hadde auka. I starten av perioden avgjorde påtalestyresmakta fleire saker samanlikna med den tilsvarande perioden i fjor. Dette jamna seg imidlertid ut og per medio juni hadde påtalestyresmakta avgjort like mange saker som i fjor. Politiet fekk inn færre meldingar i perioden samanlikna med tilsvarande periode i fjor. Konfliktråda har fått inn færre straffesaker til mekling og færre saker med ungdomsstraff og ungdomsoppfølging samanlikna med den tilsvarande perioden i fjor.

Det vart sett i verk ei rekkje ulike tiltak for å avhjelpe konsekvensane av virusutbrøtet for saksavviklinga i straffesaksjeda. Riksadvokatens mellombelse direktiv for straffesaksbehandlinga har ført til at det er reagert med førelegg i ca. 750 saker som elles ville ha blitt behandla i domstolane. For saksavviklinga i domstolane har utviklinga av ein nasjonal smittevern-retteljar, mellombelse regelverksendingar og utvikling av tek-

niske løysingar, vore avgjerande for saksavviklinga. Domstolane fekk i 2020 løyva midlar til teknisk utstyr for at fleire rettsmøter kan gjennomførast ved hjelp av fjernmøteteknologi.

Kriminalomsorga har blant anna nytta utvida bruk av straff utanfor fengsel med elektronisk kontroll for å tilpasse kapasiteten betre. Frå juni vart fengsla igjen drifta som i ein normalsituasjon, med dei nødvendige forholdsreglane om smittevern. Tiltak som vart sett i verk, som å opne til innkalling til soning på lågare tryggningsnivå og å ta i bruk fleirsengsrom, har bidratt til at soningskøen er på veg ned igjen. Konfliktråda vart mellombels styrka for å auke deira kapasitet til å følgje opp ungdom under straffgjennomføring. Konfliktråda tok òg i bruk telefon- og videoløysingar for å kunne gjennomføre meklingsmøta, og sette i verk tiltak internt for å kunne vareta ungdom som er under straffgjennomføring.

Det blir foreslått å vidareføre ekstraløyvingane i 2020 til påtalearbeidet i politiet, Den høgare påtalemakta og domstolane knytt til konsekvensar av smittevernstiltaka i 2021. Løyvingsaukinga til stillingar foreslås som ei varig auking. Med ein forlenging av dei nåverande smittevernråda og smittesituasjonen, og forslag om fortsatt auka løyving til ekstra bemanning i straffesakskjeda knytt til dette, er prognosane at politiet, påtalemakta og domstolane i løpet av 2021 skal kunne arbeide ned store deler av restansane opparbeida i perioden mars til juni 2020. Målet i 2021 er å redusere restansane i domstolen utan å auke restansar i dei andre einingane i straffesakskjeda.

Det er for tidleg å seie sikkert kva som vil bli dei langsiktige konsekvensane av virusutbrotet. Forsking som tek for seg langsiktige konsekvensar, trekker i retning av at det vil bli meir kriminalitet dersom pandemien og smitteverntiltaka varer over tid. Frå forskning er det godt dokumentert at arbeidsløyse og inntektsnivå har effektar på kriminalitetsutviklinga. Det gjeld særleg for unge menn med låg utdanning, men òg for nyutdanna, som er i ein sårbar økonomisk situasjon. Forsking tyder òg på at det i kriser blir meir partnarvald og vald i familiar. Det er mogleg at kriminalitet i det digitale rom vil auke. Etterspørselen etter smittevernsutstyr kan også auke risikoen for kriminalitet.

### 1.4.3 Politiet

Når kriminaliteten endrar seg og i auka grad skjer med digitale løysingar og på nett, må politiet endre korleis dei jobbar for å bidra til å redusere kriminaliteten. Forebygging er den sentrale opp-

gåva, men den kan politiet ikkje handtera aleine. Fleire aktørar må samarbeide for å redusere kriminalitet gjennom effektiv forebygging.

Godt samarbeid mellom politiet og kommunane er viktig for å gi betre forebygging av kriminalitet i lokalsamfunnet. Forebygging på nett krev også andre samarbeidspartar. Styresmaktene, næringslivet og allmennheten elles blir ramma av den kriminaliteten som blir begått i eller gjennom internett. Forebygging av digital kriminalitet krev et tett samarbeid med andre tenester og med private aktørar. Befolkninga har òg et ansvar for å ta vare på eiga digital sikkerheit.

Å avdekkje straffbare forhold og ansvarleggjere gjerningspersonar er òg viktig for å sikre låg kriminalitet. Det er ein viktig oppgåve å få til samarbeidet mellom polititenester som bli ytte frå felleseiningar og eit politi som er til stades i lokalmiljøet. Gode tenester frå fagleg sterke og spesialiserte felleseiningar er avgjerande for å forebyggje og bekjempe alvorlig og kompleks kriminalitet, til dømes nettovergrep eller organisert kriminalitet.

Politiet skal i løpet av 2020 nå ei nasjonal politidekning på to polititenestepersonar per 1 000 innbyggjarar. Målet er et synleg politi som er til stede der det er behov. Det er viktig med sterke fagmiljø og funksjonelle driftseiningar i politidistrikta. Endringane i kriminaliteten krev det. Dette har medført at styrkinga av dei funksjonelle driftseiningane har vært sterkare enn oppbygginga av dei geografiske driftseiningane med ansvar for vakt og beredskap. Regjeringa følgjer opp og foreslår å auke budsjettet til politiet med om lag 477,8 mill. kroner. Løyvinga tilsvare ei vidareføring av dei mellombelse 400 politistillingane som blei oppretta i samband med Prop. 67 S (2019–2020) som følgje av virusutbrotet. Løyvingsaukinga til stillingane blir foreslått som ei varig auking. Stillingane skal overførast til politidistrikta når det ekstraordinære bemanningsbehovet som følger av virusutbrotet har falt bort, og skal i hovudsak nyttast til å styrke dei geografiske driftseiningane der. Gjennom å gjere dei 400 mellombelse politistillingar permanente, førar regjeringa vidare ei politidekning på to per 1 000 og den styrka grunnberedskapen i heile landet.

Det blir òg foreslått å auke løyvinga til påtalemyndigheten i politiet med 39 mill. kroner for å redusere restansane i domstolane som har bygd seg opp i forbindelse med virusutbrotet, og samtidig hindre at det byggjer seg opp nye restansar i politiet knytt til straffesaksbehandling.

Målretta innsats på etterforskningsfeltet og innføring av elektronisk samhandling mellom aktørane i straffesakskjeda (ESAS) gir betre kvalitet og

høgare effektivitet i behandlinga av straffesaker. Dette bidrar til auka rettstryggleik og til redusert kriminalitet.

Likevel er det utfordringar knytte til resultatata i straffesaksbehandlinga, også på nokre av dei høgast prioriterte områda. Blant anna er oppklaringsprosenten for vald- og seksuallovbrot framleis for låg, og har hatt ein negativ utvikling. Den gjennomsnittlige behandlingstida for alle saker er for lang.

Sjå nærmare omtale under programkategori 06.40.

#### 1.4.4 Den høgare påtalemakta

Den høgare påtalemakta har eit særleg ansvar for å stille krav til og sørge for at kvaliteten på straffesaksbehandlinga held eit høgt nivå. Dei fører òg dei alvorligaste straffesakene i retten. Den høgare påtalemakta har dei siste åra gjennom styrkt fagleg styring av påtalemakta i politiet medverka til auka kvalitet og effektivitet i politiet si straffesaksbehandling. Dette arbeidet er vesentleg for å få til høgare måloppnåing i politidistrikta. Arbeidet med å utvikle ei aktiv fagleiing skal vidareførast i 2021.

Det blir foreslått å auke løyvinga til Den høgare påtalemakta med 20 mill. kroner i 2021, for å hindre at det byggjast opp restansar der samstundes som restansar i domstolane skal byggjast ned. Løyvingsaukinga blir foreslått som ei varig auking.

Sjå nærmare omtale under programkategori 06.40.

#### 1.4.5 Kriminalomsorga og konfliktråda

Det er eit overordna mål i straffegjennomføringa å redusere tilbakefall til ny kriminalitet og å sikre at fleire domfelte går tilbake til utdanning og arbeid etter gjennomført straff.

Som ein konsekvens av virusutbrotet sette kriminalomsorga i mars 2020 i verk tiltak for smittevern. Strategien for å redusere smittefaren i fengsla og forseinke smittespreiinga var å redusere talet på innsette og sikre at ingen innsette måtte dele rom. Eit av tiltaka for å få til dette var å stanse innkallinga til soning i fengsel på lågare tryggningsnivå. Tiltaka medførte at soningskøen auka raskt. Tiltaka førte òg til at det kom lite smitte inn i norske fengsel.

For å stabilisere soningskøen har kriminalomsorga arbeidd for å auke bruken av elektronisk kontroll sidan dei aller fleste i soningskøen ventar på å sone ved fengsel med lågare tryggningsnivå. I

mai 2020 opna kriminalomsorga igjen for å kalle inn til soning på lågare tryggningsnivå. Frå juni 2020 vart det igjen opna for å ta i bruk dobbelt- og fleirsengsrom, i tråd med gjeldande smitteverntiltak. Tiltaka som er sette i verk, har bidratt til at soningskøen igjen er på veg ned.

Fleire av fengsla har eit omfattande vedlikehaldsetterslep. Ei viktig prioritering for regjeringa i åra framover blir å byggje ned vedlikehaldsetterslepet i kriminalomsorga for å halde oppe viktig kapasitet på høgt tryggningsnivå. Regjeringa har òg prioritert å forbetre innhaldet i soninga gjennom nye moderne fengselsbygg.

Oslo fengsel er eit av fengsla i austlandsområdet med størst behov for vedlikehald. Fengslet er viktig av omsyn til varetekstkapasiteten for politiet i Oslo og det sentrale austlandsområdet. Arbeidet med forprosjekt til ny løysing for Oslo fengsel fortset i 2021, og det blir foreslått å auke løyvinga med 46,3 mill. kroner til forprosjektet i 2021, fordelt på budsjettet til Statsbygg og Kriminalomsorga.

Dei siste åra er det blitt peika på store utfordringar med utestenging frå fellesskap og isolasjon av innsette. Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 11,8 mill. kroner for å motverke isolasjon i fengsel. Av dette er 6,8 mill. kroner til etablering av eit nasjonalt ressursteam for kvinner ved Bredtveit fengsel og forvaringsanstalt, fordelt på budsjettet til Kriminalomsorga og Helse- og omsorgsdepartementet. Teamet skal bidra til å førebyggje og hindre langvarig isolasjon for kvineleige innsette med alvorlege psykiske lidningar. Det blir òg foreslått 5 mill. kroner til aktiviseringsteam i kriminalomsorga.

Konfliktråda fekk inn færre saker i 2019 enn i 2018. Første halvår 2020 vart påverka av konsekvensar av virusutbrotet, og den samla saksutviklinga samanlikna med første halvår 2019 viste ein nedgang på totalt ni prosent.

På bakgrunn av følgjevalueringa av straffereaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging, i tillegg til innspel frå andre aktørar i straffesaksjeda, vurderer departementet endringar i konfliktrådslova, straffelova, straffeprosesslova mv.

Sjå nærmare omtale under programkategori 06.30.

## 1.5 Rettstryggleik

Rettstryggleik tyder at befolkninga i Noreg er trygge på at alle rettsforhold mellom offentlege styresmakter og den enkelte er føreseielege og

forholdsmessige. Avgjerder og inngrep overfor den enkelte er baserte på lover og reglar, og det er openheit rundt avgjerder slik at dei kan kontrollrast. Myndigheitene opptre upartisk, og reglar for sakshandsaming blir følgde. Alle har reelt høve til å forsvare interessene sine overfor styresmaktene og kvarandre.

### 1.5.1 Domstolar

Domstolane er den tredje statsmakta, og dei har ei sentral rolle i ein rettsstat med å sikre rettar og vere konfliktløysar. Tilgjengelege og effektive domstolar som tek avgjerder med høg kvalitet er avgjerande for rettstryggleiken til den enkelte. Domstolane har ein sentral samfunnsfunksjon. Eit rettsapparat som fungerer godt, er grunnleggjande i eit demokratisk samfunn. Dette gjeld ikkje minst i krisetider og i ekstraordinære situasjonar, slik som virusutbrotet våren 2020. Smitteverntiltak i samband med virusutbrotet har ført til reduksjon i saksavviklinga i domstolane, og ei rekke tiltak vart sette i verk for å sikre at domstolane kunne oppretthalde saksavviklinga.

Stortinget har fastsett enkelte lovbestemte fristar for saksbehandlingstid, og mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid for straffesaker og tvistesaker. Ein del av domstolane er utanfor et eller fleire av måla for gjennomsnittleg saksbehandlingstid som er fastsett av Stortinget. Saksbehandlingstida og talet domstolar som er utanfor eit eller fleire av måla, har vore relativt stabil over fleire år. Våren 2020 har domstolane hatt langt lågare saksavvikling enn normalt, og restansane har auka. Det vil påverke saksbehandlingstida framover, og den er venta å auke. Regjeringa har derfor sett i verk ein rekke tiltak for å motverke konsekvensane av virusutbrotet, med tilleggsøyving i 2020 til teknisk utstyr (35 mill. kroner) for at fleire rettsmøter skal kunne gjennomførast ved hjelp av fjernmøteteknologi. Domstolane fekk også tilleggsøyving til midlertidige dommarstillingar og leige av lokale for å redusere restansar og auke takten i saksavviklinga (39 mill. kroner). Midlertidige tilpassingar i prosessregelverket har òg vore viktig for å oppretthalde forsvarleg og rettstrygg verksemd i domstolane.

Når det gjeld talet på saker som er komne inn til tingrettane, steig det i perioden frå 2010 til 2016, men i dei to neste åra gjekk talet på innkomne saker ned. Det gjeld både straffesaker og sivile saker. I 2019 heldt det fram med å komme

inn færre sivile saker, medan det kom inn fleire straffesaker.

Regjeringa foreslår ein heilskapleg styrking av domstolane med tiltak knytt til struktur, digitalisering, løyvingssauke og regelverk. Denne samla satsinga vil auke effektiviteten, kvaliteten og forbetre saksbehandlingstida i domstolane. Satsinga vil kunne sette domstolane i stand til å møte utfordringane i 2021 og framover.

Departementet vil hausten 2020 leggje fram ei eiga sak om endringar i domstolstrukturen.

Det foreslås å auke løyvinga med 71 mill. kroner til bemanning i domstolane, som ei vidareføring av dei mellombelse stillingane som blei løyva i 2020 i samband med virusutbrotet. Løyvingssaukinga til stillingar blir forslått som ei varig auking i budsjetta til domstolane for å bidra til å bygge ned restansar og korte ned saksbehandlingstida.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 42,6 mill. kroner til prosjektet Digitale domstolar II. Tiltaket inneber ein utviding av det pågåande prosjektet for digitalisering av saksbehandlinga i domstolane til å omfatte alle domstolar, samt investeringar til lisensar og ressursar for betre informasjonstryggleik i domstolane.

Regjeringa foreslår å løyve 11 mill. kroner i 2021 til forprosjektering av nytt tinghus i Bergen, over Statsbygg sitt budsjett. Bygget har liten kapasitet, låg tryggleik og det er behov for modernisering av bygget. Bergen tingrett må tidvis leige andre lokale for å avvikle store og kompliserte saker.

Det blir òg foreslått å løyve 7 mill. kroner i 2021 til å bygge lokalar i Oslo tingrett for å handtere gradert informasjon på sikkerhetsnivå «STRENGT HEMMELIG», i samband med ny lov om Etterretningstenesta.

Sjå nærmare omtale under programkategori 06.20.

### 1.5.2 Spesialeininga for politisaker

Spesialeininga for politisaker etterforskar, avgjer påtale i og fører for retten saker der tilsette i politiet eller påtalemakta er melde for å ha gjort ei straffbar handling i tenesta. Spesialeininga for politisaker bidrar til tillit til at slike saker blir behandla på ein god måte. For at eininga skal etterforske desse sakene og samtidig gjennomføre nødvendig utvikling av eininga, blir det foreslått å løyve 6 mill. kroner i 2021.

Sjå omtale under programkategori 06.60.

### 1.5.3 Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker er eit uavhengig forvaltningsorgan som behandlar krav om gjenopptaking av straffesaker som er rettskraftig avgjorde i domstolane. Kommisjonen skal rettleie, greie ut og avgjere spørsmålet om gjenopptaking. Kommisjonen er òg sentral i behandlinga av Nav-sakene, der enkelte har blitt melde og dømt for trygdesvindul, utan at forholdet mellom folketrygdlova og EØS-retten har blitt vurdert av påtalestyresmakta og domstolane.

Sjå omtale under programkategori 06.60.

### 1.5.4 Sivile rettspleie- og forvaltningsoppgåver i politiet

Politiet har gjennom namsmannsfunksjonen ansvaret for dei fleste oppgåvene knytte til den sivile rettspleia på nivået under tingrettane. Disse sakene er viktige for rettstryggleiken til den enkelte. Politiet har òg ansvar for ei rekkje forvaltningsoppgåver.

I 2019 og 2020 har det vore ei negativ utvikling i tida namsmannen bruker på saksbehandling for utlegg og gjeldsordning. Spesielt vil lang saksbehandlingstid i gjeldsordningssaker gå utover rettstryggleiken for dei involverte, som ofte er i ein vanskeleg livssituasjon. I 2020 vart det innført digitale løysingar for oppgåveløysinga til namsmannen, med mål om å effektivisere arbeidet og gi ny sjølvbetjeningsløysing for innbyggjarar og verksemder som er i kontakt med namsmannen om forliks- og utleggssakar. I samband med virusutbrotet blei det i revidert nasjonalbudsjett 2020 løyva midlar til mellombelse stillingar hos namsmannen for å redusere restansane i utleggsforretningar. Regjeringa foreslår å føre vidare den mellombelse aukinga i løyving i 2021 for å byggje ned desse restansane.

Nye pass og nasjonale ID-kort for norske borgarar skal innførast hausten 2020. Dette vil bidra til å førebyggje kriminalitet og betre tryggleiken i samfunnet. Ny våpenlov med forskrifter skal etter planen tre i kraft i 2021 og vil gjere regelverket på dette området meir føreseieleg og enklare tilgjengeleg.

Sjå nærmare omtale under programkategori 06.40.

### 1.5.5 Offentleg rettshjelp

Den samla offentlege finansieringa av rettshjelp er omfattande. Regjeringa sette i november 2018 ned

eit offentleg utval som skal gå gjennom ordninga for fri rettshjelp. Utvalet la fram utgreinga si 30. april 2020. Utgreinga er send på høyring med høyringsfrist til 23. november 2020.

Statens sivilrettsforvaltning forvaltar tilskotsordninga for spesielle rettshjelpstiltak. Organisasjonar innanfor målgruppa for ordninga kan søkje om tilskot og få støtte viss tiltaket oppfyller tilskotskriteria for ordninga.

Sjå nærmare omtale under programkategori 06.70.

### 1.5.6 Offeromsorg

Kontoret for valdsoffererstatning (KFV) behandlar søknader om valdsoffererstatning frå personar som er påførte personskade som følgje av ei straffbar valdshandling. KFV behandlar òg saker om regress mot skadevaldaren.

I staden for å følgje opp NOU 2016: 9 *Rettferdig og forutsigbar – voldsskadeerstatning* har departementet send på høyring forslag til ei heilt ny lov om erstatning frå staten til valdsutsette. Departementet tek sikte på å leggje fram forslag til ny lov i første halvår av 2021.

Sjå omtale under programkategori 06.70.

### 1.5.7 Verjemålsordninga

Verjemålsforvaltninga skal leggje til rette for at verjer kan hjelpe mindreårige og vaksne som ikkje er i stand til å vareta sine egne interesser, og sikre at dei blir i stand til å ta egne avgjerder så langt det lar seg gjere.

Verjemålsforvaltninga har mål om å levere betre og meir effektive tenester til brukarane gjennom auka digitalisering. Det er sett i verk fleire tiltak for å automatisere og digitalisere verjemålsforvaltninga.

Sjå omtale under programkategori 06.60.

### 1.5.8 Feil tolking av trygderegelverket

Hausten 2019 vart det kjend at EUs trygdeforordning om tilgang til å motteke sjukepengar, arbeidsavklaringspengar og pleiepengar ved opphald i eit anna EØS-land hadde vore praktisert feil. Regjeringa oppnemnde 8. november 2019 eit utval for ekstern gjennomgang av saka. Utvalet leverte 4. august 2020 utgreinga *NOU 2020: 9 Blindsonen – Granskning av feilpraktiseringen av folkestrygdlovens oppholds krav ved reiser i EØS-området*. Utgreinga peikar på at det har vore ein systemsvikt, noko som har ført til at enkelte personar på ikkje rettmessig vis har fått stansa ytingar, eller

fått krav om å betale tilbake trygd. Enkelte har også blitt melde og dømt for trygdesvind, utan at forholdet mellom folketrygdloven og EØS-retten har blitt vurdert av påtalestyresmakta og domstolane. Utvalet har i utgreiinga blant anna anbefalt at dialogen mellom Nav og påtalemakta blir styrkt, og at påtalemakta må ta eit sjølvstendig ansvar for å avklare og vurdere den forvaltningsmessige behandlinga som ligg til grunn for meldingar. Vidare anbefalte utvalet at den EØS-rettslege kompetansen i dei alminnelege domstolane blir styrkt, og at det blir utvikla ein kultur i domstolane som gjer at dommarar identifiserer EØS-rettslege spørsmål og i straffesaker, noko som kan bidra til å hindre at det blir avsagt straffedommar for handlingar som etter EØS-retten er tillatne.

Anbefalingane i utgreiinga er til oppfølging i departementa. Sjå òg omtale i Prop. 1 S (2020–2021) frå Arbeids- og sosialdepartementet.

Når det gjeld vidare handtering av dei straffedommane som mogleg er feil, avgjer Kommissjonen for gjenopptaking av straffesaker om ein domfelt med rettskraftig dom skal få saka si behandling på ny av retten. Etter eventuell frifinjing i retten, vil Statens sivilrettsforvaltning behandle søknad om erstatning etter straffefølgjing.

## **1.6 Tryggleik i samfunnet**

Tryggleik i samfunnet inneber at Noregs nasjonale tryggingsinteresser er sikra. Samfunnet er verna mot hendingar som set liv og helse i fare, og som truar grunnleggjande verdiar og viktige samfunnsfunksjonar. Det er trygt å bu og ferdast i Noreg.

### **1.6.1 Innleiing**

Samfunnstryggleik handlar om evna samfunnet har til å verne seg mot og handtere hendingar som truar grunnleggjande verdiar og funksjonar og set liv og helse i fare. Slike hendingar kan vere utløyste av naturen, vere eit utslag av tekniske eller menneskelege feil eller bevisste handlingar. Formålet med arbeidet med statstryggleiken er å sikre at staten held fram med å eksistere, og at han har suverenitet, territorial integritet og politisk handlefridom. Norsk tryggings- og forsvarspolitik skal sikre statstryggleiken. Samfunnstryggleiken og statstryggleiken er gjensidig avhengige av kvarandre. Samansette truslar, der ulike verkemiddel blir brukte for å støtte oppunder og forsterke kvarandre, kan gjere det vanskelegare å identifisere tryggleikstruande verksemd

og å forstå det samla trusselbiletet og kva for aktørar som står bak. Skilet mellom samfunnstryggleiken og statstryggleiken blir meir utydeleg, og det kan bli meir utfordrande å sjå kven som eigentleg blir treft av ein bestemt hending.

Meld. St. 10 (2016–2017) *Risiko i et trygt samfunn*, jf. Innst. 326 S (2016–2017) er regjeringa sin strategi for samfunnstryggleik i eit fireårsperspektiv. Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei ny stortingsmelding om samfunnstryggleik hausten 2020, blant anna med ein førebels omtale av handteringa av virusutbrotet.

Noreg vert medlem i FN sitt tryggingsråd for perioden 2021–2022. Justis- og beredskapsdepartementet vil spesielt måtte handtere spørsmål som gjeld handsaming av dei mest alvorlege truslane mot internasjonal tryggleik. Det gjeld mellom anna truslane frå radikalisering og valdeleg ekstremisme, medrekna terror. FN sine fredsoperasjonar står òg høgt på Tryggingsrådet sin agenda. Norsk politi deltar i fleire av fredsoperasjonane. Se omtale av tryggingsrådsmedlemskapet i Prop 1. S frå Utanriksdepartementet.

### **1.6.2 Virusutbrotet**

Virusutbrotet er den mest alvorlege krisa Noreg har opplevd sidan andre verdskrigen og har store konsekvensar for alle delar av samfunnet. Den 11. mars 2020 erklærte Verdhelseorganisasjonen utbrotet som ein pandemi og den 12. mars beslutta hesestyresmaktene, med støtte fra helse- og omsorgsministeren og statsministeren å sette i verk inngripande tiltak for å bekjempe smittespreiinga. Dei inngripande tiltaka gjorde at krisa gjekk frå å vere ei helsekrise til å bli ei krise med konsekvensar for alle delar av samfunnet.

Den mellombelse koronalo, som vart einstemmig vedtatt 21. mars hadde til formål å legge til rette for forsvarlege, effektive og forholdsmessige tiltak som var nødvendige for å avgrense forstyringa av normale samfunnsfunksjonar som følge av virusutbrotet, og for å avhjelpa negative konsekvensar for befolkninga, næringsliv, offentlig sektor eller samfunnet for øvrig. Koronalo hadde éi månads varigheit og det vart fastsett 21 forskrifter med heimel i lova. Lova vart, med nokre mindre endringar, vedtatt forlengt den 21. april 2020 og løp ut 27. mai 2020.

Virusutbrotet har utfordra samfunnstryggleiken breitt og har hatt vidtrekkande konsekvensar for nær sagt alle delar av samfunnet. Konsekvensane kjem både frå dei direkte verknadene av virusutbrotet knytte til helsetap og dei negative



samfunnsmessige konsekvensane av smittevern-tiltaka.

Under virusutbrotet har vi sett korleis globale smitteutbrot og kan få følgjer for norsk tryggingssituasjon. Fleire av dei sikkerheitspolitiske utviklingstrekk vi har sett over dei siste åra er forsterka under utbrotet. Både smittesituasjonen og konsekvensane av smitteverntiltaka kan forstyrre tilgangen til kritiske varer og innsatsfaktorar som er viktige for å sikre drifta av kritiske samfunnsfunksjonar.

Handteringa av smittesituasjonen nasjonalt heng og nøye saman med kva som skjer utanfor grensene våre. Fleire av dei nasjonale utfordringane som følgde av krisa på justis- og samfunnstryggleiksområdet vart løyst gjennom europeisk samarbeid. Krisa har gitt Noreg høve til å delta aktivt på ei rekkje møteplassar vi har vore inviterte til på helse- og samfunnstryggleiksområdet, og på område der Noregs rett til deltaking ikkje følger av avtaleverket. At Noreg held fram med å delta aktivt på internasjonale arenaer er derfor særskild viktig med tanke på vår eiga førebuing og tryggleik, og for å halde ved like dei gode relasjonane Noreg har til sine viktigaste samarbeidsland.

Alle departement og sektorar har vore tungt involvert i arbeidet med å handtere virusutbrotet. Handteringa er basert på den etablerte ansvarsfordelinga mellom departement og underliggende verksemd og følgjer dei alminnelege beredskapsprinsippa. Private verksemdar og frivillige organisasjonar har òg vore sentrale i handteringa. Kriserådet har vore eit viktig samordningsorgan i handteringa.

I handteringa av virusutbrotet har både Helse- og omsorgsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet vore leiardepartement. Krisestøtteininga har støtta begge departementa i handteringa. Virusutbrotet har fått konsekvensar for heile samfunnet. Kriserådet fastsette 13. mars 2020, etter forslag frå Helse- og omsorgsdepartementet, at Justis- og beredskapsdepartementet skulle vere leiardepartement med ansvar for å koordinere handteringa av virusutbrotet.

Sentrale oppgåver for Justis- og beredskapsdepartementet som leiardepartement har vore å koordinere avgjerdsgrunnlag frå departementa, innhente situasjonsrapportar, og syte for koordinert informasjon til media og befolkning.

I tillegg til å vere leiardepartement har Justis- og beredskapsdepartementet ei generell samordningsrolle på samfunnstryggleiksområdet og ei rolle som sektordepartement og hovudansvarleg departement.

Det første smittetilfellet i Noreg blei registrert i slutten av februar og fram til 10. mars hadde alle rapporterte smittetilfelle blitt spora til utlandet. Etter dette spreidde viruset seg ukontrollert. Den 12. mars satte regjeringa i verk dei mest inngripande tiltaka sidan andre verdskrig for å redusere spreinga. Frå 15. mars vart det fastsett mellombelse reglar om innreiserestriksjonar for utlendingar av omsyn til folkehelsa. For å håndheve reiserestriksjonane ble det gjeninnført mellombels personkontroll på indre grense. Sjå nærmare omtale i programkategori 06.40.

Noreg fekk redusert smittespreinga i april 2020. Dette gjorde det mogleg med ein kontrollert og gradvis avvikling av fleire av dei mest inngripande smitteverntiltaka. Sjølv med ei kontrollert opning av samfunnet har det heile tida vore klart at det kunne kome ein ny auke av smitte. Regjeringa har heile tida hatt som føresetnad å tilpassa tiltaka til den kvar tid gjeldande situasjonen.

Regjeringa har nedsett ein uavhengig kommisjon for å få ein grundig og heilskapleg gjennomgang og evaluering av styresmaktene sin handtering av virusutbrotet. Koronakommisjonen skal kartlegge alle relevante sider ved handteringa. Regjeringa vil komme tilbake med ei eiga oppfølging av Koronakommisjonens rapport.

### 1.6.3 Beredskapen

Totalforsvarskonseptet omfattar gjensidig støtte og samarbeid mellom sivil og militær side for å førebyggje, planleggje for og handtere kriser, væpna konflikt og krig. Regjeringa etablerte i 2016 totalforsvarsprogrammet, eit program for å vidareutvikle totalforsvaret og auke motstandsevna i kritiske samfunnsfunksjonar. Totalt sett er Noreg på god veg til å nå måla for programmet, jf. omtale under programkategori 06.50. Særleg øvinga Trident Juncture i 2018 var ein viktig milestein, og utfordringa framover er å følgje opp læringsfunna frå øvinga.

Politiet er ein sentral beredskapsaktør på sivil side i Noreg, og har ansvar for å sikre tryggleiken både til den enkelte innbyggaren og til samfunnet i heilskap. Politiet er tilgjengeleg heile døgnet gjennom heile året for å oppretthalde ro og orden og trygge mot kriminalitet og andre farer. For å lykkjast med eit godt samfunnstryggleiksarbeid må politiet leggja til rette for god samordning på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, og ha eit godt samarbeid med private og frivillige aktørar.

Samlokalisering av nødmeldings- og operasjonsentralane til politiet og brannvesenet er ein del av politireforma og er viktig for effektiv sam-

handling og rask hjelp. Erfaringane frå dei samlokaliserte sentralane er positive.

I politiets innbyggjerundersøking for 2019, svarte 94 prosent at dei kjenner seg trygge der dei bor og ferdast. Dette var noko høgare enn i 2018. Innbyggjerundersøkinga viser og at tilliten til politiet har auka med to prosentpoeng frå 77 prosent i 2018 til 79 prosent i 2019.

Den same undersøkinga viser òg at innbyggjarar som ikkje oppfattar at politiet er regelmessig synlege i deira lokalområde, eller at politiet regelmessig er i kontakt med lokalområdet, kjenner seg mindre trygge enn fleirtalet. Dette er ei utfordring som politimeldinga (Meld. St. 29 (2019–2020)) tek opp, og som må møtast med ei anna fordeling av ressursar. Som omtalt under målet om Effektiv kamp mot kriminalitet vil derfor regjeringa leggje til rette for å styrke ressursane ved dei geografiske driftseiningane i politidistrikta og foreslår å auke løyvinga med om lag 477,8 mill. kroner.

I november 2020 vil Politiets nasjonale beredskapssenter bli opna. Dette inneber eit stort løft for den nasjonale beredskapen ved at dei nasjonale beredskapsressursane blir samla på ein stad med gode fasilitetar for øving og samordning. Regjeringa legg fram forslag om å auke løyvinga med 26 mill. kroner slik at anslagsvis 500 innsatspersonell i politidistrikta årleg får auka mulighet til å trene ved det nye beredskapssenteret.

Regjeringa signerte i desember 2013 ein kontrakt med AgustaWestland (no Leonardo SPA) om levering av 16 nye redningshelikopter med opsjon på ytterlegare seks helikopter av typen AW101. Dei nye helikoptera vil ha langt betre rekkjevidd, større fart og betre evne til å operere i dårleg vær enn dagens Sea King-helikopter. Dei første helikoptera vart sette i drift 1. september 2020. For å styrke redningsberedskapen i Nord-Noreg tek ein sikte på å opprette ein ny redningshelikopterbase i Tromsø basert på sivil innleige. Justis- og beredskapsdepartementet har henta inn anbod, og saka er til vurdering. Det blir teke sikte på at den nye redningshelikopterbasen blir sett i drift i løpet av 2022.

Noreg deltek i EUs ordning for sivil beredskap, eit EU-program som inneber at deltakarlanda stiller ressursar til disposisjon for kriseramma land, både i og utanfor Europa. I tilfelle det skjer ei hending i Noreg som ikkje kan handterast tilstrekkeleg nasjonalt, kan norske styresmakter gjennom deltaking i ordninga be om bistand frå EU. Som følgje av ein ambisjon i EU om styrking av europeisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, blir det førebels foreslått å auka løyvinga

til DSB med 37,2 mill. kroner i 2021, for å dekkje Noregs auka kontingent til eventuell deltaking i ny programperiode 2021–2027. Det tas atterhald om at endeleg avgjerd om norsk deltaking i EU sine program i perioden 2021–2027 tas etter at EUs langtidsbudsjett er vedteke. Det visast òg til omtale av deltaking i EUs program 2021–2027 i Utanriksdepartementets fagproposisjon.

Vidare blir det foreslått å auke løyvinga til politiet med 183,5 mill. kroner til internasjonalt samarbeid om grensekontroll som ei oppfølging av den nye forordninga om den europeiske grense- og kystvakta. Dette gjeld både innbetaling av kontingent til Frontex og at Noreg bidrar med fleire tenestepersonar til felles operasjonar.

Regjeringa vil styrke brannutdanninga gjennom å etablere ein ny fagskule for brann- og redningspersonell ved Noregs brannskule i Tjeldsund kommune. Det er behov for ny infrastruktur ved Noregs brannskule før fagskulen kan starte opp. Det foreslås å auke løyvinga med 139,1 mill. kroner i 2021 til å starte byggeprosjektet og etablering av fagskulen, fordelt på budsjettet til Statsbygg og DSB.

Sivilforsvaret er statens forsterkningsressurs og gir støtte til nød- og beredskapsetatane i heile krisespekteret. Norsk redningsteneste er organisert som eit samvirke mellom ei rekkje offentlege, frivillige og private aktørar. Hovudredningssentralane i Nord-Noreg og i Sør-Noreg er slått saman til ein hovudredningssentral (Hovudredningssentralen – HRS) frå 1. februar 2020. Redningstenesta er ein nasjonal dugnad, og HRS leier og koordinerer alle typar redningsaksjonar. Talet på hendingar som er registrerte ved HRS, har meir enn dobla seg dei siste ti åra.

Den frivillige innsatsen er svært viktig for målet til regjeringa om å sørge for trygg beredskap for samfunnet. Å vidareføre samarbeidet med dei frivillige organisasjonane er viktig for regjeringa.

På grunn av mangelfull dekning med redningsskøyter langs kysten i Øst-Finnmark, foreslår regjeringa å auke tilskotet til Redningsselskapet med 15 mill. kroner i 2021 til drift av ei ny redningsskøyte i Vardø. Med ei ekstra redningsskøyte vil både slepebåtberedskapen og sjøredningstenesta rundt Varangerhalvøya styrkast med lokalkunnskap, nærleik og raskare responstid, og det vil samla gje auka tryggleik for fiskarar og befolkninga i Finnmark.

Nødnett er det landsdekkande nettet for nød- og beredskapskommunikasjon i Noreg. Nettet gir nød- og beredskapsaktørar høve til å kommunisere avlyttingssikra og effektivt i grupper. Nød-

nett har ein berekna dekningsgrad på 86 prosent av landarealet og nær 100 prosent av befolkninga. Dette er i tråd med forventninga frå Stortinget, jf. Innst. 371 S (2010–2011). Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) gjennomfører tiltak knytte til digitale sårbarheiter og IKT-tryggleik i samband med Nødnett. Regjeringa vidarefører arbeidet med forsterka tryggingstiltak og logisk sikring i nødnettssystemet og styrkt evne til å førebyggje, oppdage og handtere tryggleikshendingar, og med å forsterke sikringa av skjermingsverdige objekt i Nødnett i 2021.

Staten har kontrakt om drift av dagens Nødnett til og med 2026, med ein garanti for at nettet kan driftast vidare i ytterlegare fem år. Det er utført ei konseptvalutgreiing om korleis ei framtidig løysing i kommersielle mobilnett kan og bør setjast ut i livet, og om overgangen frå dagens Nødnett. Utgreiinga er til ekstern kvalitetssikring.

Det er også i 2020 gjort betydelege investeringar og arbeid for å sikre skjermingsverdige objekt i justissektoren i samsvar med det ønskete sikringsnivået. Ytterlegare objekt får ønskt sikringsnivå når politiets nye beredskapssenter er ferdig, og det er investert betydelege midlar for å betre sikkerheten i Nødnett. Arbeidet med å sikre øvrige skjermingsverdige objekt i politiet og operasjonssentralane har blitt noko forseinka som følge av smitteverntiltaka, men er framleis i rute til å nå målsettinga om at dei skjermingsverdige objekta i politiet er sikra i samsvar med forskrift innan utgangen av 2020.

Samstundes pågår det framleis arbeid i justissektoren for å sikre øvrige objekt, infrastruktur og informasjonssystem som ikkje er sikra i samsvar med det ønskete sikringsnivået, og dette arbeidet vil måtte ta fleire år. Det blir vist til punkt 3.8 i programkategori 06.50 for nærare omtale av arbeidet med implementering av tryggingsslova og at dette kan ha tyding for kva objekt som blir klassifisert etter tryggingsslova.

NATO set i dag tryggleiken og funksjonsevna til sivilsamfunnet høgt på dagsordenen. Sivil beredskap, krisehandtering og robuste kritiske samfunnsfunksjonar er ein føresetnad for samla beredskap og forsvar i kvart enkelt land og dermed for alliansen som heilskap.

#### 1.6.4 Nasjonal tryggleik

Noreg står overfor eit komplekst trussel- og risikobilete. Det nasjonale risikobiletet vårt blir endra når truslane blir endra, men òg når verdiane endrar seg, til dømes som følgje av teknologisk utvikling.

Målet med arbeidet med nasjonal tryggleik er for det første å førebyggje, avdekke, etterforske og eventuelt føre for retten og handtere dei mest alvorlege truslane mot tryggleiken i riket og grunnleggjande nasjonale interesser. For det andre er målet å styrke motstandskrafta og uthaldet i nasjonen og å redusere sårbarheita for truslar frå både statlege og ikkje-statlege aktørar, både i det fysiske og i det digitale rommet.

Disse måla kan ikkje oppnåast utan gjennom eit breitt samarbeid, i alle faser av arbeidet. Til dømes er kunnskap om trusselaktørar, metodane deira og kunnskap om eigne verdiar og sårbarheiter sentralt for at dei utsette verksemdene sjølv skal kunne setje i verk førebyggjande tiltak. Styresmaktenes deling av kunnskapen er difor sær viktig for samarbeidet, i tillegg til råd og rettleiing. Løyvingane til aktørane i justissektoren som har eit særskild ansvar for nasjonal tryggleik må difor sjåast i samheng med dei ressursane som andre sektorar bruker for å auke robustheta og redusere eigne sårbarheiter.

Den breie verkemiddelbruken vi ser frå framande etterretningstenester, er ei nyare og særskild utfordring. Metodane omfattar både operasjonar i det digitale rommet og meir konvensjonelle tiltak. Økonomiske tiltak, oppkjøp, falske nyheiter og ulike former for påverknadsoperasjonar er metodar som er særleg krevjande å møte. Under virusutbrotet har slike tiltak blitt brukte i fleire land. Kombinasjonen av høg grad av digitalisering i Noreg, medrekna auka bruk av digitale verktøy under virusutbrotet, og at fleire trusselaktørar enkelt får tilgang til avanserte digitale verktøy, gjer at operasjonar i det digitale rommet blir ei stadig større utfordring. Samansett verkemiddelbruk utfordrar òg evna styresmaktene har til å fange opp trusselaktørar. Det er viktig at dei nasjonale tryggingssyresmaktene har tilstrekkeleg heimelsgrunnlag, kompetanse og ressursar til å avdekke, motverke og handtere den breie verkemiddelbruken som framande statar rettar mot Noreg. Disse utfordringane er òg døme på at arbeidet med nasjonal tryggleik krev eit breitt samarbeid på tvers av sektorane i Noreg.

Samordna trygging og beredskap vil setje oss betre i stand til å handtere kompleksiteten. Alle sektorar i samfunnet har ansvar for førebyggjande tryggingstiltak i eigen sektor, for at dei skal bli mindre sårbare. PST, Etterretningstenesta og Nasjonalt tryggingssorgan (NSM) bidrar til auka kunnskap i samfunnet om kva truslar og kva risiko vi står overfor. Samarbeidet mellom tenestene byggjer blant anna på koordineringa som skjer innanfor ramma av Felles cyberkoordine-

ringssenter (FCKS) og Felles kontraterrorsenter (FKTS). Tryggingslova er eit av dei viktigaste og mest sentrale strategiske verkemidla for å ta vare på den nasjonale tryggleiken vår. Lova skal bidra til at vi identifiserer og klarer å halde oppe tenester, produksjon og anna verksemd som er avgjerande for evna vår til å ta vare på suvereniteten i landet og den territoriale integriteten vår, den demokratiske styreforma vår og andre tryggingspolitiske interesser.

Sivil klareringsstyresmakt (SKM) vart oppretta i 2018, og er den sentrale styresmakta for tryggingsklarering på sivil side. SKM bidrar til å gjere dei nasjonale tryggingsinteressene våre mindre sårbare gjennom førebyggjande personelltryggingsstiltak.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til SKM med 14,6 mill. kroner. Auken skal setje SKM i stand til å handtere veksten i saksmengd som følgje av ny tryggingslov.

Regjeringa vil styrke forbygging av hatkriminalitet og foreslår å løyve 7 mill. kroner til eit nasjonalt kompetansmiljø som skal vere til støtte for alle politidistrikt. Regjeringa foreslår òg å løyve 3 mill. kroner til forskning på feltet.

### 1.6.5 Digital tryggleik

Omfattande digitalisering pregar samfunnsutviklinga og er ein viktig premiss for verdiskaping, økonomisk vekst og effektivisering av samfunnet. Etterretningstenesta og PST beskriv i sine opne trusselvurderingar eit trusselbilette i endring, der

stadig større aktivitet går føre seg i det digitale rommet. Dette biletet støttes også av vurderingane frå Økokrim og Kripos, herunder kriminalitetsbiletet i det digitale rom. Virusutbrotet gjer oss meir avhengige av det digitale rommet, noko som aukar sårbarheita for digitale truslar. Digital tryggleik er heilt avgjerande for å vareta velferdsamfunnet, viktige samfunnsfunksjonar, nasjonale tryggingsinteresser og interessene til den enkelte innbyggjar og sivilsamfunnet i det heile.

Styresmaktene held fram med å fremme nasjonalt og internasjonalt samarbeid om digital tryggleik og forsvar mot (og handtering av) digitale truslar, semje om statleg åtferd i det digitale rommet og samarbeid mot IKT-kriminalitet.

Utvalet for organisering og regulering av nasjonal IKT-tryggleik (IKT-tryggleiksutvalet) la fram utgreiinga si 3. desember 2018. Regjeringa vil følgje opp hovudtilrådingane frå utvalet, jf. omtale under programkategori 06.50.

Nasjonal tryggingsorgan (NSM) er nasjonalt fagmiljø for digital sikkerhet, og skal som del av rolla blant anna støtte opp om, og bidra til utøvinga av Justis- og beredskapsdepartementets og Forsvarsdepartementets ansvar på det digitale tryggleikområdet. Nasjonalt cybertryggingssenter (NCSC) vart etablert som del av NSM hausten 2019. NCSC samarbeider med det nasjonale cyberkrimsenteret (NC3) ved Kripos. NC3 blei oppretta i februar 2019 og står sentralt i arbeidet som politiet gjer mot digital kriminalitet og for å sikre tryggleik i det digitale rommet.

Tabell 1.2 Ansvarsfordeling mellom departementa for tverrsektorielle område i samfunnstryggleiksarbeidet.

Samfunnskritiske funksjonar og område	Hovudansvarleg departement.	Utøvande verksemder/forvaltningsnivå.	Andre departement med ansvar.
Elektronisk kommunikasjonsnett og -tenester (Ekom)	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom), Nasjonalt tryggingorgan (NSM), Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Forsvaret, ekomtilbydare.	Justis- og beredskapsdepartementet, Forsvarsdepartementet
Digital tryggleik i sivil sektor	Justis- og beredskapsdepartementet	NSM, Datatilsynet, DSB, Nkom, Digitaliseringsdirektoratet, Politiets tryggingsteneste (PST), politiet ved KRIPOS, sektorvise responsmiljøer, eiere av kritisk viktige IKT-systemer, digitale registre og arkiv.	Kommunal- og moderniseringsdepartementet, dei andre departementa
Satellittbasert navigasjon og kommunikasjon	Kommunal- og moderniseringsdepartementet Samferdselsdepartementet <sup>1</sup>	Norsk Romsenter, Kongsberg Satellite Services, Space Norway AS, Kystverket, Nkom, Statens kartverk, Avinor AS, NSM.	Justis- og beredskapsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet
Kraftforsyning	Olje- og energidepartementet	Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), Kraftforsyningens beredskapsorganisasjon, Statnett SF, Statkraft, fjernvarmeselskap, kraft- og nettselskap, DSB, Meteorologisk institutt (MET).	Justis- og beredskapsdepartementet, Klima- og miljødepartementet
Vatn og avløp	Helse- og omsorgsdepartementet	Mattilsynet, Helsedirektoratet (Hdir), Statens helsetilsyn, Folkehelseinstituttet, Miljødirektoratet, Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA), vassverkseigare (offentlege og private vassverk), leverandørar til vatn og avløp, fylkesmennene, kommunane.	Klima- og miljødepartementet
Forsyningstryggleik	Nærings- og fiskeridepartementet	Landbruksdirektoratet, Fiskeridirektoratet, DSB, Petroleumstilsynet, Tolletaten, matvarenæringane, drivstoffnæringane, bygg- og anleggsbransjen, sjøfartsnæringane, transportbransjen, fylkesmennene, kommunane, Forsvaret.	Landbruks- og matdepartementet, Samferdselsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Forsvarsdepartementet, Olje- og energidepartementet, Finansdepartementet.

Tabell 1.2 Ansvarsfordeling mellom departementa for tverrsektorielle område i samfunnstryggleiksarbeidet.

Samfunnskritiske funksjonar og område	Hovudansvarleg departement.	Utøvande verksemder/forvaltningsnivå.	Andre departement med ansvar.
Transport	Samferdselsdepartementet	Statens vegvesen, Nye veier AS, Vegtilsynet, Avinor AS, Bane NOR SF, Luftfartstilsynet, Kystverket, Statens jernbanetilsyn, Entur AS, Jernbanedirektoratet, Sjøfartsdirektoratet, hamnevesen, Norges Rederiforbund, NORTRASHIP, MET, DSB, fylkeskommunar, kommunar, transportaktørar.	Nærings- og fiskeridepartementet, Klima- og miljødepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet.
Finansielle tenester	Finansdepartementet	Noregs Bank, Finanstilsynet, finansføretak.	
Helse og omsorg	Helse- og omsorgsdepartementet	Hdir, Folkehelseinstituttet, Direktoratet for e-helse, Statens helsetilsyn, DSA, Statens legemiddelverk, Norsk Helsenett SF, dei regionale helseføretaka, Arbeids- og velferdsdirektoratet (NAV), Barne-, ungdoms og velferdsdirektoratet, Mattilsynet, Vitenskapskomiteen for mattryggleik, Havforskningsinstituttet, Veterinærinstituttet, DSB, Siviltforsvaret, Forsvaret, fylkesmenna, kommunane, barnevern, krisesenter, legemiddelprodusentar, apotek.	Arbeids- og sosialdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet Forsvarsdepartementet Barne- og familiedepartementet
Lov og orden	Justis- og beredskapsdepartementet	Politidirektoratet (POD), politiet, PST, DSB, Statens sivilrettsforvaltning, Riksadvokaten, Kriminalomsorgsdirektoratet, helseføretaka, Domstolsadministrasjonen, Sekretariatet for konfliktråda, Datatilsynet, Utlendingsforvaltningen, Tolletaten, Forsvaret, NSM.	Finansdepartementet, Forsvarsdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet

Tabell 1.2 Ansvarsfordeling mellom departementa for tverrsektorielle område i samfunnstryggleiksarbeidet.

Samfunnskritiske funksjonar og område	Hovudansvarleg departement.	Utøvande verksemder/forvaltningsnivå.	Andre departement med ansvar.
Redningstjeneste	Justis- og beredskapsdepartementet	Hovudredningssentralen, lokale redningssentralar, frivillige rednings- og beredskapsorganisasjonar. Frivillige organisasjoners redningsfaglige forum, Hdir, POD, DSB, Sivilforsvaret, politidistrikta, brann- og redningsvesen, helseføretaka (regionale og lokale), Forsvaret, Luftfartstilsynet, Kystverket, Sjøfartsdirektoratet, Næringslivets sikkerhetsorganisasjon, industrivern, Redningshelikoptertenesta, Luftambulansetjenesten HF, Nkom, Avinor AS, Telenor Maritim radio, Redningsselskapet, fylkesmenna, kommunane.	Forsvarsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Samferdselsdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Styring og kriseledelse	Justis- og beredskapsdepartementet	POD, politiet, PST, DSB, NSM, Hdir, DSA, Forsvaret, Sivil klareringsmyndighet, Norsk rikskringkasting, Departementenes service- og sikkerhetsorganisasjon, Statsbygg, Statens kartverk, Fylkesmennas fellesadministrasjon, andre etatar, fylkesmenna, kommunane.	Statsministerens kontor, Utenriksdepartementet, Forsvarsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Kulturdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, dei andre departementa
Forsvar	Forsvarsdepartementet	Forsvaret, NSM, FFI, Forsvarsbygg, Forsvarsmateriell.	Justis- og beredskapsdepartementet, Samferdselsdepartementet, Olje- og energidepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Utenriksdepartementet

Tabell 1.2 Ansvarsfordeling mellom departementa for tverrsektorielle område i samfunnstryggleiksarbeidet.

Samfunnskritiske funksjonar og område	Hovudansvarleg departement.	Utøvande verksemder/forvaltningsnivå.	Andre departement med ansvar.
Natur og miljø	Klima- og miljødepartementet	Fiskeridirektoratet, Kystverket, Miljødirektoratet, MET, NVE, Norges geologiske undersøking, Petroleumstilsynet, Norsk Polarinstitut, DSA, Landbruksdirektoratet, Norsk institutt for bioøkonomi, Havforskningsinstituttet, Mattilsynet, Veterinærinstituttet, DSB, Forsvaret, fylkesmenna, kommunane, interkommunale utvalg for akutt forurensing (IUA).	Samferdselsdepartementet, Olje- og energidepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Forsvarsdepartementet

<sup>1</sup> Hovedansvarlig for posisjon, navigasjon og tid, jf. SDs koordineringsansvar for sivil radionavigasjonspolitik, herunder koordinering av regjeringens strategi for PNT (posisjon, navigasjon, tid).

Oversikta over viser kva ansvar departementa har for 14 sentrale område innanfor samfunnstryggleik. Områda er tverrsektorielle samfunnsfunksjonar som er viktige for samfunnstryggleiken, som fleire departement har ansvar for, og som er avhengige av kvarandre. Det er peika ut eit hovudansvarleg departement for kvart av områda, jf. *instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet* (samfunnstryggleiksinstruksen), fastsett av Justis- og beredskapsdepartementet 1. september 2017.

Innanfor hovudansvarsområda sine skal departementa

- sørge for at det blir utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalysar for dei kritiske samfunnsfunksjonane som departementet har hovudansvar for, og at desse blir vedlikehaldne.
- ha oversikt over tilstanden når det gjeld sårbarheit, for dei områda som departementet har hovudansvar for, og utarbeide status- og tilstandsvurderingar for desse, som blir lagde fram for Stortinget i dei årlege budsjettproposisjonane. Status- og tilstandsvurderingane blir utarbeidd etter ein tidsplan Justis- og beredskapsdepartementet fastset.
- avklare ansvar mellom relevante aktørar, medrekna å identifisere eventuelle gråsoner eller overlappende ansvarsområde. I saker der det er usemje mellom departementa, skal saka

leggjast fram for Justis- og beredskapsdepartementet.

- planleggje og gjennomføre felles øvingar og evaluere og følgje opp læringspunkt.
- samarbeide med og leggje fram forslag til beredskapstiltak, beredskapsplanar, regelverk og andre viktige saker for aktuelle departement.
- sørge for erfaringsutveksling og kompetanseheving for aktuelle aktørar.
- bistå Justis- og beredskapsdepartementet med informasjonsinnhenting og rapportering.

Innføringa av hovudansvarlege departement inneber ikkje at sektoransvaret eller Justis- og beredskapsdepartementets samordningsrolle blir endra, men det er ei tydeleggjering av ansvaret. Hovudvekta i samordningsansvaret til Justis- og beredskapsdepartementet ligg på samordning mellom to eller fleire område.

## 1.7 Kontrollert og berekraftig innvandring

Regjeringa vil føre ein restriktiv, ansvarleg og rettssikker innvandringspolitikk innanfor rammene av internasjonale forpliktingar. Ein rettssikker behandling er avgjørande for å sørge for at dei som har krav på vern, faktisk får det, mens dei



utan krav skal returneras raskt. Regjeringa vil arbeide for å få på plass returavtaler med fleire land for å unngå at personar oppheld seg i Noreg utan lovleg opphald. Det blir lagt til rette for lovlege rørsler over landegrensene, medrekna ønskt arbeidsinnvandring. Noreg tek vare på rettstryggleiken til utlendingar og den enkeltes behov for vern, samstundes som landets tryggleik blir bevart.

### 1.7.1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet har det overordna ansvaret for å utforme og samordne innvandringspolitikken. Utlendingslova, den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK), flyktningkonvensjonen og ei rekkje internasjonale forpliktingar i samband med EØS/Schengen og FN er det sentrale juridiske rammeverket som regulerer innvandringa til Noreg.

Ein innvandringsprosess går frå ein person søker om opphaldsløyve eller vern i Noreg, til vedkommande har opphaldsløyve, er busett og tek del i arbeids- og samfunnsliv for ein kortare eller lengre periode, eller til vedkommande har fått avslag og blir returnert til heimlandet eller til eit trygt tredjeland<sup>1</sup>. Innvandringa til Noreg blir bestemt av talet på asylsøkarar og talet på personar som får opphaldsløyve i Noreg for å arbeide, studere, bu med familien m.m. etter det gjeldande regelverket.

Dei siste åra har regjeringa hatt disse tre måla knytt til innvandringsfeltet:

- eit fåtal asylsøkarar utan behov for vern.
- rask retur av personar utan lovleg opphald
- eit fåtal personar skal ha opphald med feil identitet eller på feil grunnlag.

Særleg det første målet, og delvis dei to andre, er retta mot asyldelen av porteføljen til utlendingsforvaltninga. Asylsøkarar har dei siste åra stått for ein mindre del av innvandringa til Noreg (sjå nærare omtale under), og dei største innvandringsgruppene til Noreg er EØS-borgarar, familieinnvandrarar og arbeidsinnvandrarar. Som følgje av at dette, samt ønske om eit mer overordna og heilskapleg rammeverk har regjeringa endra målformulering. Dei tre målsettingane frå tidlegare vil bli vidareført i form av viktige innsatsom-

råder under det overordna målet om kontrollert og berekraftig innvandring.

Behovet for løyvingar på innvandringsfeltet er særskilt avhengig av kor mange personar som søker asyl. I tillegg til at utlendingsforvaltninga har store oppgåver med saksbehandling har Noreg ifølgje utlendingslova plikt til å tilby innkvartering til asylsøkarar. Arbeid med retur av asylsøkarar er òg ressurskrevjande for både politiet og UDI.

Virusutbrotet har hatt store konsekvensar for innvandringa til Noreg i 2020, og det er usikkert korleis situasjonen vil vere i 2021. Dei mellom- belse reglane om bortvising av utlendingar utan opphaldsløyve som regjeringa vedtok 15. mars 2020 (med fleire seinare endringar) og reiserestriksjoner og grensekontroll på fleire grenser i Europa, har gjort det vanskelegare for utlendingar å reise til Noreg, og det har komme færre asylsøkarar og nye søknader om opphald enn det har vore planlagt for.

Dei fleste saker om opphald har no i mellom- belse retningslinjer fått unntatt krav om personleg oppmøte hos politiet, slik at saksavvikling forgår tilnærma som normalt. Søknader om statsborgarskap har hatt lengre saksbehandlingstid enn vanleg, då saksinngangen har auka betydeleg etter det blei tilet med fleire statsborgarskap. I tillegg er det framleis krav om at søkarane møter opp hos politiet i denne sakstypen. Regjeringa vil i 2021 nytte auke gebyrinntekter frå statsborgarskaps- sakene til å styrke saksbehandlinga av statsborgarskaps sakene i UDI og politiet.

Returarbeidet har halde fram tilnærma som normalt, men det har vore færre returar enn forventta på grunn av restriksjonar for ulike land og lågare asylinnkomstar. Trass i at det har komme langt færre asylsøkarar enn det har vore planlagt for, har talet på bebuarar i mottak vore stabilt, sidan retur og busetjing har blitt mellom- bels forseinka. Enkelte av konsekvensane blir nær- mere omtalte i del II.

Regjeringa vil i 2021 legge til rette for ei ein- gongsløysing der utlendingar med lang opphalds- tid kan få innvilga opphaldsløyve i Noreg. Det blei 24. februar 2020 sendt på høyring eit forslag til endring i utlendingsforskrifta om at utlendingar som har fått avslag på søknad om vern, men som innan 1. oktober 2021 vil ha opphalde seg i Noreg i meir enn 16 år etter at søknaden blei fremma, og som vil ha ei samla alder og opphaldstid på minst 65 år, på nærare vilkår skal få opphaldsløyve. Bestemminga er mellom- bels og vil bli oppheva når dei aktuelle sakene er ferdigbehandla. Høy-

<sup>1</sup> Søknader om løyve til kortare besøk som ferie og forret- ningsreiser (besøksvisum) fell òg under ansvarsområdet til utlendingsforvaltninga. Målet for politikktviklinga kon- senterer seg likevel om personar som søker lengre opp- hald i Noreg, slik at teksten og budsjettforslaget i hovudsak dreier seg om dette.


ringsfristen gjekk ut 6. april i år og departementet vurderer no høyringssvara som er kome inn.

### 1.7.2 Asyl/vern

Alle som kjem til Noregs grense og viser til at dei er forfølgde etter flyktningkonvensjonen, eller som ikkje kan vende tilbake til heimlandet fordi dei der vil risikere tortur eller umenneskeleg eller fornedrande behandling eller straff, har rett til å få behandla asylsøknaden sin. Dei som oppfyller vilkåra for vern vil få rett til opphald. Talet på asylsøkarar og irregulære migrantar til Europa har totalt sett vore nokså stabilt sidan hausten 2016. Talet

på personar som søker vern i Noreg, har dei siste åra vore lågt. I 2019 søkte 2 305 personar asyl i Noreg, noko som var det lågaste talet sidan 1997. Noreg tek òg imot overføringsflyktningar som har fått utreda behov for vern av FN eller andre instansar som definert i utlendingsforskrifta. Vidare kan Noreg bidra til andre typar byrdedeling og internasjonalt samarbeid.

Figuren under viser utviklinga i asylsøknader og i innkomstar av overføringsflyktningar og mottak av relokaliserte asylsøkarar sidan 2014. I 2019 var det fleire overføringsflyktningar enn ordinære asylsøkarar.



Figur 1.3 Utvikling i asyltilkomstar, relokaliserte og overføringsflyktningar

I 2018 fekk i tillegg 399 asylsøkarar som kom i åra før som einslege mindreårige, behandla søknaden sin på nytt etter utlendingsforskrifta § 8-8 a, dei såkalla oktoberbarna. Desse er ikkje tekne med i figuren for 2018.

Kjelde: UDI

Noregs del av asylsøkarane som kjem til EU/EFTA-land, har blitt gradvis redusert dei siste åra. Dessutan ligg talet på asylsøkarar per million innbyggjarar i Noreg markert under gjennomsnittet for EU-landa i 2016–2019, medan det tidlegare låg over.

Det lågare talet på asylsøkarar og irregulære migrantar til Noreg dei siste åra, samanlikna med perioden fram til 2015, heng blant anna saman med tiltak som er sette i verk på EUs yttergrense, samarbeid mellom EU og naboland og samarbeid med tredjeland. Blant anna har samarbeid mellom EU og Tyrkia og land på Vest-Balkan om migrasjonskontroll ført til at færre asylsøkarar har komme til Europa. Vidare har bruk av personkontroll på grensa mellom Tyskland og Danmark og mellom Danmark og Sverige samt nokre grenseo-

verngangar til Noreg truleg bidratt til at det no er få personar som søker asyl. Det er og grunn til å tru at signaleffektane av endringar i den norske innvandringspolitikken kan ha medverka til dette.

Regjeringa har hatt som mål at Noreg skal ha få asylsøkarar utan behov for vern, og sidan 2018 har over 70 prosent av søkarar årleg fått innvilga vern. I 2019 fekk 75 prosent innvilga vern i Noreg, medan det tilsvarande talet for EU samla var rundt 40 prosent. I nabolanda våre Sverige og Danmark var tala høvesvis 29 og 51 prosent. Tala kan ikkje samanliknast direkte sidan praksis og profil på søkarane vil variere noko frå land til land. Tala kan likevel tyde på at praksis i Noreg, med blant anna rask og grundig saksbehandling og rask retur, bidrar til at vi får få asylsøknader frå søkarar som ikkje har behov for vern.

Det ser ut til at talet på asylsøkarar vil halde seg på eit lågt nivå òg i 2020. Per 31. august var det registrert 976 asylsøkarar i Noreg for 2020. Det var tidlegare forventa 3 000 asylsøkarar til Noreg i 2020, men som følge av smitteverntiltaka og streng grensek kontroll er det forventa talet no justert til 1 200. Det er usikkert i kva grad dei ekstraordinære tiltaka for grensek kontroll vil vere gjeldande òg i 2021. I planlegginga leggas til grunn at dei i stor grad vil vere oppheva, med ein planleggingsprognose på 3 000 asylsøkarar til Noreg i 2021.

Det er gjort fleire grep for å kontrollere irregulær migrasjon, men migrasjonen kan framleis endre seg raskt, og migrasjonspresset mot Europa er vedvarande høgt. Faktorar som kan spele inn, er konflikhtar og mangel på stabilitet i ei rekkje land, fattigdom og demografisk utvikling, i tillegg til endringar i internasjonale avtalar og overenskomstar, som til dømes EU–Tyrkia-erklæringa. Det er framleis mange flyktningar og irregulære migrantar i nærområda til Europa, og migrasjonspotensialet er dermed stort.

Regjeringa meiner at talet på kvoteplassar skal ses i samanheng med talet på asylsøkarar og andre innvandrings- og integreringsutfordringar i Noreg. Plassane kan nyttast til å ta imot overføringsflyktningar eller annan type byrdedeling mellom EU/Schengen-land som relokalisering av asylsøkarar. På grunn av det låge talet på asylsøkarar og ein venta nedgang i familieinnvandringa


foreslår regjeringa å vidareføre ein kvote i 2021 på same nivå som i 2020. Virusutbrotet vil ha konsekvensar for arbeidet med uttak i heile 2020 og i 2021.

Hellas opplevde ein sterk auke i talet på asylsøkarar hausten 2019 og bad då andre europeiske land om å relokalisere asylsøkarar frå Hellas. Regjeringa har beslutta å hjelpe Hellas i den pressa situasjonen og bidra til relokalisering. Det er ikkje mogleg å fylle kvoten for overføringsflyktningar i 2020, og plassane overførast til 2021. Asylsøkarar som blir relokaliserte til Noreg vil medføre ein reduksjon i tal på overføringsflyktningar i 2021.

### 1.7.3 Andre saker om opphald

Alle enkeltsaker i utlendingsforvaltninga utanom asyl blir omtalte som opphaldssaker. Dette inkluderer alt frå søknader om besøksvisum til nye løyve og fornying av løyve knytt til arbeid, studium og familieinnvandring. Vidare omfattar opphaldssaker søknader om permanent opphald og statsborgarskap, saker om utvising, nokre andre mindre saksporteføljar og tilbakekallssaker. Det blir oppretta tilbakekallssak dersom det er gitt opphaldsløyve på grunnlag av urette opplysningar, eller dersom det ikkje lenger er behov for vern.

Figuren under viser utvikling i alle sakstyper bortsett frå utvising og tilbakekall.



Figur 1.4 Saksinnang fordelt på type

Søylen for statsborgarskap i 2020 viser registrerte søknader på nett, medan alle øvrige søyler viser saksinnang frå når sak blir oppretta hos politiet. For 2020 er talet på oppretta statsborgarskapssaker betydelig lågare enn søknader på nett på grunn av kapasiteten i publikumsmottaka til politiet. Saksinnangen for 2020 blir derfor betre illustrert ved å sjå på tal søknader på nett.

Kjelder: UDI

Talet på nye søknader om opphald (ekskludert visum) har dei siste åra lege på mellom 25 000 og 30 000, med noko variasjon frå år til år. EØS-borgarar må ikkje formelt søkje om opphaldsløyve men dei må registrere seg, og talet på registreringar har dei siste åra hatt ein nedadgående trend, frå nær 60 000 registreringar i 2014 til cirka 35 000 i 2019. Sjå figur under.

Dei fleste EØS-registrerte kjem til Noreg for å arbeide, og nedgangen har truleg samanheng med redusert aktivitet innanfor det olje- og gassbaserte næringslivet og svak norsk valutakurs. Den største gruppa som får førstegongsløyve har lenge vore knytt til familieinnvandring, der indarar, syrarar og eritrearar var største nasjonalitetar i 2019. Arbeidsinnvandringa har auka dei siste åra medan familieinnvandring har gått noko ned, slik at dei to gruppene no er omtrent like store. Indiske borgarar var òg den største gruppa arbeidsinnvandrarar som fikk førstegongsløyve i 2019, desse er typisk faglærte som oppheld seg i Noreg over lengre tid. Dei nest største gruppene er personar frå Vietnam og Ukraina, som typisk kjem for kortare periodar for å gjere sesongarbeid. Sjå Prop. 1 S (2020–2021) for Arbeids- og sosialdepartementet for nærmare omtale.

Talet på søknader om nye opphaldsløyve og EØS-registreringar har gått ned i 2020 som følgje av virusutbrotet, og virusutbrotet kan òg få konsekvensar for tala i 2021. Fleire som har fått innvilga løyve fekk i starten av året utsett innreisa si.

Løyve som gjeld arbeid, studium og familieinnvandring, kan normalt fornyast. Personar som allereie har eit mellombels opphaldsløyve i Noreg, kan etter lengre butid, og ved å oppfylle visse kriterium, søkje om permanent opphald og statsborgarskap<sup>2</sup>. Dette gjeld både for dei som har komme til Noreg som asylsøkarar, og dei som har komme på andre opphaldsgrunnlag.

<sup>2</sup> Statsborgarskapslova ligg formelt under Kunnskapsdepartementet, men søknadene blir behandla som dei andre sakstypene hos politiet, UDI og UNE (søknader om statsborgarskap blir i nokre tilfelle tekne imot av utanriksstasjonar, som sender dei vidare for behandling)


Talet på personar som søker om å fornye løyva sine, har lege på omlag 20 000 årleg dei siste åra. Talet på personar som søker om eit varig løyve, har lege på rundt 40 000, med ein topp i 2019 på nær 45 000 søknader, truleg knytt til dei større flyktningstraumane som kom rundt 2015.

Det har blitt fleire søknader om norsk statsborgerskap etter at prinsippet om eitt statsborgarskap blei avvikla frå 1. januar 2020, jf. Prop. 111 L (2017–2018). Det har vore ein større auke i søknader enn forventa. Vidare er det krav om å møte opp hos politiet ved søknad om norsk statsborgerskap. Publikumsrettaka har i 2020 hatt lågare kapasitet enn tidlegare på grunn av virusutbrotet. Samla har derfor talet på ubehandla saker auka i 2020. Regjeringa legg opp til å auke løyvinga til UDI og politiet for å behandle fleire søknader frå 2021.

#### 1.7.4 Retur – færre personar med plikt til å forlate landet

Dei som får endeleg avslag på ein søknad om opphald, får ein frist til å forlate landet, normalt tre veker. Talet returar var samla på i underkant av 4 400 i 2019, ein reduksjon på kring 1 000 returar sidan 2018. Talet på returar og utreisepliktige i mottak har blitt gradvis redusert sidan 2016, noko som heng saman med nedgangen i asylsøkarar til Noreg og satsinga regjeringa har hatt på retur. Forvaltninga har fleire verkemiddel for å sikre at utreiseplikta blir overhalden. Det viktigaste er eit heilskapleg returarbeid mellom involverte instansar i forvaltninga, effektiv gjennomføring av retur og samarbeid med transitt- og opphavsland. Vedtakssamtalar, informasjons- og motivasjonstiltak i og utanfor mottak, tilskot til retur og reintegrering, og tvangsretur er andre verkemiddel for å motivere til sjølvorganisert eller assistert retur.

Virusutbrotet har gjort at ein stor del returar er utsette, noko som kan gjere at ein får eit etterslep inn i 2021. Figuren under viser utvikling i tal returar, tvang og assistert.



Figur 1.5 Utvikling i tal returar, tvang og assistert (frivillig)

Kjelde: UDI

Talet på assisterte returar har gått særleg ned. I løpet av 2019 reiste 213 personar med assistert retur, noko som er ein nedgang på over 80 prosent samanlikna med 2014.

Talet på tvangsreturar har og blitt færre, med ein nedgang på cirka 40 prosent sidan 2014. I 2019 transporterte politiet ut 4 157 personar utan lovleg opphald. Returar til ei rekkje land har blitt mellomstansa i 2020 på grunn av virusutbrotet, og det er uvisst kor lenge dette vil halde fram. Sjølv før virusutbrotet forventa ein at talet på uttransporterte i 2020 og 2021 ville bli lågare enn i 2019.

Måлтаlet for tvangsreturnerte er sett ned. Ifølgje prognosen for 2021 vil politiet uttransportere 4 070 personar utan lovleg opphald. Det er blitt satsa bevisst på retur som kriminalitetsførebyggjande tiltak og på å gjere utlendingsfeltet til ein integrert del av arbeidet i politidistrikta. Gjennomføring av returar har dei seinare åra blitt vesentleg meir krevjande, både fordi målgruppa for retur dei siste åra har blitt vanskeligare å jobba med og fordi returføresetnadene framleis er krevjande. Ein større del av sakene gjeld no lengeverande personar og personar med særskilde behov, som krev store kostnader for samfunnet. UDI og PU har dei seinare år styrkt innsatsen for å få til dei krevjande returane, og dette arbeidet vil halde fram i 2021.


### 1.7.5 ID-arbeid og arbeid med tilbakekallssaker

Å kjenne identiteten til personar som oppheld seg i Noreg, er viktig, anten desse personane har fått opphaldsløyve før dei kom til landet, skal få opp-

haldsløyve i Noreg eller skal forlate landet. At utlendingsstyresmaktene i størst mogleg grad registrerer rett identitet på personar, gir større tryggleik, òg for anna offentleg forvaltning.

Politiet og UDI har innført ny saksflyt for asylsaker, og frå hausten 2020 er dei samlokaliserte på Nasjonalt ankomstsenter i Råde i Viken. Den nye saksflyten inneber at det skal leggjast ned ein større innsats for å avklare identitet i ein tidleg fase i asylsaksbehandlingen. Dette gir eit betre grunnlag for å gjere korrekte vedtak, samstundes som det lettar returarbeidet i saker der det blir aktuelt.

Dersom opphald er gitt på grunn av urette opplysningar (til dømes feil identitet eller nasjonalitet) eller når det ikkje lenger er behov for vern opprettar UDI tilbakekallsak og vurderar om opphaldsløyvet, og eventuelt flyktningstatus, kan kallast tilbake. Arbeidet med tilbakekallssaker har i lengre tid vore eit arbeidsområde i utlendingsforvaltningen, og har sidan 2017 blitt systematisert og rekna som ei eiga saksportefølje, som krev relativt store ressursar. Det er viktig at løyve som ikkje skulle vore gitt, til dømes fordi utlendingen har gitt urette opplysningar, blir kalla tilbake. Eit bredt fleirtal på Stortinget har og bestemt at flyktningar, som ikkje har fått permanent opphaldsløyve, kan få kalla tilbake løyvet og flyktningstatus dersom dei ikkje lenger har behov for vern. Figuren under viser tal på oppretta og behandla saker dei siste åra. Kring halvparten av dei behandla sakene kvart år ender med eit vedtak om tilbakekall, men mange får nytt løyve basert på anna grunnlag.



Figur 1.6 Saker om tilbakekall

Kjelde: UDI

Det har vore relativt lang saksbehandlingstid på nokre av tilbakekallssakene, men UDI prioriterer no dei eldste sakene og har redusert restansar ila. 2019 og 2020. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.90. Betre ID-arbeid er òg venta å bidra til lågare behov for tilbakekallssaker knytt til urette opplysningar.

Regjeringa vil vidareføre arbeidet med å kalle tilbake flyktningsstatus og opphaldsløyve dersom opphaldet kan vere gitt på urett grunnlag, og når det ikkje lenger er behov for vern, slik flyktningskonvensjonen og utlendingslova opnar for.

Regjeringa har sidan 2020 gitt auka løyvingar til å bygge ned restansar og for å styrke rettsvernet i saker om tilbakekall av statsborgarskap, noko som blir vidareført i 2021.

## 1.8 Godt forvalta polarområde

Polarområda skal forvaltast slik at samordning og styring byggjer opp under dei overordna måla for Svalbard og andre polare strøk. Desse omhandlar mellom anna å bevare ro og stabilitet, å bevare natur og å oppretthalde eksisterande norske samfunn i desse områda.

Justis- og beredskapsdepartementet fremmar kvart år svalbardbudsjettet som ein eigen budsjettproposisjon samstundes med statsbudsjettet, Prop. 1 S (2010–2021) Svalbardbudsjettet.

Regjeringa har som mål at Longyearbyen skal vere eit samfunn som medverkar til å oppfylle og understøtte dei overordna måla i svalbardpolitik-

ken. Både regelverk og rammer må tilpassast utfordringar i framtida.

Regjeringa har foreslått fleire tiltak for å bidra til at seriøse verksemdar har gode rammetilhøve for å kunne klare seg gjennom perioden med mindre økonomisk aktivitet som følgje av virusutbrotet i verda. Sysselsetjing og aktivitet bidrar til at det er mogleg å halde oppe norske samfunn på øygruppa. For å byggje opp under målet om å halde oppe norske samfunn er det avgjerande at reiseliv og anna næringsliv på Svalbard kan halde fram gjennom perioden med redusert aktivitet. Regjeringa har mellom anna foreslått å etablere ei tilskotsordning for reiselivsnæringa på Svalbard, for å bidra til omstilling og eit grunnlag for fortsatt lønnsam aktivitet.

Nedbemanninga i gruveverksemda til Store Norske Spitsbergen Kulkompani medfører ei stor omstilling for Longyearbyen. Nedbemanninga har likevel ikkje hatt særleg verknad på den totale sysselsetjinga og på innbyggjartalet i Longyearbyen. Andre næringar har vore i vekst, nokre av dei med større del utlendingar enn i tidlegare år. Folkemengda på Svalbard auka med åtte prosent i 2019, den største folkeveksten dei siste ti åra. Det er samstundes venta at virusutbrotet og dei påfølgjande smitteverntiltaka i 2020 vil ha ein effekt på både sysselsetjinga og på innbyggjartalet i Longyearbyen, både på kort og lengre sikt.

Klimaendringar har gitt større mengder nedbør og større fare for skred i Longyearbyen. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har sidan 2016 varsla snøskred for befolkninga i Long-

yearbyen. NVE byggjer eit fysisk sikringsanlegg for skred i Longyearbyen. I 2020 vart det løyvt 61,2 mill. kroner til NVE til formålet. Regjeringa foreslo i Prop. 127 S (2019–2020) å auke svalbardbudsjettet med 10 mill. kroner for å framskande arbeidet med skredsikring av området under fjellet Sukkertoppen i Longyearbyen. Regjeringa foreslo vidare ein bestillingsfullmakt på inntil 60 mill. kroner i 2021 på kap. 0007 post 30 Skred og bustadtiltak på svalbardbudsjettet med same formål. Stortinget slutta seg til forslaget, jf. Innst. 360 S (2019–2020). Olje- og energidepartementet nyttar midlane.

Det foreslås å løyve 61,1 mill. kroner på svalbardbudsjettet i 2021 til skredsikringstiltaka i Longyearbyen. NVE har rekna den samla kostnaden for skredsikring av området under fjellet Sukkertoppen til 140 mill. kroner. Det ligg an til at arbeidet vil bli ferdig i 2022. Fram til skredsikringa er på plass, er dei viktigaste tiltaka varsling og evakuering av befolkninga.

Kolkraftverket i Longyearbyen forsyner innbyggjarane med kraft og fjernvarme. Longyearbyen er ikkje knytt saman med eit større energisystem, og tilgang på energi er avgjerande for annan grunnleggjande infrastruktur. Forsyningstryggleik er derfor spesielt viktig for Longyearbyen. Eit nytt reservekraftverk vil medverke til at det blir nok reservekraft i Longyearbyen. Det er venta at reservekraftverket vil stå ferdig ved årsskiftet 2020/2021.

Olje- og energidepartementet har kartlagt ulike alternativ for framtidig energiforsyning. Dette arbeidet vil bli følgt opp med grundigare vurderingar av samfunnsøkonomiske nytte- og kostnadsverknader for nokre få alternativ. Regjeringa legg til grunn at den framtidige energiforsyninga må vere sikker, berekraftig og kostnadseffektiv. Sjå elles omtalen i svalbardbudsjettet.

Tenestefartøyet til Sysselmannen, M/S «Polarsyssel», er ein sentral ressurs i rednings- og beredskapssamanheng ved blant anna fare for skipsforlis, grunnstøyting, oljeutslepp, m.m. Frå 2020 disponerer Sysselmannen «Polarsyssel» heile året, jf. Innst. 17 S (2019–2020). Dette inneber ei styrking av beredskapen hos Sysselmannen. M/S «Polarsyssel» er òg viktig for at Sysselmannen skal ha evne og høve til å drive oppsyn og utøve myndigheit.

Virusutbrotet i verda og smitteverntiltaka har hatt store konsekvensar for samfunnet og verksemdene på Svalbard. Longyearbyen er eit lite samfunn, og viktige oppgåver er fordelte på relativt få personar. Eit større utbrot på Svalbard vil

kunne skape ein utfordrande situasjon. Ressursar og lokal beredskap og kapasitet er ikkje dimensjonerte for å hanskast med følgjer av smitteutbrot som varer over lengre tid, og som fører til at mange personar med grunnleggjande funksjoner er sjuke samstundes. Det er viktig å redusere sårbarheit for eit utbrot så mykje som mogleg. Som følgje av dette vart det blant anna innført kvantitative avgrensingar for reiselivet og etablert rutinar for evakuering av smitta personar til fastlandet. Fleire av smitteverntiltaka på fastlandet vart òg brukte på Svalbard.

Som eitt ledd i beredskapen vart det den 13. mars 2020 innført heimekarantene på 14 dagar for alle som kom til Svalbard via flyplass, hamn eller på annan måte. Karanteneplikten varte til 1. juni 2020.

Reiselivet har vore hardt råka. Som følgje av smitteverntiltak vart det lite aktivitet i store deler av vintersesongen 2020. Sommarsesongen vart sterkt redusert som følgje av ei kraftig nedgang i talet på turistar som kom til Svalbard. Reiselivsnæringa er den største næringa på Svalbard, og er ein stor bestillar av varer og tenester frå dei andre næringane. Ringverknadene frå nedgangen i talet på turistar som kjem til Svalbard har vore store for heile økonomien.

Regjeringa oppheva restriksjonane for innreise for turistar frå fastlandet 1. juni 2020. Reiselivsnæringa på Svalbard utarbeida sjølv ein eigen bransjestandard for korleis reiselivet kan drive på ein måte som tek omsyn til smittevern. Regjeringa åpna frå 15. juni for at ein kunne gjennomføre kyst- og ekspedisjonscruise på Svalbard med maksimum 250 passasjerar om bord. I lys av erfaringar ein gjorde gjennom sommaren 2020, vurderte Helsedirektoratet regelverk og vegvisarar for kystcruise. Frå 2. september 2020 blei det innført forbod mot reiselivsaktivitetar i form av cruise på Svalbard, med unntak for dagscruise og cruise som startar og blir avslutta på Svalbard med fartøy som har inntil 30 personar (mannskap og passasjerar) om bord. Beredskapen, særleg helseberedskapen og den lange evakueringstida til fastlandet set grenser for kor raskt og i kva omfang reiselivet kan ta opp att aktiviteten. I samband med dei økonomiske konsekvensane av virusutbrotet gjorde Stortinget følgjande oppmodingsvedtak (vedtak 415 av fredag 18. mars 2020):

«Stortinget ber regjeringa utarbeide en tidsavgrenset krisepakke for Svalbard på grunn av konsekvensene koronaviruset har hatt og vil få for bosetningen på Svalbard.»



Vedtaket er fulgt opp. Regjeringa har gjennom fleire proposisjonar til Stortinget i 2020 foreslått anten å auke dei eksisterande løyvingane eller å løyve midlar til nye tiltak på Svalbard. Blant desse kan ein nemne tilskotsordninga for utanlandske arbeidstakarar, auka tilskot til Longyearbyen lokalstyre og auka løyving til Sysselmannen for å handtere gjenopning av reiselivet på Svalbard. Sjå elles omtale i Prop. 1 S (2020–2021) Svalbardbudsjettet.

Justis- og beredskapsdepartementet har i tillegg til Svalbard ansvaret for koordineringa av norsk politikk for Jan Mayen og dei norske bilanda Dronning Maud Land, Bouvetøya og Peter I Øy.

Antarktistraktaten tok til å gjelde i 1961, og set dei rettslege rammene for verksemd og miljøvern i Antarktis. Antarktistraktaten sørgjer for at heile traktatområdet sør for 60 °S skal være vigd fred og vitskap.

37 land har underteikna *Protokoll om miljøvern til Antarktistraktaten*. Protokollen stiller strenge miljøkrav til all menneskeleg aktivitet i traktatområdet. Noreg medverkar aktivt i arbeidet under miljøprotokollen. Fiskeriaktiviteten i Sørishavet er regulert gjennom *konvensjonen for bevaring av marine levende ressurser i Antarktis* (CCAMLR), som er underteikna av 36 land.

Norsk Polarinstittutt driv forskning i Antarktis. Instituttet har heilårsdrift på forskingsstasjonen Troll i Dronning Maud Land, og driv tokt i Sørishavet. Sjå elles Prop. 1 S (2020–2021) for Klima- og miljødepartementet.

Frå 1. januar 2021 vert forvaltningsansvaret for Jan Mayen overført frå Samferdselsdepartementet til Justis- og beredskapsdepartementet. Jan Mayen er ei øy i Norskehavet som vart ein del av Kongeriket Noreg frå 27. februar 1930 gjennom ei eiga lov, lov om Jan Mayen. Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for lova. Øya er administrert av Fylkesmannen i Nordland. Meteorologisk institutt har personell for vêrobservasjon på øya. Forsvaret har driftsansvaret for samfunnet, medrekna flystripa.

Bakgrunnen for overføring av forvaltningsansvaret er at Samferdselsdepartementet ikkje lenger har ansvar for noko av den faglege aktiviteten på Jan Mayen, etter at det bakkebaserte navigasjonssystemet Loran-C vart lagt ned i 2016. Justis- og beredskapsdepartementet har frå før ansvar for samordning av norsk politikk i polarområda, inkludert Jan Mayen.

Sjå nærmare omtale under programkategori 06.80 Svalbardbudsjettet m.m. og Prop. 1 S (2020–2021) Samferdselsdepartementet.

Bouvetøya og Peter I Øy er norske vulkanøyar. Bouvetøya ligg i Sørishavet. Peter I Øy ligg i Bellingshausenhavet vest for det antarktiske kontinentet. Sjå elles Meld. St. 32 (2014–2015) *Norske interesser og politikk i Antarktis* og Meld. St. 33 (2014–2015) *Norske interesser og politikk for Bouvetøya*.

## 1.9 Godt og moderne lovverk

Eit godt og moderne lovverk er eit lovverk som både tek vare på viktige prinsipp i ein rettsstat – som rettstryggleik og respekt for grunnleggjande rettar – og som bidrar til å fremje måla bak dei enkelte delane av lovverket.

Eit godt og moderne lovverk skal vere føreseieleg og gje uttrykk for rettar og plikter på ein klar måte. Det skal bidra til vekst og verdiskaping for befolkninga og næringslivet og til at det offentlege skal utøve myndigheit og yte tenester på ein god og framtidsretta måte og med effektiv ressursbruk.

Vi lever i eit moderne demokrati med ein velutvikla rettsstat. Det er i seg sjølv eit sentralt mål at samfunnet er regulert av eit godt og moderne lovverk som er til nytte både for enkeltindivid, for næringslivet og for samfunnet meir generelt. Rettsreglane skal vareta viktige prinsipp i ein rettsstat, som rettstryggleik og respekt for grunnleggjande rettar. Dette er spesielt viktig når det gjeld reglar som er inngripande overfor den enkelte, som straffelovgivinga, men slike grunnleggjande prinsipp må varetakast òg i anna regelverk, som ved reguleringa av rettslege institusjonar, som domstolar og andre tvisteløysingsorgan. Det same gjeld ved utarbeiding av saksbehandlingsreglar og reglar om rettar og plikter for offentlege organ og private.

Lovverket er òg eit viktig verkemiddel for å sikre eit stabilt og velfungerande samfunn. Skal lovverket vareta dette formålet, må det halde høg kvalitet. Gode og fornuftige lover og reglar påverkar åtferd, og dei medverkar til å hindre og løyse konflikhtar. Eit godt lovverk kan til dømes vere viktig for å skape eit stabilt grunnlag for familie- og privatlivet, for å medverke til utvikling av velferd og menneskeleg utvikling og for å fremme nyskaping, produktivitet og økonomisk vekst for næringslivet. Vidare skal lovverket vere eit effektivt styringsinstrument for styresmaktene, slik at måla til lovgivaren blir nådde. Det skal sikre at det offentlege kan utøve myndigheit og yte tenester på ein god og framtidsretta måte og med effektiv ressursbruk.



Eit godt og moderne lovverk må vere klart og lett å forstå for brukarane, slik at dei kan føresjå rettsstillinga si og innrette seg slik at dei opptre i samsvar med regelverket. Slik vil ein lettare kunne nå dei ønskete måla, styringa kan bli meir effektiv, og kostnadene ved å etterleve regelverket kan reduserast. Eit godt lovverk har i tillegg ein indre samanheng der ulike regelverk harmonerer. Eit samanhengande og konsistent regelverk legg til rette for at like tilfelle blir behandla likt.

Justis- og beredskapsdepartementet har som ei viktig oppgåve å medverke til god lovførebuing og god regelteknikk. Dette inneber blant anna at lover og forskrifter skal vere bygde opp på ein logisk måte, vere godt tilpassa anna regelverk og ha eit enkelt og klart språk.

Det er vidare viktig at regelverket blir oppfatta som rettferdig og rimeleg av dei det gjeld, blant anna for at det skal bli etterlevd. Eit lovverk som blir oppfatta som rettferdig og rimeleg, vil samstundes medverke til å halde oppe tilliten i folket til dei offentlege institusjonane og tilliten mellom institusjonane. Ei side ved dette er at sentral lovgiving bør vere oppdatert i den forstand at ho reflekterer dei gjeldande omsyna og verdiane. Eit eksempel på ei slik god og oppdatert lov er *lov om arv og dødsboskifte* (arvelova) frå 2019, medan auksjonslova frå 1918 er eit eksempel på ei lov som tida har gått frå.

At ei lov bør byggje på dei omsyna som er aktuelle i dag, inneber ikkje at alle lover må vere nye. Eldre lover kan i ein slik forstand òg vere gode og moderne.

Virusutbrotet har vist kor viktig det er med ei god beredskapslovgiving, blant anna for å vareta sentrale samfunnsfunksjonar under kriser. Ei velfungerande beredskapslovgiving må vere framsynt og fleksibel, tilpassa eit stadig endra risikobilette. Samstundes må det gjelde klare grenser for bruken av dei verkemidla beredskapslovgivinga opnar for, med nødvendig demokratisk kontroll og domstolskontroll. Situasjonen med virusutbrotet har òg vist at det er viktig å leggje til rette for at ordinære samfunnsfunksjonar kan halde fram så normalt som mogleg i ein krisesituasjon, slik at kvardagen kan fungere.

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for sentrale delar av lovgivinga både innanfor den offentlege retten, som statsforfatningsretten, forvaltningsretten, strafferetten og prosessretten, og innanfor privatretten, som kontraktsretten og gjeldsforfølgingsretten. Medarbeidarane i departementet får såleis omfattande erfaring med lovgivingsarbeid, både nasjonalt og internasjonalt. Denne erfaringa medverkar til å

sikre kvalitet på den sentrale lovgivinga som departementet har ansvaret for. Gjennom dette kan departementet òg fylle oppgåva med å yte hjelp til å sikre kvalitet i lovarbeidet i andre departement.

Målet om eit godt og moderne lovverk omfattar ei god gjennomføring av internasjonale plikter. Dette gjeld særleg for EØS- og Schengen-rettsakter. Gjennomføring av slike internasjonale plikter skapar særlege utfordringar for lovgivingsarbeidet, blant anna som følgje av at dette regelverket ofte kan ha ei utforming som skil seg frå norsk lovgivingstradisjon. Ei god gjennomføring av internasjonale plikter inneber at lovverket bør vere så tydeleg og tilgjengeleg som råd, samstundes som ein oppfyller dei folkerettslege pliktene. Justis- og beredskapsdepartementet arbeider for å medverke til dette både gjennom lovgiving på eigne ansvarsområde og gjennom hjelp til lovarbeid i andre departement. I tillegg er departementet med i internasjonale forum der sentralt regelverk blir utforma, og søker såleis å medverke til utforminga av internasjonalt regelverk.

Rådgiving om og vurdering av tilhøvet til Grunnlova og menneskerettane, særleg den europeiske menneskerettskonvensjonen, er ei viktig oppgåve for Justis- og beredskapsdepartementet, både på områda som departementet har ansvaret for, og overfor andre departement.

Eit godt lovverk er framtidsretta. Departementet vil medverke til at regelverket blir teknologinøytralt og legg til rette for digitalisering og bruk av kunstig intelligens på område der dette er aktuelt, samstundes som ein varetar personvern og andre grunnleggjande rettar. Det har vore gjennomført fleire lovarbeid for å tilpasse lovverket til ein ny digital kvardag. Virusutbrotet skapte behov for å leggje til rette for ytterlegare digitalisering gjennom mellombels lovgiving, blant anna i domstolane og innanfor samanslutningsretten, og det kan vere ønskjeleg å byggje på erfaringane frå dette i det vidare arbeidet med digitalisering.

## **1.10 Oppfølging av oppmodingsvedtak**

Nedanfor gir departementet ei oversikt over oppfølging av oppmodings- og utgreiingsvedtak under Justis- og beredskapsdepartementet. Oversikta inkluderer 13 nye vedtak frå stortingssesjonen 2019–2020, vedtak frå tidlegare stortingssesjonar der rapporteringa ikkje vart avslutta i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2019–2020), samt andre vedtak som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 373 S (2019–2020) meinte ikkje

var kvitterte ut. I enkelte tilfelle kan oppfølginga av vedtaka vere meir omfattande forklart under det aktuelle programområdet i proposisjonen. I desse tilfella vil det vere ein referanse til kor denne teksten finst.

I kolonne fire i tabellen nedanfor går det fram om departementet planlegg at rapporteringa knytt til oppmodingsvedtaket no blir avslutta, eller om departementet vil rapportere konkret på vedtaket òg i budsjettproposisjonen til neste år. Rapporteringa på vedtak som inneber at departementet skal leggje fram ei konkret sak for Stortinget, f.eks. ein proposisjon, ei stortingsmelding, ei utgreiing e.l., vil normalt bli avslutta først når saka er lagd fram for Stortinget.

Sjølv om det i tabellen blir opplyst om at rapporteringa blir avslutta, vil det i ein del tilfelle

kunne vere slik at oppfølginga av alle sider av vedtaket ikkje er endeleg avslutta. Dette kan til dømes gjelde vedtak med oppmoding til regjeringa om å ivareta særlege omsyn i politikkkutforminga på eit område, der oppfølginga vil kunne gå over mange år. Stortinget vil i desse tilfella bli orientert om den vidare oppfølginga på ordinær måte, gjennom omtale av det relevante politikkområdet i budsjettproposisjonar og andre dokument.

I enkelte tilfelle er det nødvendig å fremje forslag om at oppmodingsvedtaket blir oppheva før rapporteringa kan avsluttast. Departementet har fremma eit slikt forslag. Det blir vist til forslagsdelen i denne proposisjonen.

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2019–2020	124	Valdsoffererstatning	Nei
2019–2020	415	Tidsavgrensa krisepakke Svalbard	Ja
2019–2020	436	Elektroniske fraktbrev	Nei
2019–2020	481	Konkursrettslege tiltak	Ja
2019–2020	515	Reklamasjonsfrist bustader	Nei
2019–2020	591	Soningsavbrot	Ja
2019–2020	592	Behandling og prøvelauslating	Ja
2019–2020	593	Soningskø – vurdere gjenopning av nedlagde fengsel	Ja
2019–2020	594	Vilkår om fotlenke ved prøvelauslating	Ja
2019–2020	635	Slå sammen domstolar	Ja
2019–2020	669	Deling av registerinformasjon	Nei
2019–2020	678	Oppfølging av etterretningslova	Ja
2019–2020	789	Felles politistasjon på Magnormoen	Nei
2018–2019	94	Organisering av domstolar	Ja
2018–2019	98	Rettskjelpsordninga	Nei
2017–2018	529	Våpeneigarar	Ja
2017–2018	532	Offentleggjing av krenkande bilete av andre	Nei
2017–2018	539	Alternativ til fengsling av barn	Nei
2017–2018	540	Einslege mindreårige asylsøkarar	Nei
2017–2018	541	Tvangsreturnering av barnefamiliar	Nei
2017–2018	542	Utvising og innreiseforbod – barn	Nei
2017–2018	579	Styrking av lensmannskontor	Ja

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2017–2018	588	Personvernkommissjon	Ja
2017–2018	589	Valdsoffererstatning	Nei
2017–2018	590	Valdsoffererstatning	Nei
2017–2018	698	Diskriminering – kjønnsuttrykk	Ja
2017–2018	699	Kjøp av seksuelle tenester	Ja
2017–2018	788	Utanlandsopphald	Nei
2017–2018	795	Eige lovverk for Statens barnehus	Nei
2017–2018	798	Regelverk for teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett – vald og overgrep	Nei
2017–2018	856	Mishandlingsføresegna	Ja
2017–2018	899	Menneskerettane til utviklingshemma – verjemål	Nei
2017–2018	916	Utføring av DNA-analysar ved Rettsgenetisk senter	Ja
2017–2018	918	IKT-løysingar knytte til rettsgenetiske tenester	Ja
2017–2018	919	Krav om leveranse frå Rettsgenetisk senter	Ja
2016–2017	96	Krenkingar av representantar frå andre statar	Ja
2016–2017	103	Tilbod til tunge narkotikamisbrukarar	Ja
2016–2017	276	Evaluering av salærsatsen	Ja
2016–2017	523	Korrupsjonsføresegnene i straffelova	Nei
2016–2017	630	Omvend valdsalarm ved brot på besøksforbod	Nei
2016–2017	631	Besøksforbod	Nei
2016–2017	743	Au pair	Ja
2016–2017	744	Au pair	Ja
2016–2017	879	EOS-kontrollova	Nei
2016–2017	938	Lovfesting av ansvaret for einslege mindreårige asylsøkarar	Nei
2016–2017	944	Lagring av IP-data	Nei
2016–2017	1043	Omvend valdsalarm	Nei
2015–2016	130	Lokale til sosial dumping	Ja
2015–2016	444	Religiøse leiarar	Ja
2015–2016	921	Tilsyn med drift av asylmottak	Nei
2014–2015	462	Foreldingsreglar	Ja
2014–2015	645	Kompensasjonsordning 110-sentralar	Nei
2012–2013	515	Sivilombodsmannen	Nei

### 1.10.1 Stortingssesjon 2019–2020

#### Valdsoffererstatning

Vedtak nr. 124, 5. desember 2019

*«Stortinget ber regjeringen fremme forslag til ny lov om valdsoffererstatning og legge denne frem for Stortinget i løpet av 2020.»*

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket er eit representantforslag frå stortingsrepresentantane Lene Vågslid, Maria Aasen-Svendssrud og Jan Bøhler, jf. Dok 8: 5 (2019–2020) og Innst. 66 S (2019–2020) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Sjå samla svar under vedtak nr. 590, 10. april 2018.

#### Tidsavgrensa krisepakke til Svalbard

Vedtak nr. 415, 19. mars 2020

*«Stortinget ber regjeringen utarbeide en tidsavgrenset krisepakke for Svalbard på grunn av konsekvensene koronaviruset har hatt og vil få for bosetningen på Svalbard.»*

Vedtaket er følgt opp. Regjeringa har gjennom fleire proposisjonar til Stortinget i 2020 foreslått å anten auke eksisterande løyvingar, eller å løyve midlar til nye tiltak på Svalbard. Sjå elles Prop. 1 S (2020–2021) Svalbardbudsjettet for nærmare omtale av dei ulike tiltaka.

#### Elektroniske fraktbrev

Vedtak nr. 436, 31. mars 2020

*«Stortinget ber regjeringen sikre at nye elektroniske fraktbrev som er planlagt i CRM-direktivet, gjøres obligatoriske.»*

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 11 LS (2019–2020) og Innst. 214 S (2019–2020).

Vedtaket er under behandling.

#### Konkursrettslege tiltak

Vedtak nr. 481, 31. mars 2020

*«Stortinget ber regjeringen vurdere om konkursrettslige tiltak kan redusere risikoen for unødige konkurser i levedyktige virksomheter med akutte likviditetsproblemer som følge av utbruddet av korona-viruset.»*

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 67 S (2019–2020) og Innst. 216 S (2019–2020).

Vedtaket er følgt opp gjennom Prop. L 75 (2019–2020).

#### Reklamasjonsfrist bustader

Vedtak nr. 515, 21. april 2020

*«Stortinget ber regjeringen utrede om reklamasjonsfristen på nyoppførte boliger skal økes fra fem til ti år, samt konsekvensene av en eventuell utvidelse.»*

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 25 (2018–2019), Innst. 171 S (2019–2020).

Vedtaket er under behandling.

#### Soningsavbrot

Vedtak nr. 591, 19. mai 2020

*«Stortinget ber regjeringen legge til rette for at det så langt som mulig ikke skal iverksettes soningsavbrudd mot den innsattes ønske. Andre tiltak skal alltid vurderes før soningsavbrudd iverksettes.»*

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 111 L (2019–2020), Innst. 287 L (2019–2020) og lovvedtak 95 (2019–2020).

Vedtaket er følgt opp. Det ligg i mellombels § 45 c i straffegjennomføringslova at kriminalomsorga kan bestemme at straffa skal avbrytast inn til én månad dersom omsynet til kapasiteten i kriminalomsorga krev det, og verken sikkerhet eller særskilte omsyn til den domfeltes rehabilitering talar imot. Dersom kapasiteten i kriminalomsorga krevjer det, kan beslutninga fornyast med inntil én månad. Det skal ikkje besluttast straffavbrot etter bestemmelsen her dersom den domfelte ikkje har eigen bustad. Dersom forholda tillet det, skal kriminalomsorga varsle fornærma i saka eller dei etterlate om beslutninga om straffavbrot etter bestemmelsen her. Føresegna gjeld til 1. november 2020. Ved brev sendt 26. mai 2020 har Justis- og beredskapsdepartementet bedt om at Kriminalomsorgsdirektoratet gjer det som er nødvendig for å sikre at reglen blir praktisert innafor dei rammene som Stortingets vedtak angir.

## Behandling og prøvelauslating

Vedtak nr. 592, 19 mai 2020

*«Stortinget ber regjeringen legge til rette for at innsatte som er i et etablert behandlingsforløp med oppstart av behandlingen innen to måneder, ikke skal vurderes for prøveløslatelse.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 111 L (2019–2020), Innst. 287 L (2019–2020) og lovvedtak 95 (2019–2020).

Vedtaket er følgt opp. Det ligg i mellombels § 45 b i straffegjennomføringslova at kriminalomsorga, dersom det framstår som eit nødvendig tryggingstiltak for ei forsvarleg prøvelauslating, kan fastsette at den som prøvelauslatast skal vere underlagt elektroniske kontrolltiltak. Føresegna gjeld til 1. november 2020. Ved brev sendt 26. mai 2020 har Justis- og beredskapsdepartementet bedt om at Kriminalomsorgsdirektoratet gjer det som er nødvendig for å sikre at reglen blir praktisert innafør dei rammene som Stortingets vedtak angir.

## Soningskø – vurdere gjenopning av nedlagde fengslar

Vedtak nr. 593, 19 mai 2020

*«Stortinget ber regjeringen gjennomgå samtlige av de nedlagte fengslene og vurdere gjenopning av disse for å kunne avvikle den stadig økende soningskøen.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 111 L (2019–2020), Innst. 287 L (2019–2020) og lovvedtak 95 (2019–2020).

Vedtaket er følgt opp. Som ein konsekvens av virusutbrotet sette kriminalomsorga i mars 2020 i verk tiltak for smittevern i fengsla, mellom anna å redusere talet på innsette og sikre at ingen innsette måtte dele rom. Innkalling til soning på lågare tryggingnivå vart og for ein periode stansa. Desse tiltaka medførte ei auke i soningskøen. I juli var soningskøen på om lag 1 400 dommar.

For å redusere soningskøen vart ulike tiltak, medrekna opning av nedlagde fengsel, vurderte. Utviklinga av virusutbrotet og tiltak for smittevern gjorde det mogleg for kriminalomsorga å igjen kalle inn til soning på lågare tryggingnivå og opne for å ta i bruk fleirsengsrom, i tråd med gjel-

dande smitteverntiltak. Kapasitetsutnyttinga i fengsel har auka. Tiltaka som er sette i verk, har bidratt til at soningskøen igjen er på veg ned. Medio september 2020 var soningskøen på i overkant av 1 000 dommar. Kriminalomsorga ventar ein fortsatt nedgang i soningskøen i tida framover, med dei tiltaka som allereie er sette i verk. På noverande tidspunkt er det derfor ikkje formålstenleg å opne nedlagde fengsel med lågare tryggingnivå.

Sjå og omtale under programkategori 06.30.

## Vilkår om fotlenke ved prøvelauslating

Vedtak nr. 594, 19 mai 2020

*«Stortinget ber regjeringen legge til rette for at vilkår om fotlenke kun skal være aktuelt dersom prøveløslatelse ellers ville ha blitt nektet.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 111 L (2019–2020), Innst. 287 L (2019–2020) og lovvedtak 95 (2019–2020).

Vedtaket er følgt opp. Det ligg i mellombels § 45 b i straffegjennomføringslova at kriminalomsorga, dersom det framstår som eit nødvendig tryggingstiltak for ei forsvarleg prøvelauslating, kan fastsette at den som prøvelauslatast skal vere underlagt elektroniske kontrolltiltak. Føresegna gjeld til 1. november 2020. Ved brev sendt 26. mai 2020 har Justis- og beredskapsdepartementet bedt om at Kriminalomsorgsdirektoratet gjer det som er nødvendig for å sikre at reglen blir praktisert innafør rammene av Stortingets vedtak.

## Slå saman domstolar

Vedtak nr. 635, 28. mai 2020

*«Stortinget ber regjeringen komme til Stortinget med en egen sak for sammenslåing av tingretter i Østfold og på Romerike eventuelt gjennomføres, og at sammenslåing av disse tingrettene stilles i bero frem til saken er behandlet.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:54 S (2019–2020) og Innst. 301 S (2019–2020).

Vedtaket er under behandling. Regjeringa vil i haust leggje fram ei eiga sak for Stortinget. Prosessane i Østfold og på Romerike er sette på vent inntil Stortinget har behandla saka.

Lovforslag for å sikre deling av registerinformasjon  
Vedtak nr. 669, 10. juni 2020

*«Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige lovforslag for å sikre at relevant registerinformasjon deles mellom offentlige forvaltningsorganer for å avdekke og forhindre kriminalitet.»*

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Dok. 8: 88 S (2019–2020) og Innst. 342 S (2019–2020).

Vedtaket er under behandling. I september 2020 vart eit framlegg til endringar i forvaltningslova m.m. sendt på høyring. Framlegget er ei del oppfølging av utgreiinga til Forvaltningslovutvalet i NOU 2019: 5, og det går ut på å innføre nye og utvida grunnlag for deling mellom forvaltningsorganer av opplysningar som er omfatta av teieplikt. Forebygging og avdekking av kriminalitet er heilt sentrale omsyn som ligg til grunn for framlegget. Framlegget skal i utgangspunktet gjelde for alle som er omfatta av forvaltningslova, og det vil såleis leggje til rette for større grad av samarbeid mellom ulike tenester og etatar. Høyringsfristen er 1. desember 2020.

Oppfølging av etterretningslova  
Vedtak nr. 678, 11. juni 2020

*«Stortinget ber regjeringa sikre at Oslo tingrett har tilstrekkeleg med ressursar, tilgjengelegheit og kompetanse til å fylle oppgåva dei får gjennom den nye etterretningslova.»*

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 80 L (2019–2020) og Innst. 357 L (2019–2020).

Regjeringa har følgd opp vedtaket og foreslått å løyve midlar til bygging av lokale i Oslo tingrett for å behandle informasjon på graderingsnivå «STRENGT HEMMELIG» etter tryggingslova.

Sjå omtale under programkategori 06.20.

Oppretting av felles politistasjon med svensk politi på Magnormoen  
Vedtak nr. 789, 19. juni 2020

*«Stortinget ber regjeringa komme tilbake på ein god måte med ein plan, herunder økonomiske og administrative konsekvensar, for å opprette ein felles politistasjon med svensk politi på Magnormoen.»*

*«Stortinget ber regjeringa samarbeide med svenske myndigheter om planen for bygget, innretning på politisamarbeidet og fordeling av kostnader.»*

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 127 S (2019–2020) og Innst. 360 S (2019–2020).

Vedtaket er under behandling. Politidirektoratet skal utarbeide ein plan, medrekna økonomiske og administrative konsekvensar, for å opprette ein felles politistasjon med svensk politi på Magnormoen. Frist for planen er sommeren 2021.

### 1.10.2 Stortings sesjon 2018–2019

Organisering av domstolar

Vedtak nr. 94, 4. desember 2018

*«Stortinget ber regjeringa sørge for at domstolene er organisert og finansiert på ein måte som ivaretar dei krav borgerne etter Grunnloven og EMK har på å få avgjort sine saker for domstolene innan rimelig tid.»*

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket er årsmeldinga frå Noregs institusjon for menneskerettar, jf. Dok. 6 (2018–2019) og Innst. 78 S (2018–2019).

Regjeringa har følgd opp vedtaket gjennom forslag til ei heilskaplig styrking av domstolane med tiltak knytt til digitalisering (Digitale domstolar II), endringar i domstolstrukturen, bemanningsauking og regelverk. Den auka løyvinga til bemanning er knytt til ein felles satsing på aktørane i straffesaksjeda, kor midlane til ekstra dømmende stillingar inngår. Desse tiltaka vil samla sett bidra til at domstolane er godt skodde til å avgjere saker innan rimeleg tid.

Sjå nærmare omtale under programkategori 06.20.

Rettshjelpsordninga

Vedtak nr. 98, 4. desember 2018

*«Stortinget ber regjeringa i forbindelse med den pågående utredninga av rettshjelpsordninga komme tilbake til Stortinget med tiltak i oppfølginga av denne for å gjøre ordninga betre, mer effektiv og treffsikker.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8: 152 S (2017–2018) og Innst. 71 S (2018–2019).

Vedtaket er under behandling. Regjeringa sette i oktober 2018 ned eit offentleg utval som skulle gjennomgå rettshjelpsordninga. Utvalet foreslår ei ny lov om støtte til rettshjelp i staden for dagens ordning med fri rettshjelp. Dette inneber at fleire personar vil bli omfatta av ordninga, men med betydeleg bruk av eigeandelar tilpassa betalingsevna til mottakaren. Utvalet leverte ei utgreiing 30. april 2020. Utgreiinga vart sendt på høyring med høyringsfrist 23. november 2020, og etter det vil ho bli følgd opp i departementet.

### 1.10.3 Stortingssesjon 2017–2018

Våpeneigarar

Vedtak nr. 529, 8. mars 2018

*«Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan våpeneiere som rammes av forbudet mot enkelte typer halvautomatiske rifler, kan kompenseres.»*

Grunnlaget for vedtaket går fram av Prop. 165 L (2016–2017), Innst. 146 L (2017–2018) og Lovvedtak 34 (2017–2018).

Regjeringen har vurdert korleis våpeneigarar som blir råka av forbudet mot enkelte typar halvautomatiske rifler kan kompenseras. De våpena som blir ramma, har høgst ulik verdi grunna variasjon i alder og våpenmodell. Ein individuell vurdering av kompensasjon vil derfor vere økonomisk administrativt krevjande å administrere. Dersom ein kompensasjon skulle bli gitt bør det i så fall vere etter ein standardsats og i form av ein moderat destruksjonspant. Politiet har ikkje sikre tal på kor mange som kan bli råka, men dei anslår at talet kan vere ca. 2 000. Uansett utgjer det eit lite mindretal av dei halvautomatiske riflene som er i omløp. Regjeringa vil påpeike at forbudet ikkje utgjer ein type inngrep som utløyser erstatningsplikt for staten, og ein kompensasjonsordning vil kunne gi presedens for å etablere liknande ordningaer ved andre forbodsendingar. Det ligg derfor føre vektige grunnar som talar mot ein slik ordning. Det har elles vore kjent sidan mars 2018 at forbudet vil bli innført. Våpeneigarar har såleis hatt god tid til å realisere verdien av dei våpena som blir omfatta i utanlandske marknader eller til å søkje om løyve på dei strenge vilkåra som gjeld for å ha denne typen våpen. Regjeringa foreslår derfor at vedtak 529 blir oppheva, jf. forslag til vedtak.

Offentleggjering av krenkande bilete av andre

Vedtak nr. 532, 8. mars 2018

*«Stortinget ber regjeringen utarbeide et lovforslag som tydeliggjør at det er ulovlig uten samtykke å dele eller på annen måte offentliggjøre bilder av andre som har avslørende, nedverdiggende eller krenkende karakter, og som eksplisitt forbyr hevnporno, samt vurdere behovet for endring i strafferammen for denne typen lovbrudd.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:79 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Jan Böhler, Lene Vågs-lid og Maria Aasen-Svensrud om ny straffebestemmelse som tydeliggjør at det er ulovlig å dele eller offentliggjøre bilder som er avslørende, nedverdiggende eller krenkende for den eller de som avbildes og som øker strafferammen for å spre denne typen bilder uten samtykke* og Innst. 139 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet sende 26. juni 2018 på høyring forslag til lovendingar for å følgje opp vedtaket. Departementet tek sikte på å vurdere behovet for lovending før utløpet av den noverande stortingsperioden.

Alternativ til fengsling av barn

Vedtak nr. 539, 15. mars 2018

*«Stortinget ber regjeringen utrede og legge fram forslag til flere alternativer til å fengsle barn i forbindelse med uttransportering etter utlendingsloven.»*

Grunnlaget for vedtaket går fram av Prop. 126 L (2016–2017) og Innst. 181 L (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Departementet sende ei utgreiing og forslag til endringar i utlendingslova på høyring i desember 2019. Her vart det blant anna foreslått endra reglar knytt til meldeplikt og internering av barn. Departementet tek sikte på å fremme ein lovproposisjon i 2021.

Einslege mindreårige asylsøkarar

Vedtak nr. 540, 15. mars 2018

*«Stortinget ber regjeringen sørge for at det snarest etableres reelle alternativer til frihetsberøvelse av enslige mindreårige asylsøkere, som ivaretar hensynet til barnets beste.»*

Grunnlaget for vedtaket går fram av Prop. 126 L (2016–2017) og Innst. 181 L (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Departementet sende eit forslag på høyring i desember 2019. Her vart det blant anna foreslått endra reglar knytte til meldeplikt og internering av barn. Departementet tek sikte på å fremme ein lovproposisjon i 2020 eller 2021.

#### Tvangsreturnering av barnefamiljar

*Vedtak nr. 541, 15. mars 2018*

*«Stortinget ber regjeringen utrede bruk av elektronisk kontroll (elektronisk fotlenke) som et alternativ til frihetsberøvelse som internering av barnefamiljar som skal tvangsreturneres, slik at frihetsberøvelse av barnefamiljar bare benyttes som en siste utvei når andre alternativer er utprøvd eller vurdert. Der myndighetene kommer til at frihetsberøvelse er nødvendig, etter å ha prøvd eller vurdert andre alternativer, skal frihetsberøvelsen skje på et eget barne- og familieinternat som er familie- og barnevennlig, og som ivaretar barnets behov. Det fremmes en sak for Stortinget snarest mulig.»*

Grunnlaget for vedtaket går fram av Prop. 126 L (2016–2017) og Innst. 181 L (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Politidirektoratet gjennomførte i 2018 ei utgreiing for departementet. Departementet sende eit forslag på høyring i desember 2019. Her vart det blant anna foreslått endra reglar knytte til meldeplikt og internering av barn. Det vart også gjort greie for bruk av elektronisk kontroll (elektronisk fotlenke) utan at det vart foreslått gjennomført. Departementet tek sikte på å fremme ein lovproposisjon i 2020 eller 2021.

#### Utvising og innreiseforbod – barn

*Vedtak nr. 542, 15. mars 2018*

*«Stortinget ber regjeringen utrede og fremme eventuelle forslag om endring av utlendingsloven som gjør det mulig for utlendingsforvaltningen å supplere bruk av utvisning og innreiseforbud med et bredere sett av reaksjonsformer når særlige forhold tilsier det, som hensynet til barns beste.»*

Grunnlaget for vedtaket går fram av Dokument 8:42 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Karin Andersen og Torhild*

*Bransdal om andre reaksjonsformer enn utvisning og innreiseforbud ved brudd på utlendingsloven og Innst. 140 S (2017–2018).*

Vedtaket er under behandling. Departementet sende eit forslag om endring i utlendingslova knytt til utvising og tilleggstid for permanent opphaldsløyve på høyring i mars 2020. Høyringsfristen var 5. juni 2020. Departementet tek sikte på å fremme ein lovproposisjon i 2020 eller 2021.

#### Styrking av lensmannskontor

*Vedtak nr. 579, 5. april 2018*

*«Stortinget ber regjeringen sørge for en reell styrking av de lensmannskontorene som står igjen etter gjennomføringen av politireformen.»*

Grunnlaget for vedtaket går fram av Dokument 8:10 S (2017–2018) om styrking av det lokale politiet og Innst. 143 S (2017–2018).

Vedtaket er følgt opp. Etter at regjeringa tiltrjedde i 2013 har budsjettet til politiet auka reelt med 4,4 mrd. kroner, av dei har 3,3 mrd. vore på driftsbudsjettet til politiet. Dette har blant anna lagt grunnlaget for ei kraftig oppbemanning i politiet og for gjennomføringa av politireforma. For 2021 legg regjeringa til rette for å styrke nærværet ved dei geografiske einingane gjennom å foreslå å auke løyvinga til politiet med 477,8 mill. kroner. Løyvinga tilsvarar ei vidareføring av dei mellomelse 400 politistillingane som blei oppretta i samband med Prop. 67 S (2019–2020). Løyvingsaukinga til stillingane foreslås som ei varig auking. Stillingane skal overførast til politidistrikta når det ekstraordinære bemanningsbehovet som følgjer av virusutbrotet har falt bort, og skal i hovudsak nyttas til å styrke dei geografiske driftseiningane.

#### Personvernkommissjon

*Vedtak nr. 588, 10. april 2018*

*«Stortinget ber regjeringa sjå til at mandatet til den varsla personvernkommissjonen inkluderer eit særleg oppdrag om å vurdere stoda for personvernet til barn, og å kome med tiltak for å styrke dette.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:68 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Trine Skei Grande, Abid Q. Raja, Carl-Erik Grimstad, André N. Skjelstad, Terje Breivik, Grunde Almeland, Jon Gunnes*



og Ketil Kjenseth om tiltak for å ivareta barns personvern og Innst. 174 S (2017–2018).

Vedtaket er fulgt opp. Regjeringa sette ned personvernkommissjonen juni 2020, og det er fastsett i mandatet at kommisjonen skal kartleggje korleis personvernet til born og unge blir vareteke i Noreg.

#### Valdsoffererstatning

Vedtak nr. 589, 10. april 2018

*«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med oppfølgingen av NOU 2016: 9 komme tilbake til Stortinget med en vurdering av behovet for å endre regelverket slik at voldsoffererstatningsordningen omfatter voldsofre fra eldre saker.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er eit representantforslag frå stortingsrepresentantane Lene Vågslid, Jan Böhler og Maria-Karine Aasen-Svensrud, jf. Dokument 8:88 S (2017–2018), og Innst. 160 S (2017–2018) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Sjå samla svar under vedtak nr. 590, 10. april 2018 under.

#### Valdsoffererstatning

Vedtak nr. 590, 10. april 2018

*«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med oppfølgingen av NOU 2016: 9 sikre at voldsoffererstatningsordningen omfatter voldsofre fra eldre saker og gjenopptakelsessaker.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er eit representantforslag frå stortingsrepresentantane Lene Vågslid, Jan Böhler og Maria-Karine Aasen-Svensrud, jf. Dokument 8:88 S (2017–2018), og Innst. 160 S (2017–2018) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. NOU 2016: 9 Rettferdig og forutsigbar – volds-skadeerstatning har lege til oppfølging i departementet. Departementet vurderte forslaget frå utvalet til ikkje å innehalde dei nødvendige forenklingane og har derfor greidd ut andre og meir omfattande forslag til lovendingar. Forslag til ei ny lov om erstatning frå staten til dei som er blitt utsette for vald, vart send på høyring 4. september. Høyringsfristen er 4. desember 2020. I høyringsnotatet er det foreslått at den nye lova skal få verknad for alle saker der det blir søkt om erstatning frå staten etter at ny lov trer i kraft. I tillegg er det foreslått at den øvre grensa for kor mykje som kan bli utbetalt i erstatning frå staten, skal få verknad for tidlegare

behandla saker der det ligg føre dom om erstatning. Regjeringa tek sikte på å leggje fram proposisjon med forslag til ny lov for Stortinget i 2021. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.70.

#### Diskriminering – kjønnsuttrykk

Vedtak nr. 698, 7. mai 2018

*«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å utvide straffelovens bestemmelser om hatefulle ytringer, hatkriminalitet og diskriminering slik at de også omfatter hatefulle ytringer som fremsettes, eller diskriminering som utøves, på grunn av en persons kjønnsuttrykk eller kjønnsidentitet.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:109 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Anette Trettebergstuen, Kari Henriksen, Masud Gharahkhani, Lene Vågslid, Jan Böhler og Maria-Karine Aasen-Svensrud om å inkludere kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk i straffelovbestemmelsene om diskriminering og hatkriminalitet* og Innst. 238 S (2017–2018).

Vedtaket er fulgt opp gjennom Prop. 66 L (2019–2020).

#### Kjøp av seksuelle tenester

Vedtak nr. 699, 7. mai 2018

*«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om endring av straffeloven som sikrer at forsøk på kjøp av seksuelle tjenester er straffbart.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:123 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Jorunn Gleditsch Lossius, Knut Arild Hareide, Geir Jørgen Bekkevold og Trude Brosvik om å sikre at forsøk på kjøp av seksuelle tjenester er straffbart* og Innst. 236 S (2017–2018).

Vedtaket er fulgt opp gjennom Prop. 66 L (2019–2020).

#### Utanlandsopphald

Vedtak nr. 788, 29. mai 2018

*«Stortinget ber regjeringen foreslå tydeliggjøring av hjemler i straffeloven som holder foreldre ansvarlige dersom barn sendes på utenlandsopphold mot sin vilje.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:118 S (2017–2018) og Innst. 260 S (2017–2018) frå justiskomiteen om tiltak mot sosial kontroll og æresvald.

Vedtaket er under behandling. Regjeringa sette i februar 2019 ned ei ekspertgruppe for å gi råd om korleis ein kan førebyggje at barn og unge blir etterlatne i utlandet utan at dei ønskjer det. Ekspertgruppa overleverte rapporten i mars 2020. Ekspertgruppa tilrår at det setjast ned eit eksternt juridisk utval som skal gå gjennom det samla regelverket på feltet. Rapporten peikar blant anna på ulike strafferettslege problemstillingar som kan inngå i ei slik ekstern juridisk utgreiing. Justis- og beredskapsdepartementet vil i samråd med andre berørte departement vurdere korleis tilrådingane i rapporten skal følgjast opp.

Eige lovverk for Statens barnehus

*Vedtak nr. 795, 29. mai 2018*

*«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om et eget lovverk for Statens barnehus som sikrer ivaretagelse av hele mandatet til Statens barnehus.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:140 S (2017–2018) og Innst. 316 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Arbeidet med å gjere Statens barnehus så godt som mogleg følger opptrappingsplanen mot vald og overgrep mot barn og dei tiltaka som er knytte til denne. Dette gjeld både arbeidet med å vurdere behovet for eit eige lovverk for å vareta mandatet, og anna regelverksarbeid. Politidirektoratet har engasjert NOVA/OsloMet til å gjere ei evaluering av ordninga med barnehusa. Evalueringa vart sett i gang hausten 2019, og vil vere klar i løpet av våren 2021. Før denne evalueringa er ferdig vil departementet ikkje sette i gang med å vurdere eit eige lovverk knytt til barnehusa.

Regelverk for teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett – vald og overgrep

*Vedtak nr. 798, 29. mai 2018*

*«Stortinget ber regjeringen utrede, for så å fremme et lovforslag, for å revidere og samordne regelverket knyttet til taushetsplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett, herunder reglene om*

*samarbeid mellom ulike tjenester og etater, samt reglene om samtykke, slik at flere saker som gjelder vold og overgrep, vil kunne avdekkes og følges opp på en god måte.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:140 S (2017–2018) og Innst. 316 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Departementet har i september 2020 sendt på høyring et framlegg til endringar i forvaltningslova m.m. Dette framlegget er ei dels oppfølging av utgreiinga til Forvaltningslovutvalet i NOU 2019: 5, og det går ut på å innføre nye og større grunnlag for deling mellom forvaltningsorgan av opplysningar som er omfatta av teieplikt. Framlegget skal i utgangspunktet gjelde for alle som er omfatta av forvaltningslova, og det vil såleis leggje til rette for større grad av samarbeid mellom ulike tenester og etatar. Eit slikt utvida lovgrunnlag for deling av opplysningar som er omfatta av teieplikt, medfører at ein i mindre grad blir avhengig av samtykke.

Vidare er det òg gjennomført ei utgreiing som i eit heilskapleg perspektiv tek føre seg tema teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett innanfor det offentlege. Denne utgreiinga vil bli sendt på høyring i 2020, og dette skal resultere i eit utkast til ein praktisk oppbygd og autoritativ rettleiar til bruk på tvers av ulike sektorar. Det skal her slåast tydeleg fast korleis regelverket om teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett skal forståast og praktiserast. Ein heilt sentral faktor som låg til grunn for dette arbeidet, var arbeidet mot vald og andre overgrep som rammar barn og unge.

Mishandlingsføresegna

*Vedtak nr. 856, 6. juni 2018*

*«Stortinget ber regjeringen sikre at praksis i forvaltningen i saker angående utlendingsloven § 53 første ledd (mishandlingsbestemmelsen) er i tråd med lovgivers intensjon, og melde tilbake til Stortinget så raskt som mulig de vurderinger og eventuelle endringer som er gjort.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 68 L (2017–2018) og Innst. 357 L (2017–2018).

Oppmodingsvedtaket følgd opp i Prop. 40 L (2019–2020).

Menneskerettane til utviklingshemma – verjemål  
Vedtak nr. 899, 12. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen legge frem en Stortingsmelding om sikring av utviklingshemmedes menneskerettigheter der erfaringene med verge-målsloven gjennomgås og foreslå nødvendige lov-  
endringer som sikrer den enkelte vergetrengendes medbestemmelse og rettssikkerhet.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket er Innst. 377 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Verjemål blir behandla i meldinga i samsvar med ordlyden i oppmodingsvedtaket. Som følgje av virusutbrotet tek regjeringa sikte på å leggje frem meldinga våren 2021. Sjå elles omtalen av oppmodingsvedtak nr. 894 i Prop. 1 S for Kulturdepartementet.

Utføring av DNA-analysar ved Rettsgenetisk senter  
Vedtak nr. 916, 12. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen så raskt som mulig legge til rette for at Rettsgenetisk senter (RGS) ved UiT Norges arktiske universitet kan utføre DNA-analysar for bruk i strafferettspleien.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:191 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Cecilie Myrseth, Olaug V. Bollestad, Torgeir Knag Fylkesnes, Sandra Borch, Martin Henriksen, Ingvild Kjerkol og Lene Vågslid om DNA- og sporanalysar ved Rettsgenetisk senter* og Innst. 390 S (2017–2018).

Vedtaket er følgt opp ved at Justis- og beredskapsdepartementet og Kunnskapsdepartementet i samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet har gitt Politidirektoratet og Universitetet i Tromsø i oppdrag på sine ansvarsområder å leggje til rette for at Rettsgenetisk senter (RGS) kan utføre DNA-analysar for strafferettspleien. Målet er at RGS kan byrje å levere analysar våren 2021. Status skal omtalast i årsrapportane for 2020.

IKT-løysingar knytte til rettsgenetiske tenester  
Vedtak nr. 918, 12. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for at man utvikler og utvider dagens tekniske IKT-løysningar, slik at politiet/Kripos kan kommunisere med flere leverandører av rettsgenetiske tenester.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:191 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Cecilie Myrseth, Olaug V. Bollestad, Torgeir Knag Fylkesnes, Sandra Borch, Martin Henriksen, Ingvild Kjerkol og Lene Vågslid om DNA- og sporanalysar ved Rettsgenetisk senter* og Innst. 390 S (2017–2018).

Vedtaket er følgt opp ved at Justis- og beredskapsdepartementet i samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet har gitt Politidirektoratet (POD) i oppdrag på sitt ansvarsområde å leggje til rette for at Rettsgenetisk senter (RGS) skal kunne utføre DNA-analysar for strafferettspleien. Målet er at RGS kan starta opp med å levere analysar våren 2021. Status skal omtalast i årsrapporten for 2020.

Krav om leveranse frå Rettsgenetisk senter  
Vedtak nr. 919, 12. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for at Rettsgenetisk senter (RGS) kan levere fra 10 til 25 prosent av de analysene det er behov for.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:191 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Cecilie Myrseth, Olaug V. Bollestad, Torgeir Knag Fylkesnes, Sandra Borch, Martin Henriksen, Ingvild Kjerkol og Lene Vågslid om DNA- og sporanalysar ved Rettsgenetisk senter* og Innst. 390 S (2017–2018).

Vedtaket er følgt opp. Justis- og beredskapsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet held fram med arbeidet med å leggje til rette for at RGS kan levere frå 10 til 25 prosent av analysane det er behov for.

#### 1.10.4 Stortings sesjon 2016–2017

Krenkingar av representantar frå andre statar  
Vedtak nr. 96, 2. desember 2016

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om endringer i straffeloven 2005 § 184 a.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:88 L (2015–2016) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Bård Vegar Solhjell, Audun Lysbakken, Heikki Eidsvoll Holmås og Snorre Serigstad Valen om opphevelse av straffeloven § 184 bokstav a vedrørende krenkelser av representanter fra andre stater* og Innst. 85 L (2016–2017).

Vedtaket er fulgt opp gjennom Prop. 66 L (2019–2020).

Tilbud tunge narkotikamisbrukarar

Vedtak nr. 103, 2. desember 2016

*«Stortinget ber regjeringen om å komme til Stortinget på egnet måte med en vurdering av det samlede straffereaksjons- og behandlingstilbudet for tunge narkotikamisbrukere, og om innretningen av disse bør endres»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 75 S (2016–2017), jf. Dokument 8: 109 S (2015–2016).

Vedtaket er fulgt opp. Ein rapport frå utgreiarane Oslo Economics og Tyrili FoU viser at samhandlingsstrukturane og informasjonsdelinga mellom kriminalomsorga og forvaltningsaktørane må betrast på fleire område. Justis- og beredskapsdepartementet vil følgje opp rapporten på eigna måte.

Evaluering av salærsetsen

Vedtak nr. 276, 16. desember 2016

*«Stortinget ber regjeringen evaluere endringen av salærforskriften hva gjelder godtgjørelse ved reisefravær i løpet av tre år og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 1 S (2016–2017) og Innst. 6 S (2016–2017) frå justiskomiteen.

Vedtaket er fulgt opp. Forskriftsendringa knytt til godtgjersle ved reisefråvære tredde i kraft 1. januar 2017. Eksterne konsulentar har på oppdrag frå Justis- og beredskapsdepartementet evaluert endringa. Evalueringa vart levert våren 2020. Evalueringa har ikkje avdekka at endringa om godtgjersle ved reisefråvær har hatt konkrete konsekvensar for rettsstryggleiken, men konkluderer med at endringa har hatt negative effektar. Det peikast særskilt på at domstolanes tilgang til sakkunnige har blitt noko meir utfordrande. Barne- og familiedepartementet vil vurdere tilgangen til barnefaglige sakkunnige, mellom anna i arbeidet med å vidareutvikle utdanningsprogram og registrert for barnefaglige sakkunnige. Justis- og beredskapsdepartementet vil vurdere andre tiltak for å betre domstolanes tilgang til sakkunnige.

Korrupsjonsføresegnene i straffelova

Vedtak nr. 523, 23. mars 2017

*«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om endring av straffeloven som innebærer at for overtredelser av straffelovens korrupsjonsbestemmelser kan foretaket også straffes når handlingen er utført av noen som gjennom sine forbindelser med selskapet må assosieres med det. Det må vurderes straffefrihet for selskap som har gjort det de kan for å forebygge korrupsjon.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 191 L (2016–2017) frå justiskomiteen om utvida ansvar for ansvaret selskap har for korrupsjonshandlingar.

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet har gitt ein fagperson i oppdrag å drøfte dei aktuelle spørsmåla og komme med forslag til lovendringar. Rapporten vil truleg bli send på høyring i 2020.

Omvend valdsalarm ved brot på besøksforbod

Vedtak nr. 630, 25. april 2017

*«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med et forslag om å utvide muligheten til å ilegge omvendt valdsalarm til blant annet til tilfeller ved brudd på besøksforbud.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 247 S (2016–2017) frå justiskomiteen om *Opptrappingsplan mot vold og overgrep* (2017–2021).

Vedtaket er under behandling. På bakgrunn av dei menneskerettslege spørsmåla vedtaket reiser, har departementet venta på ei ekstern nordisk utgreiing om menneskerettslege rammer for kontakts- og opphaldsforbod. Utgreiinga vart publisert i juli 2019. Departementet tek sikte på å vurdere behovet for lovendringar i løpet av den inneverande stortingsperioden. Bruk av ordninga med omvend valdsalarm er ressurskrevjande og fordrar eit tett samarbeid mellom politiet og tenesteparatet elles. Mange av dei potensielle «brukarane» av omvend valdsalarm har tilleggsproblematikk utover at dei utgjer ein trussel for den som er utsett for vald.

## Besøksforbud

Vedtak nr. 631, 25. april 2017

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag om å utvide muligheten til å ilegge besøksforbud utover ett år, og utrede muligheten for å ilegge besøksforbud med begrensninger til å bevege seg i et større geografisk område.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 247 S (2016–2017) frå justiskomiteen om *Opptrappingsplan mot vold og overgrep* (2017–2021).

Vedtaket er under behandling. Ein viser til omtale under vedtak nr. 630, 25. april 2017.

## Au pair

Vedtak nr. 743, 2. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om en lovendring som sikrer at familier ikke får motta au pair dersom en person i familien er ilagt straff, eller særreaksjon for forhold som kan føre til fengselsstraff, for handlinger mot en au pair.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:54 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Kirsti Bergstø og Karin Andersen om avvikling av aupair-ordningen og strengere reaksjoner mot vertsfamilier som utnytter au pairer* og Innst. 305 S (2016–2017).

Vedtaket er følgt opp i Prop. 49 L (2019–2020).

## Au pair

Vedtak nr. 744, 2. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om en lovendring for å sikre at vertsfamilier som grovt eller gjentatte ganger bryter lover eller regler som skal beskytte au pairer, kan miste retten til å ha au pair for alltid.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:54 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Kirsti Bergstø og Karin Andersen om avvikling av aupairordningen og strengere reaksjoner mot vertsfamilier som utnytter au pairer* og Innst. 305 S (2016–2017).

Vedtaket er følgt opp i Prop. 49 L (2019–2020).

## EOS-kontrollova

Vedtak nr. 879, 13. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen så snart som mulig komme med forslag til en endring i offentleglova § 5 tilsvarende § 16 fjerde ledd i forslag til EOS-kontrolloven.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 431 L (2016–2017) frå kontroll- og konstitusjonskomiteen om endringar i EOS-kontrollova.

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet sende 4. juli 2018 på høyring eit utkast til endringar i offentleglova. Eitt av forslaga der er ei slik endring i offentleglova § 5 som Stortinget har bede om. Det er førebels ikkje fremma noko lovforslag for Stortinget etter denne høyringa. Departementet tek sikte på å fremje ein lovproposisjon som følgjer opp vedtaket i løpet av 2020, uavhengig av dei andre forslaga i høyrings-saka omtala over.

Lovfesting av ansvaret for einslege, mindreårige asylsøkarar

Vedtak nr. 938, 14. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om lovfesting av ansvaret for enslige mindreårige asylsøkere, hvilken omsorg disse barna har krav på og hvilke krav som stilles til mottak med enslige mindreårige asylsøkere.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:100 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Rigmor Andersen Eide, Hans Fredrik Grøvan, Geir Jørgen Bekkevold og Kjell Ingolf Ropstad om styrket innsats mot at barn utnyttes i menneskehandel* og Innst. 397 S (2016–2017).

Vedtaket er under behandling. Forslag til lov- og forskriftsendringar som følger opp oppmødingsvedtaket, vart sende på høyring i desember 2019, og departementet tek sikte på å fremme ein Prop. L. i løpet av første halvdel av 2021.

Lagring av IP-data

Vedtak nr. 944, 15. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen utrede om det rettslige handlingsrommet for generell lagring av IP-adresser og relevant trafikkdata bør utvides, som et nødvendig virkemiddel i kampen mot krimi-

*nalitet, herunder overgrep mot barn. Utredningen må inkludere hvordan hensynet til personvern og internasjonale forpliktelser kan ivaretas.»*

Grunnlaget for vedtaket går fram av Dokument 8:126 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Knut Arild Hareide, Kjell Ingolf Ropstad og Hans Fredrik Grøvan om utvidet lagringsplikt av IP-adresser for å beskytte barn mot overgrep* og Innst. 407 S (2016–2017).

Vedtaket er under behandling. Departementet arbeider med å greie ut generell lagringsplikt for IP-adresser. I samband med dette må ein bl.a. vurdere om tiltaket kan gjennomførast innanfor ramma av Grunnlova og Noregs internasjonale forplikningar. Vidare må ein vurdere korleis ei slik lagringsplikt kan bli effektiv på tvers av ulike tekniske løysingar som internettilbydarar nyttar, særleg ulike teknikkar som gjer at mange abonnentar kan nytte den same IP-adressa samstundes.

#### Omvend valdsalarm

Vedtak nr. 1043, 20. juni 2017

*«Stortinget ber regjeringen utrede om omvendt valdsalarm bør kunne benyttes som et straffeprosessuelt virkemiddel, og rammene for slik bruk og komme tilbake til Stortinget på egnet måte med eventuelle forslag om dette.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:108 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Lene Vågslid, Stine Renate Håheim, Lise Christoffersen, Sonja Mandt, Tove Karoline Knutsen, Christian Tynning Bjørnø og Kari Henriksen om å styrke oppfølgingen i reetableringsfasen for personer utsatt for vold i nære relasjoner* og Innst. 475 S (2016–2017).

Vedtaket er under behandling. På bakgrunn av dei menneskerettslege spørsmåla vedtaket reiser, har departementet venta på ei ekstern nordisk utgreiing om menneskerettslege rammer for kontakts- og opphaldsforbod. Utgreiinga vart publisert i juli 2019. Departementet tek sikte på å vurdere behovet for lovendringar i løpet av den inneverande stortingsperioden. Sjå også omtale av vedtak nr. 630 og 631, 25. april 2017.

#### 1.10.5 Stortingssesjon 2015–2016

Lokale til sosial dumping

Vedtak nr. 130, 7. desember 2015

*«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å endre straffeloven slik at den som leier ut lokaler og forstår at lokalet blir brukt til sosial dumping eller utviser grov uaktsomhet i denne sammenheng, skal kunne straffes.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:117 S (2014–2015) *Representantforslag frå stortingsrepresentantane Jenny Klinge og Per Olaf Lundteigen om endring av straffelova slik at utleigar kan haldast ansvarleg ved ulovleg verksemd i lokale som blir leigd ut* og Innst. 63 S (2015–2016). Kontroll- og konstitusjonskomiteen har i Innst. 275 S (2017–2018) merka seg at oppfølginga har teke usedvanleg lang tid.

Vedtaket er følgt opp gjennom Prop. 66 L (2019–2020).

#### Religiøse leiarar

Vedtak nr. 444, 12. januar 2016

*«Religiøse ledere som gjennom sin virksomhet bidrar til å svekke integreringen, bør ikke få innvilget oppholdstillatelse.»*

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:37 S (2015–2016) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Jonas Gahr Støre, Trond Helleland, Harald T. Nesvik, Knut Arild Hareide, Marit Arnstad og Trine Skei Grande om et felles løft for god integrering.*

Vedtaket blir følgt opp gjennom at utlendingsforvaltninga vil bli instruert om korleis dei skal praktisere gjeldande reglar om bortvising av omsyn til indre tryggleik og offentleg orden. I tilfelle der det er grunnlag for bortvising, er det også grunnlag for å avslå ein søknad om opphaldsløyve som elles ville blitt innvilga, også for religiøse leiarar.

Det bør også nemnast at personar som er ilagt innreiseforbod til Schengen-området som følgje av oppføring på Danmarks sanksjonsliste for religiøse forkynnarar («Den nationale sanksjonsliste»), ikkje vil få løyve til innreise eller opphald i Noreg.

Tilsyn med drift av asylmottak  
Vedtak nr. 921, 16. juni 2016

*«Stortinget ber regjeringen etablere en uavhengig tilsynsordning for asylmottaksdrift.»*

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 30 (2015–2016) og Innst. 399 S (2015–2016).

Vedtaket er under behandling. Ei eventuell etablering av uavhengig tilsyn for asylmottak kan ha store økonomiske og administrative konsekvensar, og UDI fører i dag også kontroll med asylmottak gjennom kontraktsoppfølging. Det er derfor viktig at vedtaket er grundig greidd ut.

### 1.10.6 Stortings sesjon 2014–2015

Foreldingsreglar

Vedtak nr. 462, 17. mars 2015

*«Stortinget ber regjeringen fremme sak om foreldelsesregler for forsettlige handlinger som har døden til følge.»*

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:4 L (2014–2015) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Jenny Klinge og Heidi Greni om fjerning av foreldingsfristen for brot på straffelova § 148 første ledd første punktum andre straffalternativ (mordbrannparagrafen) og Innst. 172 L (2014–2015).

Vedtaket er følgt opp gjennom Prop. 66 L (2019–2020).

Kompensasjonsordning 110-sentralar  
Vedtak nr. 645, 10. juni 2015

*«Stortinget ber regjeringen utforme en kompensasjonsordning for 110-sentraler som blir nedlagt med ny struktur, og komme tilbake til Stortinget med forslag til en slik ordning på egnet måte.»*

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 61 LS (2014–2015) og Innst. 306 S (2014–2015).

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet vurderer om det skal utformast ei kompensasjonsordning for 110-sentralar som blir lagde ned som følgje av at operasjonssentralane til politiet og 110-sentralane til brannvesenet blir samlokaliserte. Prinsipielt sett er det eit kommunalt ansvar å etablere og drifte slike sentralar. Det er allereie løyva betydelege midlar til samlokalisering for å skape ei betre nødmeldingsteneste til befolkninga, og denne samlokaliseringa er gjennomført og under planlegging.

### 1.10.7 Stortings sesjon 2012–2013

Sivilombodsmannen

Vedtak nr. 515, 6. juni 2013

*«Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige lovforslag for å styrke Sivilombudsmannens rolle overfor forvaltningen ved å tillate at Sivilombudsmannen opptrer som hjelpeintervenient ved søksmål.»*

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er dokument 8:122 S (2012–2013) og Innst. 379 S (2012–2013).

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet har sendt på høyring eit forslag for å følgje opp vedtaket.

**Utgifter fordelt på kapitler**

(i 1 000 kr)

Kap.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
<b>Administrasjon</b>					
400	Justis- og beredskapsdepartementet	581 733	595 424	601 525	1,0
	<i>Sum kategori 06.10</i>	<i>581 733</i>	<i>595 424</i>	<i>601 525</i>	<i>1,0</i>
<b>Rettsvesen</b>					
61	Høyesterett	115 834	116 138	121 027	4,2
410	Domstolene	2 689 062	2 705 005	2 850 090	5,4
414	Forliksråd og andre domsutgifter	272 879	268 484	286 636	6,8
	<i>Sum kategori 06.20</i>	<i>3 077 775</i>	<i>3 089 627</i>	<i>3 257 753</i>	<i>5,4</i>
<b>Straffegjennomføring og konfliktråd</b>					
430	Kriminalomsorgen	4 892 091	5 186 962	5 126 660	-1,2
432	Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter	254 653	191 272	179 195	-6,3
433	Konfliktråd			174 316	
	<i>Sum kategori 06.30</i>	<i>5 146 744</i>	<i>5 378 234</i>	<i>5 480 171</i>	<i>1,9</i>
<b>Politi og påtalemyndighet</b>					
440	Politiet	20 311 244	20 262 802	20 361 304	0,5
442	Politi høgskolen	658 843	633 984	631 994	-0,3
444	Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	905 926	982 580	967 936	-1,5
445	Den høyere påtalemyndighet	270 427	277 795	300 999	8,4
446	Den militære påtalemyndighet	8 928	9 058	9 079	0,2
448	Grensekommisæreren	5 887	5 745	5 762	0,3
	<i>Sum kategori 06.40</i>	<i>22 161 255</i>	<i>22 171 964</i>	<i>22 277 074</i>	<i>0,5</i>
<b>Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap</b>					
451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	814 455	1 573 440	1 570 000	-0,2
452	Sentral krisehåndtering	25 454	26 849	26 927	0,3
453	Sivil klareringsmyndighet	33 349	32 527	47 123	44,9
454	Redningshelikoptertjenesten	2 335 788	3 015 384	2 659 395	-11,8
455	Redningstjenesten	431 057	431 875	453 996	5,1
456	Nød- og beredskapskommunikasjon	749 840			
457	Nasjonal sikkerhetsmyndighet	396 684	370 306	363 768	-1,8
	<i>Sum kategori 06.50</i>	<i>4 786 627</i>	<i>5 450 381</i>	<i>5 121 209</i>	<i>-6,0</i>



(i 1 000 kr)

Kap.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
<b>Andre virksomheter</b>					
460	Spesialenheten for politisaker	49 169	48 316	54 297	12,4
466	Særskilte straffesaksutgifter m.m.	1 169 991	1 068 646	1 224 855	14,6
467	Norsk Lovtidend	4 979	4 404	4 492	2,0
468	Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker	17 867	20 230	17 500	-13,5
469	Vergemålsordningen	372 401	398 393	374 966	-5,9
	<i>Sum kategori 06.60</i>	<i>1 614 407</i>	<i>1 539 989</i>	<i>1 676 110</i>	<i>8,8</i>
<b>Statens sivilrettsforvaltning, retts- hjelp, erstatningsordninger m.m.</b>					
470	Fri rettshjelp	630 524	677 293	668 312	-1,3
471	Statens erstatningsansvar og Stortingets rettfærdsvederlagsordning	170 189	203 076	205 894	1,4
473	Statens sivilrettsforvaltning	345 328	436 621	403 512	-7,6
474	Konfliktråd	171 987	174 618		-100,0
475	Bobehandling	117 798	155 824	157 888	1,3
	<i>Sum kategori 06.70</i>	<i>1 435 826</i>	<i>1 647 432</i>	<i>1 435 606</i>	<i>-12,9</i>
<b>Svalbardbudsjettet m.m.</b>					
480	Svalbardbudsjettet	305 834	385 808	377 978	-2,0
481	Samfunnet Jan Mayen			56 108	
	<i>Sum kategori 06.80</i>	<i>305 834</i>	<i>385 808</i>	<i>434 086</i>	<i>12,5</i>
<b>Beskyttelse og innvandring</b>					
490	Utlendingsdirektoratet	2 173 077	2 166 493	2 085 365	-3,7
491	Utlendingsnemnda	282 947	297 941	293 603	-1,5
	<i>Sum kategori 06.90</i>	<i>2 456 024</i>	<i>2 464 434</i>	<i>2 378 968</i>	<i>-3,5</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>41 566 225</i>	<i>42 723 293</i>	<i>42 662 502</i>	<i>-0,1</i>

**Inntekter fordelt på kapitler**

(i 1 000 kr)

Kap./ post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
<b>Administrasjon</b>					
3400	Justis- og beredskapsdepartementet	5 699	6 631	6 809	2,7
	<i>Sum kategori 06.10</i>	<i>5 699</i>	<i>6 631</i>	<i>6 809</i>	<i>2,7</i>
<b>Rettsvesen</b>					
3410	Domstolene	356 498	289 348	359 697	24,3
	<i>Sum kategori 06.20</i>	<i>356 498</i>	<i>289 348</i>	<i>359 697</i>	<i>24,3</i>
<b>Straffegjennomføring og konfliktråd</b>					
3430	Kriminalomsorgen	141 711	120 772	120 501	-0,2
3432	Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter	3 091	1 087	1 117	2,8
3433	Konfliktråd			746	
	<i>Sum kategori 06.30</i>	<i>144 802</i>	<i>121 859</i>	<i>122 364</i>	<i>0,4</i>
<b>Politi og påtalemyndighet</b>					
3440	Politiet	1 904 257	2 250 733	2 419 399	7,5
3442	Politi høgskolen	51 985	36 093	37 062	2,7
3444	Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	14 756	17 640	18 204	3,2
3445	Den høyere påtalemyndighet	3 000	3 096	2 142	-30,8
	<i>Sum kategori 06.40</i>	<i>1 973 998</i>	<i>2 307 562</i>	<i>2 476 807</i>	<i>7,3</i>
<b>Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap</b>					
3451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	212 268	751 001	742 094	-1,2
3454	Redningshelikoptertjenesten	26 627	27 479	28 358	3,2
3455	Redningstjenesten	6 841			
3456	Nød- og beredskapskommunikasjon	559 865			
3457	Nasjonalt sikkerhetsmyndighet	99 791	33 815	29 723	-12,1
	<i>Sum kategori 06.50</i>	<i>905 392</i>	<i>812 295</i>	<i>800 175</i>	<i>-1,5</i>
<b>Andre virksomheter</b>					
3469	Vergemålsordningen	4 183	4 295	4 411	2,7
	<i>Sum kategori 06.60</i>	<i>4 183</i>	<i>4 295</i>	<i>4 411</i>	<i>2,7</i>
<b>Statens sivilrettsforvaltning, retts- hjelp, erstatningsordninger m.m.</b>					
3470	Fri rettshjelp	7 535	9 447	9 722	2,9

		(i 1 000 kr)			
Kap./ post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
3473	Statens sivilrettsforvaltning	593	5	5	0,0
3474	Konfliktråd	2 566	723		-100,0
	<i>Sum kategori 06.70</i>	<i>10 694</i>	<i>10 175</i>	<i>9 727</i>	<i>-4,4</i>
	<b>Svalbardbudsjettet m.m.</b>				
3481	Samfunnet Jan Mayen			6 502	
01	Refusjoner og andre inntekter			6 502	
	<i>Sum kategori 06.80</i>			<i>6 502</i>	
	<b>Beskyttelse og innvandring</b>				
3490	Utlendingsdirektoratet	404 445	539 066	383 253	-28,9
	<i>Sum kategori 06.90</i>	<i>404 445</i>	<i>539 066</i>	<i>383 253</i>	<i>-28,9</i>
	<i>Sum programområde 06</i>	<i>3 805 711</i>	<i>4 091 231</i>	<i>4 169 745</i>	<i>1,9</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>3 805 711</i>	<i>4 091 231</i>	<i>4 169 745</i>	<i>1,9</i>



*Del II*  
*Nærmere om budsjettforslaget*



## 2 Nærmare om budsjettforslaget

### Programområde 06 Justissektoren Programkategori 06.10 Administrasjon

Utgifter under programkategori 06.10 fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
01–25	Driftsutgifter	512 884	512 027	518 040	1,2
50–59	Overføringer til andre statsregnskaper	42 551	56 193	55 469	-1,3
70–89	Overføringer til private	26 298	27 204	28 016	3,0
Sum kategori 06.10		581 733	595 424	601 525	1,0

Utgifter under programkategori 06.10 fordelt på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
400	Justis- og beredskapsdepartementet	581 733	595 424	601 525	1,0

#### **Innleiing**

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for rettsvesenet, kriminalomsorga, politi- og påtalemakta, redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap, utlendingsforvaltninga m.m. Justis- og beredskapsdepartementet er samordningsdepartement for norsk politikk i polarområda og for

svalbardbudsjettet. Justis- og beredskapsdepartementet har eit særleg ansvar for å medverke til eit oversiktleg lovverk med samanheng og god lovstruktur. Alle lovforslag utanom dei som gjeld skattelover, skal leggjast fram for Justis- og beredskapsdepartementet for lovteknisk gjennomgang. Justis- og beredskapsdepartementet gir òg råd til andre departement om lovarbeid.

**Kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	479 933	477 434	479 519
23	Spesielle driftsutgifter, forskning, evaluering og kunnskapsinnhenting, <i>kan overføres</i>	32 951	34 593	38 521
50	Norges forskningsråd	42 551	56 193	55 469
70	Overføringer til private	11 506	12 315	12 651
71	Tilskudd til internasjonale organisasjoner	14 792	14 889	15 365
	Sum kap. 0400	581 733	595 424	601 525

**Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga dekker lønn og godtgjersle til tilsette i departementet og lønns- og driftsutgifter til råd og utval. Løyvinga skal òg dekke driftsutgifter i tillegg til investeringar og utviklingstiltak. Unntaksvis kan løyvinga på posten brukast til enkelte driftsutgifter i domstolane og ytre etat.

Talet på årsverk som er lønte på kap. 400, post 01, per 31. desember 2019, var 301,1 (ekskl. tilsette i permisjon utan lønn).

I tillegg til årsverka som er lønte på kap. 400, er om lag 26 årsverk i departementet lønte på andre budsjettkapittel under Justis- og beredskapsdepartementet. I 2020 er om lag seks personar beordra til arbeid i departementet, eller dei hospiterer i departementet.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 400, post 01, mot meirinntekter på kap. 3400, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 479,5 mill. kroner.

**Post 23 Spesielle driftsutgifter, forskning, evaluering og kunnskapsinnhenting, kan overføres**

Sektorprinsippet i norsk forskingspolitikk inneber at departementet har eit overordna ansvar for forskning i sin sektor og på sine ansvarsområde. Departementet har både eit ansvar for langsiktig forskning for sektoren – det breie sektoransvaret – og eit ansvar for forskning som skal dekke behovet departementet sjølv har for kunnskap som kan danne grunnlag for politikktutvikling og forvaltning.

Løyvinga på post 23 skal bli brukt til forskning, til oppfølging av stortingsmeldingar eller offentlege utgreiingar og til evalueringar og anna innhenting av kunnskap på justis-, innvandrings- og beredskapsfeltet. Justis- og beredskapsdepartementet prioriterer forskning som styrkjer arbeidet med å nå langsiktige og overordna mål for sektoren.

I 2020 vart det gitt ei løyving på om lag 34,6 mill. kroner på posten. Ei stor del handlar om digital tryggleik, inkludert ei årleg tildeling til Center for Cyber and Information Security ved NTNU og ei årleg tildeling til Simula@UiB. I tillegg vart det mellom anna gitt tildeling til prosjekt innan brannforskning, vald i nære relasjonar, førebygging av vald og overgrep mot barn, områdegjennomgang av styring av politi- og lensmannsetaten, samd utgreiing av ny straffeprosesslov.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 3 mill. kroner til forskning og utvikling innan tiltak mot hatkriminalitet. Jf. og omtale av tiltak mot hatkriminalitet under kap. 440, post 01.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 38,5 mill. kroner.

**Post 50 Norges forskningsråd**

Noregs forskingsråd (Forskringsrådet) er ein sentral aktør i det norske forskings- og innovasjonssystemet og eit viktig verkemiddel for å nå dei forskingspolitiske måla til regjeringa. Regjeringa har fastsett fem mål for Noregs forskingsråd. Desse er

- auka vitskapeleg kvalitet
- auka verdiskaping i næringslivet
- møte store samfunnsutfordringar
- eit velfungerande forskingsssystem



- god rådgiving

Måla er felles for alle departementa. Kunnskapsdepartementet har i samarbeid med departementa og Forskingsrådet utarbeidd eit styrings-system for departementa si styring av Forskingsrådet. Justis- og beredskapsdepartementet styrer midlane til Forskingsrådet i tråd med dette. Det samla resultatet av verksemda til Forskingsrådet i

2019 er omtalt i budsjettproposisjonen til Kunnskapsdepartementet for 2021.

Løyvingane frå Justis- og beredskapsdepartementet til Forskingsrådet skal i all hovudsak ta vare på det breie sektoransvaret for forskning og bidra til langsiktig kompetanse- og kunnskapsoppbygging innanfor sektorområda til departementet, der Forskingsrådet er programstyrar.

Tabell 2.1 Tildelingar til Noregs forskingsråd i 2019

Prosjekt	Beløp (mill. kr) 2019-tal
SAMRISK II	21
VAM 2 (velferd, arbeid og migrasjon)	7
IKTPLUS	13
EUROPA	1,551
Sum	42,5

Forskinga i programma som er nemnde i tabellen over, har gitt ny og viktig kunnskap om spørsmål knytte til digital tryggleik, samfunnstryggleik og beredskap, migrasjon og norsk europapolitikk. Innanfor området samfunnstryggleik er det no blitt bygt større kapasitet og samanheng i forskinga ved at større og langsiktige forskingsprosjekt har fått finansiering. Programma i Forskingsrådet bidrar vidare til god arbeidsdeling mellom nasjonale, nordiske og europeiske konkurransearenaer gjennom at innsatsområde og utlysingar blir koordinerte. Dette gir gode samspelseffektar og bidrar til at norske miljø hevdar seg godt i konkurransen om internasjonale forskingsmidlar.

I 2020 vart det gitt ei samla tildeling på om lag 56 mill. kroner til prosjekta som er oppførte i tabellen over.

I samband med at Noreg skal delta i ny periode for EU-programmet Horisont Europa, blir det foreslått å redusere løyvinga med 2,2 mill. kroner mot ei tilsvarende auke på Kunnskapsdepartementets budsjett.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 55,5 mill. kroner.

### Post 70 Overføringer til private

Løyvinga skal dekke tilskot til Norsk senter for informasjonstryggleik (NorSiS), som del av arbeidet som departementet gjer for å førebu IKT-trygging i sivil sektor.

Vidare skal løyvinga dekke tilskot til Human Rights Service (HRS) på 1,8 mill. kroner. Tilskotet skal medverke til å gi betre kunnskap om innvandring og integrering i befolkninga, inkludert kunnskap om moglegheiter og utfordringar i denne samanhengen. Tilskotet vidareførast som følge av ei avtale i Stortinget om tilskot til ideelle organisasjonar.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 12,7 mill. kroner.

### Post 71 Tilskudd til internasjonale organisasjonar

Løyvinga skal dekke Noregs tilskot/kontingentar til internasjonale organisasjonar og samarbeid på saksområda til Justis- og beredskapsdepartementet, i hovudsak desse:

- Den internasjonale domstolen i Haag
- Haagkonferansen for internasjonal privatrett
- World Intellectual Property Organization (WIPO)
- Det internasjonale instituttet i Roma for einsarta privatrett (UNIDROIT)
- The Group of States Against Corruption (GRECO)
- tilskot til Rådssekretariatet og Fellesorganet i samband med Schengen-samarbeidet
- Interoperability Solutions for European Public Administration (ISA)
- Austersjøområdet
- Sikrere internett pluss

- Nordisk samarbeidsråd for kriminologi
  - finansielt bidrag til kommisjonen for deltaking i Schengen-komiteane
  - The European Network and Information Security Agent (ENISA)
- Regjeringa foreslår ei løyving på 15,4 mill. kroner.

### Kap. 3400 Justis- og beredskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Diverse inntekter	4 699	5 631	5 782
02	Refusjon av ODA-godkjente utgifter	1 000	1 000	1 027
	Sum kap. 3400	5 699	6 631	6 809

#### Post 01 Diverse inntekter

Post 01 blir brukt til å føre inntekter frå kantina som departementet driv i Nydalen, refusjonar knytte til rolla departementet har som program-partnar i EØS-midlane, og ymse inntekter. Desse inntektene varierer årleg. Refusjonar frå Utanriksdepartementet for den ODA-godkjende delen på 3 prosent av bidraget til World Intellectual Property utgjer om lag 100 000 kroner av inntektene.

Regjeringa foreslår at meirinntektene på kap. 3400, post 01, kan brukast til å overskride løyvinga på kap. 400, post 01, tilsvarende, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 5,8 mill. kroner.

#### Post 02 Refusjon av ODA-godkjente utgifter

Visse utgifter knytte til reintegrering av personar som blir returnerte til opphavslandet eller til tredjeland, og tiltak som bidrar til samarbeid om retur, returavtalar, oppbygging av migrasjonsforvaltninga i sentrale opphavs- og transittland og velordna migrasjon, kan godkjennast som offisiell internasjonal bistand ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 1 mill. kroner, jf. omtale under kap. 400, post 23.

## Programkategori 06.20 Rettsvesen

Utgifter under programkategori 06.20 fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
01–25	Driftsutgifter	3 077 775	3 089 627	3 257 753	5,4
	Sum kategori 06.20	3 077 775	3 089 627	3 257 753	5,4

Utgifter under programkategori 06.20 fordelt på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
61	Høyesterett	115 834	116 138	121 027	4,2
410	Domstolene	2 689 062	2 705 005	2 850 090	5,4
414	Forliksråd og andre domsutgifter	272 879	268 484	286 636	6,8
	Sum kategori 06.20	3 077 775	3 089 627	3 257 753	5,4

### 1 Innleiing

Programkategori 06.20 omfattar Høgsterett, lagmannsrettane, tingrettane, Oslo byfutembete, jordskifterettane, forliksråda, Finnmarkskommisjonen, Utmarksdomstolen for Finnmark og Domstoladministrasjonen.

Målet for programkategori 06.20 *Rettsvesen* er rettstryggleik.

Domstolane er den tredje statsmakta, og dei har ei sentral rolle i ein rettsstat med å sikre rettar og vere konfliktløysar. Tilgjengelege og effektive domstolar som tek avgjerder med høg kvalitet innan rimelig tid, er avgjerande for rettstryggleiken til den enkelte. Domstolane skal vere uavhengige og upartiske, og arbeidet skal vere prega av openheit og integritet.

Forliksråda er det lågaste leddet i domstolstrukturen, og dei er eit rimeleg alternativ for å sikre rettstryggleiken til den enkelte.

Saksavviklinga i domstolane er i 2020 prega av smittevern tiltaka som følgje av virusutbrotet. Verksemda til domstolane er normalt prega av

fysisk oppmøte for alle aktørar. Regjeringa har satt i verk ein rekke tiltak for å avhjelpe konsekvensane av virusutbrotet. Domstolane vart i 2020 styrkt i samband med revidert nasjonalbudsjett og økonomiske tiltak i møte med virusutbrotet. Domstolane fekk midlar til teknisk utstyr (35 mill. kroner) for at fleire rettsmøte skal kunne gjennomførast ved hjelp av fjernmøteteknologi. Domstolane fekk også tilleggsføring til midlertidige dommarstillingar og leige av lokale for å redusere restansar og auke takten i saksavviklinga (39 mill. kroner). Midlertidige tilpassingar i prosessregelverket har òg vore viktig for å oppretthalde forvarleg og rettstrygg verksemd i domstolane. I 2021 blir ei sentral oppgåve for domstolane å oppretthalde normal saksavvikling og bygge ned restansane som blei opparbeida våren 2020. Regjeringa foreslår ei heilskapleg satsing på domstolane i form av ny domstolstruktur, auka digitalisering og ressursar til bemanning. Satsinga vil kunne sette domstolane i stand til å møte utfordringane i 2021 og framover.

### 1.1 Straffesakskjeda

Domstolane får saker frå påtalemakta. Dei alminnelege domstolane har ansvar for å vareta rettstryggleiken ved å avseie dommar og treffe avgjerder i straffesaker innan rimeleg tid og med høg kvalitet. Dette stiller krav til effektivitet og god saksflyt i domstolane. Domstolane har ein sentral rolle for å få til ei meir effektiv straffesakskjede.

### 1.2 Sivile saker

Dei alminnelege domstolane behandlar òg sivile saker, slik som tvistesaker, gjeldsordningssaker, konkurssaker, skiftesaker, skjønssaker, mellombels sikring m.m. Forlikråda er eit rimeleg og effektivt tvisteløysingsorgan som meklar mellom partar i sivile saker og kan avseie dom i enkelte saker. Ein stor del av sakene blir endeleg avgjorde i forlikrådet. Avgjerder frå forlikråd kan leggjast fram for tingretten. Jordskiftedomstolane er særdomstolar som behandlar ei rekkje spørsmål knytte til fast eigedom etter jordskiftelova. Jordskifteretten er første instans, og lagmannsretten er ankeinstans. Finnmarkskommisjonen skal greie ut bruks- og eigarrettar til den grunnen som Finnmarkseigedommen overtok då finnmarkslova tok til å gjelde 1. juli 2006. Utmarksdomstolen for Finnmark er ein særdomstol som behandlar tvistar som kan oppstå etter at Finnmarkskommisjonen har greidd ut rettsforholda i eit område.

## 2 Prioriteringar i budsjettet

Regjeringa foreslår desse prioriteringane i 2021-budsjettet:

- 71 mill. kroner til heilårseffekt av midlertidige dommarstillingar, jf. økonomiske tiltak i møte med virusutbrotet våren 2020. Løyvingsauka til stillingar er ei varig auke i budsjetta til domstolane for å bidra til å byggje ned restansar og korte ned saksbehandlingstida.
- 42,6 mill. kroner til prosjektet Digitale domstolar II som er ei utviding av det pågåande prosjektet Digitale domstolar til å omfatte alle domstolar, samt ei satsing på å betre informasjonstryggleiken.
- 34 mill. kroner til vidareføring av prosjektet Digitale domstolar, der alt av saksbehandlinga i utvalde tingrettar, alle lagmannsrettane og Høgsterett skal digitaliserast. Totalt vil det vere løyvt 175 mill. kroner i investeringsmidlar til prosjektet sidan 2017.

- Gevinstar frå prosjektet Digitale domstolar er talfesta til om lag 39 mill. kroner i 2021. Det blir foreslått at domstolane beheld desse gevinstane. Gevinstane skal brukast til å styrke kapasiteten i domstolane ytterlegare og til å dekke høgare driftsutgifter (lagring, vedlikehald m.m.) i samband med realiseringa av prosjektet.
- 7 mill. kroner til å byggje lokalar i Oslo tingrett for å handtere informasjon på graderingsnivå «STRENGT HEMMELIG» i samband med ny lov om Etterretningstenesta.
- 4 mill. kroner til å behandle saker om tilbakecall av statsborgarskap, jf. omtale under programkategori 06.90.
- redusere løyvinga med 5 mill. kroner som følge av utviding av tingrettanes rettskrinsar.

## 3 Domstolkommisjonen

Regjeringa sette i 2017 ned eit utval (Domstolkommisjonen) for å greie ut korleis domstolane bør organiserast for å vere best mogleg rusta til å vareta forventningar om effektivitet og kvalitet saman med sjølvstende gjennom endra samfunnstilhøve. Kommisjonen skal identifisere kva for sentrale utfordringar domstolane står overfor i åra som kjem.

Utgreiinga skal ta sikte på ei organisering og oppgåveløysing som er fleksibel og sikrar openheit og tilgjengelegheit, og som set domstolane i stand til å møte framtidig endring i samfunnet. Domstolane må òg rekruttere godt, og dei må ha fagleg og organisatorisk utvikling. Kommisjonen skal undersøke korleis desse omsyna er varetekne i dag.

Kommisjonen leverte ei delutgreiing om domstolstruktur i oktober 2019, NOU 2019: 17 *Domstolstruktur*. Hovudtilrådinga til kommisjonen er å styrke rettstryggleiken, sikre framleis høg tillit til domstolane og betre ressursutnyttinga ved å utvide rettskrinsane til tingrettane og jordskifterettane. For å sikre at domstolane er tilgjengelege, tilrår kommisjonen at domstolar i område med spreidd befolkning og store avstandar har rettsstader fleire stader i rettskrinsen. Fleirtalet i kommisjonen foreslår ein struktur med 22 rettskrinsar og 30 rettsstader for tingrettane og 13 rettskrinsar og 20 rettsstader for jordskifterettane. Ein samla kommisjon foreslår å oppretthalde den overordna strukturen for lagmannsrettene, men med enkelte justeringar i rettskrinsen til Borgarting lagmannsrett. Utgreiinga har vore på høyring saman med eit alternativt forslag frå departementet om berre

å endre rettskrinsane for tingrettane og halde ved lag alle rettsstadene av i dag.

Kommisjonen la fram den andre og siste utgreiinga i september 2020. Ho omhandlar funksjonen og rolla til domstolane, forvaltningen av uavhengige domstolar og forbetra arbeidsprosessar i domstolane. Utgreiinga er til oppfølging i departementet.

#### 4 Regelutvikling

Regjeringa ønskjer gode reglar som bidrar til at saker blir avvikla effektivt og med høg kvalitet. Departementet har arbeidd med endringar i dei to sentrale prosessregelverka tvistelova og straffeprosesslova for blant anna i større grad å leggje til rette for meir effektiv domstolsbehandling.

##### 4.1 Endringar i straffeprosesslova

Ein god straffeprosess skal bidra til kvalitet, effektivitet og rettstryggleik i rettsstellet, og skal opne for rasjonell bruk av moderne informasjonsteknologi. Prosessordninga må vere tilpassa mangfaldet av saker som den teknologiske utviklinga, den sosiale mobiliteten og samfunnsutviklinga elles gir opphav til.

Regjeringa sette i 2014 ned straffeprosessutvalet, som fekk i oppdrag å utarbeide ei ny straffeprosesslov. Utgreiinga NOU 2016: 24 *Ny straffeprosesslov* vart levert i november 2016. Utgreiinga har vore på høyring og er til oppfølging i departementet. Regjeringa følgjer opp fleire av endringsforslaga frå NOU 2016: 24 og andre viktige reformer innanfor straffeprosessen med endringar i den gjeldande straffeprosesslova. Måla for endringane er å leggje til rette for ein rettssikker og effektiv behandling av straffesaker. Departementet vurderer spesielt nye reglar om førebuing av straffesaker og om at dommaren aktivt skal styre sakene ved behandlinga.

Regjeringa har starta delar av oppfølginga. Frå 1. januar 2020 vart ankar i dei mest alvorlege straffesakene tekne med i dagens silingsordning og dei blir no behandla på same måten som straffesaker med lågare strafferamme, sjå Prop. 53 L (2018–2019). Regjeringa sendte 27. august 2020 på høyring forslag til endringar i straffeprosesslova og straffelova. Forslaga gjeld reglane om overprøving av saksstyrande avgjersler ved anke og krav til tilståing frå den sikta i visse saker etter straffeprosesslova § 248. Høyringsforslaget inneheld og eit forslag om at retten skal kunne fastsetje oppdraget til forsvarar og bistandsadvokatar til

eit bestemt timetal. Høyringsfristen er 13. november 2020.

Regjeringa sende 31. august 2020 på høyring forslag til endringar i straffeprosesslova om å kunne avgrense etterforskning og påtale i store straffesaker. Forslaget skal leggje til rette for god bruk av ressursane til politiet og påtalemakta. Høyringsnotatet inneheld òg forslag om ein ny paragraf i straffelova om serieovergrep. Høyringsfristen er 1. desember 2020.

Regjeringa sende 21. juni 2018 på høyring forslag om å stramme inn fristen for framstilling av varetektsfengsla personar. Høyringsfristen var 1. oktober 2018, og saka er til behandling i departementet. Fleirtalet av høyringsinstansane var positive til endringsforslaget.

##### 4.2 Endringar i tvistelova

Regjeringa sende i 2018 på høyring forslag til endringar i tvistelova. Bakgrunnen for forslaga var å fremme formålet med tvistelova: forsvarleg og effektiv saksbehandling. Dette inneber òg betre proporsjonalitet ved at saksbehandlinga og sakskostnadene skal stå i eit rimeleg forhold til kor viktig saka er, og verdien av tvistegjenstanden.

Delar av arbeidet er blitt forserte. Lov om endringer i tvisteloven (verdigrænsene) tredde i kraft 1. juli 2020. Med dette vart verdigrænsa i tvistelova for behandling etter småkravsprosess og etter ankeretten i saker med formuesverdier heva frå 125 000 kroner til 250 000 kroner, medan verdigrænsa for obligatorisk forliksrådsbehandling vart heva frå 125 000 til 200 000 kroner. Fleire saker vil dermed bli behandla enklare og meir effektivt i domstolane, og sakskostnadene vil stå i eit rimelig forhold til storleiken på kravet som tvisten står om. Det vil bidra til å sikre reell tilgang til domstolane. Heving av ankesummen bidrar til at ankebehandlinga ikkje ender med sakskostnader som overstig verdien av sjølve tvisten. Det vil òg bidra til meir fornuftig fordeling av domstolanes ressursar og redusere saksbehandlingstida i lagmannsrettane.

Regjeringa har sendt ut eit nytt høyringsnotat som blant anna omhandlar lovforslag om at lagmannsrettane skal få noko større rett til å nekte anker fremma i sivile saker, og forslag til endringar i reglane om rettsmekling for å bidra til at fleire nyttar seg av slik mekling. Regjeringa tek sikte på å fremme ein proposisjon om endringar i tvistelova sommaren 2021.

#### 4.3 Midlertidig lov om tilpasningar i prosessregelverket

Med heimel i den midlertidige koronalova fastsette regjeringa 27. mars 2020 ein midlertidig forskrift for å avhjelpe konsekvensar av virusutbrotet i justissektoren. Forskrifta opphøyrå å gjelde då koronalova vart oppheva 27. mai 2020, men reglane i forskrifta har blitt vidareført i *midlertidig lov 26. mai 2020 nr. 47 om tilpasningar i prosessregelverket som følge av utbruddet av covid-19 mv.* Ved endringslov 19. juni 2020 var det vedtatt ytterligere tilpassingar for å avhjelpe konsekvensane av virusutbrotet, blant anna regler om nye former for forkynning. Formålet til loven er å leggje til rette for ein forsvarleg og rettssikker verksemd i domstolane, politiet og påtalemakta mv. ved å avhjelpe konsekvensar av virusutbrotet. Lova utvider blant anna adgangen til å bruke fjernmøteløysingar, opnar for å behandle visse saker skriftleg og opnar for å ta i bruk midlertidige løysningar for signering og avseie avgjørsler i domstolane. Lova gjelder til 31. oktober 2020. Regjeringa har hatt på høyring eit forslag om å forlenge lengda til lova frem til 1. juni 2021.

#### 4.4 Ny arvelov

*Lov om arv og dødsboskifte* (arvelova) tek til å gjelde 1. januar 2021. Dette er ei ny lov på nærare 200 føresegner som gir ei samla og modernisert regulering av arv og dødsbuskifte, jf. Prop. 107 L (2017–2018). Lova styrker blant anna stillinga til livsarvingane, gir meir fleksible reglar for den som vil testamentere større egedelar, og har nye reglar for dødsbuskifte m.m. Lova er utarbeidd som ein del av Klarspråk-prosjektet og utvikla med tanke på korleis borgarane skal bruke lova.

#### 4.5 Ny lov om Etterretningstjenesten

Stortinget har vedteke ny lov om Etterretningstjenesten, jf. Prop. 80 L (2019–2020). Lova tek til å gjelde frå 1. januar 2021. Lova legg opp til domstolskontroll av tilrettelagd innhenting av grenseoverskridande elektronisk kommunikasjon. Det er dermed behov for å byggje lokale i Oslo tingrett som kan handtere gradert informasjon på graderingsnivå «STRENGT HEMMELIG» etter trygingslova. Regjeringa foreslår å løyve 7 mill. kroner til bygging av dette lokalet, jf. oppmodingsvedtak nr. 678 (2019–2020).

## Kap. 61 Høyesterett

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 410, post 01</i>	115 834	116 138	121 027
	Sum kap. 0061	115 834	116 138	121 027

Hovudoppgåva til Høgsterett er å arbeide for rettsavklaring og rettsutvikling. Høgsterett behandlar ankar over avgjerder som er tekne av lågare domstolar, både i sivile saker og i straffesaker, men tek ikkje stilling til skuldspørsmålet i straffesaker. I 2019 kom det inn 856 ankar over dom til Høgsterett, fordelte på like mange sivile saker som straffesaker. Høgsterett skal som hovudregel berre gi samtykke til ankebehandling når anken gjeld spørsmål som er viktige utanfor den saka som ligg føre. I 2019 vart i overkant av 12 prosent av ankane over dom fremma til behandling i Høgsterett.

#### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker faste og variable lønnskostnader og andre driftsutgifter som følgjer av verksemda til Høgsterett. Bemanninga i Høgsterett utgjorde 21 høgsterettsdommarårsverk, 25 utgreiarar og 33 andre årsverk per 31. desember 2019.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 61, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3061, post 03, jf. forslag til vedtak.

Vidare blir det foreslått at kap. 61, post 01 får stikkordet *kan nyttast under kap. 410, post 01* og at kap. 410, post 01 får stikkordet *kan nyttast under kap. 61, post 01*, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,4 mill. kroner til lønnsauke for dommarar i Høgsterett med verknad frå 1. oktober 2019, jf. omtale i Innst. 140 S (2019–2020)

Det blir foreslått å auke løyvinga med 0,5 mill. kroner til heilårseffekt av auka utgreiarkapasitet i Høgsterett

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2,75 mill. kroner til diverse utbetringar

Det blir foreslått ei løyving på posten på 121 mill. kroner.

## Kap. 410 Domstolene

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttas under Kap. 61, post 01</i>	2 600 503	2 618 217	2 760 973
21	Spesielle driftsutgifter	86 421	84 135	86 393
22	Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler, <i>kan overføres</i>	2 138	2 653	2 724
Sum kap. 0410		2 689 062	2 705 005	2 850 090

Domstolane er uavhengige. Verken Stortinget, regjeringa eller andre styresmakter kan instruere eller påverke domstolane i den dømmende verksemda. Domstoladministrasjonen har ansvaret for å vareta og støtte opp under domstolane og sjølvstendet til domstolane og dommarane. Domstolane skal avgjere dei sakene dei får til behandling, forsvarleg og til rett tid.

Domstoladministrasjonen er den sentrale administrasjonen av domstolane og jordskifterettane i Noreg. Domstoladministrasjonen har det overordna administrative ansvaret for domstolane og skal arbeide for at domstolane til kvar tid møter krava og forventningane samfunnet stiller til dei. Domstoladministrasjonen fordeler ressursane til domstolane.

### Retningslinjer for Domstoladministrasjonen

Stortinget fastset rammer og mål for budsjett og lover for verksemda i domstolane.

Nedanfor følgjer Justis- og beredskapsdepartementets forslag til generelle retningslinjer for verksemda til Domstoladministrasjonen for 2021.

Domstoladministrasjonen skal

- leggje til rette for brukarorientering og utvikling i domstolane som gir reell tilgang til domstolane og riktige avgjerder til rett tid
- sørge for effektiv ressursutnytting gjennom felles praksis og større satsing på aktiv saksstyring og utnytte moglegheitene til effektiv saksavvikling som allereie ligg i lovverket

- leggje til rette for systematisk kvalitetsutvikling
- leggje til rette for at domstolane kan oppfylle Stortingets mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid
- sørge for sikre og stabile IKT-løysingar i ein digital rettsprosess, der personopplysningar og annan informasjon blir behandla på ein trygg måte
- sikre systematisk og målretta rekruttering og kompetanseutvikling for leiarar og medarbeidarar i domstolane og Domstoladministrasjonen
- sikre at oppgåveløysinga i domstolane skjer i forsvarleg trygge ramme
- sikre eit godt avgjerdsgrunnlag for regjeringa og Stortinget

### Mål for saksbehandlingstid

#### *Dei alminnelege domstolane*

Måla for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dei alminnelege domstolane, dvs. i tingrettane og lagmannsrettane, gjeld både for straffesaker og sivile saker (tvistesaker) og blir vedtekne årleg gjennom Stortingets behandling av Prop. 1 S. Måla gjeld samla for domstolane og for kvar enkelt domstol. Domstolane må dessutan oppfylle enkelte lovbestemte fristar.

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for domstolane under eitt, og talet på domstolar som er utanfor eitt eller fleire av måla til Stortinget, har

på eit overordna nivå vore relativt stabilt over fleire år. Når det gjeld talet på saker som er komne inn til tingrettane, steig det i perioden frå 2010 til 2016, men i dei to neste åra gjekk talet på innkomne saker ned. Det gjeld både straffesaker og sivile saker. I 2019 heldt det fram med å komme inn færre sivile saker, medan det kom inn

fleire straffesaker. I første halvår i 2020 har det kome inn fleire straffesaker til tingrettane samanlikna med den same periode i fjor, men det har komne inn færre sivile tvistesaker.

Her følgjer ei oversikt over dei sakstypene der Stortinget har sett mål for saksbehandlingstid, i høvesvis tingrettane og lagmannsrettane:

### **Boks 2.1 Stortinget har sett mål for domstolane i desse sakstypene**

#### *Tingrettane*

##### *Sivile saker:*

- Tvistesaker: rettsleg (sivil) tvist som normalt blir behandla etter reglane i tvistelova.

##### *Straffesaker:*

- Meddomsrettssaker: ordinære straffesaker der både skuld og straff skal avgjerast. Retten blir sett med ein fagdommar og to meddommarar.
- Einedommarsaker: avgjerder i straffesaker (inkludert avgjerder som er tekne under etterforskinga) som blir avgjorde av ein dommar.

#### *Lagmannsrettane*

##### *Sivile saker:*

- Anke over dom i tvistesak: ein sivil dom som blir anka.

##### *Straffesaker:*

- Meddomsrettssaker – bevisanke<sup>1</sup>: straffesaker ved anke over skuldspørsmålet. Retten

blir sett med to fagdommarar og fem meddommarar.

- Meddomsrettssaker – avgrensa anke: straffesaker ved anke over straffutmålinga i saker med strafferamme på over seks år. Retten blir sett med to fagdommarar og fem meddommarar.
- Fagdommarsaker: straffesaker ved anke over straffutmålinga i saker med strafferamme på inntil seks år pluss straffesaker ved anke over lovbruk eller saksbehandling (uansett strafferamme). Retten blir sett med tre fagdommarar.

<sup>1</sup> Tidlegare vart desse sakene med strafferamme på over seks år avgjorde av ein jury (lagrettsaker med tre fagdommarar og ti lagrettsmedlemmer), og sakene med strafferamme på inntil seks år avgjorde med ein meddomsrett med tre fagdommarar og fire meddommarar. Juryordninga vart avvikla 1. januar 2018. Med lovendringa blir alle straffesaker i lagmannsretten, med unntak av fagdommarsakene, avgjorde av ein meddomsrett med to fagdommarar og fem meddommarar. Saker som vart anka til lagmannsretten før 1. januar 2018, følgde den gamle ordninga. Saker som blir anka seinare, blir behandla i tråd med dei nye reglane. Etter 31. desember 2018 har alle ankesaker blitt behandla i tråd med dei nye reglane.

#### Jordskifterettane

Det vurderast å foreslå å fastsetje mål for saksbehandlingstid i jordskifterettane. At ei avgjerd vert avgjort i rimeleg tid etter saka er anlagt, er viktig både ut ifrå omsynet til partane og rettsvesenets renommé. Nyare brukarundersøkingar gjennomført i regi av Domstoladministrasjonen viser at lang saksbehandlingstid i jordskifteretten er opplevd som negativt for brukarane.

Analyser av saksbehandlingstida i saker avslutta i tidsrommet 2014 til 2019 viser at gjennomsnittleg saksbehandlingstid for rettsendrande

saker var på 17,2 månader og på 15,4 månader for rettsfastsetjande saker.

Dei *rettsfastsetjande sakene* er grensegang og rettsutgreiing. Det er sakstypar der jordskifterettene ein viss grad har parallell kompetanse med dei alminnelege domstolane der Stortinget sitt saksbehandlingskrav er seks månader.

*Rettsendrande saker* gjeld omforming av eigdoms- og bruksrettsforhold. I dei rettsendrande sakene er det ofte mange partar i kvar sak, og avgjerd av saka vil ofte krevje fleire rettsmøter.

Departementet meiner at på sikt vil måltal for saksbehandlingstid gjere jordskifterettene meire



effektive enn dei er i dag. Måлтаlet må difor setjast slik at dei har noko å strekkje seg etter.

Departementet vurderer eit mål på gjennomsnittleg saksbehandlingstid på ni månader i dei rettsfastsetjande sakene, og 15 månader i dei rettsendrande sakene. Begge forslaga til måltall er godt under dagens gjennomsnitt. For at jordskifterettane skal kunne oppnå desse måla, er det nød-

vendig å sjå nærare på dei særlege saksbehandlingsreglane i jordskifteloven og andre tiltak av teknisk og praktisk karakter som kan gi betre saksflyt og kortare saksbehandlingstid. I lys av situasjonen med virusutbrotet vil departementet vente med å foreslå at Stortinget fastsetjar mål for jordskifterettane.

Tabell 2.2 Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid

Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid	Mål i månader	
	Tingrettane	Lagmannsrettane
sivile saker (tvistesaker)	6	6
straffesaker (meddomsrettssaker)	3	3
straffesaker (einedommarsaker)	1	–

Riksrevisjonen har undersøkt saksbehandlingstid og effektivitet i tingrettane og lagmannsrettane, jf. Dokument 3:3 (2019–2020). I undersøkinga peikar Riksrevisjonen på fleire kritikkverdige forhold. Riksrevisjonen meiner blant anna at det er svært alvorleg at ikkje fleire domstolar når måla Stortingets har sett for saksbehandlingstid i straffesaker. Riksrevisjonen fann at det samla sett i 2018 var eit potensial i tingrettane for å behandle åtte prosent fleire saker, gitt ressursane som kvar enkelt tingrett har tilgjengeleg. Departementet arbeider i samråd med Domstoladministrasjonen for å auke effektiviteten og betre måloppnåinga, med tiltak knytta til struktur, digitalisering og regelverk. Sjå òg omtale av oppmodingsvedtak nr. 94 i del I.


#### Straffesaker i tingrettane og lagmannsrettane

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i meddomsrettssaker i tingrettane gjekk ned frå 3,2 månader i 2018 til 3 månader i 2019 (sjå figur 2.1). Av tingrettane var 20 domstolar utanfor målet om saksbehandlingstid på 3 månader. Det er éin færre enn i 2018. Tingrettane avvikla fleire saker enn dei fekk inn, og dette bidrog til at behaldninga av meddomsrettssaker hadde gått ned 12 prosent ved årsskiftet 2018/2019 samanlikna med året før. Smittevern tiltaka som følgje av virusutbrotet har ført til ein auke i restansar, spesielt for meddommarsaker i tingrettane. Ein ser at talet på gamle restansesaker aukar. Ved årsskiftet 2019/2020 låg det 825 saker til behandling med ein alder på over


tre månader. Ved utgangen av juni 2020 hadde dette talet auka til 1 170. Saksbehandlingstida er tilnærma lik som tidlegare, men det er venta at etter kvart som dei eldre sakene blir avvikla, vil den gjennomsnittlege saksbehandlingstida auke.

Alle tingrettane, så nær som éin, nådde Stortingets mål i einedommarsaker. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i einedommarsaker har vore stabil på om lag 0,4 månader over tid.


Ingen av lagmannsrettane nådde Stortingets mål for ankar over dom i straffesak. Det har vore krevjande å nå målet på tre månader. Det er sett i verk fleire tiltak som ser ut til å ha ein positiv effekt på saksbehandlingstida, blant anna utvida høve for domstolane til å nekte å ta ei sak til behandling (ankesiling) og utgreiarar i Borgarting lagmannsrett. Departementet vil sjå på effekten av tiltaka før det blir vurdert å endre målet. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i straffesaker i lagmannsrettane gjekk noko ned i 2019 (sjå figur 2.4). Våren 2020 har lagmannsrettane hatt lågare takt i saksavviklinga enn normalt. Lagmannsrettane har hatt vesentlig lågare saksinngang av straffesaker våren 2020 samanlikna med tilsvarende periodar i tidlegare år, og saksbehandlingstida er som ho var før smitteverntiltaka i samband med virusutbrotet tredde i kraft. Talet på gamle saker har auka markant. Det kan tyde på at ein våren 2020 i hovudsak har kunna avvikle dei minst komplekse sakene, med få møtande aktørar og partar, medan dei sakane som skal avviklast framover, gjennomgåande har ein auka kompleksitet.



Figur 2.1 Gjennomsnittlig saksbehandlingstid i tingrettene 2015–2019




Figur 2.2 Restansar for meddomsrettssaker i tingrettene



Figur 2.3 Restansar for tvistesaker i tingrettene

Figurane 2.2 og 2.3 viser tal på saker som låg til behandling (i restanse) i tingrettene på fem tidspunkt: Årsskiftet 18/19, årsskiftet 19/20, 13. mars 2020, etter første halvår 2020 (30. juni) og per 1. september 2020. Dei delane av søylene som er farga viser kor mange saker som var innanfor eit visst aldersspenn på dei respektive tidspunkta. Hovudbiletet er at det var gjennomgåande reduksjon i restansar i dei siste månedane før virusutbrotet kom, medan restansane har auka etter 13.

mars 2020. Samansetninga av dei ulike aldersdelane av søylene viser vidare at sakene som ligg til behandling gradvis vert eldre. Det er høgare tal på «gamle» saker på dei siste to målepunkta samanlikna med tilstanden 13. mars 2020. Dette vil i neste omgang verke på gjennomsnittleg saksbehandlingstid framover, når ein etter kvart kommer dit at sakene kan avviklas. Regjeringa har derfor satt i verk ein rekke tiltak for å handtere situasjonen.



Figur 2.4 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i lagmannsrettene 2015–2019

I tillegg til at Stortinget har fastsett mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid, har straffeprosesslova § 275 fristar for saksbehandlinga i straf-

fesaker. I saker der den sikta var under 18 år på handlingstidspunktet, eller er varetektsfengsla når saka blir fastsett i tid og stad, gjeld særskild

frist for når hovudforhandlinga skal starte opp. I 2019 sette tingrettane i gang hovudforhandlinga for seint i 51 prosent av sakene der den sikta var i varetekt, mot i 46 prosent i 2018. I saker der den sikta var under 18 år, vart hovudforhandlinga sett i gang for seint i 62 prosent av sakene i 2019, mot i 58 prosent i 2018. I lagmannsrettane vart tidspunktet for hovudforhandlinga fastsett for seint i 56 prosent av straffeankane, mot i 50 prosent i 2018. I saker der den sikta sit i varetekt, vart ankeforhandlinga sett i gang for seint i 76 prosent av sakene i 2019, mot i 83 prosent av sakene i 2018.

#### Twistesaker i tingrettane og lagmannsrettane

Tingrettane held seg samla sett innanfor målet Stortinget har sett for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i twistesaker (sjå figur 2.1). Den samla gjennomsnittlege saksbehandlingstida i twistesaker var på 5,5 månader i 2019, tilnærma uendra frå 2018. Av tingrettane var 19 domstolar utanfor Stortingets mål for saksbehandlingstid i twistesaker, det same talet som i fjor. I 2019 var det ein reduksjon i talet på innkomne twistesaker på 8 prosent, og det er det tredje året med nedgang etter mange år med auke. Tingrettane behandla fleire saker enn det kom inn i 2019, og beholdninga av saker vart redusert med 9 prosent.

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for anke over dom i sivile saker i lagmannsrettane auka frå 2018 til 2019, frå 6,3 månader til 7,0 månader (sjå figur 2.4). Det kom inn noko færre ankar over dom i sivile saker i 2019 samanlikna med året før. Lagmannsrettane har behandla fleire sivile saker enn det kom inn, og beholdninga av saker vart noko redusert. Ein stor del av sakene som blir behandla i lagmannsrettane, inneheld rettsmøte med mange møtande aktørar. Smitteverntiltaka som var innført i midten av mars 2020, påverka moglegheitene til å avvikle saker. Når det gjeld dei sivile sakane fekk lagmannsrettene inn 12 prosent færre ankar over dom i sivile saker i første halvår 2020 samanlikna med den same perioden i 2019. Avviklinga av saker vart redusert med 16 prosent. Den positive utviklinga i restanse-sida hausten 2019, er igjen snudd til restanseauke våren 2020. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for dei sakene som er avvikla første halvår 2020, er tilnærma lik som for den same perioden i 2019, men auka restansar vil føre til at den gjennomsnittlege saksbehandlingstida vil auke framover. Regjeringa har derfor satt i verk ein rekke tiltak for å handtere situasjonen, i form av løyvingsauke og regelverksendringar.

Twistelova gir fristar for saksførebuinga i allmennprosessen, både for start av hovud- og ankeforhandling og for når avgjerder skal bli tekne.

#### Saksavvikling jordskiftedomstolane

Jordskifterettane fekk inn 1 253 saker i 2019. Det er ein auke på 7 prosent samanlikna med året før, men talet er lågare enn talet på saker i perioden 2015–2017. Det vart avgjorde 1 325 saker, omtrent like mange som året før. Relativt liten saksinnang og fleire avgjorde saker gjorde at saksrestansane vart reduserte med 5 prosent.

Saksavviklingstal frå 2019 viser at den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for rettsendrande saker låg på i overkant av 17 månader, medan ho for rettsfastsetjande saker låg på 16 månader.

Det er store skilnader i den gjennomsnittlege saksbehandlingstida mellom dei enkelte jordskifterettane.

#### Domstolstruktur og organisering

Regjeringa ønskjer eit likare domstoltilbod i heile landet. Regjeringa vil gi domstolane betre vilkår for å vidareutvikle eigen kompetanse og kvalitet, og ho vil betre ressursutnyttinga i domstolane og gjere domstolane betre eigna til å tilpasse seg variasjonar i saksmengd og type. Domstolstrukturane av i dag hindrar domstolane i å utnytte ressursane effektivt. Mange av tingrettane i landet har lita saksmengd og få tilsette. Det er avgrensa høve til å fordele om ressursar til domstolar med lang saksbehandlingstid eller til nye viktige tiltak. Det er stor variasjon i saksinngangen, ikkje berre mellom domstolane, men også i éin og same domstol frå eitt år til eit anna. Det er krevjande å tilpasse kapasiteten til store endringar i saksmengda når domstolstrukturen er sårbar og lite fleksibel.

Domstolkommisjonen skildrar ei rekkje utfordringar ved dagens tingrettsstruktur og trekkjer blant anna fram at sakene har blitt meir tidkrevjande og komplekse enn tidlegare, og at det er sårbare fagmiljø, utstrekt bruk av dommarfullmektigar, skilnadsbehandling, ulik arbeidsbelastning og ulik saksbehandlingstid. Kommisjonen meiner dei same momenta langt på veg gjer seg gjeldande for jordskifterettane, som er organiserte i endå mindre einingar enn tingrettane. Kommisjonen peikar òg på at både Domstoladministrasjonen og innstillingsrådet for dommarar over tid har vore urolege for rekrutteringa til dommarstillingar. Innstillingsrådet for dommarar varsla i 2018 om at rekrutteringa til norske domstolar


er ei utfordring fordi det ved fleire utlysingar er for få kvalifiserte søkarar. Dette gjeld særleg jordskifterettane, alminnelege dommarembete i mindre sentrale strøk og embete som domstolleiar. I fleire tilfelle har det ikkje vore mogleg å oppfylle krava i domstollova om å innstille tre kvalifiserte søkarar til eit embete.

Regjeringa vil i haust leggje frem ei eiga sak om endringar i domstolstrukturen som følgjer opp utgreiinga frå kommisjonen. Departementet vil foreslå å utvide rettskrinsane til tingrettane og jordskifterettane, men oppretthalde alle rettsstadene. Strukturendringane utgjer saman med satsingane på digitalisering og regelverksendringar ein einsarta og langsiktig løysing på utfordringane domstolane står overfor, som er omtalte i både Domstolkommisjonens utgreiing og Riksrevisjonens rapport. Større rettskrinsar vil gi større fagmiljø og høve for moderat spesialisering, noko som igjen kan betre rekrutteringsgrunnlaget. Forslaget følgjer opp ønsket til regjeringa om å samle barnesakene i nokre tingrettar for å styrke fagkompetansen, i tråd med anbefalinga til særdomstolsutvalget. Med forslaget til departementet vil alle tingrettane i utgangspunktet bli av ein slik storleik at dei kan spesialisere ein viss del av dommarane som kan behandle denne sakstypen. Sjå Prop. 1 S frå Barne- og familiedepartementet. Større rettskrinsar vil òg auke fleksibiliteten, i tråd med tilrådingane frå Riksrevisjonen.


Den viktigaste bakgrunnen for strukturendringane er auka kvalitet, betre og likare tenestetilbod, og betre ressursutnytting. Struktu-

rendringane vil kunne ha budsjettmessige konsekvensar både på kort og lang sikt. Strukturendringane er av Domstoladministrasjonen anslått å gi ei årleg effektivisering på 44 dommarårsverk (tilsvarande 66 mill. kroner), som først og fremst vil bli nytta til å auke saksavviklinga slik at domstolane vil kunne overhalde fristane til Stortinget om saksbehandling og lovbestemte fristar. Fordi effektiviseringa bør bli nytta til å redusere saksbehandlingstida, og fordi dommarane er uavsetjelege, og det berre vil vere ein avgrensa del av strukturendringane som vil kunne bli sett i verk i 2021, vil løyvingane til domstolane berre i liten grad bli redusert. Det blir foreslått ein reduksjon over kap. 410 på 5 mill. kroner i 2021.

For å auke effektiviteten i domstolane er det naudsynt med endringar i strukturen. Ein auke i løyvinga, utan strukturendringane, gir ingen auke i kvalitet eller betre tenestetilbod. Auke i løyvinga vil heller ikkje følgje opp dei andre funna i Riksrevisjonens rapport. I tillegg vil det føre til at effektiviteten i tingrettane vil gå ytterlegare ned. Riksrevisjonen peikte på at domstolane i dag kunne ha behandla 8 prosent fleire saker med dei ressursane som per no er tilgjengelege, og meinte det var kritikkverdige at dette potensialet for effektivisering ikkje var utnytta betre. Ein ytterlegare tilførsel av ressursar innanfor den noverande strukturen vil såleis forsterke den strukturelle ineffektiviteten Riksrevisjonen peikte på. Strukturendringar er saman med løyvingauka og satsingane på digitalisering ein heilskapleg satsing på domstolane.



Figur 2.5 Saksinnang meddomsrettsaker 2019 vs. 2018 (prosentvis endring)



Figur 2.6 Saksinnang tvistesaker 2019 vs. 2018 (prosentvis endring)

Forslaget frå departementet om å oppretthalde alle dagens rettsstader bør likevel ikkje vere til hinder for frivillige samlokaliseringar, når forholda ligg til rette for det. Ut frå erfaringar frå tidlegere prosessar med lokale initiativ til frivillige samanslåingar, finn departementet grunn til å stille opp nokre kriterium for å presisere kva som oppfyller kravet til lokal semje om samlokalisering. Eit utgangspunkt bør i samband med dette vere at det ikkje er tilstrekkeleg at leiaren av domstolen ønskjer samlokalisering. Slik departementet ser det, bør ei samlokalisering òg ha brei støtte blant dei tilsette i domstolen. Andre aktørar som blir påverka, blant anna kommunane og advokatane i rettskrinsen, må òg bli høyrde i prosessane. I alminnelegheit må det vere brei lokal støtte til samlokalisering òg frå dei kommunane og aktørane som blir påverka av dette. Kravet om brei lokal tilslutning skal likevel ikkje bli forstått slik at alle må vere samde, men gode motførestillingar frå sentrale aktørar som blir påverka, må bli lagd vekt på. Prosessane må vere breie og opne, slik at det er mogleg å dokumentere at kravet om lokal semje var oppfylt. Dei same kriteria bør òg gjelde for eventuelle framtidige samanslåingar.

Lokalt initiativ førte til samanslåing av fire tingrettar til éin tingrett frå 1. januar 2019: Vestfold tingrett. Andre lokale initiativ våren 2019 førte til at Fredrikstad tingrett, Halden tingrett, Sarpsborg tingrett og Moss tingrett inngjekk avtale om å slå seg saman til éin tingrett. Det same gjorde Nedre Romerike tingrett og Øvre Romerike tingrett. Det er vedteke at tingrettane skal bli slått saman frå det tidspunktet departementet fast-

set. Prosessane i Østfold og på Romerike er sette på vent til Stortinget har behandla endringar i domstolstrukturen i tråd med Stortingets oppmødingsvedtak nr. 635 (2019–2020), sjå del. I.

Det har blitt etablert fleire faste ordningar med felles leing frå 2017. Felles leing inneber at ein leiar av domstolen leier meir enn éin domstol. Erfaring viser at felles leing blant anna gir redusert sårbarheit, potensial for betre ressursutnytting og meir effektiv saksavvikling, samstundes som kontorstadene kan haldast ved lag. Ved utgangen av 2019 var det etablert fast felles leing for til saman 17 tingrettar med åtte sorenskrivarar og det var fem faste felles jordskifterettsleiarar for til saman ti jordskifterettar. I tillegg kjem to tingrettar med ein felles konstituert sorenskrivar og to jordskifterettar med ein felles konstituert jordskifterettsleiar. Når domstolleiarstillingar i tingrettar og jordskifterettar blir ledige, vurderer Domstoladministrasjonen i kvart enkelt tilfelle om vilkåra for felles leing er til stades.

Domstoladministrasjonen har i 2019 arbeidd med å samle rekneskaps- og lønnsfunksjonane for domstolane i ei felles eining i Trondheim. Overføringa av oppgåvene frå domstolane til denne eininga starta våren 2020 og blir gjennomført i løpet av 2021. Formålet med å samle oppgåvene i ei fageining er å etablere ein meir effektiv tenesteproduksjon, standardisere arbeidsprosessane og generelt heve kvaliteten og kontrollen innanfor fagområdet. Samlinga legg òg til rette for betre, meir einsarta salærbehandling og -kontroll. Samstundes skal ho leggje til rette for at datagrunnlaget kan forbetrast (strukturerte data), og for at

det kan utviklast verktøy for å samanlikne krav i liknande saker. Sjå omtale under programkategori 06.60.

Domstoladministrasjonen arbeider med eit forslag til ei ny myndigheits- og kompetansefordeling mellom eininga som er omtalt ovanfor og dommaren/domstolen, i samband med salærbehandling. Formålet er å vurdere om det er innanfor ei slik organisering er mogleg å overføre avgjerdskompetanse til fageininga og å setje ned ei ordning for å overprøve avgjerdene til eininga.

#### Hurtigbehandling av straffesaker i Oslo tingrett

I september 2016 starta eit toårig prosjekt med hurtigbehandling av straffesaker i Oslo, som er vidareført i 2019 og 2020. Ein rapport frå juni 2020 viser at hurtigbehandling av straffesaker i Oslo har vore vellukka. Det er per. i dag behandla nesten 700 saker i prosjektet. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida ligg på om lag 20 dagar. Statistikk viser at 83 prosent av dei som sit i varetekt, får avgjort saka si i første fengslingsperioden. Frå 2021 er hurtigbehandlinga av straffesaker i Oslo ein permanent ordning.

Hurtigbehandlinga gjeld straffesaker med et klart og oversiktlig bevisbilete der det er fare for unndraging, men også andre sakstypar kan bli behandla ved ledig kapasitet. Dette gjer at fleire straffesaker kan bli gjennomført utan utsetjing, og fleire straffbare handlingar kan bli straffefølgde. Dommane blir avsagde i Oslo tingrett kort tid etter pågriping, og det blir raskt avgjort om ein eventuell anke skal behandlast i Borgarting lagmannsrett. Straffa blir sona rett etter rettskraftig dom, med frådrag for tida i varetekt. Er det aktuelt med utvisingsvedtak med innreiseforbod, blir det raskt gjort vedtak om dette, og den dømde blir ført ut av landet. Dermed kjem utanlandske lovbrutarar raskare ut av landet, og ein hindrar nye brotsverk i Noreg.

#### Digitalisering av domstolane

Regjeringa moderniserer domstolane. Moderniseringa skjer gjennom utvikling av nye arbeidsmåtar i domstolane og digital kommunikasjon med publikum og andre aktørar i straffesakskjeda. Domstolane går gjennom eit digitalt skifte, blant anna synleggjort gjennom prosjekta Digitale domstolar og Digitale domstolar II. Dette vil føre til ei vesentleg effektivisering av domstolane og bidra til å redusere saksbehandlingstida. Arbeidet er viktig for å halde oppe den høge kvaliteten i saksbehandlinga til domstolane, noko som igjen er vik-

tig for at befolkninga skal ha tillit til dei. Samfunnet forventar digitale arbeidsmåtar og tenester i møte med offentlege verksemdar, og at tenestene tek hand om krav til tryggleik og til personvernet til den enkelte på ein god måte. God digital tryggleik (informasjonstryggleik) er ein særleg viktig føresetnad for å kunne halde oppe tilliten til domstolane. Satsinga regjeringa gjer på digitalisering av domstolane er sentral, i oppfølginga av Riksrevisjonens kritikk av saksbehandlingstida i domstolane, og handteringa av situasjonen med virusutbrotet.

Sentralt i arbeidet med digitalisering er prosjekta Digitale domstolar, Digitale domstolar II og Opptak i retten (lyd- og bilettopptak i retten).

Prosjektet Digitale domstolar vart sett i gang i 2017. Prosjektet strekkjer seg over totalt seks år (frå 2017 til 2022). Prosjektet omfatta i første omgang dei tolv største tingrettane, lagmannsrettane og Høgsterett. I tillegg er domstolar der det er avgjort samanslåing eller å innføre permanent felles leiing, fasa inn i satsinga. Dette gjer at fleire domstolar enn det som opphaveleg var planen, deltek i prosjektet. Ved utgangen av 2020 er det 27 tingrettar som tek del i prosjektet, i tillegg til lagmannsrettane og Høgsterett. Digitale domstolar handlar om utstyr i rettssalar og produktutvikling for å sikre at domstolane er formålstenleg innretta. Prosjektet Digitale domstolar vil gi samfunnsøkonomiske gevinstar, både for domstolane og for andre aktørar.

Prosjektet Digitale domstolar II er ei utviding av det pågåande prosjektet Digitale domstolar til å omfatte alle domstolar, samt ei satsing på å betre informasjonstryggleiken. Prosjektet inneber ei betydeleg opptrapping, og vil ha som resultat at domstolane blir vesentleg meir digitalt modne. Prosjektperioden for utvidinga er planlagd til fire år (2021–2024). Prosjektet inneber at det investerast i teknisk utstyr og produktutvikling. Satsinga på å betre informasjonstryggleiken handlar om å betre den digitale grunnsikringa i samhøve med den nasjonal strategien for digital tryggleik, med mål om å styrke eige vern mot uønskte digitale hendingar og å sørge for at personopplysningar og annan informasjon som treng særleg vern, blir behandla på ein trygg måte.

Dei to siste åra er arbeidet med å utvikle nye digitale arbeidsformer som støttar ein heildigital rettsprosess, intensivert. På grunn av virusutbrotet er det arbeid særleg med regelverk, løysingar, rutinar og rettleiarar som støttar ei digital arbeidsform, til dømes elektronisk signatur og forkynning og gjennomføring av rettsmøte ved omfattande bruk av fjernmøteteknologi. Det er òg

investert mykje i utstyr for å støtte saksbehandl-  
linga i domstolane og i rettssalane for å auke kapa-  
siteten til å gjennomføre digitale rettsmøte. I 2020-  
budsjettet vart det gitt ei tilleggsøyving på 20 mill.  
kroner til digitalisering for å kunne styrke evna til  
å gjennomføre papirlause rettsmøte. I samband  
med revidert nasjonalbudsjett 2020 vart det gitt ei  
tilleggsøyving på 35 mill. kroner til teknisk utstyr,  
slik at fleire rettsmøter kan gjennomførast ved  
hjelp av fjernmøteteknologi. På grunn av virusut-  
brotet og behovet for å kunne gjennomføre langt  
fleire rettsmøte som fjernmøte i ulike former, er  
innføringa av utstyr tilpassa dei særskilde behova  
og utfordringane som har oppstått.

Arbeidet med å utvikle og ta i bruk løysingar  
som sikrar god elektronisk samhandling mellom  
domstolane og andre sentrale aktørar, har vore eit  
prioritert satsingsområde. I 2020 har òg jordskif-  
terettane teke i bruk Aktørportalen i dialogen  
med advokatar i pågåande saker. I tillegg er Aktør-  
portalen vidareutvikla og tilpassa til å skulle bru-  
kast av meddommarar. I 2020 har enkelte tingret-  
tar byrja å prøve ut dette. Utprøvinga er noko for-  
seinka på grunn av virusutbrotet. I 2019 vart det  
gjennomført eit arbeid for å kunne gjere det mog-  
leg å integrere løysingar i domstolane og advokat-  
systema. Ferdigstillinga av dette arbeidet og  
utprøving av løysinga saman med leverandørane  
av advokatsystem er førebels utsett, ettersom det  
ikkje har vore kapasitet i Domstoladministra-  
sjonen og domstolane. Dette må bli sett i saman-  
heng med den situasjonen domstolane er i som  
følgje av virusutbrotet.

Lyd- og bilettopptak under hovudforhandlinga  
vil styrke høvet til å etterprøve rettsforhandlin-  
gane, og dermed styrke rettstryggleiken. Domsto-  
ladminstrasjonen har sidan 2016 hatt eit prøve-  
prosjekt med lyd- og bilettopptak. Formålet er å  
finne fram til gode og rimelege tekniske løysingar  
og gode arbeidsprosessar, slik at ein kan vurdere  
å innføre lyd- og bilettopptak ved alle domstolane i  
landet.

Prøveprosjektet har omfatta Nord-Troms ting-  
rett og Hålogaland lagmannsrett. I 2019 vart pro-  
sjektet utvida til å omfatte Gulating lagmannsrett  
og Jæren tingrett. Utvidinga vil sikre betre erfa-  
ringsgrunnlag når det gjeld gjenbruk av forklar-  
ingar ved at opptak av forklaringsar som vart gitte  
under hovudforhandlinga, kan bli spelte av, i sta-  
den for at ein har direkte forklaringsar i ankefor-  
handlinga. Virusutbrotet har forseinka utprøvinga  
med om lag 4–5 månader. Særleg gjeld dette gjen-  
bruk av opptak i behandlinga i lagmannsretten.

Prosjektet Elektronisk samhandling mellom  
aktørane i straffesakskjeda (ESAS) etablerte i

løpet av 2018 ein effektiv, sikker og robust digital  
felleskomponent for utveksling av data (Justis-  
hub) innan straffesakskjeda. Det var i 2020 løyva  
30 mill. kroner til særleg å kople fleire sentrale  
verksemdar i straffesakskjeda på Justishub og  
utvikle nye løysingar som gjer det mogleg å  
utveksle strukturert informasjon mellom fagsys-  
tem for utvalde arbeidsprosessar.

Domstoladministrasjonen har sett ned ei  
arbeidsgruppe for å kartlegge kva for tekniske og  
regulatoriske justeringar, samt økonomiske ram-  
mer, som er nødvendig for å gjere rettsavgjerder  
meir tilgjengelege. Jf. Innst. 6 S (2019–2020).  
Arbeidsgruppa skal levere ein rapport innan 1.  
desember 2020. Eit sentralt spørsmål i arbeidet er  
ivaretaking av omsynet til personvern gjennom  
krav om aidentifisering. Uavhengig av tilrådingar  
og val knytt til dette og andre spørsmål, er det  
nødvendig med tekniske tilpassingar i domstola-  
nes fagsystem for å samle og strukturere informa-  
sjonen for å gjere den tilgjengeleg. Det vart løyva  
1,5 mill. kroner til formålet i 2020. I 2021 blir mid-  
lane ført vidare for å arbeide vidare med å gjere  
rettsavgjerder meir tilgjengelege.

Skuldevne, samfunnsvern og rettspsykiatrisk  
sakkunne

Prop. 154 L (2016–2017) *Endringer i straffeloven  
og straffeprosessloven mv. (skyldevne, sam-  
funnsvern og sakkyndighet)* følgjer opp utgreinga  
frå tilreknelegutvalet og utgreinga deira NOU  
2014: 10 *Skyldvne, sakkyndighet og samfunnsvern*.  
Lovendringane skal gjere identifiseringa av lov-  
brytarar som ikkje bør straffast – dei utilrekne-  
lege som ikkje kan klandrast for handlingane  
sine –, meir treffsikker. Vidare skal lovendringane  
styrke samfunnsvernet og auke kvaliteten i  
rettspsykiatrisk sakkunnigarbeid. Lovforslaget  
vart vedteke av Stortinget i juni 2019 og trådde i  
kraft 1. oktober 2020. Ei ny forskrift om rettspsyki-  
atriske undersøkingar og sakkunnige trådde i  
kraft samstundes med lovendringane. Forskrifta  
vil gjere regelverket lettare tilgjengeleg for bruka-  
rane, og sikre at det sakkunnige arbeidet i  
rettspsykiatrien i Noreg blir meir konsistent.

Rettsmekling

Rettsmekling bidrar til raskare, billigare og meir  
skånsam tvisteløysing. Partane får sjølv ansvar for  
å løyse konflikten gjennom mekling og forlik.

Regjeringa har sendt ut eit høyringsnotat som  
blant anna omhandlar endringar i reglane om



rettsmekling for å bidra til at fleire nyttar seg av slik mekling, sjå punkt 4.2.

Både talet på rettsmeklingsmøte og talet på saker som er forlikte som resultat av rettsmekling, har auka noko dei siste fem åra. I 2019 enda 67 prosent av sakene som gjekk til rettsmekling med forlik. Det er stor variasjon mellom domstolane når det gjeld talet på rettsmeklingsmøte og forliksprosent. Blant anna har gode fagmiljø og engasjement for mekling i ein del større domstolar gitt gode resultat.

Når det gjeld tvistesakene som vart avgjorde i 2019, vart det halde rettsmeklingsmøte i 24 prosent av dei (1 936 saker) i første instans og i 12 prosent av dei (221 saker) i andre instans. Forliksprosenten i tingrettane var 67, medan han var på 71 prosent i lagmannsrettane.

I løpet av 2019 og 2020 har alle jordskifterettane gjennomført tiltak for å heve kompetansen innanfor rettsmekling. Målet er at ein større del av sakene skal kunne gå til rettsmekling. Satsinga på rettsmekling held fram i 2021.

#### Domstollokale

Domstoladministrasjonen forvaltar litt meir enn 100 leigeobjekt med om lag 450 rettssalar. Fleire domstolar har lokale som ikkje er formålstenlege. Dette påverkar både brukarar og tilsette og med det saksavviklinga i domstolane. I 2018 vart leigeforholda gjennomgått med sikte på å identifisere domstollokale med behov for oppgradering. Gjennomgangen viste at ved om lag 40 domstollokale var det behov for større eller mindre oppgraderingar ved det eksisterande leigeforholdet, eventuelt ved at det vart inngått eit nytt leigeforhold.

#### Rehabilitering av Bergen tinghus

Etter konseptvalutgreiing og ekstern kvalitetssikring (KS1) avgjorde regjeringa i juni 2017 at rehabilitering av Bergen tinghus skal bli lagd til grunn som konseptval for det vidare arbeidet med nytt tinghus i Bergen. I første halvdel av 2018 vart konseptet vidareutvikla, og det vart gjennomført ny ekstern kvalitetssikring (KS1 trinn 2). Rapporten frå den eksterne kvalitetssikraren vart overlevert til Justis- og beredskapsdepartementet i mars 2019. Det har vore to hovudalternativ for nytt tinghus i Bergen – rehabilitering av eksisterande verneverdige bygg eller nybygg. Regjeringa har vurdert at dagens bygg er eit viktig signalbygg som framleis burde vere ein domstolsbygning. Det skal difor planleggast for ei omfattande rehabilitering som vil gjere tinghuset betre, både for dei til-

sette og dei besøkjande, slik at Bergen tinghus kan fungere som rettslokale for ein moderne tingrett også i framtida.

I 2020 vart det gjort ei utgreiing for å sjå nærare på korleis tryggleiken i tinghuset kan forbe-  
trast på kort sikt. Regjeringa foreslår å løyve 11 mill. kroner i 2021 til forprosjektering av nytt tinghus i Bergen. Sjå omtale i Prop. 1 S (2020–2021) til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

#### Nytt tinghus i Drammen

Sidan 2019 har det pågått eit arbeid med forprosjekt for nytt tinghus i Drammen, som er venta ferdigstilt primo 2021. Prosjektet skal etter planen bli gjennomført som eit brukarfinansiert statleg byggjeprojekt.

#### Tryggingstiltak i domstolane

Grunnsikring i domstolane har dei siste åra vore eit prioritert område. Grunnsikring omfattar blant anna å etablere ei indre sone der berre dommarar og andre tilsette i domstolen kan ferdast fritt, overfallsalarmar og innsyn i rettssalar. Dette vil møte nokre av utfordringane i samband med at det blir fleire rettssaker med alvorlege brotsverk og høgt konfliktnivå. Overfallsalarm og innsyn i rettssalane er langt på veg etablert i alle domstolar, men soneskilje manglar enno i nokre få lokale. Domstoladministrasjonen følgjer opp arbeidet med å etablere grunnsikring i domstolane.

I dag er det permanent tryggleiks- og tilgangskontroll i Høgsterett og i Oslo tinghus, og besøkande blir skanna via ein elektronisk bøyel. I Trondheim tinghus, Bergen tinghus, Stavanger tinghus og i Gulating lagmannsrett er det eige tryggleikspersonell. Tryggleiks- og tilgangskontroll vil sikre tilsette og brukarar mot at gjenstandar som kan skade andre, til dømes våpen eller eksplosiv, blir førte inn i rettslokala. Tiltaket skaper tryggleik for gjennomføringa av både straffesaker og sivile saker. Domstoladministrasjonen vurderer å etablere permanent tryggleiks- og tilgangskontroll i fleire store tinghus. Spørsmål knytte til tryggingstiltak i tinghusa i Bergen og Drammen blir vurderte gjennom utgreiingane som er omtalte ovanfor.

#### Informasjonstryggleik

Domstoladministrasjonen har det overordna ansvaret for informasjonstryggleik, under dette IKT-tryggleik i domstolane. I 2018 vart det utført ein internrevisjon av styringssystemet for infor-

masjonstryggleik i domstolane og Domstoladministrasjonen. Revisjonen avdekte behov for å setje i verk fleire tiltak for å betre styringssystemet. Med utgangspunkt i strategien for domstolane og som ledd i oppfølging av revisjonen vil arbeidet med informasjonstryggleik få større vekt, og arbeidet vil vere basert på relevante nasjonale føringar, internasjonale standardar og kjende rammeverk. Ein ny internrevisjon vil bli sett i gang i løpet av 2021.

### **Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga dekker alle ordinære driftsutgifter i Domstoladministrasjonen, medrekna faste og variable lønnsutgifter og lønnsutgifter til tilkalla og ekstraordinære dommarar i tingrettane, jordskifterettane og lagmannsrettane. Løyvinga skal vidare dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar knytte til dei enkelte domstolane. Løyvinga dekker òg utgifter til Finnmarkskommisjonen, Utmarksdomstolen for Finnmark, Tilsynsutvalet for dommarar og Innstillingsrådet for dommarar.

Bemanninga i Domstoladministrasjonen utgjorde 104,7 årsverk per 31. desember 2019. Bemanninga ved tingrettane utgjorde 367 dommarårsverk, 175 dommarfullmektigårsverk og 706 andre årsverk per 31. desember 2019. Bemanninga ved lagmannsrettane utgjorde 180 dommarårsverk og 116 andre årsverk per 31. desember 2019. Bemanninga ved jordskifterettane utgjorde 76 dommarårsverk og 142 andre årsverk per 31. desember 2019.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 71 mill. kroner til heilårseffekt av dei midlertidige dommarstillingane som blei løyva i samband med økonomiske tiltak i møte med virusutbrotet. Regjeringen foreslår at løyvingsauka til stillingar er ei varig auke i budsjetta til domstolane for å bidra til å byggje ned restansar og korte ned saksbehandlingstida.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 42,6 mill. kroner til Digitale domstolar II.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 7 mill. kroner til å byggje lokalar i Oslo tingrett for å handtere informasjon på graderingsnivå «STRENGT HEMMELIG» i samband med *ny lov om Etterretningstjenesten*.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 5 mill. kroner som følgje av utviding av rett-

skrinsane til tingrettane. Løyvingsendringa bygger på ei utviding av rettskrinsane til tingrettane.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 27,7 mill. kroner som følgje av lønnsauken for dommarar i tingrettane og lagmannsrettane med verknad frå 1. oktober 2019.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2 mill. kroner til å behandle saker om tilbakekall av statsborgarskap, jf. omtale under kategori 06.90.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2,75 mill. kroner til utbeiringar i Høgsterett, jf. omtale under kap. 61, post 01.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 01, mot tilsvarende meirinntekter over kap. 3410, post 02 og 03, jf. forslag til vedtak. Vidare blir det foreslått at kap. 410, post 01 får stikkordet *kan nyttas* under kap. 61, post 01 og at kap. 61, post 01 får stikkordet *kan nyttas under* kap. 410, post 01, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2 761 mill. kroner.

### **Post 21 Spesielle driftsutgifter**

Løyvinga på posten dekker utgifter som etter rettsgebyrlova er inkluderte i rettsgebyret, jf. kap. 3410, til dømes kunngjeringsutgifter, nødvendige utgifter ved tvangsforretningar, registrering m.m. under offentleg bubehandling og forkynning som er nødvendig etter lova. I enkelte saker blir utgifter til meddommarar, vitne og rettsvitne m.m. dekte. Løyvinga dekker òg arbeidsgivaravgift av godtgjersle til meddommarar og tolkar i sivile saker der partane sjølve dekker godtgjersla.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 86,4 mill. kroner.

### **Post 22 Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler, kan overføres**

Jordskiftedomstolane har heimel til å krevje inn sideutgifter i visse saker. Sideutgiftene skal dekke det tekniske arbeidet i desse sakene. Utgiftene skal først i eigne saksrekneskapar.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 22, mot tilsvarende meirinntekter over kap. 3410, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2,7 mill. kroner.

**Kap. 3410 Domstolene**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Rettsgebyr	323 303	260 596	330 251
02	Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene	23 004	24 390	25 045
03	Diverse refusjoner	8 019	1 910	1 961
04	Vernesaker jordskiftedomstolene	2 172	2 452	2 440
	Sum kap. 3410	356 498	289 348	359 697

**Post 01 Rettsgebyr**

Rettsgebyr (R) er eit grunngebyr som dannar utgangspunkt for utrekning av betaling for tenester i offentlig verksemd. Gebyret som blir betalt, er sett saman av grunngebyret R og ein multiplikator.

Det blir foreslått å auke rettsgebyret frå 1 172 kroner til 1 199 kroner med verknad frå 1. januar 2021. Dette er i tråd med berekna prisvekst for 2021.

Løyvinga på posten dekkjer inntekter frå gebyrpliktige oppgåver i domstolane i samband med tvistesaker, skjønn, skifte, konkurs, tvangsforretningar m.m.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 65 mill. kroner med utgangspunkt i rekneskapstal og forventta utvikling i inntekter frå gebyrpliktige oppgåver i domstolane

Det blir foreslått ei løyving på posten på 330,3 mill. kroner.

**Post 02 Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene**

Løyvinga på posten omfattar inntekter ved at partane i saka betaler gebyr.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 01, mot tilsvarende meir-

rinntekter over kap. 3410, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 25 mill. kroner.

**Post 03 Diverse refusjoner**

Posten dekkjer refusjonar som blir brutto inntektsførte ved domstolane i første instans og lagmannsrettane, blant anna refusjonar etter avrekning av energiutgifter m.m.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 01, tilsvarende meirinntekter over kap. 3410, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2 mill. kroner.

**Post 04 Vernesaker jordskiftedomstolene**

Løyvinga på posten samsvarer med tilsvarende utgifter over kap. 410, post 22.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 22, mot tilsvarende meirinntekter over kap. 3410, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2,4 mill. kroner.

**Kap. 414 Forliksråd og andre domsutgifter**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	237 941	231 486	248 045
21	Spesielle driftsutgifter	34 938	36 998	38 591
	Sum kap. 0414	272 879	268 484	286 636

Forliksråda er det lågaste leddet i rettssystemet for sivile saker og er ein meklingsinstitusjon med avgrensa myndigheit til å fastsetje dom. Hovudoppgåva til forliksrådet er å leggje til rette for at partane ved mekling eller dom får løyst saka enkelt, hurtig og rimeleg.


Saksbehandlinga i forliksråda skal bli meir digital, blant anna ved at det skal bli mogleg for publikum å fremme forliksklage og generelle førespurnader digitalt. Det er òg eit arbeid på gang med å etablere ein eigen portal for forliksråda for at medlemmene skal kunne lese saka, skrive avgjerda og signere rettsbøkene digitalt.

Forliksråda tok imot 92 345 saker i 2019 og behandla 89 394. Talet på forliksklagar auka med 14 prosent frå 81 125 saker i 2018 til 92 345 nye saker i 2019. Til samanlikning var auken frå 2017 til 2018 på 5 prosent. Forliksråda tok imot 39 914 saker i første halvår 2020 og behandla 34 459. Talet på forliksklagar sank med 16,8 prosent frå 47 960 saker i første halvår 2019 til 39 914 saker i

den same perioden i 2020. Til samanlikning var auken frå første halvår 2019 til første halvår 2018 på 22,7 prosent. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for behandlinga av forliksklagar var 79 dagar i 2019.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for behandlinga av forliksklagar var 93 dagar i første halvår 2020. Saksbehandlingstida har auka etter som forliksråda har hatt redusert møteverksemd grunna virusutbrotet. Etter rettsferien har det i all hovudsak vore ordinær møteverksemd med smittevernstiltak. Etter at det vart mogleg å krevje oppfrisking av fråværsdommar frå 1. januar 2019, er det registrert inn i alt 1 200 krav om oppfrisking. I løpet av første halvår 2020 har forliksråda registrert inn 746 krav om oppfrisking. Figur 2.7 viser utviklinga i saksbehandlinga frå 2015 til 2019.

Sjå òg omtale om sivil rettspleie på grunnplanet under programkategori 06.40.



Figur 2.7 Saksavvikling i forliksråda 2015–2019

Stortinget har vedteke Prop. 133 L (2018–2019), der verdigrensa for obligatorisk forliksrådsbehandling er endra frå 125 000 kroner til 200 000 kroner med verknad frå 1. juli 2020, jf. punkt. 4.2 om endringar i tvistelova. Dette vil føre til om lag 500 fleire saker for forliksråda.

### **Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga på posten dekker godtgjersle og tapt arbeidsforteneste til meddommarar, enkelte sak-kunnige, vitne, rettsvitne m.m. og reiseutgiftene deira. Vidare dekker løyvinga utgifter til tolkar i sivile saker der partane har krav på tolk. Løyvinga på posten dekker òg utgifter til vitne som møter hos eller på annan måte gir forklaring til Kommi-

sjonen for gjenopptaking av straffesaker, og utgifter til nødvendige blodprøver og DNA-testar i arbeidet til kommisjonen.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 13,6 mill. kroner med utgangspunkt i rekneskapstall og forventa utvikling i sivile saker.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 248 mill. kroner.

### **Post 21 Spesielle driftsutgifter**

Posten dekker utgifter til godtgjersle og køyre-godtgjersle til medlemmer av forliksråda og utgifter til nødvendige kompetansehevande tiltak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 38,6 mill. kroner.

## Programkategori 06.30 Straffegjennomføring og konfliktråd

Utgifter under programkategori 06.30 fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
01–25	Driftsutgifter	4 971 933	5 071 359	5 285 996	4,2
30–49	Nybygg, anlegg m.v.	73 792	195 036	37 808	-80,6
60–69	Overføringer til kommuner	71 587	83 608	99 811	19,4
70–89	Overføringer til private	29 432	28 231	56 556	100,3
Sum kategori 06.30		5 146 744	5 378 234	5 480 171	1,9

Utgifter under programkategori 06.30 fordelt på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
430	Kriminalomsorgen	4 892 091	5 186 962	5 126 660	-1,2
432	Kriminalomsorgens høyskole og utdanningssenter	254 653	191 272	179 195	-6,3
433	Konfliktråd			174 316	
Sum kategori 06.30		5 146 744	5 378 234	5 480 171	1,9

### 1 Innleiing

Programkategori 06.30 omfattar løyvinga til Kriminalomsorgsdirektoratet (kap. 430), Høgskulen og utdanningssenteret for kriminalomsorga (KRUS) (kap. 432) og Sekretariatet for konfliktråda (kap. 433). Hovudtyngda av midlane under programkategorien blir løyvde under kap. 430 *Kriminalomsorga*.

Justissektoren har seks hovudmål, som nemnt i del I. For verksemdene under programkategori 06.30 er særleg måla om effektiv kamp mot kriminalitet, rettstryggleik og tryggleik i samfunnet sentrale.

Kriminalomsorga skal sjå til at dei som domstolane dømmer til straff, gjennomfører straffa, og dei skal stille varetektsplassar til disposisjon for politiet. Mengda med oppgåver som kjem til kri-

minalomsorga, er avhengig av aktivitetane og prioriteringane til politiet og påtalemakta (programkategori 06.40) og domstolane (programkategori 06.20). Fleire oppklarte saker hos politiet og raske behandling hos påtalemakta og domstolane vil gi større behov for kapasitet hos kriminalomsorga. Godt rehabiliterings- og tilbakeføringsarbeid, effektiv førebyggjande innsats og meir bruk av administrative sanksjonar vil derimot bidra til å redusere behovet for kapasitet i kriminalomsorga.

Straff skal gjennomførast på ein måte som tek omsyn til formålet med straffa, motverkar nye straffbare handlingar og er tryggjande for samfunnet, og som innanfor desse rammene sikrar dei innsette og domfelte tilfredsstillande forhold. Ved varetektsfengsling skal kriminalomsorga leggje forholda til rette for å motverke dei negative følgjene av isolasjon. Vilkårslaus fengselsstraff blir i

utgangspunktet gjennomført i fengsel. I bestemte tilfelle kan kriminalomsorga likevel avgjere at vilkårslaus fengselsstraff skal gjennomførast utanfor fengsel.

Konfliktråda bidrar til å førebyggje kriminalitet gjennom bruk av gjenopprettande prosessar, både i sivile saker og i straffesaker. Gjennom dialog kjem partane fram til løysingar som kan bidra til at dei kjem seg vidare i livet. Slike prosessar kan brukast i straffesakskjeda som ein eigen strafferettsleg reaksjon på påtalestadiet og domsstaadiet, som deldom eller som ledd i ei straffegjennomføring. Konfliktråda er ansvarlege for gjennomføringa av straffereaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging, som rettar seg mot ungdom mellom 15 og 18 år som har eit oppfølgingsbehov.

## 2 Budsjettprioriteringar

Ei god kriminalomsorg krev både rett samansett kapasitet og eit godt og rehabiliterande innhaldsarbeid. Regjeringa vil i 2021 prioritere å redusere bruken av isolasjon og utestenging i fengsla. Ei anna viktig prioritering er å byggje ned vedlikehaldsetterslepet i kriminalomsorga for å halde oppe viktig kapasitet på høgt tryggningsnivå.

Regjeringa foreslår desse prioriteringane i 2021-budsjettet:

- 11,8 mill. kroner til reduksjon av isolasjon i fengsel, inkl. løyve under Helse- og omsorgsdepartementets budsjett
- 46,3 mill. kroner ytterlegare til arbeid med forprosjekt av nytt Oslo fengsel, inkl. løyve under Statsbyggs budsjett

## 3 Straffegjennomføring sett i verk

Straffegjennomføring i Noreg skal skje på ein måte som er tryggjande for samfunnet. Det er eit mål at gjennomføringa skal motverke nye straffbare handlingar. Kriminalomsorga gjennomfører straff både i fengsel og i samfunnet.

Det er færre innsette i fengsla i dag enn i starten av regjeringsperioden. Ein reduksjon i talet på innsetjingar i varetekt og i talet på dommar til kriminalomsorga har bidratt til færre innsette. Samstundes blir det gjennomført lengre straffer, og

domsinnsette sit lenger i fengsel enn tidlegare. Dette kjem både av at det totalt er færre som får kortare straffer, og av at dei som er dømde til kortare dommar, oftare får gjennomføre straffa si med elektronisk kontroll.

Bruken av elektronisk kontroll har auka. Ordninga gjer det mogleg for domfelte å behalde bustad og arbeid under straffegjennomføringa, og ho er òg eit viktig verkemiddel i utslusinga av domfelte til samfunnet.

Straffereaksjonane samfunnsstraff, bøteteneste, vilkårsbunden dom med narkotikaprogram med domstolskontroll (ND) og vilkårsbunden dom med program mot ruspåverka køyring blir gjennomførte av friomsorgskontora. Talet på samfunnsstraffer som er sette i verk årleg, har gått ned i regjeringsperioden. I den same perioden har talet på oppdrag med narkotikaprogram med domstolskontroll som er sette i verk, auka. Talet på oppdrag med bøteteneste som er sette i verk, har òg auka, noko som er ein konsekvens av at tenesta no er landsdekkande.

Straffegjennomføring i institusjon (straffegjennomføringsloven § 12) frigjer bruk av kapasitet i fengsla. Dei siste åra har det vore ein nedgang i bruken av straffegjennomføring i institusjon. Viktige årsaker er reduksjonen i talet på mottekne dommar og ein auke i talet på vilkårsbundne dommar med narkotikaprogram med domstolskontroll. Eit anna forhold som har hatt innverknad på resultatet, er den dreininga som har gått føre seg i rusbehandlinga, frå døgnbehandling til meir bruk av poliklinisk behandling.

Konfliktråda har ansvaret for straffereaksjonane ungdomsoppfølging, ungdomsstraff og oppfølging i konfliktråd.

Konfliktråda har sidan reaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging vart sette i verk i 2014, kvart år teke imot fleire saker. I 2019 auka talet på saker med ungdomsstraff, medan talet på saker med ungdomsoppfølging har gått ned. Delen ungdom som fullfører straffereaksjonane, har auka frå 56 prosent i 2015 til 71 prosent i 2019.

Oppfølging i konfliktråd er meint nytta der det kan være behov for oppfølging utover ordinære meklingsmøte, dvs. mekling i konfliktråd som alternativ straffesak. Konfliktråda tek jamt over imot eit lågt tal saker til oppfølging i konfliktråd.

**Kap. 430 Kriminalomsorgen**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	4 620 636	4 788 033	4 872 334
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 430 post 01</i>	96 644	92 054	96 384
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	73 792	195 036	37 808
60	Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., <i>kan overføres</i>	71 587	83 608	86 200
70	Tilskudd	29 432	28 231	33 934
	Sum kap. 0430	4 892 091	5 186 962	5 126 660

Kriminalomsorga er organisert med eit sentralt direktorat, Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI), som står for den faglege og administrative leiinga av kriminalomsorga.

Sjå omtale av Høgskulen og utdanningssentret for kriminalomsorga (KRUS) under kap. 432.

**4 Rett samansett kapasitet**

Ein rett samansett kapasitet og ei god utnytting av denne kapasiteten sikrar ei effektiv kriminalomsorg. Det er eit mål at domfelte startar straffegjennomføringa så raskt som mogleg etter domsavgjerd, at sikta som er varetektsfengsla blir overførte frå politiarrest til fengsel innan fastsett frist og at soningskøen er på eit stabilt lågt nivå.

Justis- og beredskapsdepartementet har sett i gang eit arbeid med ei stortingsmelding om kriminalomsorga. Meldinga vil blant anna beskrive dei sentrale utviklingstrekk dei siste åra og peike på utfordringar i tida framover. Regjeringa vil komme tilbake til saka på ein eigna måte.

Regjeringa ønskjer å endre måten kriminalomsorga er organisert på i dag, frå tre til to forvaltningsnivå. Etter planen skal det etablerast tolv straffegjennomføringseiningar med ansvar for straffegjennomføring både i fengsel og i samfunnet og to einingar for å vareta fellestenester. Hovuddelen av ressursane blir flytt frå dagens regionaladministrasjonar til dei lokale einingane.

Omorganiseringa vil styrke det lokale nivået i kriminalomsorga og gjere det lettare å sjå heile straffegjennomføringa i samheng. Den nye organiseringa skal bidra til ei betre straffegjennomføring og gjere det lettare å nå målet om tilbakeføring til eit liv utan kriminalitet. Ho vil òg styrke Kriminalomsorgsdirektoratets føresetnader for å utvikle kriminalomsorga på ein heilskapleg måte. Regjeringa har som følge av dette lagt fram Prop. 143 L (2019–2020).


**4.1 Konsekvensar i kriminalomsorga av virusutbrotet**

Innsette i fengsel har ofte dårlegare helse enn i resten av befolkninga. Som ein konsekvens av virusutbrotet sette kriminalomsorga i mars 2020 i verk tiltak for smittevern. Strategien ein følgde for å redusere smittefaren i fengsla og forseinke og motverke smittespreiinga til innsette og tilsette, var blant anna å redusere talet på innsette og sikre at ingen innsette måtte dele rom. All innkalling til soning i fengsel på lågare tryggingnivå vart i ein periode stansa, og det same vart bruken av fleirsengsrom.

Tiltaka som vart sette i verk, førte til at det kom lite smitte inn i norske fengsel.

Samstundes førte tiltaka til at soningskøen auka raskt. I juli var soningskøen på om lag 1 400 dommar. Medio september 2020 var soningskøen på i overkant av 1 000 dommar, jf. figuren under.





Figur 2.8 Utvikling i soningskøen for vilkårslause dommar, 2013–2020

For å stabilisere soningskøen har kriminalomsorga arbeidd for å auke bruken av elektronisk kontroll, sidan dei aller fleste i soningskøen ventar på å sone ved fengsel med lågare tryggningsnivå. I mai 2020 opna kriminalomsorga for igjen å kalle inn til soning på lågare tryggningsnivå, og frå juni 2020 vart det igjen opna for å ta i bruk fleirsengsrom, i tråd med dei gjeldande smitteverntiltaka. Tiltaka som er sette i verk, har bidratt til at soningskøen igjen er på veg ned. Kriminalomsorga forventar ein vidare nedgang i soningskøen i tida framover. Sjå òg omtale i del I, oppmodingsvedtak nr. 593 (19. mai 2020).

#### 4.2 Tilpassa kapasitet i kriminalomsorga

Kapasiteten i kriminalomsorga må tilpassast endringar i kriminalitetsbiletet, jf. omtale under del I. Kriminalomsorga tilrår ei kapasitetsutnytting på 90 prosent, blant anna av omsyn til at ein skal kunne stille varetekts plassar til disposisjon for politiet når det trengst. Kapasitetsutnyttinga i fengsla var høg i perioden 2013–2016. Dette var nødvendig for å redusere den dåverande soningskøen.

I samband med koronapandemien gjekk kapasitetsutnyttinga i fengsla ned som ei følgje av at ingen innsette skulle dele rom.

Tabell 2.3 Kapasitetsutnytting i fengsel, 2013–2020<sup>1</sup>

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Kapasitetsutnytting i fengsel (totalt)	97 %	98 %	96 %	95 %	92 %	88 %	89 %	90 %
Høgt tryggningsnivå	97 %	99 %	98 %	96 %	92 %	89 %	88 %	90 %
Lågare tryggningsnivå	95 %	96 %	95 %	94 %	90 %	86 %	91 %	87 %

<sup>1</sup> Tala for 2018–2019 omfattar dubleringskapasitet. Tala for 2020 gjeld per 16. september.

Kriminalomsorga har fortløpande vurdert korleis kapasiteten kan utnyttast, sett i samanheng med smittevernsituasjonen. I juni vart igjen fengsla drifta som i ein normalsituasjon, med dei nødvendige forholdsreglane om smittevern, og kapasitetsutnyttinga har igjen auka.

I lov om endringer i straffegjennomføringsloven mv. (gjennomføringstiden for straffegjennomføring

med elektronisk kontroll mv.) av 20. desember 2019 vart gjennomføringstida for elektronisk kontroll auka frå fire til seks månader. Lovendringa tredde i kraft 1. juli 2020. Endringslova gir òg lovheimel for bruk av sporingsteknologi. Dette skal brukast for å kontrollere at dei som gjennomfører straffa, ikkje bryt vilkåra om blant anna opphaldsstad. Denne endringa tredde i kraft 1. september 2020.

Endringane vil gjere målgruppa større og dessutan sikre ein meir effektiv og mindre tid- og ressurskrevjande kontroll av at vilkåra for elektronisk kontroll blir følgde.

Regjeringa arbeider for å sikre trygge og likeverdige forhold for kvinner som sonar straff, og kriminalomsorga har som mål at kvinner ikkje skal sone saman med menn. Kriminalomsorga har to fengsel som berre har plassar for kvinnelege innsette, og eigne, separate kvinneavdelingar ved ytterlegare tre fengsel. I 2020 er i tillegg ei avdeling ved Bergen fengsel blitt gjort om til ei avdeling med lågare tryggingnivå for kvinner. I 2019 utgjorde kvinnelege innsette om lag ti prosent av alle innsetjingar. Om lag seks prosent av dei som ventar på soning i fengsel, er kvinner.

Regjeringa arbeider for at barn ikkje skal sitje i fengsel saman med vaksne. Kriminalomsorga har derfor to landsdekkande ungdomseiningar med til saman åtte plassar for innsette mellom 15 og 18 år som har gjort seg skuldige i alvorleg kriminalitet. Det gjennomsnittlege talet på innsette under 18 år i 2018 og 2019 var høvesvis 5,9 og 7,2. I seinare tid har det vore ein auke i talet på innsette under 18 år, og det har tidvis vore fleire mindreårige innsette enn det er plass til i ungdomseiningane. For å sikre eit tilrettelagt opplegg for innsette under 18 år i ordinære fengsel vart Indre Østfold fengsel, Eidsberg avdeling, tildelt ekstra midlar i 2020. Det er foreslått å vidareføre løyvinga i 2021.

Regjeringa har prioritert arbeidet med å overføre utanlandske domfelte til heimlandet så dei kan halde fram soninga der. 44 personar vart overførte til soning i heimlandet i 2019. Dette er ein nedgang frå tidlegare år. Årsaka til nedgangen er at det er komme inn færre sakar. Dommane som vart overførte til soning i heimlandet i 2019, hadde eit omfang som svarer til drift av om lag 71 fengselsplassar med fullt belegg i eitt år. Regjeringa arbeider med avtalar med fleire land. Regjeringa meiner det på sikt bør vere eit mål å knyte seg til EUs rammeavgjerd om soningsoverføring for å gjere arbeidet med soningsoverføringar endå meir effektivt, og for å minske behovet for bilaterale avtalar på dette feltet.

#### 4.3 Vidare utvikling av kapasitet

For at ein skal kunne utnytte ressursane på ein mest mogleg effektiv måte, har det vore nødvendig å leggje ned fengselsplassar det ikkje er bruk for. I 2019 og 2020 vart det derfor lagt ned om lag 290 fengselsplassar på lågare tryggingnivå, jf. Innst. 6 S (2018–2019) og Innst. 6 S (2019–2020).

Om lag 250 av plassane vart lagde ned på grunn av overskot i kapasiteten på lågare tryggingnivå, medan dei resterande plassane er lagde ned i samband med etableringa av det nye fengselet i Agder, jf. Prop. 129 S (2016–2017) og Innst. 401 S (2016–2017).

I 2020 opna nye Agder fengsel, Mandal avdeling og Froland avdeling. Fengselet har høvesvis 100 og 200 plassar på høgare tryggingnivå. Plassar med høgt tryggingnivå ved Arendal fengsel, Parkveien, og Kristiansand fengsel vart lagde ned i samband med opninga av Agder, sommaren 2020. Det nye fengselet er bygt med nye digitale løysingar. Tryggleiksskannarar og tilrettelegging for innføring av eit pust- og rørslesystem vil gi ein meir effektiv kontroll av innsette og besøkande. Dei innsette vil få tilgang på digitale tenester som dei, i motsetnad til resten av befolkninga, ikkje har tilgang på i dag.

Fleire fengsel treng vedlikehald. Statsbygg forvaltar dei fleste fengselsbygga og har ansvaret for vedlikehaldet. Løyvinga til vedlikehald og bygging av nye fengsel skjer over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Sjå programkategori 13.30, kap. 2445 *Statsbygg*, i Prop. 1 S (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I perioden 2013–2019 vart fengsla haldne ved like for totalt om lag 1,34 mrd. kroner. Løyvinga til Statsbygg vart i 2020 mellombels styrkt med 65 mill. kroner for å framskynde vedlikehald av fengsel, jf. Prop. 127 S (2019–2020) og Innst. 360 S (2019–2020).

Det er likevel behov for ekstraordinært vedlikehald. I 2021 vil regjeringa vidareføre vedlikehalds- og rehabiliteringsprosjekt som er sette i gang. Regjeringa vil særskilt prioritere å halde oppe viktig kapasitet for forvaring og varetekt.

Det er kritisk vedlikehaldsetterslep ved Ila fengsel og forvaringsanstalt, som har størstedelen av forvaringsplassane i Noreg. I 2020 løyvde derfor regjeringa midlar til å byrje arbeidet med å rehabiliterare fengselet. Arbeidet held fram i 2021.

Oslo fengsel er eit av fengsla i austlandsområdet med størst behov for vedlikehald. Fengselet er viktig av omsyn til varetektskapasiteten for politiet i Oslo og det sentrale austlandsområdet. Eit forprosjekt av nytt fengsel i Oslo er planlagt sett i gang hausten 2020. Arbeidet med forprosjekt til ny løysing for Oslo fengsel held fram i 2021.

Konseptvalutgreiinga for straffegjennomførings- og varetektskapasiteten på Vestlandet vart ferdigstilt i april 2019 og ferdig kvalitetssikra (KS1) i februar 2020. Utgreiinga gir eit betre grunnlag for å avgjere kva tiltak som eventuelt bør

prioriterast i denne delen av landet. Regjeringa vil komme tilbake til saka på ein eigna måte.

## 5 Innhaldsarbeid i kriminalomsorga

Det er eit overordna mål for kriminalomsorga å redusere omfanget av tilbakefall til ny kriminalitet og å få fleire domfelte i utdanning og arbeid etter at dei har sona straffa si. For å hindre tilbakefall vil regjeringa arbeide for ei meir rehabiliterande straffegjennomføring med større vekt på innhaldet i straffegjennomføringa.

Kriminalomsorga skal leggje til rette for aktivitetar tilpassa behova til dei innsette, for å unngå isolasjon og uheldige verknader. Det er utdan-

ningsstyresmaktene som har ansvaret for å gi alle innsette som har rett til det, utdanning og opplæring. Innsette har rett til nødvendige og gratis helsetenester i kommunen der fengselet ligg. Ansvaret for dette ligg hos helsestyresmaktene.

Samla har det vore ein stabil del av dei innsette som er aktiviserte i form av arbeid, skule, programverksemd og fritidsaktivitetar, jf. tabellen under. Som ein konsekvens av smitteverntiltaka i fengsla har denne delen gått ned i 2020. Blant anna vart alle gruppeaktivitetar innstilte. Tenester frå andre aktørar, til dømes undervisning, vart òg stansa i ein periode. Kriminalomsorga forventar at aktiviteten vil gå opp igjen etter kvart som tiltak mot smittevern blir oppheva.

Tabell 2.4 Del av fengselsdøgn med aktivitet, 2013–2020<sup>1</sup>

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Fengselsdøgn med aktivitet	77 %	78 %	80 %	80 %	81 %	82 %	82 %	76 %

<sup>1</sup> Talet for 2020 gjeld første halvår.

### 5.1 Isolasjon og utestenging frå fellesskap

Dei siste åra har det blitt peika på utfordringar med utestenging frå fellesskap og isolasjon av innsette. I 2019 la Sivilombodsmannen fram ei særskilt melding til Stortinget om isolasjon i norske fengsel.

Kriminalomsorga arbeider kontinuerleg med å redusere bruken av utestenging og isolasjon i fengsel, både i regelverk og i praksis. Det er, blant anna, sett i verk tiltak for å auke kompetansen om korleis skadeverknader av isolasjon kan hindrast, og det er innført nasjonale planverk for aktivisering og oppfølging av isolerte.

Virusutbrotet har hatt konsekvensar for arbeidet mot isolasjon i fengsla. For at ein skulle unngå smitte til fengsla, måtte nye innsette i ein periode i karantene. Tilbodet om aktivitetar måtte redusere, og i ein periode var det nødvendig å stanse besøk til dei innsette. Regjeringa løyvde i revidert nasjonalbudsjett 2020 midlar til innkjøp av nettbrett, som eit tiltak slik at dei innsette skulle kunne nytte videosamtalar. Sjølv om dei fleste restriksjonane no er oppheva, finst det framleis aktivitetar som ikkje kan nyttast av omsyn til smittevern.

Justis- og beredskapsdepartementet gjennomgår for tida regelverket for utestenging og tvangsmiddel i kriminalomsorga. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med forslag om lovendringar som kan bidra til å redusere bruken av isolasjon.

I 2020 vart det løyvd midlar til eit aktiviseringsteam i Bergen fengsel. Teamet skal bidra til å redusere bruken av utestenging og isolasjon i fengslet, og set i gang tiltak innanfor livsmeistring, butrening og fritidsaktivitetar. Det er foreslått å vidareføre løyvinga i 2021. Samstundes foreslår regjeringa ytterlegare midlar til aktiviseringsteam i kriminalomsorga.

Utfordringane med isolasjon gjeld fengsel med høgt tryggningsnivå. Fleire av desse fengsla er gamle, og manglar areal for aktivitet og fellesskap mellom innsette. Regjeringa held fram med å prioritere å byggje ut og vedlikehalde kapasiteten i kriminalomsorga, jf. omtale under punkt 4.3. Ny kapasitet med meir moderne fengselsbygg vil gi fleire innsette tilbod om fellesskap.

### 5.2 Endringar i gruppa av innsette

I dei seinare åra har det vore endringar i gruppa av innsette i norske fengsel. Fleire innsette har samansette utfordringar og treng psykiatrisk hjelp. Dette er faktorar som verkar inn på miljøet i fengsla, og som tidvis òg gjer det nødvendig å bruke utestenging og tvangsmiddel for å hindre alvorlege hendingar i fengsla. Regjeringa vil styrke behandlingstilbodet innanfor psykisk helsevern i kriminalomsorga og redusere bruken av isolasjon og utestenging i fengsla.

I 2020 vart ei eiga nasjonal fellesskapsavdeling for denne gruppa etablert ved Ila fengsel og forvaringsanstalt. Avdelinga skal bidra til å førebygge

og hindre langvarig isolasjon for mannlege innsette med alvorlege psykiske lidningar. Eit tilsvarende tilbod er så langt ikkje tilgjengeleg for kvinnelege innsette. Regjeringa foreslår derfor å sette av midlar til etablering av eit nasjonalt ressurssteam for kvinner ved Bredtveit fengsel og forvaringsanstalt.

Helseregionane skal i 2021 etablere ein områdefunksjon for spesialisthelsetenesta innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling for innsette. Funksjonen sikrar faste stadlege tenester i alle fengsel. Sjå kap. 732 i Prop. 1 S (2020–2021) for Helse og omsorgsdepartementet.

Mange innsette har òg eit rusproblem, og behovet for tilbod om avrusing ved innsetjing i fengsel er stort. Regjeringa sette derfor i gang eit pilotprosjekt med avrusingseining ved Bjørgvin fengsel i 2019 for å prøve ut ein ny modell for avrusing der helsepersonell gjennomfører avrusing inne i fengselet. Målet er å få til ei forsvarleg avrusing og stabilisering før den innsette kan flyttast over i ei ordinær avdeling.

Det er gjennomført ei utgreiing for å vurdere det samla straffereaksjons- og behandlingstilbodet under straffegjennomføring for personar med rusproblem eller avhengnad, og for å sjå på om innretninga av dette bør endrast. Sjå omtale i del I, oppmodingsvedtak nr. 103 (2. desember 2016).

### 5.3 Velferdsobligasjonar

Arbeids- og velferdsdirektoratet og Kriminalomsorgsdirektoratet har på oppdrag frå Arbeids- og sosialdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet sett i gang eit pilotprosjekt med velferdsobligasjonar, ein modell for utvikling og finansiering av nye tiltak for å førebyggje tilbakefall til kriminalitet. Velferdsobligasjonar er resultatbaserte avtalar mellom fleire partar, som oftast offentlege styresmakter, investorar/stiftingar og private eller ideelle tenesteleverandørar, og har som formål å løyse sosiale problem på ein ny måte.

Eit utval kommunar vart våren 2018 inviterte til å søke om midlar til utvikling av lokale prosjekt. Det vart innvilga tilskot til to lokale prosjekt – eitt i Kristiansand kommune og eit felles initiativ frå

fem kommunar i Vestfold: Horten, Holmestrand, Tønsberg, Sandefjord og Larvik. Våren 2019 vart desse kommunane inviterte til å søke om tilsegn om tilskotsmidlar for å dekke delar av sluttoppgjæret til kommunen dersom dei lokale prosjekta når måla som er sette.

Kommunane Larvik, Sandefjord, Tønsberg og Færder har i 2020 etablert eit interkommunalt prosjekt med sikte på oppstart hausten 2020. Arbeids- og velferdsdirektoratet har i 2020 løyvd midlar til dette prosjektet, sjå Prop. 1 S (2020–2021) for Arbeids- og sosialdepartementet.

Oxford Research er gitt i oppdrag å gjennomføre ei evaluering av pilotprosjektet. Hausten 2020 skal dei etter planen levere ein første delrapport, som skal gi ein kunnskapsstatus for arbeidet. Sjå òg omtale under forslag til romartalsvedtak.

## 6 Tryggleik i kriminalomsorga

Kriminalomsorga skal sikre ei gjennomføring av straff som varetek tryggleiken for både innsette og tilsette. Det er eit mål for kriminalomsorga å hindre at innsette radikaliserer andre innsette. Eit forsvarleg tryggningsnivå bidrar til å hindre at fangar rømmer frå fengsel, og at innsette kan planleggje ny kriminalitet medan dei gjennomfører straff. Det blir stilt strenge krav til kommunikasjonskontroll, besøkskontroll og vurdering av kven som kan sone saman.

I 2019 og 2020 fekk fleire fengsel med høgare tryggningsnivå gjennomlysningsmaskiner. Desse reduserer risikoen for at det blir smugla blant anna rusmiddel, kommunikasjonsutstyr og farlege gjenstandar inn i fengsel. I den same perioden fekk fleire av dei sikraste fengsla i landet tryggleiksskannarar til undersøking av personar. Skannarane styrker åtgangskontrollen i fengsla, og dei vil òg bidra til å redusere talet på kroppsvitasjonar.

Kriminalomsorga prioriterer høgt å styrke førebygginga av vald og truslar mot tilsette og mellom innsette. I 2019 auka talet på registrerte hendingar med vald eller truslar mot tilsette og mellom innsette, etter at det hadde vore ein nedgang i åra før.

Tabell 2.5 Talet på registrerte situasjonar med vald eller truslar mot tilsette og mellom innsette, 2014–2019

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Situasjonar med vald eller truslar mot tilsette	508	801	1 366	1 306	953	1 014
Situasjonar med vald eller truslar mellom innsette	386	298	418	376	292	477

Auken kan knytast til ei utvikling med fleire utagerande og psykisk sjuke innsette. Ein annan faktor som har bidratt til eit tøffare miljø i fengsla, er at innsettepopulasjonen over tid har endra seg. Det er i dag fleire innsette enn tidlegare som er sikta eller domfelte for alvorleg kriminalitet som til dømes vald. Domfelte som har gjort seg skuldige i mindre alvorleg kriminalitet, sonar stadig oftare straffa si med elektronisk kontroll.

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekke ordinære driftsutgifter (lønn, varer og tenester) i kriminalomsorga. Bemaninga i kriminalomsorga per 1. mars 2020 utgjorde 4 433,6 fast tilsette årsverk. Posten dekker vidare utgifter til maskiner og utstyr, kontorutgifter, personalavhengige utgifter, husleige, programverksemd, aktiviseringstiltak og godtgjersler og kosthald for dei innsette.

Det blir foreslått å auke løyvinga med:

- 10 mill. kroner til førebygging av isolasjon i fengsel, under dette
  - 5 mill. kroner til oppretting av eit nasjonalt ressursteam for kvinner ved Bredtveit fengsel
  - 5 mill. kroner til aktiviseringsteam i kriminalomsorga
- 183 mill. kroner til drift og husleige, Agder fengsel
  - Dei samla utgiftene under forvaltningssamarbeidspartnarar i samband med nytt fengsel i Agder og ei nedlegging av overkapasitet av fengselsplassar på lågare tryggningsnivå er berekna til 27,1 mill. kroner. Vi viser til omtalen under budsjettforslaga til Helse- og omsorgsdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet.
- 5 mill. kroner i tilknytning til prosjektgjennomføring av rehabilitering av Ila fengsel og forvaringsanstalt
  - Kostnads- og styringsramma for prosjektet, utan påkomne kostnader for skisse- og forprosjekt, er høvesvis 353 og 302 mill. kroner, ekskludert inventar og brukarutstyr. Styringsramma for brukarutstyrsprosjektet er på 33 mill. kroner. Kostnadsramma for brukarutstyr er på 40 mill. kroner. Sjå òg omtale under forslag til romartalsvedtak.
- 2,5 mill. kroner til arbeid med forprosjekt nytt Oslo fengsel

Det blir foreslått å flytte:

- 2,3 mill. kroner frå Politidirektoratets budsjett (kap. 440, post 01) til kap. 430, post 01, i samband med arbeidet i kriminalomsorga med omvend valdsalarm
- 0,5 mill. kroner frå kap. 430, post 01, til Helsedepartementets budsjett (kap. 732, post 72) i tilknytning til kostnader for forvaltningssamarbeid for innsette under 18 år ved Indre Østfold fengsel, Eidsberg avdeling
- 1,5 mill. kroner frå kap. 430, post 01, i tilknytning til drift av Arendal fengsel, Evje avdeling til:
  - Helsedepartementet (kap. 762, post 61)
  - Kunnskapsdepartementet (kap. 225, post 68)
  - Kulturdepartementet (kap. 326, post 80)

Det blir foreslått å redusere løyvinga med:

- 50,3 mill. kroner i tilknytning til nedlegginga av fengselsplassar i samband med opning av nytt fengsel i Agder
- 41,2 mill. kroner i tilknytning til slutfasekostnader og gjennomføringskostnader ved nytt fengsel i Agder
- 31,3 mill. kroner i tilknytning til avvikling av 100 midlertidige dubleringsplassar
  - Dei samla reduserte utgiftene under forvaltningssamarbeidspartnarar i tilknytning til nedlegging av dubleringsplassane er berekna til 6,4 mill. kroner. Vi viser til omtalen under budsjettforslaga til Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 03 og 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 4 872,3 mill. kroner.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttes under kap. 430, post 01

Posten omfattar utgifter knytte til arbeidsdrifta, av dei utgifter til materialar, rutinemessig utskifting av mindre maskiner og utstyr, kurs for tilsette som rettar seg spesifikt mot hjelpemiddel som blir brukte i arbeidsdrifta, og vedlikehald og drift av maskinparken. I posten inngår òg arbeidspengar til dei innsette.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430, post 21, mot tilsvarende meir-

rinntekter under kap. 3430, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 96,4 mill. kroner.

#### **Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres**

Løyvinga på posten omfattar større utstyrskjøp og vedlikehald. Posten omfattar òg midlar til IKT-løyvingar, maskiner og teknisk utstyr til arbeidsdrifta, anna utstyr til fengsla og innkjøp av køyre- tøy.

Det blir foreslått å auke løyvinga med:

- 11 mill. kroner til prosjektgjennomføring av rehabilitering av Ila fengsel og forvaringsanstalt

Det blir foreslått å redusere løyvinga med:

- 149,9 mill. kroner i tilknytning til eingongsutgifter til utstyr og inventar og digitalisering i tilknytning til nytt fengsel i Agder
- 19,9 mill. kroner i tilknytning til ei eingongsløyving til sikringsutstyr og vedlikehaldsprosjekt mv. i kriminalomsorga

Det blir foreslått ei løyving på posten på 37,8 mill. kroner.

#### **Post 60 Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., kan overføres**

Løyvinga på posten dekkjer refusjonar til kommunale omsorgstiltak for prøvelauslating frå forvaring og varetektssurrogat. Ved prøvelauslating av forvaringsdømde kan retten setje vilkår om at den domfelte tek opphald i institusjon eller kommunal bustad lenger enn eittårsfristen i straffelova § 37 bokstav h. Denne retten er grunnlagt i straffelova § 45 første ledd bokstav c. I samband med etableringa av refusjonsordninga var det eit mål at dei forvaringsdømde som har spesielle behov, skal kunne få opphald i institusjon eller i omsorgsbustad ved prøvelauslating. Denne retten er grunnlagt i straffelova § 45 første ledd bokstav c.

Det krevst særlege grunnar for å setje vilkår om prøvelauslating til kommunal omsorgsbustad eller institusjon. Særlege grunnar gjeld når den domfelte elles ikkje vil kunne bli lauslaten på prøve, og ei prøvelauslating på slike vilkår er vurdert å vere betre for den domfelte enn framleis opphald i anstalt under kriminalomsorga. Dette er særleg aktuelt når den forvaringsdømde er psykisk utviklingshemma eller har psykiske problem og/eller rusproblem. Det er eit vilkår for slik frigi-

ving at institusjonen eller kommunen har samtykt i opphaldet, og at tiltaka er statleg finansierte. Domstolane tek avgjerd om prøvelauslating.

I 2019 vart det utbetalt refusjon etter ordninga på 71,6 mill. kroner. Avgjerder om prøvelauslating frå forvaring med vilkår om at den domfelte tek opphald i institusjon eller kommunal bueining utover eittårsfristen, ligg til domstolane. Det gjer løyvinga behovet på posten usikkert. Det er vanskeleg å føreseie utviklinga i talet på saker, dvs. både kva for saker som vil falle bort, tilførsel av nye saker og kva for krav som vil følgje av avgjerdene til domstolane. Dermed er det òg vanskeleg å føreseie kor kostbare tiltaka knytte til kommunal refusjon vil vere.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 86,2 mill. kroner.

#### **Post 70 Tilskudd**

Post 70 er ei tilskotsordning for frivillig verksemd under verkeområda til kriminalomsorga, dvs. domfelte under straffegjennomføring. Posten dekkjer tilskot til frivillige organisasjonar som får hovuddelen av aktivitetane sine finansierte med andre kjelder. Det er ein føresetnad at verksemda til mottakaren støttar opp om dei generelle måla til kriminalomsorga, og då med særleg vekt på at dei domfelte skal førast tilbake til samfunnet etter at dei har sona straffa si.

Kriminalomsorga skal støtte opp om verksemda til frivillige organisasjonar ved å gi økonomiske tilskot og ved å invitere dei til samarbeid. Organisasjonane gir informasjon og tilbod om samtalar, besøk, opplæring og aktivitetar, inkludert arbeidsretta aktivitetar. Dei skaper viktige møteplassar og nye sosiale nettverk for domfelte som ønskjer seg bort frå kriminelle miljø.

I 2019 vart det fordelt om lag 29,2 mill. kroner til 33 frivillige organisasjonar. Av beløpet vart 24 044 000 kroner øyremerkte, jf. Innst. 6 S (2018–2019). Dei resterande midlane vart fordelte av Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) etter søknad frå organisasjonane. Ei oversikt over fordelinga av midlane er lagd ut på regjeringen.no.

Det blir foreslått å auke løyvinga med:

- 4,8 mill. kroner frå Politidirektoratets budsjett (kap. 440, post 70), i samband med tidlegare øyremerkte tilskot til tilbodet Steg for steg og til samarbeidsprosjekt mellom Bredtveit fengsel og Oslo krisesenter

Heile posten blir i 2021 fordelt av Kriminalomsorgsdirektoratet etter søknad frå organisasjonane. Det blir føreset at midlane blir fordelte ut

frå tydelege kriterium, medrekna at dei legg vekt på omsynet til kontinuitet for organisasjonane over tid.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 33,9 mill. kroner.

### Kap. 3430 Kriminalomsorgen

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
02	Arbeidsdriftens inntekter	100 481	92 653	96 268
03	Andre inntekter	28 045	25 665	21 713
04	Tilskudd	13 185	2 454	2 520
	Sum kap. 3430	141 711	120 772	120 501

#### Post 02 Inntekter fra arbeidsdriften

Posten omfattar inntekter frå sal av produksjonen frå arbeidsdrifta, i tillegg til inntekter frå drifts- og vedlikehaldsoppgåver som blir utførte på bestilling frå Statsbygg.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 21, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 96,3 mill. kroner.

#### Post 03 Andre inntekter

Posten omfattar blant anna leigeinntekter for teneste- og leigebustader, refundert kost og husleige, klientavhengige driftstilskot til overgangsbustadene og tilskot frå andre offentlege verksemdar til gjennomføring av prosjekt.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 får fullmakt til å overskride løy-

vinga under kap. 430, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 21,7 mill. kroner.

#### Post 04 Tilskudd

Posten omfattar tilskot til deltaking i internasjonalt fengselssamarbeid under EØS-finansieringsmekanismene. Posten omfattar òg inntekter frå prosjekt der kriminalomsorga får tilskot til å gjennomføre prosjekt i samarbeid med internasjonale organisasjonar eller andre land.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2,5 mill. kroner.

### Kap. 432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter (KRUS)

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	254 653	191 272	179 195
	Sum kap. 0432	254 653	191 272	179 195

Å ha fengselsbetjentar med høg og riktig kompetanse er ein føresetnad for god kvalitet i straffegjennomføringa.

I 2020 byrja 180 aspirantar utdanninga ved KRUS. Departementet føreset at KRUS ved kvart opptak tek opp fleire aspirantar enn kva måлтаlet

for ferdigeksaminerte aspirantar krev. Bakgrunnen for dette er at det som regel sluttar nokre studentar undervegs i utdanningsløpet. Tabellen under viser talet på uteksaminerte fengselsbetjentar i perioden 2013–2019.

Tabell 2.6 Talet på uteksaminerte fengselsbetjentar, 2013–2019

År	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Uteksaminerte fengselsbetjentar	146	164	167	169	168	162	260

Endringar i behovet for fengselsplassar gir endringar i behovet for etatsutdanna fengselsbetjentar. I samband med etableringa av 300 plassar i nytt fengsel i Agder vart klasseopptaket ved KRUS utvida i 2017. Utdanningsløpet ved KRUS varer i to år. Talet på uteksaminerte auka derfor i 2019. På grunn av avgjerda om å leggje ned fengselsplassar vart talet på klassar mellombels redusert med éin i budsjettet for 2019. Frå 2021 vil talet på klassar ved KRUS gå tilbake til ordinær kapasitet.

For å betre søkargrunnlaget til utdanninga og for at opptaket ved KRUS skal følgje opptaket ved andre høgskular, skal klasseopptaket framover i hovudsak skje i august. Prosessen med å endre det årlege klasseopptaket frå januar til august starta i 2020 og vil gå føre seg over to år.

### Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønns- og personalutgifter til tilsette og aspirantar ved KRUS, drift- og leigeutgifter til lokale, reiser (medrekna kursdeltakarar og

aspirantar), fagmateriell, inventar og utstyr, lisensar, uniformseffektar m.m. Bemanninga ved KRUS var 67,9 fast tilsette årsverk per 1. mars 2020. Posten omfattar òg løyving til forskning og utvikling, etter- og vidareutdanning, verksbetjentutdanning og støttefunksjonar.

Det blir foreslått å auke løyvinga med:

- 11,5 mill. kroner som følgje av at det er slutt på den mellombelse reduksjonen av klasseopptak ved KRUS på grunn av nedlegging av fengselsplassar

Det blir foreslått å redusere løyvinga med:

- 23,4 mill. kroner som følgje av forskyvd klasseopptak ved KRUS

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 432, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3432, post 03, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 179,2 mill. kroner.

## Kap. 3432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
03	Andre inntekter	3 091	1 087	1 117
	Sum kap. 3432	3 091	1 087	1 117

### Post 03 Andre inntekter

Posten omfattar blant anna inntekter frå eigendelen som aspirantane betaler for skulebøker.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 får fullmakt til å overskride løy-

vinga på kap. 432, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3432, post 03, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på om lag 1,1 mill. kroner.



**Kap. 433 Konfliktråd**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter			138 083
60	Tilskudd til kommuner, <i>kan overføres</i>			13 611
70	Tilskudd			22 622
	Sum kap. 0433			174 316


Sekretariatet for konfliktråda (Sfk) står for den faglege og administrative leiinga av konfliktråda.

Saksbehandlinga i konfliktråda er ein arbeidsintensiv prosess som blir utført lokalt i form av manuelle prosessar og registreringar. For at ein i framtida skal kunne løyse utfordringane, nå brukarane på ein betre måte og utvikle organisasjonen og tenestene, er det sett i verk eit digitaliseringsprosjekt i konfliktråda. Prosjektet vil bli full-

ført i 2021. Saksbehandlinga og samhandlinga internt og med samarbeidspartnarar vil bli digitalisert, og dette vil gjere konfliktråda betre rusta til å møte fleire og meir komplekse saker.

**7 Meir alvorlege saker**

Konfliktråda tok imot 7 385 saker i 2019. Dette er ein nedgang på 6 prosent frå 2018.



Figur 2.9 Talet på saker i konfliktråda 2014–2019

Av sakene til konfliktråda i 2019 var 3 202 straffesaker og 2 207 sivile saker. I tillegg fekk konfliktråda 1 423 bortlagde straffesaker. Sjå punkt 3 for meir informasjon om straffereaksjonane ungdomsstraff, ungdomsoppfølging og oppfølging i konfliktråd.

Første halvår 2020 vart påverka av koronasituasjonen, og samanlikna med første halvår 2019 viste den samla saksutviklinga ein nedgang på totalt ni prosent.

Det er store variasjonar i kor mange saker som blir viste til dei ulike konfliktråda. Kunnskapen om tenestene som konfliktråda tilbyr, er varierende blant samarbeidspartnarane til konfliktråda. Samstundes er sakene som kjem til konfliktråda, stadig meir alvorlege og arbeidskrevjande.

I 2019 vart konfliktråda styrkt som ein del av ei særskild satsing mot ungdomskriminalitet og kriminelle miljø. Midlane har bidratt til å styrke bemanninga ved fleire konfliktråd til arbeidet med oppfølging av ungdom. Midlane har òg bidratt til

ei raskare igangsetjing av straffereaksjonane. I 2018 gjekk det 65 dagar frå konfliktrådet fekk ei sak, til straffegjennomføringa starta. I 2019 hadde saksbehandlingstida gått ned til 59 dagar.

### 8 Vidareutvikling av konfliktråda

Ved innføringa av ungdomsstraff og ungdomsoppfølging tok Justis- og beredskapsdepartementet initiativ til ei følgjeevaluering. Nordlandsforskning gjennomførte evalueringa, som vart ferdigstilt i 2019. Evalueringa viser at mange unge får hjelp til eit liv utan kriminalitet, men at straffereaksjonane òg har eit forbettringspotensial. Blant anna tek det for lang tid frå ungdommen gjer eit lovbrøt, til straffegjennomføringa startar. I tillegg er det utfordringar med samtykke, og det manglar tiltak for å hjelpe ungdommane.

På bakgrunn av følgjeevalueringa og innspel frå andre aktørar i straffesakskjeda vurderer departementet endringar i konfliktrådslova, straffelova, straffeprosesslova mv. I tillegg til forbetringar av reaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging, vurderer departementet òg utvida tilgang til bruk av enkelte tvangsmidlar overfor ungdom. Regjeringa vil komme tilbake til saka på ein eigna måte.

Målet med endringane er å innføre effektive verkemiddel for å førebyggje ny kriminalitet, redusere tida mellom lovbrøt og reaksjon, samt sikre god rehabilitering av den enkelte. Det er òg eit mål å leggje til rette for at ein betre skal kunne ta vare på fornærma i saker der lovbrøtaren gjennomfører ungdomsstraff eller ungdomsoppfølging.

Konfliktrådet har ikkje eigne tiltak. Ei god straffegjennomføring krev eit godt tverrfagleg samarbeid og tilgang på kommunale og statlege tiltak. Då tiltaka mot koronaviruset vart sette i verk, vart det meir krevjande å gi ungdommane

tilstrekkeleg hjelp. Dette førte òg til at det vart restansar i saker med ungdomsstraff og ungdomsoppfølging i konfliktråda. For å redusere dei uheldige konsekvensane av at tenestetilbodet til ungdommane vart sterkt redusert, og for å styrke kapasiteten til konfliktråda, vart løyvinga mellombels styrkt i 2020.

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal gå til drift av 12 konfliktråd fordelte på 22 kontor og til drift av Sekretariatet for konfliktråda (Sfk). Samla utgjorde bemanninga i konfliktråda 141,7 årsverk per 31. desember 2019.

- Det blir foreslått å redusere løyvinga med:
- 1,5 mill. kroner i samband med redusert behov for løyving til digitaliseringsprosjektet i 2021

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 433, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3433, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 138,1 mill. kroner.

### Post 60 Tilskudd til kommuner, kan overføres

Løyvinga skal gå til tilskotsordninga for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme, som Sfk forvaltar.

Det blir foreslått ei løyving på 13,6 mill. kroner.

### Post 70 Tilskudd

Løyvinga skal gå til tilskot til arbeid mot vald i nære relasjonar og til tilskotsordninga for kriminalitetsførebyggjande tiltak

Det blir foreslått ei løyving på 22,6 mill. kroner.

## Kap. 3433 Konfliktråd

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
02	Refusjoner			746
	Sum kap. 3433			746

**Post 02 Refusjoner**

Inntektene på posten er refusjonar som skal dekke utgiftene konfliktråda har i samband med kurs og konferansar. Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 får fullmakt til å

overskride løyvinga på kap. 433, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3433, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 0,7 mill. kroner.

## Programkategori 06.40 Politi og påtale

Utgifter under programkategori 06.40 fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
01–25	Driftsutgifter	20 663 843	20 821 056	21 624 531	3,9
30–49	Nybygg, anlegg m.v.	1 345 615	1 042 130	263 443	-74,7
70–89	Overføringer til private	151 797	308 778	389 100	26,0
Sum kategori 06.40		22 161 255	22 171 964	22 277 074	0,5

Utgifter under programkategori 06.40 fordelt på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
440	Politiet	20 311 244	20 262 802	20 361 304	0,5
442	Politihøgskolen	658 843	633 984	631 994	-0,3
444	Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	905 926	982 580	967 936	-1,5
445	Den høyere påtalemyndighet	270 427	277 795	300 999	8,4
446	Den militære påtalemyndighet	8 928	9 058	9 079	0,2
448	Grensekommissæren	5 887	5 745	5 762	0,3
Sum kategori 06.40		22 161 255	22 171 964	22 277 074	0,5

### Innleiing

Programkategori 06.40 omfattar løyvinga til politiet, Politiets tryggingsteneste (PST), Politihøgskolen, Den høgare påtalemakta, Den militære påtalemakta og Grensekommissæren. Den største delen av programkategorien blir løyvd under kap. 440 Politiet.

Innanfor justissektoren er det særleg måla om effektiv kamp mot kriminalitet, rettstryggleik og tryggleik i samfunnet som er sentrale for verksemdene i programkategorien. Politiet har også oppgåver tilknytta målet om kontrollert og berekraftig innvandring. Verksemdene i programkategorien er ansvarlege for grunnleggjande funksjonar i samfunnet. Befolkninga skal kunne ha høg

tillit til at desse oppgåvene blir tatt hand om på ein god måte. Oppgåveløysinga skjer i eit samvirke med andre statlege og private aktørar, kommunale etatar og det sivile samfunnet, og med internasjonale samarbeidsstyresmakter.

### Prioriteringar for 2021

Regjeringa vil i 2021 leggje til rette for eit tilgjengeleg politi som i enda sterkare grad er til stades der folk treng dei. Når kriminaliteten tek nye former er det naudsynt at politiet, i tillegg til å vere tilgjengeleg gjennom fysiske møte, og må vere på nett og i sosiale medier. Dei må kunne nytte digitale løysingar når dei skal løyse arbeidsoppgå-

vene. Innbyggjarane forventar at dei kan kommunisere med politiet på andre måtar enn før.

Samstundes må politiet òg kunne handle raskt når folk treng hjelp til dømes ved vinningskriminalitet i heimen, ulykker og naturhendingar. Det har vore naudsynt å bygge opp sterke faglege einingar, mellom anna funksjonelle driftseiningar i politidistrikta, for å kunne handtere den alvorlege og ofte nettbaserte kriminaliteten. Dette har medført at styrkinga av dei funksjonelle driftseininngane har vært sterkare enn oppbygginga av dei geografiske driftseiningane med ansvar for vakt og beredskap, slik regjeringa også har beskrevet i Meld. St. 29 (2019–2020) *Politimeldingen – et politi for fremtiden*.

Regjeringa følger opp og foreslår å auke budsjettet til politiet med 477,8 mill. kroner. Løyvinga skal i hovudsak gå til å styrke dei geografiske driftseiningane, og tilsvarar ei vidareføring av dei mellombelse 400 politistillingane som blei oppretta i samband med Prop. 67 S (2019–2020).

Gjennom å omgjere 400 midlertidige politistillingar til permanente politistillingar, førar regjeringa vidare ei politidekning på to per tusen og den styrka grunnberedskapen i heile landet. Grunnberedskapen er viktig for folks tryggleik. Politiets nasjonale beredskapssenter som opnar i år er vesentleg for å ytlege styrke dei nasjonale beredskapssressursane i politiet. Opninga av beredskapssenter innebar at regjeringa er i mål med alle oppfølgingspunkta frå Gjörv-kommisjonen. Regjeringa vil leggje enda betre til rette for at alle politidistrikta kan forbetre den lokale beredskapen. Regjeringa legg difor fram forslag om å auke løyvinga med 26 mill. kroner slik at anslagsvis 500 innsatspersonell i politidistrikta årleg får auka mulighet til å trene ved politiets nasjonale beredskapssenter.

Det er eit viktig mål å sikre ei effektiv behandling av straffesaker med høg kvalitet. De seinare åra har talet på dei mest arbeidskrevjande sakene auka monnaleg. Desse er samstundes ofte dei høgast prioriterte sakene. Kapasitetsundersøkinga som politiet har gjennomført på etterforskingssområdet viser at ein bruker om lag ein tredel av straffesaksressursane på under tre prosent av den samla saksmengda. Dette er prioriterte saker som særleg er knytte til alvorlege valdshen-

dingar, drap, mishandling i nære relasjonar, seksuelle overgrep og alvorleg organisert kriminalitet.

Forbetringsarbeidet på straffesaksområdet skal halde fram. I samband med Prop. 127 S (2019–2020) vart det løyva midlar for å handtere store restansar i domstolane, påtalemakta i politiet og Den høgare påtalemakta. Regjeringa vil auke løyvinga med 39 mill. kroner til påtalejurister i politiet og 20 mill. kroner til Den høgare påtalemakta som heilårseffekt av auka løyving i 2020, for å byggje ned restansar i straffesaksbehandlninga. Løyvinga er foreslått som ei varig auke, både hos politiet og Den høgare påtalemakta. I 2021 er målet å bygge ned restansane i domstolane samstundes som påtalemakta ikkje bygger opp nye restansar.

Politiet er ei stor verksemd med mange oppgåver. Etter at regjeringa tiltredde i 2013, har driftsbudsjettet til politiet auka med 3,3 mrd. kroner. Dette har blant anna lagt grunnlaget for ei kraftig oppbemanning i politiet og for gjennomføringa av politireforma. I tillegg er det gitt løyving til større investeringar i perioden, som beredskapssenteret, politihelikopter og objektsikring. For 2021 foreslår regjeringa ei ytterlegare betydeleg auke i driftsbudsjettet til politiet, slik at den totale økningen på driftsbudsjettet i regjeringsperioden vil være 4 mrd. kroner.

Regjeringa legg vekt på effektivisering, og reforma for avbyråkratisering og effektivisering i staten vidareførast. Departementet vil i tida som kjem også stille krav om at det trekkast ut gevinster frå politireforma, og at politiet utviklar og sett i verk tiltak som kan gje meir og betre politite- nester for kvar løyva krone.

Regjeringa vil styrke forbygging av hatkriminalitet, og foreslår å løyve 7 mill. kroner til å opprette eit nasjonalt kompetansmiljø som skal være til støtte for alle politidistrikt. Regjeringa foreslår også å løyve 3 mill. kroner til forskning på feltet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 183 mill. kroner til internasjonalt samarbeid om grensekontroll som ei oppfølging av den nye forordninga om Den europeiske grense- og kystvakta, inkludert Frontex. Dette gjeld både innbetaling av kontingent og at Noreg bidrar med fleire tenestepersonar til felles operasjonar.

**Kap. 440 Politiet**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	18 588 750	18 642 616	19 535 578
21	Spesielle driftsutgifter	107 365	137 495	
22	Søk etter omkomne på havet, i innsjøer og vassdrag, <i>kan overføres</i>	10 151	9 436	9 689
23	Sideutgifter i forbindelse med sivile gjøremål	32 253	26 819	33 239
25	Variable utgifter ved ankomst, mottak og retur i politiets utlendingsforvaltning	75 313	95 528	130 255
45	Større utstørsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	1 345 615	950 030	214 549
48	Tildeling fra EUs indre sikkerhetsfond (ISF), <i>kan overføres</i>		92 100	48 894
70	Tilskudd	62 938	65 946	66 156
71	Tilskudd Norsk rettsmuseum	5 256	6 197	7 215
73	Tilskudd til EUs grense- og visumfond	83 603	236 635	315 729
	Sum kap. 0440	20 311 244	20 262 802	20 361 304

**Omtale av verksemda**

Politiet skal gjennom førebyggjande, handhevande og hjelpande verksemd vere eit ledd i den samla innsatsen i samfunnet for å fremme og sikre tryggleiken, rettstryggleiken og den alminnelege velferda elles for borgarane, jf. politilova § 1.

Politidirektoratet leier politiet, og har ansvaret for fagleg leiing, styring, oppfølging og utvikling i heile etaten, med dei avgrensingane som følgjer av at Riksadvokaten har det faglege overordna ansvaret for all straffesaksbehandling (nærmare omtale under kap. 445 Den høgare påtalemakta).

Direktoratet har til saman 21 underliggjande einingar:

- tolv politidistrikt
- fem særorgan med nasjonale oppgåver (Kripos, Økokrim, Politiets utlendingseining, Utrykkingspolitiet og Politihøgskolen).
- fire andre underliggjande einingar (Politiets fellestenester, Politiets IKT-tenester, Nasjonalt ID-senter og Grensekommisariatet)

Sjå omtale av Politihøgskolen under kap. 442.

Sjå omtale av Politiets tryggingsteneste under kap. 444.

Den totale bemanninga i politiet er om lag 17 500 årsverk, og av desse er rundt 13 950 i politidistrikta. Frå desember 2013 til mars 2020 har politiet fått rundt 2 800 fleire årsverk, og meir enn 1 650 av desse er politiårsverk. 90 prosent av auken i politiårsverk har komme i politidistrikta, noe som tilsvarer 1508 årsverk. Det inneber at det har vore en auke på 19 prosent i politiårsverk i distrikta i denne perioden

**Virusutbrotet**

Virusutbrotet har allereie sett politiet og samfunnet elles i ein ny situasjon som påverkar behovet for polititenester og kapasiteten i politiet til drift og utvikling på kort sikt. Samstundes er den vidare utviklinga av virusutbrotet usikker, og med det dei langsiktige konsekvensane. Det er venta at virusutbrotet vil verke inn på kriminalitetsutviklinga på fleire område, og at saksomfanget i sivil rettspleie vil kunne auke.

Politiet er ein viktig bidragsyter i arbeidet med å hindre smittespreiing.

I samband med tiltak mot virusutbrotet har politiet gjennomført ein mellombels personkontroll på den indre Schengen-grensa, blant anna for å håndheva heimlar for bortvising og gje informa-

sjon om smitteverntiltak, under dette karantene der det er plikt til det. Politiet må òg vere budd på at indre grensekontroll kan bli vidareført over lengre tid, sjølv om tiltaka blir tilpassa etter kvart som styresmaktene justerer smitteverntiltaka. Verknadene av pandemien vil vere merkbare i fleire år framover.

Sjå omtale i del I.

Brot på smittevernloven er alvorleg, og dei er ei prioritert oppgåve for politiet. Riksadvokaten har i den siste tida utarbeidd nasjonale retningslinjer for strafferettsleg handtering av brota. Dei følgjer blant anna opp og førebygger potensielt misbruk av dei ulike statlege støtteordningane under virusutbrotet.

Politiet pålegg ingen karantene, men dei følgjer opp brot på karanteneplikta. Dei kontrollerer heller ikkje at folk held fysisk avstand. Politiet legg vekt på førebygging og har fleire heimlar i blant anna politilova til å oppretthalde ro og orden. Politiet nyttar desse heimlane når dei blant anna løysar opp i fester nattestid med mange folk tett samla.

#### Eit politi for framtida

Politiet skal førebyggje og handtere kriminalitet, tryggje befolkninga i naturkatastrofar, handtere ulukker og pandemiar. Folk skal ha høge forventningar til politiet. Dei skal ha høg tillit til politiet, og dei skal kjenne seg trygge. Slik er det i dag.

Skal dette fortsette, må politiet kunne endre seg i takt med utviklinga i kriminaliteten og i samfunnet. Regjeringa vil ha kontinuerleg utvikling i politiet, og legg vekt på dette framfor nye store reformar. I åra som kjem skal gevinstane av politireformen hentast ut, og mykje har allereide blitt betre. Mellom anna har kvaliteten i straffesaksbehandlinga vorte betre, og politiet har lykkast med betre etterforsking i startfasen.

Politiet skal i løpet av 2020 nå målet om ei nasjonal politidekning på to polititenestepersonar per 1000 innbyggjarar. Dette bidreg til ein styrkt grunnberedskap i heile landet. Løyvinga på 400 varige politistillingar frå 2021 skal overførast til politidistrikta når det ekstraordinære bemaningsbehovet som følgjer av virusutbrotet har falt bort, og stillingane skal i hovudsak nyttast til å styrke dei geografiske driftseiningane der. Løyvingsaukinga til stillingane blir foreslått som ei varig auking, og bidreg til å oppretthalde den historisk høge politidekninga. Målet er eit politi som er tilgjengelege og til stades når det trengst.

Kriminalitetsutviklinga driv opp behovet for meir spesialisert kompetanse, teknologi-investe-

ringar og spesialisert samarbeid. Måltallet om to per 1000 har vore eit viktig mål for norsk politi. Den stramme styringa av kva slags kompetanse ein kunne rekruttere har bunde opp ressursane til politiet og redusert handlingsrommet for lokale politileiarar. Det har blitt mindre rom til å rekruttere spesialistar med til dømes økonomi- eller ikt-kompetanse som det er bruk for i samband med etterforsking av komplekse saker.

Når om lag åtti prosent av budsjettet i distrikta er lønn, og det meste av dette er lønn til politiutdanna tenestepersonar, blir det heller ikkje mykje att til investeringar i utstyr eller ny teknologi.

På sikt er målet at politiet skal få auka handlingsrommet sitt, slik at verksemda kan utviklast for å møte kriminalitetsutviklinga med rett kompetanse og kapasitet.

Evalueringa av politireforma som vart utført av Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) peikar på at «*politiet [er] en av de store publikumsrettede etatene som kanskje er kommet kortest i digitaliseringen*». Trass i auka innsats når det gjeld digitalt politiarbeid, er politiet framleis ein etat der digitaliseringa ikkje har komme langt.

Befolkninga kommuniserer i aukande grad digitalt, og forventar at offentlege etatar legg til rette for digital kommunikasjon. Denne utviklinga har blitt tydelegare i samband med virusutbrotet, som har gitt vekst i bruken av digital samhandling i det norske samfunnet, særleg som følgje av smittereduserande tiltak som til dømes reiserestriksjonar. Etterspurnaden etter digitale kommunikasjonsløysingar med politiet auka raskt frå medio mars 2020.

Det er fremdeles et betydelig potensial for fornying, forbedring og forenkling, men politiet har de siste årene fått noen nye datasystemer og flere digitale verktøy og tjenester. I løpet av nokre veker våren 2020 vart det mogleg å melde langt fleire typar lovbrøt på nettet, og digital signatur har lagt til rette for eit betre samarbeid mellom politiet og domstolane. Digitalt forenkla førelegg er innført for hendingar på vegen. Det har òg vorte innført ei digital løysing for oversending av dokument til involverte i straffesaker. Om kort tid kan politiet ta avhør av involverte og ta bilde og video frå åstad som automatisk blir overført til straffesaksløysingane for vidare behandling hos etterforskarar og påtalemakta.

Det er eit mål at digitalisering av fleire publikumstenester skal gjere politiet lettare tilgjengeleg for befolkninga, samstundes som det blir frigjort kapasitet til anna politiarbeid.

Politiet har gode resultat når det gjeld svartid på nødnummer 112. Resultatene i 2019 er dessu-

ten noko betre enn i 2018, på tross av ei auke i antall henvendinger. For førespurnader som ikkje dreier seg om fare for liv og helse, er publikum ifølgje Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) si innbyggjarundersøking frå 2019 mindre nøgde med tilgjengelegheit og nærvære i 2019 enn i 2017. Politidirektoratet vil vurdere korleis tilgjengelegheita for «vanlege» førespurnader blant anna for svartenesta 02800 kan gjerast betre og meir effektiv.

Politiet samarbeider òg med skatteetaten om digitalisering av namsmannen (DINA). Denne digitale løysinga vil bidra til effektivisering og betre tilgang for publikum. Sjølvbeteningsløysingar for publikum og overgang til digital postkasse for forlik og utlegg skal vere ferdige innan utgangen av 2020.

Budsjettet til politiet vil venteleg ikkje auke så raskt frametter som det har gjort dei siste sju åra. Både samfunnsutviklinga, utviklinga i kriminaliteten og behovet for å effektivisere politiets eiga verksemd gjer at departementet vil leggje stor vekt på at politiet arbeider meir digitalt.

#### Trygge innbyggjarar i eit trygt samfunn

I politiets innbyggjarundersøking for 2019, svarte 94 prosent at dei kjenner seg trygge der dei bur og ferdast. Dette var noko høgare enn i 2018. Innbyggjarundersøkinga viser òg at tilliten til politiet har auka med to prosentpoeng frå 77 prosent i 2018 til 79 prosent i 2019.

Den same undersøkjinga viser òg at innbyggjarar som *ikkje* oppfattar at politiet er regelmessig synlege i deira lokalområde, eller at politiet regelmessig er i kontakt med lokalområdet, kjenner seg mindre trygge enn fleirtalet. Dette er ei utfordring som politimeldinga (Meld. St. 29 (2019–2020)) tek opp, og som skal møtast med ei anna fordeling av ressursar. Løyvinga på 477,8 mill. kroner skal i hovudsak gå til å styrke dei geografiske driftseiningane, og vil gi ein betre grunnberedskap i heile landet.

Samla sett innfridde ikkje politiet krava til responstid i 2019, men avvika var små og det var marginalt betre samanlikna med 2018. Resultatene var noko dårlegare i 1. tertial 2020. Regjeringa opprettholder kravene til responstid for alvorlege hendelser, differensiert etter befolkningstettheit.

Både terrortrusselen og trusselen frå framande statar vil påverke nasjonal tryggleik i tida som kjem. Dei tryggingspolitiske omgivnadene blir meir uføreseielege og komplekse. Dei mest utfordrande utviklingstrekkja gjeld etterret-

ningstenester i andre land som viser at dei har evne og vilje til å bruke ulike verkemiddel mot andre statar for å fremme sine eigne interesser. Det er grunn til å vente ein kraftig auke i digitale truslar og digital sårbarheit.

Beredskapsressursane til politiet skal vidareutviklast og tilpassast utviklinga i terrortrusselen. Dette er ein viktig del av arbeidet regjeringa gjer med å førebyggje og kjempe mot terrorisme. Arbeidet vil bli sett i samanheng med utviklinga av ein ny, tverrsektoriell, nasjonal kontraterrorstrategi, og med oppfølginga av evalueringsrapporten etter Bærumangrepet i august 2019. Regjeringa auker løyvinga med 10 mill. kroner knytt til innsats mot hatkriminalitet. Løyvinga går til å utvikle eit nasjonalt kompetansemiljø og forskning på feltet. Regjeringa etablerer òg ei tilskotsordning for tryggingstiltak ved tros- og livssynssamfunn på 5 mill. kroner.

I november 2020 vil Politiets nasjonale beredskapssenter bli opna. Dette inneber eit stort løft for den nasjonale beredskapen ved at dei nasjonale beredskapsressursane blir samla på ein stad med gode fasilitetar for øving og samordning. Samlokalisering av beredskapsressursane vil styrke politiets evne til å handtere ekstraordinære hendingar og kriser. Dei nasjonale beredskapsressursane vil gjennomføre trening på beredskapssenteret og bruke senteret som ein samla base. Dette vil gi auka tilgjengelegheit og betre responstid. Regjeringa legg også fram forslag om å auke løyvinga med 26 mill. kroner slik at anslagsvis 500 innsatspersonell i politidistrikta årleg får auka muligheit til å trene ved politiets nasjonale beredskapssenter.

For å sikre at beredskapen for politiet er vareteken i Nord-Noreg, har politiet inngått ein avtale med eit privat selskap som sikrar politiet tilgang på helikopter som står på ein times beredskap gjennom heile året. Avtalen tredde i kraft 1. mai 2020.

Politipersonell på Oslo lufthamn Gardermoen har vore fast væpna sidan 20. september 2018. Frå 12. juni 2020 har politipersonell på Bergen lufthamn Flesland også vore væpna.

Det er etablert eit program for å følgje opp Riksrevisjonens merknader knytte til IKT-tryggleiken i politiet. Programmet har eit overordna mål om å sikre akseptabel sårbarheit og risiko. Politiet har komme langt, men vil måtte arbeide vidare med dette også i 2021 og framover. Riksrevisjonens merknader knytt til objektsikring blir òg følgde opp. Arbeidet med å sikre skjermingsverdige objekt i politiet og operasjonssentralane har blitt noko forseinka på grunn av virus-



utbrotet, men er framleis i rute til å nå målsettinga om at dei skjermingsverdige objekta i politiet er sikra i samsvar med forskrift innan utgangen av 2020.

Norsk politi og kriminalomsorg har i over 30 år delteke i operasjonar og misjonar internasjonalt for å bidra til auka tryggleik ute, som òg gir auka tryggleik hjemme. Bidraga vert finansiert over Utanriksdepartementet sitt budsjett, men politibidraga følgjes opp fagleg av både Justis- og beredskapsdepartementet og Politidirektoratet. Per september 2020 bidrar Noreg med slike stillingar i Sør-Sudan, Mali, Colombia og Jemen.

#### Effektiv behandling av straffesaker


Dei allmenne måla for behandling av straffesaker er høg kvalitet, høg oppklaringsprosent, kort behandlingstid og adekvat reaksjon. Målretta innsats på etterforskningsfeltet og innføring av elektronisk samhandling mellom aktørane i straffesaksjeda (ESAS) gir betre kvalitet og høgare effektivitet i behandlinga av straffesaker. Dette bidrar til auka rettstryggleik og til redusert kriminalitet gjennom individual- og allmennpreventive verknader. Høgare måloppnåing i politidistrikta føreset at leiarar i politidistrikta kontinuerleg følgjer opp straffesaksbehandlinga.

Riksadvokatembetet og statsadvokatembeta gjennomførte i 2020 den andre nasjonale kvalitets-

undersøkinga av politiets etterforskning og påtalehandtering av prioriterte valdtektsaker. Over 600 straffesaker vart vurdert opp mot over 100 kvalitetsindikatorar. Resultata frå undersøkinga viser at kvaliteten i politiets behandling av valdtektsaker har blitt betre sidan 2016.

Likevel er det utfordringar knytte til resultata, også på nokre av dei høgast prioriterte områda. Blant anna er oppklaringsprosenten for vald- og seksuallovbrot framleis for låg, sjølv om han har blitt noko betre. Behandlingstida er òg for lang, sjølv om den også har blitt betre.

Forbetringsarbeidet på straffesaksområdet skal halde fram. Det blir foreslått å auke løyvinga med 39 mill. kroner til påtalejurister i politiet og 20 mill. kroner til Den høgare påtalemakta som heilårseffekt av auka løyving i 2020, for å bygge ned restansane i domstolane samstundes som påtalemakta ikkje byggjer opp nye restansar. Løyvinga er foreslått som ei varig auke, både hos politiet og Den høgare påtalemakta. Straffesaksutviklinga i politiet viser at det var noko reduksjon i ikkje påtaleavgjorte saker eldre enn tre månader før virusutbrotet. Virusutbrotet hadde negativ effekt på avviklinga av saker i domstolane. Saman med færre meldingar bidrog dette til at politiet heldt fram med å byggja ned restansar i starten av virusutbrotet.



Figur 2.10 Ikkje påtaleavgjorte saker

Kjelde: Politidirektoratet

Påtalejuristane har viktige funksjonar i straffesaksarbeidet. Blant anna leier dei etterforskinga, treff påtalevedtak og aktorerer saker for retten. I NOU 2017: 5 *En påtalemyndighet for fremtiden – Påtaleanalysen* er det blant anna foreslått styrkt kompetansebygging for påtalejuristar. På oppdrag frå Politidirektoratet har Politihøgskolen satt ned ei arbeidsgruppe som har utarbeidd forslag til ein ny, obligatorisk grunnutdanningsmodell for nyttilsette påtalejuristar i politiet. Departementet meiner det er viktig med eit godt kompetansetilbod på tvers av politidistrikta som kan danne grunnlaget for høg kvalitet i arbeidet som påtalejurist, og vil sjå til at arbeidet blir følgt opp.

Under virusutbrotet har smitteverntiltak ført til at mange politijuristar har arbeidd frå heimekontor. Dette hadde ikkje vore mogleg utan ei betydeleg utviding av løysinga med digital signatur i straffesaker. I heile sektoren blir det no utvikla løysingar for å støtte oppunder ein meir effektiv og sikker arbeidsprosess frå eit lovbrøt blir meldt til politiet, gjennom behandling i domstolane og fram til straffa skal sonas.

#### Forvaltningsoppgåver og sivil rettspleie

Forvaltningsoppgåvene til politiet skal sikre publikum effektive tenester med god kvalitet. Forvaltningsoppgåvene bidrar òg til å førebyggje kriminalitet og uønskte hendingar. Førebygging gjennom forvaltning gjer at politiet kan hindre at løyve blir gitt, og at dei kan kalle tilbake løyve frå personar som ikkje lenger fyller vilkåra for å ha slike løyve (våpen, førarkort, vaktverksemd, pass, brukthandel osv.). Førebygging gjennom forvaltning handlar om å bruke informasjon politiet alle-reie har, i samhandling med andre fagområde i politiet.

I 2019 og 2020 har det vore ei negativ utvikling i tida namsmannen bruker på saksbehandlinga for utlegg og gjeldsordning. Spesielt vil lang saksbehandlingstid i gjeldsordningssaker gå utover rettstryggleiken for dei involverte, som ofte er i ein vanskeleg livssituasjon. Digitale løysingar for oppgåveløysinga til namsmannen vart innførte i 2020 for å effektivisere arbeidet og gi betre tilgjengelegheit for publikum. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2020 løyvde Stortinget 17,5 mill. kroner til midlertidige stillingar hos namsmannen for å handtere store restansar i utleggsforretningar og auka saksinnangang som følgje av virusutbrotet. Tiltaket blir ført vidare i 2021.

Gebyret for utlegg er prisa for høgt. Ein vesentleg del av disse sakene gjeld i tillegg personar med dårleg evne til å betale. Regjeringa fore-

slår derfor å redusere gebyret for utlegg til 1 498 kroner (1,25 rettsgebyr) i 2021. Dette vil gi eit samla provenytap på om lag 279 mill. kroner påkomne og 234 mill. kroner bokført i 2021, fordelt med 242 mill. kroner påkomne og 197 mill. kroner bokført under Justis- og beredskapsdepartementet, og 37 mill. kroner bokført og påkomne under Skatteetaten. Sjå òg omtale av saken i Prop. 1 S (2020–2021) for Finansdepartementet.

Nye pass og nasjonale ID-kort for norske borgarar skal innførast hausten 2020. Dette vil bidra til å førebyggje kriminalitet og betre tryggleiken i samfunnet. Dei fleste manglane som Riksrevisjonen har peika på dette området, vil vere handterte når nye pass og nasjonale ID-kort blir lanserte.

Politidirektoratet arbeider også med ei mobil løysing for å betre tilgangen i område med lang reiseveg til nærmaste pass- og ID-kontor. Dette vil gjere det mogleg å bestille time når enheten er i nærheten.

Ny våpenlov med forskrifter skal etter planen tre i kraft i 2021 og vil gjere regelverket meir føreseieleg og enklare tilgjengeleg.

Regjeringa vil halde fram arbeidet med å sikre ei heilskapleg og samordna tilnærming til migrasjon og retur. Politiets utlendingsenhet sitt arbeid med asylsaksregistrering blir flytta innan utgangen av 2020 frå Tøyen til Nasjonalt ankomstsenter, Råde. Formålet med relokaliseringen er meir effektiv asylsaksbehandling i tettare samspill med Utlendingsdirektoratet, jf. omtale under programkategori 06.90.

Vidare er det eit mål å sikre effektiv retur av personar utan lovleg opphald i Noreg, jf. omtale under programkategori 06.90. Tvangsretur og assistert retur må sjåast i samheng, og arbeidet til politiet med å returnere personar som ikkje har lovleg opphald i Noreg er viktig for ein effektiv returpolitikk. Gjennomføring av returar har dei seinare åra blitt vesentleg meir krevjande, både fordi målgruppa for retur de siste årene har blitt vanskelegare å jobbe med, og fordi returføresetnadane held fram med å vere krevjande. Ein konsekvens av dette er at mange i målgruppa har vore lenge i Noreg ulovleg, noko som gjer returarbeidet meir komplisert. I praksis har det sidan virusutbrotet i mars 2020 berre vore mogleg å transportere ut nokre få personar.

#### Grensekontroll

God grense- og territorialkontroll vil bidra til at dei som kjem til og oppheld seg i landet, har rett til å opphalde seg i landet og avklart identitet. I samband med tiltak mot spreiding av koronaviruset

vart den allereie gjeninnførte mellombelse grensekontrollen på den indre Schengen-grensa utvida og styrkt, for å kunne handheva bortvisningsregelverket og gje informasjon om smitterverntiltak. Dette inneber ei risikobasert innreisekontroll på landegrensa mot Sverige og Finland, og på luft- og sjøfartøy som kjem inn frå andre Schengenland. Samstundes vart det etablert nye heimlar for bortvising på grensa med bakgrunn i smittevernlova.

Sjølv om grensekontrollen på den indre Schengen grensa er risikobasert og dermed ikkje blir gjennomført på alle grenseovergangar inn til Noreg, vil eit politi som er til stades på dei store og mellomstore grenseovergangane gjere det vanskelegare å reise inn til landet utan avklara identitet og lovleg opphald. Samstundes har virusutbrotet resultert i ein drastisk nedgang i talet på folk som reiser over grensa.

Schengen-landa skal dei kommande åra utvikle og ta i bruk nye IT-system for å styrke handsaminga av den felles yttergrensa og tryggleiken på Schengen-området. Systema er komplekse, og utviklinga er krevande. Ansvar for at systema vert utvikla og tatt i bruk ligg i justissektoren, men gjennomføringa har påverka òg på andre sektorar. Justis- og beredskapsdepartementet ynskjer difor å styrke samhandlinga mellom dei relevante aktørane i og utanfor justissektoren.

### Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker alle ordinære driftsutgifter i Politidirektoratet, politidistrikta, dei lokale einingane til Politiets tryggingsteneste (PST) i politidistrikta og politiet sine særorgan, med unntak av Politihøgskolen, jf. kap. 442, og PST, jf. kap. 444. Lønn til tilsette, våpen, køyretøy, verneutstyr, uniformer, IKT m.m. Dette er driftsrelaterte innsatsfaktorar som er budsjetterte under posten. Justis- og beredskapsdepartementet held tilbake ein mindre del av løyvinga sentralt. Det blir foreslått å auke løyvinga med 892,5 mill. kroner.

Til grunn for auken ligg blant anna 477,8 mill. kroner, som i hovudsak skal gå til å styrke dei geografiske einingane i politidistrikta etter at den ekstraordinære situasjonen som følgje av virusutbrotet er ferdig. Løyvinga svarar til ei vidareføring av dei mellombelse 400 politistillingane som vart oppretta i samband med revidert nasjonalbudsjett 2020 som følgje av virusutbrotet. I tillegg er det foreslått å auke løyvinga på posten med 40 mill. kroner for å gje frå seg personell som delteke i den nye forordninga om den europeiske grense-

og kystvakta. Det er og foreslått å auke løyvinga med 26 mill. kroner slik at innsatspersonell i politidistrikta får auka mulighet til å trene ved politiets nasjonale beredskapssenter.

Det blir foreslått å vidareføre tiltak frå revidert nasjonalbudsjett for 2020 og økonomiske tiltak i møte med virusutbrotet. Av desse er 39 mill. kroner til auka kapasitet i påtalemakta i politiet (stillingane er foreslått som ei varig auke) og 42,2 mill. kroner til midlertidige stillingar hos namsmannen til å handtere auka saksinnangang i utleggsforretningar. Utleggsforretningar er gebyrlagde. Sjå omtale under kap. 3440, post 07.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 36 mill. kroner for å styrke førstelinja i politiet for å kunne handtere fleire statsborgarskapsaker, sjå og omtale under kap. 490, post 01.

Det er òg krav om at det blir teke ut gevinstar av politireforma i 2021.

Det er foreslått å auke innsatsen til forbygging av hatkriminalitet med 7 mill. kroner.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten som ikkje omtalast nærmare.

Samla blir det foreslått ei løyving på 19 535,6 mill. kroner i 2021.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får ei bestillingsfullmakt under kap. 440, post 01, på 150 mill. kroner i 2021, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, postane 02, 03 og 04, jf. forslag til vedtak.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker sideutgifter for politi- og lensmannsetaten i samband med asylsaker, som utgifter til uttransportering i asylsaker og andre utlendingssaker. Utgifter til uttransporteringar er budsjettert både på post 01, 21 og 25. Det blir foreslått å samle utgiftene på post 01 og 25 og å avvike post 21 frå 2021.

### Post 22 Søk etter omkomne på havet, i innsjøer og i vassdrag, kan overføres

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til søk etter omkomne på havet, i innsjøer og i vassdrag. Posten dekker òg nokre personellutgifter og eventuelle utgifter til å betre søkemetodane.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 9,7 mill. kroner.

**Post 23 Sideutgifter i forbindelse med sivile gjøremål**

Løyvinga på posten skal dekke sideutgifter i samband med sivile gjøremål. Dette gjeld i hovudsak sideutgifter i samband med tvangsforretningar og utgifter i samband med gjeldsordningssaker.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 33,2 mill. kroner.

**Post 25 Variable utgifter ved ankomst, mottak og retur i politiets utlendingsforvaltning**

På posten fører ein dei variable utgiftene til retur av personar med avslag på søknad om asyl, bort- og utviste personar, og personar som skal forlate Noreg i tråd med Dublin-regelverket. Dette regelverket slår fast kva land som har ansvaret for å handsame søknad om asyl. Når anna land har ansvar for å handsame søknad frå person som er i Noreg, kan personen returnerast til dette landet. Slike returar er underlagde særskilte fristar. Om fristane ikkje blir etterlevde, må saka takast til behandling i Noreg. På bakgrunn av regnskapstal og endra prognoser for talet på uttransporteringar foreslås det å redusere løyvinga med 44,5 mill. kroner. Den foreslåtte avviklinga av post 21 Spesielle driftsutgifter vil føre til ei auke i løyvinga på post 25 med 77,3 mill. kroner grunna overføring av midlar.

Løyvinga på posten blir ikkje styrt av regelverk. Departementet foreslår derfor å fjerne stikkordet «overslagsbevilgning» frå posten.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 130,3 mill. kroner.

**Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres**

Posten omfattar utgifter til større utstyrsanskaffingar og vedlikehald.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 735,5 mill. kroner. Det kjem i hovudsak av at tidlegare satsingar går over i driftsfase (beredskaps-senter for politiet og datasenter i justissektoren).

Det blir foreslått ei løyving på posten på 214,5 mill. kroner.

**Post 48 Tildeling fra EUs indre sikkerhetsfond, kan overføres**

Noreg tek del i EUs grense- og visumordning under det indre tryggleiksfondet (ISF) som eit Schengen-tilknytt land. På bakgrunn av dette tek Noreg imot støtte frå EU for å gjennomføre prosjekt innanfor grense- og visumsamarbeidet som er retta mot måla til ordninga. EUs tildelingar baserer seg på dokumentert forbruk frå støtte-mottakarar. Midlane blir derfor forskoterte over statsbudsjettet. Dei samla refusjonane under kap. 3440, post 08, skal om lag svare til dei samla tildelingane over heile fondsperioden.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 48,9 mill. kroner.

**Post 70 Tilskudd**

Posten inneheld ulike tilskot innanfor generell førebygging av kriminalitet, tryggingstiltak ved tros- og livssynssamfunn, tiltak som kan hjelpe menneske ut av prostitusjon, tiltak for å støtte offer for menneskehandel og midlar til øyremerkte tilskot.

Tabell 2.7 Tilskot som lyses ut

(Beløp i 1 000 kroner)	
Tilskot	Forslag 2021
Tiltak for å hjelpe menneske ut av prostitusjon og for å støtte offer for menneskehandel	35 446
Sikkerhetstiltak ved tros- og livssynssamfunn	5 000
<b>Sum</b>	<b>40 446</b>

Tabell 2.8 Øyremerkte tilskot til særskild mottakar

Tilskot	(Beløp i 1 000 kroner)
	Forslag 2021
Politidirektoratet (Politiidrett, Politihistorisk selskap og Politiets pensjonistforbund mv.)	4 600
Krisesentersekretariatet (Rosa-prosjektet)	3 300
Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) – drift	3 400
NKVTS forskning	5 000
Årleg konferanse om politi og barnevernsvakter	300
Overgrep mot barn (internett)	4 500
Ecpat	3 000
Hjelpetelefon til offer for menneskehandel	1 600
<b>Sum</b>	<b>25 700</b>

Det blir foreslått ei løyving på posten på 66,2 mill. kroner.

#### **Post 71 Tilskudd til Justismuseet**

Løyvinga på posten dekker driftstilskot til Justismuseet – nasjonalt museum for politi, rettsvesen og kriminalomsorg. Justismuseet er ei stifting som er lokalisert i Trondheim.

Det blir foreslått ei løyving på 7,2 mill. kroner.

#### **Post 73 Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv.**

Løyvinga under posten dekker utgifter knytte til internasjonale forpliktingar, medrekna blant anna

utbetalingar til EUs grense- og visumordning, Det europeiske byrået for operativ forvaltning av store IT-system på området for fridom, tryggleik og rettferd (eu-LISA) og Det europeiske grense- og kystvaktbyrået (Frontex). Noreg er gjennom vårt Schengen-medlemskap forplikta til å vere med på å finansiere aktivitet i dei relevante EU-byråa.

Det blir blant anna foreslått å auke løyvinga med 143,5 mill. kroner til internasjonalt samarbeid om grensekontroll som ei oppfølging av den nye forordninga om den europeiske grense- og kystvakta. Dette gjeld innbetaling av Noregs kontingent, medan 40 mill. kroner til å gje frå seg personell er budsjettert på 01 Driftsutgifter.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 315,7 mill. kroner.

### **Kap. 3440 Politiet**

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Gebyr – pass og våpen	315 860	450 693	630 950
02	Refusjoner mv.	210 145	269 583	278 210
03	Salgsinntekter	51 224	77 756	79 301
04	Gebyr – vaktelskap	1 801	4 376	4 354
06	Gebyr – utlendingssaker	254 307	296 273	285 178

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
07	Gebyr – sivile gjøremål	1 042 898	1 121 054	1 076 406
08	Refusjoner fra EUs grense- og visumfond	28 022	30 998	65 000
	Sum kap. 3440	1 904 257	2 250 733	2 419 399

Kapitlet består i hovudsak av inntekter frå gebyr for tvangssaker, forliksrådssaker, passutferding og våpenløyve.

### Post 01 Gebyr – pass og våpen

Løyvinga på posten dekker inntekter frå behandlingssaker for pass og våpenløyve.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 182,5 mill. kroner i samband med at gebyr for pass blir auka og nasjonale ID-kort blir lanserte.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 631,0 mill. kroner.

### Post 02 Refusjoner mv.

Politi- og lensmannsetaten får refundert utgifter for politioppdrag som er utførte for organisasjonar, lag, entreprenørar og offentlege etatar i samsvare med særskild heimel. Omfanget av slike oppdrag varierer frå år til år, og inntektsestimater er derfor svært usikkert. Utgifter til politiet har for si deltaking i internasjonale operasjonar blir løyvde på Utanriksdepartementets budsjettkapittel 151 *Fred, sikkerhet og globalt samarbeid*, og politiet får refundert desse utgiftene frå Utanriksdepartementet.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 278,2 mill. kroner.

### Post 03 Salgsinntekter

Inntekter frå innbyte og sal av utskifta køyretøy m.m. blir rekneskapsførte på posten. I tillegg blir inntekter frå sal av spesialutstyr til politidistrikta, kriminalomsorga, tolletaten m.m. førte på posten.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarende meirinn-

tekter under kap. 3440, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 79,3 mill. kroner.

### Post 04 Gebyr – vaktelskap

Løyvinga på posten omfattar eingongsgebyr til å dekke utgifter ved behandling av søknader og gebyr ved feilalarmer der politi- og lensmannsetaten rykker ut.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 4,4 mill. kroner.

### Post 06 Gebyr – utlendingssaker

Løyvinga på posten dekker gebyr i samband med søknad om statsborgarskap, familieinnvandring og arbeids-, permanent opphalds- og utdanningsløyve. Løyvingsforslaget tek utgangspunkt i talet på utlendingssaker til politiet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 17,1 mill. kroner knytt til auke i antal søknadar i samband med opninga for dobbelt statsborgarskap.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 285,2 mill. kroner.

### Post 07 Gebyr – sivile gjøremål

Løyvinga på posten skal dekke gebyrinntekter i samband med den sivile rettspleia på grunnplanet, det vil seie gebyr for tvangsføretningar og forliksrådsbehandling. Som følgje av fleire mellombelse stillingar hos namsmannen for å handtere større saksinnangang i utleggsføretningar er det foreslått å auke løyvinga med 132,0 mill. kroner. Samstundes er det foreslått at gebyret for utlegg skal vere meir til sjølvkost, og det foreslås derfor å redusere løyvinga på posten med 197,4 mill. kroner.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1 076,4 mill. kroner.

### Post 08 Refusjoner fra EUs grense- og visumordning

Posten dekker refusjonar frå EUs grense- og visumordning. Refusjonsutbetalingane vil variere frå

år til år, og baserer seg på dokumentert forbruk frå støttemottakarar. Midlane blir derfor forskoterte over statsbudsjettet, jf. omtale under kap. 440, post 48.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 65,0 mill. kroner.

## Kap. 442 Politihøgskolen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	658 843	633 984	631 994
	Sum kap. 0442	658 843	633 984	631 994

Omtale av verksemda

Politihøgskolen er den sentrale utdanningsinstitusjonen for politi- og lensmannsetaten i Noreg og har som hovudoppgåve å drive utdanning, forskning og formidling. Skulen skal vere ein profesjonsretta utdanningsinstitusjon som held eit høgt nivå, og som utviklar og formidlar dei kunnskapane, ferdigheitene og haldningane som politiet må ha for å bidra til å sikre tryggleik, lovlydnad og orden.

Bemanninga per 31. mars 2020 utgjorde 418 årsverk.

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker lønnsutgifter og andre driftsutgifter ved Politihøgskolen.

Det blir foreslått å redusere løyvinga som følge av heilårsverknaden av at opptaket til bachelorprogrammet ved Politihøgskolen vart redusert i 2018 og 2020.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 632,0 mill. kroner.

## Kap. 3442 Politihøgskolen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
02	Diverse inntekter	31 881	17 090	17 549
03	Inntekter fra Justissektorens kurs- og øvingssenter	20 104	19 003	19 513
	Sum kap. 3442	51 985	36 093	37 062

### Post 02 Diverse inntekter

Inntektene til Politihøgskolen kjem frå kursverksemd, utleige, kantinesal og boksal, i tillegg til moglege inntekter frå oppdragsverksemd.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga

under kap. 442, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3442, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 17,5 mill. kroner.

### Post 03 Inntekter fra Justissektorens kurs- og øvingssenter

Inntekter frå drifta av Justissektorens kurs- og øvingssenter i Stavern blir førte på posten.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga

under kap. 442, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3442, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 19,5 mill. kroner.

## Kap. 444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST)

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	905 926	982 580	967 936
	Sum kap. 0444	905 926	982 580	967 936

### Omtale av verksemda

Det primære ansvaret til Politiets tryggingsteneste (PST) er å førebyggje, avdekke, etterforske, føre for retten og handtere dei mest alvorlege truslane mot tryggleiken i riket og grunnleggjande nasjonale interesser. PST er både ei etterretningsteneste, ei tryggingsteneste og ei polititeneeste.

Sentralt i arbeidet til PST står innsamling av informasjon om personar og grupper som kan utgjere ein trussel, og utarbeiding av ulike analysar og trusselvurderingar til stønad for avgjerdene til styresmakter og andre aktørar. I tillegg har PST ei viktig rolle som rådgivar. PST samarbeider i stor grad både nasjonalt og internasjonalt under gjennomføringa av samfunnsoppdraget.

Sjefen for PST leier den sentrale eininga (DSE) lokalisert i Oslo, og har det faglege ansvaret for de lokale PST enhetene i politidistrikta. Bemanninga per 31. mars 2020 utgjorde 565 årsverk.

Justis- og beredskapsdepartementet har vidareutvikla samarbeidet med særleg Forsvarsdepartementet for å tydeleggjere korleis trussel- og risikovurderingane frå Etterretningstenesta, PST og NSM utfyller kvarandre. Ein planlagd felles formidling mellom dei tre tenestene om trussel- og risikovurderingar for året vart i 2020 kansellert på grunn av virusutbrotet, men planen er no at ho skal gjennomførast i 2021.

For å møte trusselen frå framande etterretningstenester og terroristar er det behov for tett samarbeid med ei rekkje aktørar som er påverka av denne trusselen, i og utanfor Noreg. Samarbeidet mellom politi- etterretnings- og tryggingste-

nestene er eit eksempel på tiltak som styrker evna vår til å møte utfordringane. Samarbeidet byggjer blant anna på Felles cyberkoordineringssenter (FCKS) og Felles kontraterrorsenter (FKTS).

For å møte trusselaktørane som opererer i og gjennom det digitale rommet, er det behov for relevante verktøy og relevant kompetanse, men og for eit godt heimelsgrunnlag og ei god regulering av personopplysningar. Med tanke på utviklinga i trusselbiletet, og sett opp mot den raske utviklinga innafor teknologi, er det å sikre eit regelverk som støttar oppunder oppgaveløysinga samstundes som det varettek rettstryggleik og personvernomsyn, eit kontinuerleg arbeid som regjeringa vil følgje opp framover. PST vidareutviklar det gode samarbeidet med Etterretningstenesta. Det blir arbeidd med tilrettelegging av regelverket for dette samarbeidet for å sikre at krava i den nye etterretningsteneste-lova blir oppfylt.

I årsmeldinga til Stortinget frå Stortingets overvåkningsorgan for etterretnings- overvåkings- og tryggingstenestene (EOS-utvalet) kritiserte utvalet PST i samband med einskilde saker. Stortinget uttrykte støtte til utvalet. Departementet vil ta omsyn til kritikken frå Stortinget i det vidare arbeidet med å utvikle PSTs oppgaveløysing og heimelsgrunnlag.

### Ulovleg etterretningsverksemd

Statar viser evne og vilje til å oppnå eigne mål på eit vis som i aukande grad utfordrar nasjonal tryggleik. Framande etterretningstenester bruker metodar som omfattar både operasjonar i det digitale rommet og meir konvensjonelle tiltak. Økonomiske tiltak, oppkjøp, falske nyheiter og ulike for-



mer for påverknadsoperasjonar er metodar som er særleg krevjande å møte. Under virusutbrotet har slike tiltak blitt brukte i fleire land. Samansett verkemiddelbruk utfordrar òg evna styresmaktene har til å fange opp trusselaktørar. Det er viktig at dei nasjonale tryggingstyresmaktene har tilstrekkeleg heimelsgrunnlag, kompetanse og ressursar til å avdekke, motverke og handtere den breie verkemiddelbruken som framande statar rettar mot Noreg.

#### Terror og annan politisk motivert vald

Samfunnsoppdraget til PST omfattar terroråtak og truslar knytta til radikaliserings- og valdeleg ekstremisme. PST vurderer det no som like sannsynleg at ei terrorhandling vil bli utført av høgreekstremistar, som at ho blir utført av ekstreme islamistar. Ein kan aldri garantere at terroråtak ikkje vil hende. Vi må derfor kontinuerleg arbeide med førebygging og med tryggingstiltak hos utsette aktørar.

For å bidra til å auke kunnskapen om truslar og moglege tiltak for å møte dei hos dei trusselutsette vil det også framover vere sentralt for PST å bidra til formidling av trusselvurderingar og kunnskap. Kunnskap om trusselaktørar og metodane deira er sentralt for at dei ulike utsatte aktørane sjølv skal kunne identifisere truslar og setje i verk førebyggjande tiltak. Det er utfordrande å nå ut til alle som treng det med god nok informasjon, men PST har vidareutvikla og målretta informasjonsarbeidet sitt dei seinare åra, ikkje minst etter terroråtakinget mot en moske i Bærum i august 2019.

#### Truslar mot styresmaktspersonar

PST bidrar til tryggheit for styresmaktspersonar, inkludert livvakttenesta for sentrale styresmaktspersonar, utarbeiding av trusselvurderingar, rådgiving og førebyggjande tiltak.

Inn mot stortingsvalet i 2021 vil truleg ei rekke norske styresmaktspersonar bli utsette for hatefulle, sjikanerande og truande handlingar. Det er ei svært sentral oppgåve for PST å sikre at alle som tek på seg tillitsverv i politikken, kan vere trygge på at dei ikkje blir utsette for sjikane eller valdelege åtak på seg sjølv eller på familien sin. Dette er ei viktig del av PSTs samfunnsoppdrag med å sikre demokratiet.

PST vil i 2021 ha særleg merksemd retta mot truslar mot styresmaktspersonar inn mot Stortinget.

#### Eksportkontrollarbeid og arbeidet mot ulovleg spreiding av masseødeleggingsvåpen

Det er ei viktig oppgåve for PST å drive rådgiving, førebyggjande tiltak og etterforskning av saker med brot på reglane for eksportkontroll med forsvarsmateriell og fleirbruksvarer, og for å hindre ulovleg spreiding av masseødeleggingsvåpen (MØV). Dette arbeidet går føre seg i samarbeid med Utanriksdepartementet, Tolletaten, Etterretningstenesta og politiet elles.

Etterretningsverksemd retta mot forskings- og utdanningssektoren eller aktørar innanfor teknologitung næring er særleg urovekkande. Statar som driv etterretningsoperasjonar mot norsk forskning og utvikling, har dei seinare åra vist evne og vilje til å bruke både militærmakt og masseødeleggingsvåpen mot andre statar og innbyggjarane deira. Nokre statar som i dag har eller blir mistenkt for å ha MØV-program, har òg nære bindingar til ulike terrororganisasjonar som slik kan få tilgang til kunnskap, teknologi og utstyr som ein treng for å utvikle slike program.

Arbeidet med å førebyggje og motverke truslar knytte til eksportkontroll av forsvarsmateriell og fleirbruksvarer og ulovleg spreiding av masseødeleggingsvåpen blir stadig meir komplekst. Derfor blir samarbeidet mellom dei norske aktørane med ansvar innfor feltet no styrkt.

#### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer driftsutgifter for den sentrale eininga (DSE) i PST i tillegg til enkelte utgifter knytte til drift av dei lokale PST-einingane i politidistrikta.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 14,6 mill. kroner. Det kjem i hovudsak av at tidlegare satsingar går over i driftsfase. Det gjeld til dømes informasjonsinnhenting i det digitale rom. Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 444, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3444, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 968,0 mill. kroner.

**Kap. 3444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST)**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
02	Refusjoner	14 756	17 640	18 204
	Sum kap. 3444	14 756	17 640	18 204

**Post 02 Refusjoner**

På posten blir det rekneskapsført inntekter som PST får refundert for enkeltoppdrag og særskild bistand til Utanriksdepartementet.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga

under kap. 444, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3444, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 18,2 mill. kroner.

**Kap. 445 Den høyere påtalemyndighet**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	270 427	277 795	300 999
	Sum kap. 0445	270 427	277 795	300 999

**Omtale av verksemda**

Riksadvokaten leier Den høgare påtalemakta både fagleg og administrativt, og har den overordna faglege leiinga av heile straffesaksbehandlinga i eigen etat og i politiet.

Den høgare påtalemakta er ei fellesnemning for dei ti regionale statsadvokatembeta i Noreg, Det nasjonale statsadvokatembetet, Økokrim og Riksadvokatembetet. Økokrim er både eit statsadvokatembete og ei sentral politieining. Riksadvokaten har det faglege ansvaret for behandlinga av straffesaker ved Økokrim. Politidirektoratet har det overordna ansvaret for anna verksemd ved Økokrim og for administrative saker. Statsadvokatembeta i regionane har den overordna faglege leiinga av straffesaksbehandlinga i politidistrikta i sine regionar. Det nasjonale statsadvokatembetet har påtaleansvaret på statsadvokatnivå for saker som Kripos tek sjølv, og har òg den overordna faglege leiinga av straffesaksbehandlinga ved Kripos. Det nasjonale statsadvokatembetet har òg påtaleansvaret på statsadvokatnivå for straffesaksbehandlinga ved Politiets tryggingsteneste.

Prinsippet om at ingen kan instruere påtalemakta i enkeltsaker, vart ved lovvedtak 1. november 2019 lovfesta i straffeprosesslova § 55.

Bemanninga per 31. mars 2020 utgjorde 175 årsverk.

**Fagleiing**

Den høgare påtalemakta har eit særleg ansvar for å stille krav til og sørge for at kvaliteten på straffesaksbehandlinga held eit høgt nivå. Den høgare påtalemakta har dei siste åra gjennom styrkt faglege styring av påtalemakta i politiet medverka til auka kvalitet og effektivitet i straffesaksbehandlinga til politiet. Dette arbeidet er vesentleg for å få til høgare måloppnåing i politidistrikta. Arbeidet med å utvikle ei aktiv fagleiing skal vidareførast i 2021.

Fagleiinga og arbeidsmetodikken som blir nytta, er blitt meir profesjonalisert, og utføringa er blitt likare på tvers av statsadvokatembeta. Utvikling av nasjonale kvalitetsindikatorar er viktige bidrag i arbeidet med kvalitetsforbetring av straffesaksbehandlinga. Indikatorane står sentralt i dei

landsomfattande kvalitetsundersøkingane statsadvokatane gjennomfører.

Avgrensing av etterforsknings- og påtaleplikta i enkelte saker

Det har dei siste åra blitt fleire store komplekse saker som er krevjande å etterforske på ein effektiv og kvalitativ god måte. Dette gjeld til dømes saker med seksuelle overgrep, medrekna nettvergrepssaker med mange fornærma. I slike saker er det stort behov for aktiv rettleiing frå Den høgare påtalemakta til påtalemakta i politiet, slik at det blir sett i verk adekvate etterforskingsskritt for å sikre oppklaring, men likevel slik at store sakskompleks blir avgrensa på ein fagleg forsvarleg måte.

Utover rettleiing frå Den høgare påtalemakta kan det vere behov for lovendringar for å presisere grensene for etterforsknings- og påtaleplikta til politiet og påtalemakta. Riksadvokaten har initiert lovendringar i straffelova og straffeprosesslova. Departementet har sendt på høyring forslag til enkelte endringar i straffelova og straffeprosesslova for å leggje betre til rette for ei hensiktsmessig utnytting av ressursane til politiet og påtalemakta.

Den høgare påtalemakta sitt arbeid med Nav-sakene

Påtalemakta sitt arbeid med Nav-sakene har sidan hausten 2019 vore leia av ein oppnemnd setjeriksadvokat. Påtalemakta har vore styrkt med to statsadvokatar for å sikre ein sentralisert og ein-skapleg behandling av sakene.

Setjeriksadvokaten har så langt vurdert å gjenopne i overkant 80 saker med rettskraftig dom.

Per 20. august var 55 av disse sakene vurderte til å fylle vilkåra for gjenopning. 18 av disse dommane er så langt gjenopna, og av dei er ei til ny behandling i Høgsterett. I denne saka har Høgsterett, som ledd i saksførebuinga si bedt om rådgivande fråsegn frå EFTA-domstolen om forståinga av EØS regelverket både før og etter 1. juni 2012. Setjeriksadvokaten har derfor gitt direktiv om at alle relevante saker må leggjast til side inntil det ligg føre ei avklarande avgjerd i Høgsterett, med unntak av saker der vilkåra for gjenopning uansett ikkje er å sjå som oppfylte.

Det er ikkje rettsleg avklart om det òg er feil i rettsbruken i saker som gjeld mottak av andre trygdeytningar, til dømes dagpengar. Disse sakene er foreløpig lagde til side hos politiet og påtalemakta i påvente av ei nærmare rettsleg avklaring. Ei sak om dagpengar er no til behandling ved Borgarting lagmannsrett, og det vil òg i denne saka bli bede om rådgivande fråsegn frå EFTA-domstolen om dei EØS-rettslege spørsmåla som saka reiser.

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer i hovudsak driftsutgifter for Den høgare påtalemakta. Det blir foreslått å auke løyvinga med 4,5 mill. kroner til arbeidet med Nav-sakene.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 20 mill. kroner, som er heilårsverknad av midlar Stortinget løyvde i samband med Prop. 127 S (2019–2020). Det blir foreslått at løyvinga er ein varig auke. Sjå òg omtale under programkategori 06.20.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 301,0 mill. kroner.

## Kap. 3445 Den høgere påtalemyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
02	Refusjoner	3 000	3 096	2 142
	Sum kap. 3445	3 000	3 096	2 142

### Post 02 Refusjoner

Løyvinga på posten dekkjer refusjonar frå den tidlegare utleigaren i samband med flytting til nye

lokale. Det blir foreslått ei løyving på posten på 2,1 mill. kroner.

**Kap. 446 Den militære påtalemyndighet**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	8 928	9 058	9 079
	Sum kap. 0446	8 928	9 058	9 079

**Omtale av verksemda**

Generaladvokaten leier den militære påtalemakta og er overordna krigsadvokatane. Generaladvokaten er underlagd Riksadvokaten i påtalemessige spørsmål, men er administrativt underlagd Justis- og beredskapsdepartementet. Generaladvokaten og krigsadvokatane høyrer til påtalemakta, og har ansvar for militære straffesaker. Dei har i tillegg som oppgåve å støtte militære sjefar i kontroll med disiplinærutøvinga ved lovlegheitskontroll av alle refsingar og å uttale seg i ei rekkje disiplinærsaker før refs blir gitt, og å uttale seg i alle klage-

saker. I tillegg til dei løpande oppgåvene har generaladvokaten ansvaret for å førebu verksemda til den militære påtalemakta i krigstid. Embetet har og oppgåver av folkerettsleg art innanfor fagområde sitt.

**Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga på posten dekker alle driftsutgifter for generaladvokatembetet, under dette krigsadvokatane for Sør- og Nord-Noreg. Bemanninga per 31. mars 2020 utgjorde 7,8 årsverk. Det blir foreslått ei løyving på posten på 9,1 mill. kroner.

**Kap. 448 Grensekommissæren**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	5 887	5 745	5 762
	Sum kap. 0448	5 887	5 745	5 762

**Post 01 Driftsutgifter**

Bemanninga ved Grensekommissariatet per 31. mars 2020 utgjorde 5 årsverk. Løyvinga på posten dekker utgifter til lønn og andre driftsutgifter. Pos-

ten skal dessutan dekke utgifter til grensemerking mellom Noreg og Russland og utgifter i samband med møte med finske og russiske grensestyresmakter. Det blir foreslått ei løyving på posten på 5,8 mill. kroner.

## Programkategori 06.50 Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap

Utgifter under programkategori 06.50 fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
01–25	Driftsutgifter	2 737 115	2 663 342	2 691 504	1,1
30–49	Nybygg, anlegg m.v.	1 771 467	2 494 629	2 118 266	-15,1
70–89	Overføringer til private	278 045	292 410	311 439	6,5
Sum kategori 06.50		4 786 627	5 450 381	5 121 209	-6,0

Utgifter under programkategori 06.50 fordelt på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	814 455	1 573 440	1 570 000	-0,2
452	Sentral krisehåndtering	25 454	26 849	26 927	0,3
453	Sivil klareringsmyndighet	33 349	32 527	47 123	44,9
454	Redningshelikoptertjenesten	2 335 788	3 015 384	2 659 395	-11,8
455	Redningstjenesten	431 057	431 875	453 996	5,1
456	Nød- og beredskapskommunikasjon	749 840			
457	Nasjonal sikkerhetsmyndighet	396 684	370 306	363 768	-1,8
Sum kategori 06.50		4 786 627	5 450 381	5 121 209	-6,0

### 1 Innleiing

Programkategori 06.50 *Redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap* omfattar Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Sivil klareringsmyndigheit (SKM), Nasjonalt tryggingorgan (NSM), redningshelikoptertenesta, redningstenesta og sentral krisehandtering.

Arbeidet med stats- og samfunnstryggleik er kjenneteikna av mange aktørar som varetok ulike delar av arbeidet. Ansvarsprinsippet ligg til grunn for arbeidet, som inneber at den organisasjonen

som har ansvaret for eit fagområde i ein normalsituasjon, også har ansvaret for nødvendige beredskapsførebuingar og for å handtere ekstraordinære hendingar på området. Ansvaret for arbeidet er i tråd med dette fordelt mellom ei rekkje departement og verksemder. Aktørane har eit samla ansvar for å ha tilstrekkeleg kunnskap om og oversikt over risiko og sårbarheit, drive effektiv og målretta førebygging, ha tilstrekkeleg beredskap og krisehandtering, kunne tilbakeføre funksjonar ved øydeleggingar og lære av erfaringar frå øvingar og hendingar.

Verksemdene i programkategori 06.50 er sentrale i arbeidet med stats- og samfunnstryggleik. Verksemdene skal saman med departementet hjelpe til med å sikre tryggleiken til innbyggjarane ved at samfunnet best mogleg blir i stand til å førebygge, motverke og unngå uønskte hendingar. Politiet og Politiets tryggingsteneste (PST) hjelper med kapasitet og kompetanse for å redusere sårbarheit i samfunnet, jf. òg omtalen under programkategori 06.40.

## 2 Mål og budsjettprioriteringar

Programkategori 06.50 har dette målet:

- Tryggleik i samfunnet

Tryggleik i samfunnet inneber at Noregs nasjonale tryggingssinteresser er sikra. Samfunnet er verna mot hendingar som set liv og helse i fare, og som truar grunnleggjande verdiar og viktige samfunnsfunksjonar. Det er trygt å bu og ferdast i Noreg.

Regjeringa foreslår desse prioriteringane i 2021-budsjettet:

- 14,6 mill. kroner til SKM for å gje betre saksbehandlingsskapasitet
- 37,2 mill. kroner til DSB i samband med ev. deltaking i EUs ordning for sivil beredskap (UCPM) i 2021–2027
- 2,7 mill. kroner i auka løyving til DSB i samband med vidareføring av pilotperioden for Emergency Medical Team (NOR EMT)
- 25 mill. kroner til DSB som ei vidareføring av løyvinga til tryggleik i Nødnett
- 20 mill. kroner til NSM som ei vidareføring av løyvinga frå 2020 til digitalisering av saksbehandling innanfor persontryggleik
- 139,1 mill. kroner, som blir fordelt mellom DSB og Statsbygg, til å arbeide vidare med etableringa av ein offentleg toårig fagskule for utdanning av brann- og redningspersonell
- 15 mill. kroner i auka tilskot til Redningsselskapet til drift av redningskøyte i Vardø
- 2,6 mrd. kroner for å sikre anskaffinga av 16 nye redningshelikopter til erstatning for Sea King og midlar til drift av dagens redningshelikopter
- fortsette å vidareutvikle totalforsvaret gjennom bl.a. auka involvering av det lokale og det regionale leddet, og ei styrking av privat-offentleg samarbeide
- planleggje, gjennomføre og evaluere tverrsektorielle øvingar på nasjonalt nivå som gir høve

for brei deltaking på departements- og direktoratsnivå.

## 3 Tverrsektorielt arbeid på samfunnstryggleiksområdet

### 3.1 Nasjonal tryggleik

*Lov om nasjonal sikkerhet* (tryggingsslova) tok til å gjelde 1. januar 2019 og skal blant anna bidra til å tryggje Noregs suverenitet, territoriale integritet og demokratiske styreform og andre nasjonale tryggingssinteresser. Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for lova og det overordna ansvaret for det førebyggjande tryggleiksarbeidet i sivil sektor. Forsvarsdepartementet har det overordna ansvaret for det førebyggjande tryggleiksarbeidet i forsvarssektoren. Nasjonalt tryggingssorgan (NSM) varetek det utøvande ansvaret for førebyggjande tryggleik på vegner av Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet.

### 3.2 Samordningsrolla til Justis- og beredskapsdepartementet

Samordningsrolla til Justis- og beredskapsdepartementet er fastsett i *Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet* (samfunnstryggleiksinstruksen). Instruksjonen tydeleggjer og konkretiserer oppgåvene til departementa og fastset nærmare krav til dei hovudansvarlege departementa. Justis- og beredskapsdepartementet har i tillegg eit overordna ansvar for det førebyggjande tryggleiksarbeidet på sivil side, jf. kgl.res. av 20. desember 2018. Forsvarsdepartementet har tilsvarende ansvar i forsvarssektoren. Pådrivar- og samordningsrolla til Justis- og beredskapsdepartementet inneber blant anna å initiere og koordinere prosessar på tvers av departement, å rettleie departementa i arbeidet deira på området, å sørge for at problemstillingar på tvers av sektorar blir handterte, og å leggje fram usemjesaker for regjeringa eller ved behov, for Kongen i statsråd.

Ansvaret for samfunnstryggleiken er fordelt på alle sektorar, og så vel statlege som kommunale og private verksemdar spelar viktige roller. Samordningsrolla til Justis- og beredskapsdepartementet er under kontinuerleg utvikling, og målet er ei målretta og systematisk styrking av samfunnstryggleiken på tvers av sektorgrensene.

I handteringa av virusutbrotet har både Helse- og omsorgsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet vore leiardepartement. Kriestetøtteininga har støtta begge departement i handteringa deira med ressursar, infrastruktur,

rapportering og rådgiving. Virusutbrotet har fått konsekvensar for heile samfunnet utover helse- og omsorgssektoren. Kriserådet fastsette 13. mars 2020, etter forslag frå Helse- og omsorgsdepartementet, at Justis- og beredskapsdepartementet skulle være leiardepartement med ansvar for å koordinere handteringa av virusutbrotet. Sentrale oppgåver for Justis- og beredskapsdepartementet som leiardepartement har vore å koordinere avgjerdsgrunnlag frå departementa, innhente situasjonsrapportar, og syte for koordinert informasjon til media og befolkning. Kriserådet har vore eit viktig samordningsorgan i handteringa.

Den vidare handteringa av virusutbrotet vil være ei sentral oppgåve for Justis- og beredskapsdepartementet også i 2021.

### 3.3 Tryggleiksomgrepa

Regjeringa har det øvste ansvaret for å vareta samfunnstryggleik, statstryggleik og nasjonal tryggleik.

Samfunnstryggleik handlar om evna samfunnet har til å verne seg mot og handtere hendingar som truar grunnleggjande verdiar og funksjonar og set liv og helse i fare, gjennom heile krisespekteret. Slike hendingar kan vere utløyste av naturen, dei kan vere eit utslag av tekniske eller menneskelege feil, eller dei kan vere bevisste handlingar.

Formålet med statstryggleiken er å vareta eksistensen, suvereniteten, den territoriale integriteten og den politiske handlefridommen til staten. Norsk trygging- og forsvarspolitikkk skal sikre statstryggleiken.

Samfunnstryggleiken og statstryggleiken er avhengige av kvarandre. Enkelte sivile varer og tenester som forsyning av drivstoff og tilgang til transportinfrastruktur kan vere heilt nødvendige for varetakinga av samfunnstryggleiken, men òg avgjerande for Forsvaret i varetakinga av statstryggleiken. Samstundes kan sivile aktørar vere avhengige av hjelp frå Forsvaret i kritiske situasjonar, til dømes i samband med at dei treng transport ved handteringa av ei hending.

Framveksten av nye tryggleiksutfordringar, medrekna åtak frå ikkje-statlege aktørar, kan utfordre både samfunnstryggleiken og statstryggleiken. Samansette truslar, der ulike verkemiddel blir brukte for å støtte oppunder og forsterke kvarandre, kan gjere det vanskelegare å identifisere tryggleikstruande verksemd og å forstå det samla trusselbiletet og kva for aktørar som står bak. Skiljet mellom samfunnstryggleiken og statstryggleiken blir meir utydeleg, og det kan bli

meir utfordrande å sjå kven som eigentleg blir råka av ein bestemt trussel.

Omgrepet nasjonal tryggleik er knytt til tryggingsslova og handlar om å tryggje nasjonale tryggingssinteresser som i lova blir definert som suvereniteten og den territoriale integriteten til landet, den demokratiske styreforma i landet og andre nasjonale tryggingssinteresser knytte til:

- a) verksemda, tryggleiken og handlefridommen til dei øvste statsorgana
- b) forsvar, tryggleik og beredskap
- c) forholdet til andre statar og internasjonale organisasjonar
- d) økonomisk stabilitet og handlefridom
- e) den grunnleggjande funksjonaliteten i samfunnet og den grunnleggjande tryggleiken til befolkninga.

Verkeområdet til tryggingsslova er statstryggleiksområdet og den delen av samfunnstryggleiksområdet som er viktig for evna staten har til å vareta nasjonale tryggleikssinteresser.

### 3.4 Felles planleggingsgrunnlag

Samordning kan vere utfordrande, og ein viktig føresetnad for å lukkast er at aktørane har ei felles situasjons- og risikoforståing og eit felles bilete av kva som er særleg viktig å prioritere. På grunnlag av kunnskap om truslar og risikoar må det vurderast kva for tiltak som er mest kostnadseffektive, og kva for ein effekt dei vil kunne ha for å redusere risiko og sårbarheiter i samfunnet. Når eit tiltak er gjennomført, må det vurderast om risikoen er redusert til eit akseptabelt nivå, eller om ytterlegare tiltak må til.

Oversyn over kva for funksjonar som er kritiske i eit samfunnsperspektiv, og avhengnadene mellom desse, er ein føresetnad for godt samfunnstryggleiksarbeid. Oppdaterte og gode planleggingsgrunnlag er viktig for dette arbeidet.

Trussel- og sårbarheitsvurderingane som blir utarbeidde av blant anna PST og NSM, og DSBs krisescenario, gir eit viktig felles grunnlag for arbeidet med nasjonal- og samfunnstryggleik. Departementet legg til grunn at trussel- og risikovurderingane og scenarioa skal vere ein del av grunnlaget for arbeidet med å styrke tryggleiken og beredskapen i alle departement og etatar.

Sikring av kritiske samfunnsfunksjonar er ein sentral del av samfunnstryggleiksarbeidet. Justis- og beredskapsdepartementet har som del av det overordna samordningsansvaret for samfunnstryggleik, ei oppgåve i å utvikle og vedlikehalde oversikt over kva for funksjonar som i eit tverrsek-

torielt perspektiv er kritiske for samfunnstryggleiken. Rapporten *Samfunnets kritiske funksjoner. Hvilken funksjonsevne må samfunnet opprettholde til enhver tid?*, utarbeidd av DSB i 2016, gir ei utdjupande beskriving av kva for funksjonar som i eit tverrsektorielt perspektiv er kritiske for funksjonsevna og samfunnstryggleiken.

Regjeringa har fremma to stortingsmeldingar om samfunnstryggleik. Meld. St. 10 (2016–2017) *Risiko i et trygt samfunn*, jf. Innst. 326 S (2016–2017) er regjeringa sin strategi for samfunnstryggleik i eit fireårsperspektiv. I Meld. St. 38 (2016–2017) *IKT-sikkerhet. Et felles ansvar*, jf. Innst. 187 S (2017–2018), gir regjeringa eit oversyn over statusen for oppfølginga av tilrådingane i rapporten frå det digitale sårbarheitsutvalet, NOU 2015: 13 *Digital sårbarhet – sikkert samfunn*, og prioriteringane til regjeringa på IKT-tryggleiksområdet.

Regjeringa har vidare etablert eit system der departement er peika ut som hovudansvarlege for 14 kritiske samfunnsfunksjonar. Departementa har blant anna ansvaret for å utarbeide status- og tilstandsvurderingar for dei 14 funksjonane, jf. samfunnstryggleiksinstruksen og tabell 1.2 i del I. Det skal rapporterast for alle funksjonane i løpet av fire år. Kommunal- og moderniseringsdepartementet er hovudansvarleg departement for samfunnsfunksjonen satellittbasert navigasjon og kommunikasjon, og presenterer status- og tilstandsvurderinga si i årets budsjettproposisjon. Med dette er status- og tilstandsvurderingane for alle funksjonane utførte.

I samband med virusutbrotet er det viktig å sikre forsvarleg drift av kritiske samfunnsfunksjonar. Med utgangspunkt i dei 14 kritiske samfunnsfunksjonane tok Justis- og beredskapsdepartementet initiativ til å utarbeide ei liste som skal bidra til å klargjere kva for typar verksemder og personellgrupper som er sentrale for å halde oppe drifta av kritiske samfunnsfunksjonar og som kunne få tilbod om i barnehage- og barneskuleplass. Lista vart utarbeidd i nært samarbeid med departementa. Lista inkluderer òg kritiske verksemdsfunksjonar innanfor andre samfunnsfunksjonar som blir vurderte som viktige i samband med handteringa av virusutbrotet.

DSB har sidan 2011 utarbeidd risikoanalysar av alvorlege hendingar som kan råke det norske samfunnet. Analysane omfattar naturhendingar, store ulukker og tilsikta handlingar. Risikoanalysane går på tvers av sektorar og forvaltningsnivå for å få fram kunnskap og skape medvit om det breie spekteret av moglege følgjehendingar og konsekvensar. I medhald av samfunnstryggleik-

sinstruksen er krisescenarioa ein del av det overordna nasjonale planleggingsgrunnlaget innanfor samfunnstryggleiksfeltet. I 2019 vart desse samla i ein ny, oppdatert samlerapport: *Analysar av krisescenario 2019*. Totalt 25 scenario er omtalte i rapporten. I tillegg er det utarbeidd eit gradert scenario om hybrid åtak på Noreg.

I 2019 utarbeidde DSB ei evaluering av krisescenarioa. Formålet med evalueringa var å få oppdatert kunnskap om korleis viktige målgrupper bruker scenarioa, og om korleis ulike faktorar påverkar nytteverdien. Evalueringa dannar grunnlaget for ei eventuell vidareutvikling av metode og prosess. Det blir arbeidd med oppfølginga av evalueringa i Justis- og beredskapsdepartementet.

Justis- og beredskapsdepartementet publiserte i 2019 ein ny rettleiar til samfunnstryggleiksinstruksen. Rettleiaren er eit hjelpemiddel for departementa og gir råd og tilrådingar om korleis departementa kan følgje opp krava i instruksen.

Regjeringa har styrkt arbeidet med samansette truslar. Justis- og beredskapsdepartementet koordinerer arbeidet i nært samarbeid med Utanriksdepartementet og Forsvarsdepartementet.

Regjeringa tok sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om samfunnstryggleik våren 2020. I medhald av samfunnstryggleiksinstruksen utgjør meldingane ein del av det overordna planleggingsgrunnlaget på samfunnstryggleiksfeltet. Arbeidet med meldinga vart stoppa på grunn av virusutbrotet. Meldinga vil bli lagd fram hausten 2020.

### 3.5 Tilsyn med departementa

Tilsyn med korleis departementa arbeider med samfunnstryggleik, er eit sentralt verkemiddel for samordningsrolla til Justis- og beredskapsdepartementet, og har bidratt til å styrke samfunnstryggleiksarbeidet over tid. Tilsyn med samfunnstryggleiksarbeidet til departementa er nærmare regulert i samfunnstryggleiksinstruksen fastsett av Justis- og beredskapsdepartementet 1. september 2017. Tilsyna tener to formål: å fremme god kvalitet i samfunnstryggleiksarbeidet i det enkelte departementet og å bidra til eit samordna og heilskapleg arbeid med samfunnstryggleik på tvers av departements- og sektoransvar.

Tilsyna skal i større grad enn tidlegare vere baserte på vesentlegheit og risiko. Det kan føre til at tilsyn blir retta mot særskilde tema og krav i instruksen. Det skal leggjast meir vekt på tverrsektorielle utfordringar.

Tilsyna blir gjennomførte av DSB på vegne av Justis- og beredskapsdepartementet. Tilsyn med Olje- og energidepartementet starta opp i 2019.



Tilsyn med Klima- og miljødepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet startar opp hausten 2020. Helse- og omsorgsdepartementet har ansvaret for å føre tilsyn med Justis- og beredskapsdepartementet og delegerer dette normalt til Statens helsetilsyn. DSB kan støtte Helse- og omsorgsdepartementet ved dette tilsynet, men vil då vere underlagt dei.

Regjeringa er orientert om resultat frå og oppfølging av kvart enkelt tilsyn. Alle tilsynsrapportar er som hovudregel offentlege ved innsyn, og tilsyna blir avslutta når alle brot på krav og vesentlege forbetringsspunkt er retta opp.

Nasjonalt tryggingorgan (NSM) fører i tillegg tilsyn med departementa innanfor verkeområdet til tryggingsslova. NSM og DSB koordinerer tilsynsaktiviteten sin mot departementa.

### 3.6 Forsking og kunnskapsutvikling

I tråd med Meld. St. 10 (2016–2017) *Risiko i et trygt samfunn*, jf. Innst. 326 S (2016–2017) skal samfunnstryggleiksområdet varetta læring og oppfølging etter hendingar. Det er stort behov for meir kunnskap på feltet, og samfunnstryggleiksinstruksen stiller no større krav til korleis departementa arbeider med kunnskapsbasert samfunnstryggleiksarbeid. Departementa skal blant anna evaluere øvingar og hendingar og sørge for at funn og læringspunkt blir følgde opp i organisasjonen og i leiinga.

Forsking er eit viktig verkemiddel for Justis- og beredskapsdepartementet i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Departementet arbeider for betre bruk av forskning og evaluering som grunnlag for læring, kunnskapsbaserte løysingar og generell politikkkutforming i departementet og sektoren. Dei sentrale kunnskapsbehova innanfor samfunnstryggleik er betre forståing av faktorar som styrker motstandskrafta i samfunnet, kva som gjer komplekse og kritiske samfunnsfunksjonar sårbare, effektiv styring og leiing av arbeidet med samfunnstryggleik, betre erkjening av risiko, operativ samhandling og førebygging av terrorisme.

Vidare er det eit stort behov for meir kunnskap om effekten av offentlege verkemiddel på området, slik som reguleringar, tilsyn, øvingar, rettleiing m.m. Som følge av måten ansvar og roller er fordelte på innanfor samfunnstryggleiken, er kunnskapsgrunnlaget òg delt opp på mange. Ein nærmare omtale av forskingsinnsatsen innanfor samfunnsstryggleik er å finne i programkategorii 06.10.

Justis- og beredskapsdepartementet tek del i finansieringa av program i Forskingsrådet knytte til samfunnstryggleik (SAMRISK) og digital tryggleik (IKT Pluss). Forskinga har gitt ny kunnskap til samfunnet og til forvaltninga. Til dømes er det prosjekt om kommunikasjon og felles situasjonsforståing blant krisehandteringsaktørar, om koordinering ved komplekse redningsaksjonar i nordområda og om korleis falske nyheiter kan oppstå og spreie seg gjennom internett. Gjennom ei hasteutlysing våren 2020 lyste Forskingsrådet ut midlar til forskning på spørsmål som er relevante for å handtere virusutbrotet. Forskinga skal bidra til å evaluere behandling og gi systematisk kunnskap om spreinga og effektane av viruset. Tre av prosjekta som vart godkjende ved denne utlysinga vil bli finansierte ved at dei får allokert inntil 15 mill. kroner frå SAMRISK.

Justis- og beredskapsdepartementet har òg samarbeid med forskingsinstitusjonar innanfor sivilt-militært samarbeid og totalforsvar (Forsvarets forskingsinstitutt (FFI)), innanfor digital tryggleik og fysisk sikring/bygningssikring (Simula og NTNU). Prosjekt innanfor totalforsvar og vern av samfunnets kritiske funksjonar i serien *Beskyttelse av samfunnet* (BAS) har blitt utførte ved FFI sidan 1994. BAS9 starta i 2019 med hovudtema om utfordringar og moglegheiter for samfunnstryggleik i framtida, relevansen av og utviklinga av totalforsvaret, samordning av arbeidet med kritiske samfunnsfunksjonar/grunnleggjande nasjonale funksjonar og betre læring etter øvingar. Departementet inngjekk ein samarbeidsavtale med FFI i 2018 om forskning på samfunnstryggleiksområdet. Under denne arbeider FFI og Justis- og beredskapsdepartementet saman om blant anna eit prosjekt om krigsetterleiver, heilskapleg vurdering av øvingar og kjemikalieberedskap.

Justis- og beredskapsdepartementet deltek aktivt i EUs rammeprogram for forskning på tryggleiksfeltet (katastrofeberedskap, sikring av infrastruktur, førebygging av terrorisme, grensekontroll og digital tryggleik). Over halvvegs i programmet er det delt ut meir enn 300 mill. norske kroner til prosjekt innanfor samfunnstryggleik med norsk deltaking. I samband med utviklinga av eit nytt rammeprogram for Horizon Europe frå 2021 bidrar Justis- og beredskapsdepartementet til dette på samfunnstryggleiksfeltet, i samarbeid med Kunnskapsdepartementet og andre relevante aktørar.

### 3.7 Samarbeid innanfor NATO, EU og Norden

Endra tryggingpolitiske og klimatiske omgivelser krev tiltak for å styrke og forbetre motstandskrafta vår mot eit breitt spekter av truslar og risikoar. Noreg bidrar derfor aktivt til NATOs arbeid og har ein nær dialog og eit nært samarbeid med dei nordiske landa. I tillegg følgjer vi arbeidet i EU og tek del i EUs ordning for sivil beredskap.

Det endra tryggingpolitiske biletet har ført til at NATO i større grad enn tidlegare har sett sivilt beredskapsarbeid og sivilt-militært samarbeid på dagsordenen. Årsaka er at sivil beredskap, krisehandtering og robuste kritiske samfunnsfunksjonar er ein føresetnad for samla beredskap og forsvaret i kvart enkelt land, og dermed for alliansen som heilskap. NATO vedtok i denne samanhengen i 2016 sju grunnleggjande forventningar til kva evne medlemslanda skal ha til motstand i funksjonar som er kritiske for samfunnet. Desse sju grunnleggjande forventningane har gjennomgått ein førebels revisjon, der tiltak med bakgrunn i dei førebelse lærdommane frå virusutbrotet inngår som element i aktuelle kritiske samfunnsfunksjonar. Som ein del av forsvarsplanlegginga si gjennomfører NATO kvart anna år ei kartlegging (NATO Defence Planning Capability Survey (NDPCS)) i alle medlemslanda. Dei sju grunnleggjande forventningane inngår i NATOs kartlegging av nasjonale planar og policyar, nasjonale styrkebidrag og kapasitetar og relevante sivile ressursar og ordningar som kan inngå i allierte operasjonar. Den siste kartlegginga vart gjennomført i 2019. Departementa som er involverte i arbeidet med totalforsvarsprogrammet, bidrar i denne undersøkinga. I undersøkinga i 2017 var hovudkonklusjonen frå NATO-staben at Noreg har ei robust tilnærming til sivil beredskap. På grunn av implikasjonar av virusutbrotet vil ikkje rapporten etter undersøkinga «State of Civil Preparedness» bli presentert innan hausten 2020.

Noreg deltek i EUs ordning for sivil beredskap. Formålet med ordninga er å leggje til rette for eit breitt samarbeid i Europa innanfor samfunnstryggleik og beredskap. For Noreg representerer ordninga eit viktig tryggleiksnett. I tilfelle det skjer ei hending i Noreg som ikkje kan handterast tilstrekkeleg nasjonalt, kan norske styresmakter be om hjelp frå EU. Noreg vurderte blant anna å be om hjelp i samband med skogbrannane sommaren 2018, og har nytt godt av ordninga samband med handteringa av virusutbrotet. Ordninga har særleg vore verdifull i samband med heimhenting av norske borgarar, men og

som politisk inngang til ei rekkje møtearenaer, til dømes uformelle møter på ministernivå, men og på ambassadørnivå og teknisk nivå. I samband med virusutbrotet går det og føre seg vaksinesamarbeid og anskaffing av lagerhold av legemiddel. Gjennom samarbeidet kan Noreg og bidra med hjelp til andre land, og Noreg stiller blant anna det norske Emergency Medical Team (NOR EMT) til disposisjon. NOR EMT har vore med på nasjonal innsats i to rundar, under meslingutbrotet i Samoa i desember 2019, og deretter i Bergamo i Italia i april 2020, som vart hardt råka av virusutbrotet. I september reiste teamet til Moria-leiren på Lesbos for å bistå etter brannen. For nærmare beskriving av NOR EMT, visast det til tekst i Prop.1 S (2020–2021) for Helse- og omsorgsdepartementet. Det tas atterhald om at endeleg avgjerd om norsk deltaking i EU sine program i perioden 2021–2027 tas etter at EUs langtidsbudsjett er vedteke. Det vises og til omtale av deltaking i EUs programmer 2021–2027 i Utanriksdepartementets fagproposisjon.

Det nordiske samarbeidet innanfor samfunnstryggleik er prega av tett dialog om spørsmål knytte til nordisk tryggleik, Nordens nærområde og europeiske og globale problemstillingar. Omfanget av og kompleksiteten i utfordringane i vår tid har gjort verdi- og interessefelleskapa mellom dei nordiske landa synlege. Landa deler ofte vurderingar av desse utfordringane og korleis dei bør handterast. Noreg hadde formannskapet i 2019 i det såkalla Haga-samarbeidet. I møtet i oktober 2019 i Oslo mellom dei fem nordiske ministrane med ansvar for samfunnstryggleik og beredskap vart ministrane samde om Oslo-konklusjonane 2019, med framleis utvikling innanfor nordisk skogbrann-/naturbrannssamarbeid, nordisk samarbeid om kjemiske, biologiske, radioaktive og kjernefysiske stoff og ladningar (CBRN) og nordisk samarbeid om nødkommunikasjon. Vidare ønskte ministrane å fokusere på sivilt-militært samarbeid og hybride aktivitetar og på betydninga av nordområda generelt i Haga-samarbeidet. Dei nordiske landa har eit felles ønske om å bidra til NATO, EU, FN og nærområda våre. Gjennom det såkalla Haga-samarbeidet legg ein til rette for at dei nordiske landa i størst mogleg grad har koordinerte posisjonar for å påverke desse organisasjonane. Danmark overtok formannskapet for Haga-samarbeidet for 2020. Eit stadig tettare og meir omfattande arbeid innanfor EUs ordning for sivil beredskap legg til rette for å styrke det nordiske samarbeidet ved å trekkje vekslar på EUs støtte- og finansieringsordningar.

### 3.8 Førebyggjande nasjonal tryggleik

Målet med arbeidet med nasjonal tryggleik er å styrke motstandskrafta og uthaldet i nasjonen, og å gjere oss mindre sårbare mot truslar. Formålet med det førebyggjande tryggleiksarbeidet er å verne nasjonale tryggingsinteresser mot tilsikta handlingar som direkte eller indirekte kan skade desse. Arbeidet føreset evne til å forstå korleis trusselaktørane kan utnytte sårbarheit. Regjeringa arbeider breitt for å styrke evna til å verne verdiar på sivil side.

Vi står overfor eit komplekst trusselbilette, blant anna på grunn av aukande geopolitisk spenning. Det nasjonale risikobilette vårt blir endra når truslane blir endra, men òg når verdiane endrar seg, til dømes som følgje av teknologisk utvikling. Samordna tryggleik og beredskap vil setje oss betre i stand til å handtere kompleksiteten.

Det er fleire utviklingstrekk som tilseier at det er viktig å arbeide saman for å handtere sårbarheit. Større avhengnader på tvers av samfunnssektorar gjer eit tett samarbeid mellom sivile og militære styresmakter stadig viktigare. Det er viktig at det blir arbeidd kontinuerleg med å styrke evna til å etablere ei nasjonal situasjonsforståing, slik at vi blir betre til sjå hendingar i ulike sektorar i samanheng. Likeins er det viktig å ha evne til å analysere og forstå situasjonsbilette. På sivil side er det viktig at Justis- og beredskapsdepartementet held fram med å vere ein pådrivar for å etablere, halde ved like og analysere eit tverrsektorielt situasjonsbilette på strategisk nivå.

*Lov om nasjonal sikkerhet* (tryggingslova) er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med nasjonal tryggleik. Tryggingslova tok til å gjelde 1. januar 2019, og alle sektorar arbeider med å implementere lova. Ei tverrsektoriell tryggingslov og ei nasjonal tryggleiksstyresmakt med eit tverrsektorielt ansvar gjer at vi som stat har eit fortrinn samanlikna med andre statar. Dette gjer oss betre rusta til å vareta den nasjonale tryggleiken vår. Føremålet med lova er å tryggje dei nasjonale tryggleiksinteressene våre og å førebyggje, avdekke og motverke tryggleikstrugande verksemd. Dei nasjonale tryggleiksinteressene blir støtta ved at departementa identifiserer grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF) innanfor sine ansvarsområde, at verksemdar av avgjerande betydning for GNF vert underlagde tryggleikslova, og nødvendige sikringsiltak for skjermingsverdige verdiar blir gjennomførte. For å vareta formålet med lova, vil GNF-prosessen vere ein kontinuerleg prosess. Denne prosessen kan føre til

endringar når det gjeld identifiserte funksjonar og skjermingsverdige verdiar, kva for verksemdar som er av vesentleg og avgjerande betydning, og i kva grad ei verksemd er avhengig av eksterne ressursar (andre verksemdar). Kva som vil krevjast for å oppnå eit forsvarleg tryggleiksnivå, kan òg bli endra. I 2019 og 2020 er det gjort eit vesentleg arbeid i alle sektorar for å identifisere GNF-ar. Arbeidet har vist seg noko meir tidkrevjande enn påreknar. Sjølv om mykje er på plass, står det framleis noko arbeid att. Identifiseringa av GNF-ar dannar grunnlaget for å peike ut og klassifisere skjermingsverdige informasjonssystem og objekt og skjermingsverdige infrastruktur, og for å etablere eit forsvarleg tryggingsnivå for desse og dessutan få oversikt over dei gjensidige avhengnadene mellom dei. Arbeidet med implementering av ny tryggingslov kan medføre endringar i kva som blir klassifisert som skjermingsverdige objekt og infrastruktur.

Justis- og beredskapsdepartementet har identifisert følgjande grunnleggjande nasjonale funksjonar i eigen sektor

- JD GNF 1: «Justis- og beredskapsdepartementets verksemd, handlefridom og beslutningsdyktigheit» som omfattar departementet si rolle som fagleg sekretariat for politisk leiing, utøving av myndigheit og styring og oppfølging av underliggjande verksemdar.
- JD GNF 2: «Nasjonale sikkerheitstenester» som omfattar funksjonane hos dei nasjonale sikkerhetstenestene, under JD, som er nødvendige for å kunne førebyggje, avdekke og motverke tryggleikstrugande verksemd retta mot dei nasjonale tryggleiksinteressene våre.
- JD GNF 3: «Lov og orden» som omfattar dei funksjonane i justis- og beredskapssektoren som er nødvendige for å kunne vareta lov og orden som er av betydning for nasjonale tryggingsinteresser.

Verksemdene som så langt er identifiserte å ha avgjerande eller vesentleg tyding for GNF-ane i eigen sektor er statlege etatar og organ, og dei er såleis allereie omfatta av tryggingslova. Ein ser ikkje bort frå at arbeidet med å identifisera skjermingsverdige verdiar i sektoren kan identifisera private verksemdar som har ei slik tyding for GNF at dei må omfattas av lova.

Det er også i 2020 gjort betydelege investeringar og arbeid for å sikra skjermingsverdige objekt i justissektoren i samsvar med det ønskete sikringsnivået. Det aktuelle objektet med dispensasjon frå sikringskrav etter tidlegare forskrift om objektsikkerheit § 4-1 andre ledd, som Stortinget

vart orientert om i Prop. 1 S (2019–2020) for Justis- og beredskapsdepartementet, har vorte relokalisert til nye høgt sikra lokale i 2020 etter betydelege investeringar. Ytterlegare objekt får ønskt sikringsnivå når det nye beredskapssenteret til politiet er ferdigstilt, og det er investert betydelige midlar for å betre sikkerheten i Nødnett. Samtidig må det seiast at det fortsatt går føre eit arbeid i justissektoren for å sikre skjermingsverdige objekt som ikkje er sikra i samsvar med det ønskete sikringsnivået, og at dette arbeidet vil måtte ta fleire år.

Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet, med støtte frå Nasjonalt tryggingorgan (NSM), har eit pågåande arbeid med å koordinera og nivellera dei innmelde GNF-ane på tvers av departementsområda. Som ein del av denne prosessen vil venteleg formuleringa av departementas identifiserte GNF kunne bli noko justerte, etter nærare dialog med det departementet som det gjeld. Dei GNF-ane som er identifiserte og innmelde til Nasjonalt tryggingorgan så langt kjem fram av tabellen nedanfor:

Tabell 2.9 Grunnleggjande nasjonale funksjonar

Hovudansvarleg departement	Grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF)	Andre departement med ansvar
Arbeids- og sosialdepartementet (ASD)	ASD GNF 1: Arbeids- og sosialdepartementets verksemd, handlefridom og beslutningsdyktigheit	
ASD	ASD GNF 2: Kritiske offentlege ytingar til befolkninga	
Barne- og familiedepartementet (BFD)	BFD GNF 1: Barne- og familiedepartementets verksemd, handlefridom og beslutningsdyktigheit	
Finansdepartementet (FIN)	FIN GNF 1: Evne til å finansiere offentleg verksemd	
FIN	FIN GNF 2: Sikre samfunnets evne til å formidle finansielle tenester	
FIN	FIN GNF 3: Finansdepartementets verksemd, handlefridom og beslutningsdyktigheit	
Forsvarsdepartementet (FD)	FD GNF 1: Situasjonsforståing	
FD	FD GNF 2: Innsats	
FD	FD GNF 3: Kommando og kontroll	
FD	FD GNF 4: Vern	
FD	FD GNF 5: Forsvarsdepartementets verksemd, handlefridom og beslutningsdyktigheit	
Helse- og omsorgsdepartementet (HOD)	HOD GNF 1: Helseberedskap	
HOD	HOD GNF 2: Trygg vannforsyning	
HOD	HOD GNF 3: Helse- og omsorgsdepartementets verksemd, handlefridom og beslutningsdyktigheit	
Justis- og beredskapsdepartementet (JD)	JD GNF 1: Justis- og beredskapsdepartementets verksemd, handlefridom og beslutningsdyktigheit	
JD	JD GNF 2: Nasjonale tryggingstenester	
JD	JD GNF 3: Lov og orden	
Klima- og miljødepartementet (KLD)	KLD GNF 1: Klima- og miljødepartementets verksemd, handlefridom og beslutningsdyktigheit	

Tabell 2.9 Grunnleggjande nasjonale funksjonar

Hovudansvarleg departement	Grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF)	Andre departement med ansvar
Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD)	KMD GNF 1: Kommunal- og moderniseringsdepartementets verksemd, handlefridom og beslutningsdyktigheit	
KMD	KMD GNF 2: Gjennomføring av frie, direkte og hemmelege val til Stortinget, kommunestyre, fylkesting og Sametinget	
KMD	KMD GNF 3: Evne til å vareta talekommunikasjonstenester basert på norsk nummerplan	
KMD	KMD GNF 4: Evne til å vareta tekstbaserte meldingstenester basert på norsk nummerplan	
KMD	KMD GNF 5: Evne til å vareta grunnleggjande internettilgang	
Kunnskapsdepartementet (KD)	KD GNF 1: Kunnskapsdepartementets verksemd, handlefridom og beslutningsdyktigheit	
Kulturdepartementet (KUD)	KUD GNF 1: Kulturdepartementets verksemd, handlefridom og beslutningsdyktigheit	
KUD	KUD GNF 2: Krisekommunikasjon til befolkninga	
Landbruks- og matdepartementet (LMD)	LMD GNF 1: Landbruks- og matdepartementets verksemd, handlefridom og beslutningsdyktigheit	
Nærings- og fiskeridepartementet (NFD)	NFD GNF 1: Nærings- og fiskeridepartementets verksemd, handlefridom og beslutningsdyktigheit	
NFD	NFD GNF 2: Sikre at forsvaret og på førehand utpeikte kritiske brukarar får tilgang til tilstrekkeleg drivstoff	
NFD	NFD GNF 3: Matvareforsyning	LMD, HOD
Olje- og energidepartementet (OED)	OED GNF 1: Nasjonal kraftforsyning	
OED	OED GNF 2: Olje- og energidepartementets verksemd, handlefridom og beslutningsdyktigheit	
OED	OED GNF 3: Evne til vern av petroleumsverksemd mot tryggleikstrugande verksemd	ASD, FD, JD
Samferdselsdepartementet (SD)	SD GNF 1: Transport	
SD	SD GNF 2: Samferdselsdepartementets verksemd, handlefridom og beslutningsdyktigheit	
Statsministerens kontor (SMK)	SMK GNF 1: Statsministerens kontors verksemd, handlefridom og beslutningsdyktigheit	
Utanriksdepartementet (UD)	UD GNF 1: Norsk utanriksteneste	
UD	UD GNF 2: Utanriksdepartementets verksemd, handlefridom og beslutningsdyktigheit	

Det blir lagt opp til at Nasjonalt tryggingsorgan etter kvart skal publisera ei samla oversikt over innmelde GNF-ar på nettsidene sine og halde oversikta løpande oppdatert.

Erfaringane frå GNF-arbeidet så langt, viser at det har vore meir komplisert enn opphavleg anteke. Justis- og beredskapsdepartementet har derfor rådd departementa til at hovudfokus ut 2020 bør vera å komma igjennom den første runden med identifisering av GNF i eigen sektor, identifisera verksemdar med avgjerande og vesentleg tyding for desse GNF-ane og leggje dei med avgjerande tyding for GNF under tryggingslova.

NSM har utarbeidd rettleiingsmateriale for alle fasane i GNF-prosessen, også for risikovurdering og sikring av objekt og infrastruktur. Til støtte for arbeidet departementa gjer med avhengnader er NSM i gang med utvikling av verktøy for arbeidet for verksemdene med avhengnader. Dette arbeidet er eit døme på erfaringsbaserte behov, som er komne fram under GNF-arbeidet. NSM vil revidera det gjeldande rettleiingsmateriale og utvikla nytt ved behov. Det blir føresett at departementa legg utarbeidd rettleiingsmateriale til grunn for arbeidet sitt med implementering av tryggingslova, og at dei ved behov ber NSM om støtte.

Ei heilskapeleg implementering av tryggingslova vil bli omtalt i den kommande tryggleiksmeldinga. I meldinga vil regjeringa og omtale prioriterte område av betydning for førebyggjande nasjonal tryggleik. Eit sentralt område er arbeidet mot uønskte investeringar i norske verksemdar. Ei anna problemstilling er innsidetrusselen, etter som ein viktig ressurs for etterretningstenestene til framande statar er personar med tilgang til dei skjermingsverdige verdiane våre. Meldinga vil og ta opp implementering av ny teknologi som mogelegheit og utfordring. Ein del av arbeidet med å tryggje digitale verdiar er kompetanse på 5G-teknologi. Regjeringa har sørgt for at Nkom og NSM stadig utviklar tryggingskompetanse på 5G. Dette arbeidet skal framleis bli prioritert i 2021.

Meldinga beskriv også det førebyggjande arbeidet mot bruk av samansette verkemiddel. Auka bruk av dette, saman med blant anna rask teknologiutvikling og kortare varslingsstid, gjer at førebyggjande tryggleiksarbeid blir viktigare. Regjeringa vil vidareutvikle den nasjonale evna til å avdekke og motverke hendingar slik at vi som nasjon blir mindre sårbare overfor slik verkemiddelbruk. Ein stor del av slik verkemiddelbruk går føre seg i det digitale rommet. NSM er nasjonal responsfunksjon og fagmiljø for digital tryggleik

og skal blant anna, som det kjem fram av Prop. 62 S (2019–2020) – *Vilje til beredskap – evne til forsvaret* Langtidsplan for forsvarssektoren, etablera eit forbetra situasjonsbilete i det digitale rommet. NSM må saman med andre relevante aktørar, blant anna vurdere på kva måte dei etablerte samhandlingsarenaene i Nasjonalt cybertryggleikssenter og Felles cyberkoordineringssenter kan bidra til dette. Dette inkluderer samarbeidet mellom styresmaktene og privat næringsliv.

NSM, Sivil klareringsmyndigheit (SKM) og Politiets tryggingsteneste (PST) er dei sentrale verksemdene departementet har i arbeidet med nasjonal tryggleik, gjennom at dei varetek utøvande funksjonar innanfor fagområdet. Sjå kapittel 444, 453 og 457 for nærmare omtale av verksemdene.

### 3.8.1 Digital tryggleik

Omfattande digitalisering pregar samfunnsutviklinga og er ein viktig premis for verdiskaping, økonomisk vekst og effektivisering av samfunnet. Digitale system er sentrale for alle samfunnsfunksjonar. Feil i digitale system vil kunne få store konsekvensar på alle nivå i samfunnet. Etterretningstenesta og PST beskriv i sine opne trusselvurderingar eit trusselbilete i endring, der stadig meir aktivitet går føre seg i det digitale rommet. Dette biletet støttes og av vurderingane frå Økokrim og Kripas, herunder kriminalitetsbiletet i det digitale rom. Virusutbrotet gjer oss meir avhengige av det digitale rommet, noko som aukar sårbarheita for digitale truslar. Digital tryggleik er derfor heilt avgjerande for å vareta velferdssamfunnet, viktige samfunnsfunksjonar, nasjonale tryggingsinteresser og interessene til den enkelte innbyggjar og sivilsamfunnet i det heile.

Styresmaktene held fram med å fremme internasjonalt samarbeid om digital tryggleik, forsvar mot (og handtering av) digitale truslar, semje om statleg åtferd i det digitale rommet og samarbeid om kamp mot IKT-kriminalitet, på internasjonale arenaer som blant anna FN, NATO, EU, OECD og OSSE. I tillegg skal det vidareutviklast dialog med andre statar bilateralt og regionalt, inkludert nordisk samarbeid.

Utvalet om organisering og regulering av nasjonal IKT-tryggleik (IKT-tryggleiksutvalet) la fram utgreiinga si 3. desember 2018. Mandatet deira var å greie ut behovet for rettslege og organisatoriske endringar på IKT-tryggleiksområdet. Utvalet kom med fem hovud anbefalingar:

1. tydelegare styring og betre koordinering av nasjonal IKT-tryggleik
2. ny lov om IKT-tryggleik for samfunnsviktige verksemdar og offentleg forvaltning
3. krav om IKT-tryggleik ved anskaffingar
4. nasjonalt IKT-tryggingssenter
5. tydeleg regulering og ansvar for tilkopla produkt og tenester.

Utgreiinga frå utvalet var på høyring våren 2019. Regjeringa vil følgje opp hovudtilrådingane frå utvalet i den kommande tryggleiksmeldinga.

Som nasjonalt fagmiljø for digital tryggleik skal NSM vedlikehalde eit særskilt risikobilete for digital tryggleik som omfattar statstryggleik, samfunnstryggleik og tryggleik for individet. NSM skal òg foreslå tiltak, gi anbefalingar og fremme forslag til krav innan digital tryggleik i samfunnet, og dessutan følgje opp med råd og rettleiing.

Nasjonalt cybertryggingssenter (NCSC) vart etablert som del av NSM hausten 2019. Med etableringa av NCSC blei eit nytt steg sett i gang i det offentleg-private samarbeidet som bidrar til betre situasjonsforståing, betre avgjerdsgrunnlag og betre utnytting av ressursar. NCSC samarbeider med det nasjonale cyberkripsenteret (NC3) ved Kripos. NC3 står sentralt i arbeidet som politiet gjer mot digital kriminalitet og for å sikre tryggleik i det digitale rommet.

### 3.9 Totalforsvarsprogrammet

Totalforsvarskonseptet omfattar gjensidig støtte og samarbeid mellom sivil og militær side for å førebyggje, planleggje for og handtere kriser, væpna konflikt og krig. Sidan den kalde krigen tok slutt, har merksemda vore retta mot Forsvarets moglegheit til å hjelpe det sivile samfunnet ved kriser. På grunn av tryggingpolitiske endringar og fordi det i lang tid ikkje var høgt prioritert, innsåg ein for nokre år sidan at det var behov for å fornye og styrke støtta til Forsvaret frå sivile styresmakter og det sivile samfunnet. Endringar i trussel- og sårbarheitsbiletet dei siste åra har utfordra den sivile og militære beredskapen og krisehandteringsevna og tydeleggjort at det er behov for å jobbe meir med sivil støtte til Forsvaret. Totalforsvarskonseptet har mykje å seie for Forsvarets evne, som i aukande grad har blitt avhengig av sivil vare- og tenesteproduksjon.

På bakgrunn av dette, har det dei siste åra vore lagt ned mykje arbeid i å styrke arbeidet med totalforsvaret på sivil side. Eit viktig tiltak frå regjeringa var etableringa i 2016 av eit program for å vidareutvikle totalforsvaret og styrke mot-

standskrafta i kritiske samfunnsfunksjonar (Totalforsvarsprogrammet).

Mål for programmet er:

- å vidareutvikle totalforsvaret slik at det er tilpassa nye utfordringar, rammevilkår og føresetnader
- å styrke motstandskraft innanfor dei kritiske samfunnsfunksjonane

Programmet har inkludert alle departementa som har ei rolle i totalforsvaret, og det har vore etablert prosjekt innanfor dei to programmåla. Programmet vil vare ut 2020.

Sjølv om arbeidet med totalforsvaret på sivil side er kome langt, inneber både samfunnsutviklinga og eit trusselbilete i stadig endring at innretninga av totalforsvarsarbeidet kontinuerleg må utviklast. NATO-øvinga Trident Juncture i 2018 var ein god målestokk for å teste kor langt ein har kome i arbeidet med sivil støtte til Forsvaret. Gevinstane frå satsinga har auka bevisstheita i departementa og sektorane om kva for ansvarsoppgåver som ligg til kven. Gjennom prosjekta er det og identifisert punkt som krev særskilt oppfølging utover programperioden. Desse oppfølgingsbehova vil bli beskrivne nærmare i den komande stortingsmeldinga om samfunnstryggleik.

### 3.10 Nye redningshelikopter

Justis- og beredskapsdepartementet har fag- og budsjettansvar for den offentlege redningshelikoptertenesta. Det er inngått kontrakt for kjøp av 16 nye redningshelikopter til erstatning for dagens Sea King-redningshelikopter under leiging av Justis- og beredskapsdepartementet og i samarbeid med Forsvarsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet, jf. omtale under kap. 454.

### 3.11 Leiingsmerksemd og samordning på alle nivå i forvaltninga

#### 3.11.1 Øvingar, planverk og samhandlingsforum

Regjeringa er bevisst på kor viktig det er å vere systematisk i samfunnstryggleiksarbeidet, og prioriterer dette høgt. Regjeringa har jamlege beredskapskonferansar. Utfordringar i samfunnstryggleiksarbeidet blir sikra nødvendig merksemd på alle nivå i forvaltninga gjennom aktiv bruk av ulike samhandlingsarenaer.

*Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet* (samfunnstryggleiksinstruksen), som vart fastsett av Justis- og beredskapsdepartementet 1. september 2017, har eit høgt ambisjons-

nivå. Det blir arbeidd kontinuerleg for å sikre god leiing på alle nivå i forvaltninga. For departementa blir det arrangert tilpassa kurs og kompetansehevingstiltak. Øvingar er òg eit verkemiddel som blir brukt aktivt.

Det administrative apparatet for sentral krisehandtering er basert på tre hovudelement: Kriserådet, leiardepartementet og Krisestøtteininga (KSE). Kriserådet har seks faste medlemmer: Statsministerens kontor, Utanriksdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Forsvarsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Rådet kan om nødvendig utvidast med alle dei andre departementa. I 2020 har alle departement delteke på møter i Kriserådet som har omhandla handteringa av virusutbrotet.

Hovudfunksjonen til Kriserådet er å bidra til sentral krisehandtering gjennom blant anna å sikre koordinering av tiltak som blir sette i gang av ulike sektorar, og sjå til at spørsmål som krev politisk avklaring, raskt blir lagde fram for den politiske leiinga i departementa eller for regjeringa.

Kriserådet er eit viktig samordningsorgan som skal bidra til god og koordinert saksframstilling for regjeringa og sikre at aktuelle beredskapssaker får nødvendig merksemd og blir handterte. I handteringa av virusutbrotet har Kriserådet møtst hyppig gjennom 2020.

Justis- og beredskapsdepartementet er fast leiardepartement ved sivile nasjonale kriser med mindre noko anna blir bestemt. Leiardepartementet har ansvaret for å koordinere handteringa av kriser på departementsnivå og leier møta i Kriserådet. Utpeiking av eit leiardepartement medfører ikkje endringar i konstitusjonelle ansvarsforhold.

I tillegg til å vere leiardepartement under virusutbrotet, jf. omtale under pkt. 3.2, har Justis- og beredskapsdepartementet og ei generell samordningsrolle på samfunnstryggleksområdet og ei rolle som sektordepartement og hovudansvarleg departement.

Justis- og beredskapsdepartementet leier og deltek i fleire forum der øvingar og styrkt samvirke er hovudtema. Øvingsforum for justissektoren og Øvingsforum for departementa blir leidde av Justis- og beredskapsdepartementet. Nasjonalt øvings- og evalueringsforum (NØEF) blir leidd av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), og departementa blir inviterte etter behov. NØEF har nyleg revidert sitt eige mandat og tydeleggjort dei tre hovudoppgåvene sine til at dei skal vere eit fagforum, at dei skal ha ansvaret for å følgje opp tverr-

sektorielle læringspunkt etter øvingar og hendingar, og at dei skal koordinere øvingsaktivitet.

Beredskapssystem og planverk må vere oppdaterte og godt kjende i organisasjonane som skal bruke dei. Sivilt beredskapssystem (SBS) og Beredskapssystem for forsvarssektoren (BFF) utgjer til saman Nasjonalt beredskapssystem (NBS). NBS er bygd opp etter den same strukturen som NATOs krisehandteringssystem, av omsyn til samordna oppdatering og bruk.

NBS blir revidert i takt med endringar i NATOs system, og ved behov. Behov kan vere endringar i ansvarstilhøve, kva for ordningar som finst for å handtere ulike utfordringar og kva for utfordringar det er aktuelt å førebu for. Tiltak for å heve kompetansen blir gjennomførte for å sikre effektiv bruk under hendingar.

Det er ein føresetnad i beredskapssystemet at etatar og verksemdar skal utarbeide underliggjande planar som skildrar kva den enkelte etaten og verksemda skal gjere, baserte på intensjonen i tiltaka til beredskapssystemet.

Det enkelte departementet har ansvar for at underliggjande planverk blir utarbeidde i deira eigen sektor. Den siste revisjonen av beredskapssystemet vart ferdigstilt hausten 2019. Samordna revisjon av SBS og BFF har toårige syklusar av omsyn til at det skal følgast opp i underliggjande planverk, og den neste skal vere ferdig seinhausten 2021. Revisjonen av det underliggjande planverket basert på utgåva frå 2019 er sett i gang.

### 3.11.2 Samfunnstryggleik på kommunalt og regionalt nivå

Fylkesmannen skal samordne samfunnstryggleiksarbeidet i fylket, vareta rolla som pådrivar og rettleiar i arbeidet med samfunnstryggleik og dessutan skjøtte ansvaret sitt for krisehandtering ved hendingar. Fylkesmannen fører òg tilsyn med at kommunane etterlever den kommunale beredskapsplikta.

Kommuneundersøkinga til DSB for 2020 viser at den positive utviklinga i samfunnstryggleiksarbeidet til kommunane held fram. Undersøkinga viser at mange av kommunane tilfredsstiller krav i lov og forskrift, og det er ei positiv utvikling i det systematiske arbeidet med kommunal beredskapsplikt. Det er samstundes for mange kommunar som ikkje har oppdaterte risikoanalysar og planar for krisehandtering og beredskap. DSB og fylkesmannen skal halde fram med arbeidet med å følgje opp arbeidet med samfunnsstryggleik i kommunane.



Det er viktig at det regionale og det lokale nivået blir involverte i arbeidet med å vidareutvikle totalforsvaret og styrke motstandskrafta i samfunnet. Forventningane til handtering i regionar og kommunar ved ei hending som medfører behov for totalforsvaret, vil vere komplekse og krevjande. Derfor har fylkesmannen og kommunane sentrale roller som samordningsetatar i

dette arbeidet. Arbeidet må halde fram også i 2021 blant anna gjennom oppfølging av erfaringane etter NATO-øvinga Trident Juncture.

For ein meir detaljert omtale av styringssignal til fylkesmannen, sjå programkategori 13.25 i Prop. 1 S for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

## Kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	787 568	908 219	924 603
21	Spesielle driftsutgifter	20 407	7 606	23 810
22	Spesielle driftsutgifter – Nødnett, <i>kan overføres</i>		477 543	500 137
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>		173 194	114 552
70	Overføringer til private	6 480	6 878	6 898
	Sum kap. 0451	814 455	1 573 440	1 570 000

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) støttar Justis- og beredskapsdepartementet i samordningsrolla og er på vegne av departementet fag- og tilsynsorgan når det gjeld sivil samfunnstryggleik, jf. kgl.res. 24. juni 2005. Sivilforsvaret, Nasjonalt utdanningssenter for samfunnstryggleik og beredskap (NUSB) og Noregs brannskule er underlagde DSB. DSB er i tillegg ansvarleg for nød- og beredskapskommunikasjon og staten sin eigarskap til Nødnett og er nasjonal brann- og el tryggleiksstyresmakt.

DSB støtter også Justis- og beredskapsdepartementet i samordninga av krisehandteringa knytt til virusutbrotet. DSB sin innsats har vore knytt til rapportering, gjennomføring og tilrettelegging av samvirkekonferansar for fagstyresmaktene på direktoratsnivå, beredskapskonferansar med fylkesmannsembeta og andre samordningsarenaer. DSB har òg mottatt og koordinert bistandsbehov og oppmodingar om støtte frå Forsvaret, og var kontaktpunkt for spørsmål knytt til dei kritiske samfunnsfunksjonane. Vidare har DSB ytt bistand til arbeidet med samordning og koordinering av kriseinformasjon til befolkninga. DSB er nasjonalt kontaktpunkt for EU si ordning for sivil beredskap, og har støtta Utanriksdepartementet med heimtransport av norske borgarar.

Direktoratet bidrog òg i utsendinga av NOR-EMT til Nord-Italia.

### Sivilforsvaret


Sivilforsvaret er ein del av totalforsvaret og har som primær oppgåve å verne sivilbefolkninga i krig. Sivilforsvaret er verna etter Genèvekonvensjonane. Sivilforsvaret er òg statens forsterkningsressurs og gir støtte til nød- og beredskapssetatane i heile krisespekteret. Sivilforsvaret driv landsomfattande varslingssteneste, inngår i atomulukkeberedskapsen og hjelper til ved katastrofar internasjonalt. Sivilforsvaret er organisert med tjue distrikt og eitt kompetansesenter. Samvirke er eit av grunnprinsippa i norsk samfunnstryggleiksarbeid. Sivilforsvaret har blitt bygd opp til ein styrke på 8 000 tenestepliktige menn og kvinner.

Stortinget fastset kor lang tenestetida for tenestepliktige i Sivilforsvaret skal vere. Tenestetida skal kvart år stadfestast i Prop. 1 S. Justis- og beredskapsdepartementet vidarefører dagens nivå i 2021. Dette inneber årleg utdanning på inn-til fem veker, med maksimalt tre veker samanhengande tenestetid. Den årlege øvingstida er på maksimalt fem dagar. Den samla tenestetida for ein tenestepliktig kan utgjere totalt 19 månader.

I samband med virusutbrotet har innsatsane til Sivilforsvaret i hovudsak vore bistand til sjukehus og legevakter i samband med prøvetaking, bistand til renselassar for blant anna ambulansenesta, politiet og redningshelikoptera. Sivilfor-

svaret har òg hjelpt til med informasjon til innbyggjarane, vaktald og sikring, og materiellbistand.

Sivile vernetiltak vil bli nærmare omtalt i den kommande meldinga om samfunnstryggleik.



Figur 2.11 Innsatsane til Sivilforsvaret fordelte etter hendingar per august 2020

Kjelde: DSB

### *Branntryggleik og samlokalisering*

Regjeringa vil styrke brannutdanninga gjennom å etablere ein ny fagskule for brann- og redningspersonell ved Noregs brannskule i Tjeldsund kommune. Det er behov for ny infrastruktur ved Noregs brannskule før fagskulen kan starte opp. Statsbygg fullførte ein prosjektavklaringsfase i 2019 og eit forprosjektet i 2020. Regjeringa foreslår å løyve 124,6 mill. kroner til å setje i gang byggeprosjektet i 2021, jf. Prop. 1 S (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Regjeringa foreslår å løyve 14,5 mill. kroner på kap. 451, post 01 til vidare etablering av fagskulen.

Samlokalisering av nødmeldings- og operasjonssentralane til politiet og brann- og redningsvesenet er ein del av politireforma og er viktig for effektiv samhandling og rask hjelp. Sentralane skal samlokalisert vegg-i-vegg, og den akuttmedisinske tenesta i helsevesenet kan samlokalisert på eit seinare tidspunkt. Samlokalisering av operasjonssentralane til politiet og 110-sentralane

til brann- og redningsvesenet er gjennomført i politidistrikta Innlandet, Møre og Romsdal, Aust og Sør-Aust. Samlokalisering av operasjonssentralen til politiet, 110-sentralen til brann- og redningsvesenet og AMK-sentralen er gjennomført i Nordland politidistrikt. Erfaringane frå dei samlokaliserte sentralane er positive. Nødetatane drar nytte av å vere nær kvarandre og av å kunne dele kunnskap og informasjon ved både små og store hendingar.

Det blir arbeid med å gjennomføre samlokalisering i Finnmark politidistrikt og med å leggje til rette for samlokalisering i Troms. I mange av dei resterande distrikta er det planlagt nye politihus som gjer at det ikkje er hensiktsmessig å samlokalisere dei eksisterande sentralane no.

Oppdragshandteringsverktøy i dei kommunale 110-sentralane må skiftast ut. DSB hjelper kommunane ved innkjøp av oppdragshandteringsverktøy for å ivareta effektivt samvirke og god nok tryggleik.

### Skogbrannhelikopterberedskap

Handtering av skogbrann er eit kommunalt ansvar. Viktige statlege ressursar for å forsterke dette arbeidet er Siviltforsvaret og skogbrannhelikopter. Statens skogbrannhelikopter er i fast beredskap frå 15. april til 15. august kvart år. DSB har det administrative ansvaret for ordninga, medan Hovudredningssentralen koordinerer sjølve bruken av skogbrannhelikoptera. DSB har ansvaret for å sikre at det er beredskap med skogbrannhelikopter, at beredskapen er mest mogleg tilpassa den eksisterande faresituasjonen, og at ein har løpande oversikt over bruken av denne ressursen.

Skogbrannhelikopteret er normalt plassert på Torp i beredskapsperioden. Dersom skogbrannfaren er høg i andre delar av landet, kan helikopteret vere stasjonert på andre basar. I periodar med stor fare for skogbrann og i periodar med stor skogbrannaktivitet set DSB fleire helikopter i beredskap om det er behov for dette, og så fram det er tilgjengelege helikopter. Kva basar som er aktuelle, blir då bestemt på grunnlag av lokale og regionale behov.

DSB har avtale med selskapet Helitrans AS om beredskap med helikopter til skogbrannsløkking. Kontrakten gjer det mogleg å setje inn fleire helikopter i beredskap og innsats når skogbrannfaren er stor. Selskapet stiller gjennom kontrakten alle ressursane sine til rådvelde om det er behov for

det, og i tillegg kan dei leige inn helikopter frå andre selskap. DSB har i tillegg inngått ein avtale om leiarstøtte for handtering av skogbrannar. Leiarstøtten følgjer skogbrannhelikopteret. Personell frå fleire brann- og redningsvesen inngår i vaktordninga og er støtte og rådgivarar for den lokale brannsjefen, piloten i skogbrannhelikopteret og DSB. Det blir foreslått å auke løyvinga til skogbrannhelikopterberedskapen med 16 mill. kroner da erfaringane frå dei siste åra viser at løyvinga burde aukast for å være realistisk budsjettert.

### Nødnett

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) er ansvarleg for nød- og beredskapskommunikasjon og for statens eigarskap til Nødnett.

Nødnett er det landsdekkande nettet for nød- og beredskapskommunikasjon i Noreg. Nettet gir nød- og beredskapssetatar tilgang til avlyttings-sikra og effektiv kommunikasjon i grupper og er ein av berebjelkane i Noregs beredskap. Dei som bruker Nødnett, reddar liv, vernar verdiar og gjer samfunnet tryggare. Dei er avhengige av at Nødnett verkar i det daglege og ved kriser. Det er DSBs oppgåve å levere nødnettenesta til brukarane og sørge for at dei har eit godt system til kommunikasjon. Dette inneber at DSB må følgje opp at leverandøren driftar og vedlikeheld infrastrukturen i tråd med kontrakten. Statens kontrakt med leverandøren varer til 2026.

Tabell 2.10 Sentral drifts- og bruksinformasjon om Nødnett

Nøkkeltal	Juni 2015	Juni 2016	Juni 2017	Juni 2018	Juni 2019	Juni 2020
Talet på basestasjonar i drift <sup>1</sup>	1933	2192	2205	2214	2214	2215
Talet på radioar som er aktiverte for bruk	45 574	51 263	53 660	56 396	62 199	64 518
Nødnett tilgjengeleg (i pst.)	99,99	99,86	99,92	99,90	99,94	99,84
Talet på samtalar i Nødnett	1 316 785	1 498 000	1 491 621	1 382 843	1 601 520	1 660 028
Talet på brukar-organisasjonar	548	829	939	965	994	1 014 <sup>2</sup>

<sup>1</sup> Det kan være fleire basestasjonar på kvar installasjon. DSB.

<sup>2</sup> Talet vil truleg bli redusert i 2020 som følgje av kommunesamanslåingar. DSB.

Kjelde: DSB

Nødnett har ein berekna dekningsgrad på 86 prosent av landarealet og nær 100 prosent av befolkninga. Dette er i tråd med forventninga frå Stortinget, jf. Innst. 371 S (2010–2011). Det følgjer av Prop. 100 S (2010–2011), jf. Innst. 371 S (2010–2011), at brukarane skal betale for drift av infra-

struktur gjennom ei abonnementsordning og for utgifter knytt til brukarutstyr. Nødnett fungerte som normalt under handteringa av virusutbrotet våren 2020 sjølv om helsesektoren opplevde auka press på sine tenester som følge av virusutbrotet. DSB bidrar bl.a. med klargjering av fleire radioter-

minalar, meir linjekapasitet, tilrettelegging for enkelte nye operatørplassar og kan ved behov utplassere transportable basestasjonar.

Staten ved DSB eig og forvaltar infrastrukturen i Nødnett. Nødetatane og frivillige organisasjonar har fått dekt førstegongsinvestering i brukarutstyr (kommunikasjonssentraløysingar og radioterminalar) gjennom nødnettprosjektet. Finansiering av og reinvestering i brukarutstyret er det brukarane som har ansvaret for. I samband med utbygginga av Nødnett vart det òg løyvd statlege midlar til, og kjøpt inn, eit nytt felles verktøy for oppdragshandtering til den kommunale brann- og redningstenesta over heile landet (110-sentralane) sjølv om kommunane prinsipielt sett er ansvarlege for å ruste ut nødmeldingssentralane og sine eigne fagsystem. DSB er fagansvarleg for brannområdet og leverandør av nødnettenesta og må involverast når etatane og kommunane treng nye fagsystem som skal verke saman med Nødnett og støtte opp under samvirket mellom nødetatane.

Det er om lag 64 000 radioterminalar aktiverte for bruk i Nødnett i heile landet. Brei bruk av Nødnett gir høgare samfunnstryggleik og beredskap i heile landet gjennom styrkt samvirke.

Noreg, Sverige og Finland er dei første landa i verda som har laga bru mellom dei nasjonale nødnetta. Samankoplingane gjer det mogleg for nødetatane i dei ulike landa å kommunisere når dei hjelper kvarandre i handteringa av ulukker og hendingar.

Gjennom samarbeid med fleire el-selskap har utvalde Nødnett-basestasjonar fått meir nødstraum. Samarbeidet kjem alle brukarane til gode ved at Nødnett blir meir robust.

DSB vil vidareutvikle gevinstane som er oppnådde gjennom innføringa av Nødnett. Rett bruk vil sørge for at kapasiteten i Nødnett blir utnytta best mogleg, og at samhandlinga mellom brukarane blir effektiv. DSB samarbeider derfor tett med brukarane om opplæring, øvingar og bruk av Nødnett.

Dekninga i Nødnett er god. Erfaringar viser likevel at dekninga blir opplevd som mangelfull i enkelte område. Behovet for dekning vil òg endre seg i takt med endra føresetnader for brukarane og i samfunnet generelt.

DSB eig, driftar og forvaltar brukarutstyret til det kommunale brann- og redningsvesenet som er knytt til Nødnett. Oppgåva blir finansiert av dei kommunale brukarane. Det er nødvendig med ei oppgradering av kontrollromsutstyr i brann- og redningsvesenet for å sikre både god nok tryggleik og eit tidsriktig system.

Det er behov for fleire midlar til tryggingstiltak og logisk sikring i nødnettssystemet og til styrkt evne til å førebyggje, oppdage og handtere tryggleikshendingar. Regjeringa vidarefører difor dette arbeidet i 2021. Regjeringa vidarefører også arbeidet med forsterka sikring av skjermingsverdige objekt i Nødnett i 2021.

TETRA-teknologien Nødnett byggjer på, vil i åra framover vere det primære verktøyet for kritisk talekommunikasjon, både i Noreg og i mange andre land i Europa. Datakapasiteten i Nødnett er avgrensa. Derfor er det viktig med samspel mellom Nødnett og kommersielle nett for å dekke behovet aktørane har for meir datakapasitet.

I framtida vil nødnettenesta vere basert på breibandsteknologi og infrastrukturen i dei kommersielle mobilnetta. Dei særlege behova nød- og beredskapsetatane har for løysingar med høg grad av tryggleik og motstandskraft, vil krevje involvering, ressursar, investeringar og kompetanse frå statleg side. Staten har kontrakt om drift av dagens Nødnett til og med 2026, med ein garanti for at nettet kan driftast vidare i ytterlegare fem år. Nasjonal kommunikasjonsmyndighet og DSB har gjennomført ei konseptvalutgreiing for å vurdere korleis ei framtidig løysing i kommersielle mobilnett kan og bør realiserast, og for å sjå på overgangen frå dagens Nødnett. Utgreiinga er sendt til ekstern kvalitetssikring.

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar for DSB med underliggjande driftseiningar, medrekna, Nødnett, Sivilforsvaret, skular og regionkontor. Bemanninga utgjorde 568 årsverk per 31. desember 2019. Talet på årsverk omfattar ikkje dei tenestepliktige styrkane til Sivilforsvaret.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 37,2 mill. kroner i samband med kontingent for deltaking i EUs ordning for sivilberedskap (UCPM) for perioden 2021–2027.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 14,5 mill. kroner til etableringa av ny fagskule for brann- og redningspersonell ved Noregs brannskule i Tjeldsund kommune.

I samband med videreføring av pilotperioden for Emergency Medical Team (NOR EMT) blir det foreslått å auke løyvinga til DSB med 2,7 mill. kroner.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 3,9 mill. kroner til dekning av utgifter for spesialutsending for samfunnssikkerhetssaker ved ambasadene i Washington D.C., USA, mot en tilsvarande

auke under Utenriksdepartementets kap. 100 post 01.

I samband med avslutta aktiviteter i SAMLOK og utredning av mobilbasert befolkningsvarsling blir det foreslått å redusere løyvinga med 22,3 mill. kroner.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 13,3 mill. kroner til utstyrsanskaffelser i Sivilforsvaret mot ein tilsvarande auke under post 45.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3451, post 02, post 03 og post 06, jf. forslag til vedtak. Det blir vidare foreslått at posten kan overskridast med inntil 75 pst. av inntektene under kap. 3451, post 40, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei samla løyving på posten på 924,6 mill. kroner.

### **Post 21 Spesielle driftsutgifter**

DSB administrerer skogbrannhelikopterberedskapen i Noreg. Løyvinga på posten dekker utgiftene til flytimar og ekstra beredskap. Faste utgifter i denne beredskapen inngår som ein del av løyvinga under kap. 451, post 01. Vidare dekker posten forskingsaktivitetar som er avtalte mellom DSB og RISE Fire Research AS.

Det blir foreslått å auke løyvinga til skogbrannhelikopterberedskapen med 16 mill. kroner.

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet kan overskride løyvinga under kap. 451 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, post 21 Spesielle driftsutgifter med inntil 34 mill. kroner dersom det oppstår ein situasjon med ekstraordinær stor skogbrannfare og/eller mange skogbrannar som gjer det nødvendig med innsats for sløkking og beredskap utover det ein må rekne med i eit normalår. Fullmakta gjeld utan opphald og før Kongen kan gi slikt samtykke, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 23,8 mill. kroner.

### **Post 22 Spesielle driftsutgifter – Nødnett, kan overføres**

Løyvinga på posten dekker utgifter til drift og vedlikehald, og mindre utgifter til utvikling og investering i Nødnett og tilhørande tenester. Abonne-

mentsavgifta blir fakturert kundane i Nødnett, og inntektene blir førte på kap. 3451, post 05 Abonnementsinntekter.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 7,8 mill. kroner til arbeidet med tryggleik i nødnettet. Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 22, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3451, post 05, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 500,1 mill. kroner.

### **Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres**

Løyvinga dekker utgiftene knytt til større investeringar i Nødnett, og til tilleggskjøp av utstyr og funksjonalitet på vegne av brukarane. Utgifter på vegne av brukarane blir dekte inn av refusjonar på kap. 3451 post 04.

Vidare dekker løyvinga utgifter til større utstyrsanskaffelser til Sivilforsvaret.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 13,3 mill. kroner til utstyrsanskaffelser i Sivilforsvaret mot ein tilsvarande reduksjon under post 01.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 13,7 mill. kroner ned til 22,7 mill. kr til arbeidet med tryggleik i nødnettet.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 45, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3451, post 04, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 114,6 mill. kroner.

### **Post 70 Overføringer til private**

Løyvinga på posten skal dekke overføringar til Norsk Elektroteknisk Komite som behandlar standardiseringsarbeidet på el-området i Noreg. Vidare dekker posten overføring til Norsk brannvernforenings førebyggjande arbeid retta mot bustadbrannar.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 0,2 mill. kroner som følgje av at Noregs sivilforsvarsforbund er avvikla.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 6,9 mill. kroner.

**Kap. 3451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Gebyr	149 933	154 511	127 658
02	Refusjoner driftsutgifter Nødnett		33 183	34 074
03	Diverse inntekter	31 954	27 468	28 206
04	Refusjoner større utstyrsanskaffelser og vedlikehold Nødnett		73 155	75 118
05	Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett		455 876	470 012
06	Refusjoner	25 808	6 808	7 026
40	Salg av eiendom	4 573		
	Sum kap. 3451	212 268	751 001	742 094

**Post 01 Gebyr**

DSB krev inn avgift til å dekke utgifter knytta til forvaltningsoppgaver etter brann- og eksplosjonsvernloven og el-tilsynsloven. Avgiftene skal blant anna dekke utgifter knytta til regelverks-, informasjons- og rettleiingsarbeid, og tilsyn med at krava som er gitt i eller i medhald av lovane, er følgde.

Det blir kravd inn avgift for førsteleddsomsetning av petroleumsprodukter, for ilandføring av olje og gass i rørledning frå sjøområde, samt for førsteleddsomsetning av sprengstoff. Avgiftsinntektene er avhengig av omsetnings- og/eller produksjonsnivået frå føregåande år, slik at DSB ikkje har nokon innverknad på kor store inntektene er.

DSB krev vidare inn avgift for å dekke utgifter knytta til forvaltninga av el-tilsynslova. Avgifta blir kravd inn og utfakturert etter gjennomførte tilsyn med landbaserte elektriske anlegg, maritime elektriske anlegg, bruk av elektromedisinsk utstyr i somatiske sjukehus o.l.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 127,7 mill. kroner.

**Post 02 Refusjoner driftsutgifter Nødnett**

Løyvinga dekker refusjonar til DSB for enkelte driftskostnader til direktoratet, som skal finansierast av ei brukarbetalingsordning.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 02, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 34,1 mill. kroner.

**Post 03 Diverse inntekter**

Løyvinga på posten består av inntekter i samband med kursverksemd ved Noregs brannskule, NUSB og Sivilforsvarets utdannings- og kompetansesenter. Vidare består posten av utleige av Sivilforsvarets anlegg, og sal av læremateriell m.m. ved skulane.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 03, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 28,2 mill. kroner.

**Post 04 Refusjoner større utstyrsanskaffelser og vedlikehold Nødnett**

Løyvinga omfattar refusjonar frå brukarar av Nødnett for tilleggskjøp av utstyr og funksjonalitet som er bestilt av DSB gjennom avtalene deira. Utgiftene blir førte på kap. 451, post 45, og DSB fakturerer kundane for dette.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 45, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 04, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 75,1 mill. kroner.

**Post 05 Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett**

Løyvinga omfattar DSBs inntekter frå abonnementsordninga i Nødnett. Vidare dekker løyvinga refusjonar for tenester og produkt som kundar av Nødnett har skaffa seg utover abonnementsordninga i Nødnett.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 22, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 05, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 470 mill. kroner.

**Post 06 Refusjoner**

Løyvinga på posten består av variable inntekter og refusjonar frå andre verksemdar, under dette refusjonar for administrative tenester frå Valgdirektoratet. Vidare består posten av variable overføringer og tilskot fra EU og EØS.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 06, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 7 mill. kroner.

**Post 40 Salg av eiendom**

DSB har gjennomført eit omfattande arbeid med å avhende sivilforsvarsanlegg. Erfaringane viser at det i det vesentlege omfattar tilbakeføring av eigedommar til kommunar og grunneigarar, og at det er eit fåtal anlegg som blir selde til takst i den opne marknaden. Tilbakeføringa krev semje mellom grunneigar og staten om salssummen, noko det kan vera utfordrande å einast om. Det blir derfor foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overdra sivilforsvarsanlegg til ein verdi av inntil 500 000 kroner vederlagsfritt, eller til underpris når det er særlege grunnar til det, jf. forslag til vedtak.

I samband med avhending og stenging av sivilforsvarsanlegg blir det vidare foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01 med inntil 75 pst. av inntektene under denne posten, jf. forslag til vedtak. Ved ev. sal i 2021 ønskjer departementet å nettobudsjettere salsutgiftene på post 40 ved sal av faste eigedommar. Det kan vere tilfelle der utgifter til rydding og sikring er større enn salsinntektene og det slik vil vere ein nettoutgift å avhende anlegget.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til nettoføring ved å trekke salsutgifter ved sal av faste eigedommar frå salsinntektene, under kap. 3451, post 40, jf. forslag til vedtak.

**Kap. 452 Sentral krisehåndtering**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	25 454	26 849	26 927
	Sum kap. 0452	25 454	26 849	26 927

Den høgast prioriterte oppgåva for Krisestøtteei-ninga (KSE) er å støtte ved handtering av hendingar og kriser. KSE skal støtte leiardepartementet og Kriserådet i koordineringsfunksjonane deira og er permanent sekretariat for Kriserådet. KSE er forankra organisatorisk i Justis- og beredskapsdepartementet og støttar òg oppunder Justis- og beredskapsdepartementets samordningsrolle på samfunnstryggleiksområdet.

KSE skal stå til teneste med kompetanse i form av rådgiving og fagleg stønad til arbeidet leiardepartementet gjer med samordning og heil-

skapleg sentral krisehåndtering. Dette omfattar stønad til analysar, utarbeiding og formidling av overordna situasjonsrapportar og etablering av felles situasjonsforståing som grunnlag for strategiske avgjerder. I det daglege arbeidet skal KSE vidareutvikle og halde ved like dei ressursane som under kriser kan stillast til disposisjon for leiardepartementet, og støtte departementa i arbeidet med å forbetre krisehåndteringsevna deira.

KSE er fast kontaktpunkt for informasjon til og frå Justis- og beredskapsdepartementet ved ekstraordinære hendingar og kriser. KSE har

ansvaret for det sivile situasjonssenteret til departementet, som er døgnbemanna som del av satsinga på samfunnstryggleik som regjeringa gjennomfører. Situasjonssenteret bidrar til at tidskritisk varsling og rapportering blir utført til kvar tid.

Handteringa av virusutbrotet hendinga har utfordra KSE sine ressursar og infrastruktur til det ytste i 2020. Tidleg i handteringa av hendinga blei Helse- og omsorgsdepartementet valde av Kriserådet til leiardepartement til å koordinere handteringa av virusutbrotet. KSE stilte ressursar og infrastruktur til disposisjon og støtta dei med rådgiving i handteringa av hendinga. Blant anna blei beredskapsgruppa til KSE sett til disposisjon for Helse- og omsorgsdepartementet. Beredskapsgruppa består av tilsette frå andre departement med kompetanse innan hovudsakleg beredskap, tryggleik og kommunikasjon.

Når Justis- og beredskapsdepartementet overtok som leiardepartement blei dei samla ressursane i eininga konsentrerte om å støtte Justis- og beredskapsdepartementet i den vidare koordineringa av hendinga. KSE har til dømes støtta leiardepartementet gjennom å utarbeide situasjonsrapportar kvar veke, situasjonsoppdateringar, rapportering på samfunnskritiske funksjonar, gjensidig

informasjonsdeling med internasjonale samarbeidspartnarar og gjennomføring av ei rekkje møter i Kriserådet.

Justis- og beredskapsdepartementet og Krisetøtteeininga har sett i verk arbeid med å legge til rette for ei førebels evaluering av handteringa av hendinga.

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke lønns- og driftsutgifter ved KSE, medrekna husleige, vidareutvikling av og vedlikehaldskostnader for teknisk infrastruktur på både ugraderte og graderte plattformer. Løyvinga på posten skal i tillegg dekke utgiftene eininga har i samband med sentral krisehandtering, medrekna døgnkontinuerleg situasjons- og medieovervaking. Løyvinga skal òg dekke utgiftene KSE har som sekretariat for Kriserådet. Løyvinga skal dekke drifta av det sivile situasjonssenteret og drifta av avgjerds- og loggføringsverktøyet KSE-CIM på ugradert og gradert plattform.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 26,9 mill. kroner.

## Kap. 453 Sivil klareringsmyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	33 349	32 527	47 123
	Sum kap. 0453	33 349	32 527	47 123

Sivil klareringsmyndighet (SKM) er den sentrale styresmakta for tryggingklarering på sivil side, og har som primær oppgåve å vurdere saker om tryggingklarering. Bemanninga utgjorde 27,1 årsverk ved utgangen av 2019.

SKM er ferdig med handteringa av saker som dei overtok frå klareringsstyresmakter som er blitt avvikla. SKM har i 2019 og 2020 hatt ei gjennomsnittleg god saksbehandlingstid i samsvar med oppdraget og føringane frå Justis- og beredskapsdepartementet. SKM har fått ein auke i oppdragsmengda som følgje av den nye trygginglova, og regjeringa har derfor foreslått ei auke i løyvinga på 14,6 mill. kroner. Auken skal betre behandlingsskapiteten i SKM. SKM bidrar til å gjere dei nasjonale trygginginteressene våre mindre sårbare gjennom førebyggjande personell-

tryggingstiltak. Tenesta fungerer på tvers av alle sektorar på sivil side.

SKM skal levere riktige klareringsavgjerder basert på høg fagleg kompetanse og med effektiv saksbehandlingstid. Klareringsavgjerdene skal bidra til å beskytte informasjon som er viktig for nasjonale tryggingssinteresser, gjennom å redusere risikoen for at verksemdar som er omfatta av trygginglova, har innsidarar. Ein innsidar er ein person som har legitim tilgang til verksemda og til system, informasjon og prosessar, og som utnyttar denne tilgangen til tryggleikstruande verksemd. Innsidarar vil kunne ha eit breitt spekter av åtaksmål. Til dømes kan målet vere å komme i særleg posisjon til å påverke avgjerder, innhente sensitiv informasjon, gi feilaktig informasjon eller valde skade og øydelegging som kan tene måla til den



opphavlege oppdragsgivaren. Etterretnings- og tryggingstenestene har i fleire år peika på innsidetrusselen som ei utfordring. Innsidetrusselen er høgst reell, også i Noreg. Eksternt retta og ofte kostbare tryggingstiltak har liten effekt på ein innsidar. Ein innsidar kan dermed valde store skadar. Særleg store konsekvensar vil kunne oppstå om ein trusselaktør lukkast med å plassere infiltratørar eller verve personell som alt er på plass i verksemda.

God personelltryggleik er i mange tilfelle ein føresetnad for at andre sikringstiltak skal fungere etter intensjonen.

Erfaringane med SKM seier at strukturrendringane var nødvendige og bidrar til betre likebehandling og betre evne til å vurdere komplekse saker. SKM opplever at kjennskapen til personelltryggleiksfaget er låg blant verksemdene, og at det derfor er behov for meir rettleiing av og kommunikasjon med verksemdene, blant anna betre opplæring av autorisasjonsansvarlege i spørjande verksemder.

SKM har eit aktivt samarbeid med andre klareringsstyresmakter og NSM som fagstyringsmakt på området.

Klareringsprosessen er prega av manuelle og papirbaserte løysningar. I 2020 er det sett i gang eit digitaliseringsarbeid for å betre kvaliteten og effektiviteten i klareringsprosessen. Se kap. 457 for nærmare omtale.

Virusutbrotet i 2020 utløyste eit behov hos fleire verksemder som er kritiske for samfunnet for å klarera ekstra personell og for innleiingsvis å nødautorisere personell. Dette viste at fleire verksemder raskt hamna under press i krisehandteringa og tydeleggjorde viktigeita av at tryggleiks- og beredskapselementa i spesielt kritiske samfunnsfunksjonar er tilstrekkeleg dimensjonert med klarert personell, sidan dimensjoneringa blir sette under ekstra press i samband med krisehandtering. SKM har i denne situasjonen hjelpt verksemder med blant anna å klarere ekstra personell og ved å prioritere hastesaker. For å dekke behovet for SKM sine tenester i virusutbrotet vart løyvinga auka med 7 mill. kroner i 2020.

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker kostnader til drift av den nye sivile klareringsstyresmakta, medrekna blant anna lønnskostnader og andre personalkostnader i tillegg til kostnader til leige av lokale i Moss og til drift av IKT-løysingar.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på posten med 14,6 mill. kroner for å betre behandlingsskapiteten i SKM.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 47,1 mill. kroner.

## Kap. 454 Redningshelikoptertjenesten

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	720 238	700 023	681 925
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	1 615 550	2 315 361	1 977 470
	Sum kap. 0454	2 335 788	3 015 384	2 659 395

Regjeringa signerte i desember 2013 kontrakt med AgustaWestland (no Leonardo SPA) om levering av 16 nye redningshelikopter med opsjon på ytterlegare seks helikopter av typen AW101. Avtalen omfattar tilhøyrande reservedelar og utstyr og dessutan opplæring og hjelpemiddel til trening. Forsvarsdepartementet ved forsvarssektoren utdannar, trener og bemannar redningshelikoptera og sørger for vedlikehald på Sea King-maskinene og er i dag totalleverandør av tenesta. Med dei nye helikoptera vil leverandøren vere ansvar-

leg for at helikopter er tilgjengelege på basane. Forsvaret skal i tillegg til å vere operatør utføre lett vedlikehald på helikoptera.

I samband med Stortinget sin behandling av Prop. 101 S (2014–2015) *Endringer i statsbudsjettet 2015 under Justis- og beredskapsdepartementet (reduisert kostnadsramme for anskaffelse av nye redningshelikoptre mv.)*, jf. Innst. 267 S (2014–2015), blei kostnadsramma for kjøp av nye redningshelikopter mv. satt til 14,045 mrd. kroner inkl. mva. Forebelse berekningar tilseier at denne

ramma kan bli overskriden, noko som er knytt til blant anna samla framdrift og auka valutautgifter, jf. Prop. 24 S (2019–2020) *Endringar i statsbudsjettet 2019 under Justis- og beredskapsdepartementet*. I Prop. 101 S (2014–2015) står det at det, på lik linje med det som er vanleg i denne typen kjøp, i kostnadsramma ikkje er teke høgd for uvisse kring valutakursar og at vesentlege endringar i valutakursane kan medføre høgare eller lågare utbetalingar til leverandøren enn det som ligger til grunn for kostnadsramma. Justis- og beredskapsdepartementet planlegger å fremme forslag om ny kostnadsramme og vil komme tilbake til saka på eigna måte.

Dei nye helikoptera vil ha langt betre rekkjevidd, større fart og betre evne til å operere i dårleg vêr enn dagens Sea King-helikopter. Dei nye redningshelikoptera vil gi meir tryggleik for folk på sjøen, langs kysten og i avsides område over heile landet. Fleire av helikoptera har komme til Noreg. Det har vore utfordringar i arbeidet med å utvikle og sertifisere dei nye redningshelikoptera frå leverandøren si side. Dette har hatt konsekvensar for programmet for innføring i Forsvaret og har gjort at arbeidet har blitt forseinka. I tillegg er handteringa av situasjonen med virusutbrotet krevjande, blant anna som følgje av at leverandøren er lokalisert i Nord-Italia og Storbritannia. Programmet for innføring i Forsvaret er òg påverka av at mannskapa har vore mindre utnytta som følgje av smitteverntiltak. Dei første helikoptera blei sette i drift 1. september 2020. Alle dei nye redningshelikoptera skal etter planen vere i drift i løpet av 2022. Det vidare løpet for innføring er blant anna avhengig av kor lenge tiltak som er sette i verk mot virusutbrotet, kjem til å vare.

Nye redningshelikopter gjer det nødvendig å tilpasse bygningane på redningshelikopterbasane og å utbetre landingsplassane ved sjukehusa som dagens redningshelikopter bruker. Dei nye helikoptera skal kunne lande ved dei aktuelle sjukehusa, eventuelt andre stader etter avtale med helseføretaka, i tråd med planen for innføringa av helikoptera. Dei nye og moderne basane på flystasjonane på Ørland, Banak, Rygge og Sola er alle reie oppførte og tekne i bruk. Arbeidet på basen i Florø vil bli satt i gang i andre halvår 2020. Tilpassingar for Bodø-basen er framleis til vurdering.

Leverandøren av dei nye redningshelikoptera var i 2010 sett i samband med ei mogleg korrupsjonssak knytt til leveranse av helikopter til indiske styresmakter. Saka har vore behandla i fleire instansar i det italienske rettssystemet, og dei to tidlegare leiarane er i den siste og endelege domstolsbehandlinga frikjende for korrupsjon.

Indiske styresmakter følgjer framleis opp saka i India, og det er ikkje klart når ho vil bli avslutta, eller kva utfallet vil bli. Departementet følgjer opp arbeidet til leverandøren knytt til intern kontroll og tek dette opp i møte som blir haldne med leverandøren.

Justis- og beredskapsdepartementet har kjøpt inn mellombels sivil redningshelikopterkapasitet på Florø-basen, som starta opp i 2017. Dette vart gjort for at Forsvaret skal kunne frigjere ressursar til å handtere programmet for innføring av nye helikopter.

Sea King utgjer framleis ein god redningshelikopterberedskap, og det blir lagt opp til at denne skal utgjere hovudkapasiteten fram til dei nye redningshelikoptera er på plass.

Forsvaret har svært god kompetanse på å operere Sea King-helikopter. Denne erfaringa har dei bygd opp gjennom meir enn 45 år. Da den første basen starta opp med dei nye redningshelikoptera blei operasjonsevna betre enn med Sea King-helikopter, blant anna på grunn av langt betre rekkjevidd, større fart og betre evne til å operere i dårleg vêr. Samstundes blir det forventat at operasjonsevna vil auke etter kvart som Forsvaret får meir erfaring med maskina.

For å sikre at beredskapen for politiet er vareteken i Nord-Noreg, har politiet inngått ein avtale med eit privat selskap som sikrar politiet ein tilgang på helikopter som står på ein times beredskap gjennom heile året. Avtalen tredde i kraft 1. mai 2020.

For å styrke redningsberedskapen i Nord-Noreg tek ein sikte på å opprette ein ny redningshelikopterbase i Tromsø basert på sivil innleige. Justis- og beredskapsdepartementet har henta inn anbod. Saken er til vurdering. Det blir foreslått at denne basen òg blir lagd til rette for å dekke det spesielle behovet til politiet, og at dette inkluderer dagens beredskap på éin time. Det blir teke sikte på at den nye redningshelikopterbasen blir sett i drift i løpet av 2022.

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer kostnader til drift av den offentlege redningshelikoptertenesta og prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter, i tillegg til ressursar til oppfølging av prosjektet. Det blir teke sikte på å setje i drift ein redningshelikopterbase i Tromsø i løpet av 2022. Løyvinga på posten dekkjer kostnader i samband med dette arbeidet.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 60,1 mill. kroner i tråd med planlagt vedlikehald av dagens Sea King-helikopterflåte. Det blir samtidig

foreslått å auke løyvinga med 12,9 mill. kroner i samband med at talet på faste besetningar for redningshelikoptertenesta skal aukast med to til 25 i samband med innføringa av dei nye redningshelikoptera. To besetningar har tidlegare blitt finansiert som ein del av den midlertidige tiltaksplanen for Sea King-redningshelikopterflåte, jf. forslaget om å redusere løyvinga med 60,1 mill. kroner. Den reelle reduksjonen er såleis 47,2 mill. kroner.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 21,7 mill. kroner i samband med at det vil bli meir aktivitet i prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 454, post 01, mot tilsvarande meirinn-

tekter under kap. 3454, post 01, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 681,9 mill. kroner.

### Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten dekker investeringar i samband med kjøp av nye redningshelikopter.

I forslaget frå regjeringa til budsjett for 2021 er det sett av 1 977,5 mill. kroner til utbetalingar knytte til investeringar ved kjøp av nye redningshelikopter og nødvendige tiltak for tilrettelegging av infrastruktur.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1 977,5 mill. kroner.

## Kap. 3454 Redningshelikoptertjenesten

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Refusjoner	26 627	27 479	28 358
	Sum kap. 3454	26 627	27 479	28 358

### Post 01 Refusjoner

Løyvinga på posten dekker refusjonar frå Helse- og omsorgsdepartementet, som kjøper ambulansetimar i redningshelikoptertenesta frå Justis- og beredskapsdepartementet. Refusjonen blir ført på

kap. 3454, post 01 Refusjonar. Det blir foreslått å gi fullmakt i 2021 til å overskride løyvinga under kap. 454, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3454, post 01, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 28,4 mill. kroner.

## Kap. 455 Redningstjenesten

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	119 984	111 310	113 475
21	Spesielle driftsutgifter	34 898	28 959	29 736
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	4 610	6 074	6 244
71	Tilskudd til frivillige organisasjonar i redningstjenesten	55 285	56 819	58 637
72	Tilskudd til nød- og sikkerhetstjenester	112 668	122 320	121 106
73	Tilskudd til Redningsselskapet	103 612	106 393	124 798
	Sum kap. 0455	431 057	431 875	453 996

Justis- og beredskapsdepartementet har koordineringsansvar for redningstenesta, som omfattar land-, sjø- og luftredningsteneste. Hovudredningsentralen (HRS) leier og koordinerer alle typar redningsaksjonar, anten direkte frå avdelinga i Nord-Noreg eller avdelinga i Sør-Noreg eller ved oppdrag til underliggjande lokale redningssentralar. Leiing og samordning av landredningsaksjonar blir som regel delegert frå HRS til den lokale redningssentralen (LRS). LRS-ar er lokaliserte ved alle politidistrikt og hos Sysselmannen på Svalbard.

Norsk redningsteneste er ein nasjonal dugnad. Den offentleg koordinerte redningstenesta er omfatta av alle ressursar i landet vårt som er eigna til akutt innsats for å redde liv. Redningstenesta er derfor organisert som eit samvirke mellom ei rekke offentlege, frivillige og private aktørar, og det er dette samvirket som er grunnlaget for og berejelken i redningstenesta vår. Alle offentlege verksemder som har kapasitet, informasjon eller kompetanse som er eigna for redningsformål, pliktar å bidra i redningstenesta med tilgjengeleg mannskap og utstyr, kompetanse og fullmakter.


Samvirkeprinsippet inneber at alle aktørar har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samvirke både i det førebyggjande arbeidet og ved redningsaksjonar. Regjeringa har fastsett organisering, roller og ansvar for redningstenesta i Noreg i *Organisasjonsplan for redningstjenesten* av 6. desember 2019. Justis- og beredskapsdepartementet gir nærmare instruksar, mandat og retningslinjer for utøvinga av redningstenesta. Den justerte organisasjonsplanen regulerer mellom anna organiseringa av dei to redningssentralane, som frå 1. februar 2020 er slått saman til éin Hovudredningssentral. Det er no éi administrativ leiing

av Hovudredningssentralen og ansvaret for verksemda ligg til ein direktør. Stillinga er plassert i Bodø. Politimesteren i Sør-Vest politidistrikt og Nordland politidistrikt er operativt ansvarleg for HRS, avdeling Sør-Norge og HRS, avdeling Nord-Norge, og skal lede redningsledelsen. Luft- og sjøredningsaksjonar er det i hovudsak HRS som organiserer, leier og koordinerer. HRS delegerer som oftast leiinga og koordineringa av landredningsaksjonar til dei lokale redningssentralane (LRS).

Dei frivillige organisasjonane er ein viktig del av redningstenesta i Noreg. Medverknaden frå desse i denne samfunnsviktige tenesta er viktig. Dei frivillige er ein ressurs som redningstenesta nyttar seg av stadig oftare, og dei legg ned ein stor innsats.

På grunn av mangelfull dekning med redningsskøyter langs kysten i Øst-Finnmark, foreslår regjeringa å auke tilskotet til Redningsselskapet med 15 mill. kroner i 2021 til drift av ei ny redningsskøyte i Vardø. Ei ekstra redningsskøyte vil styrke både slepebåtberedskapen og sjøredningstenesta rundt Varangerhalvøya, og gje auka tryggleik for fiskarar og befolkninga i heile Finnmark.

Den frivillige innsatsen er viktig for å nå målet regjeringa har sett seg om å sørge for ein trygg og påliteleg beredskap for kvar og ein i samfunnet. Staten legg til rette for innsatsen til dei frivillige organisasjonane gjennom årlege økonomiske tilskot og gjennom å dekke faktiske utgifter ved søke- eller redningsaksjonar. HRS og LRS-ane gir uttrykk for at samarbeidet med dei frivillige er godt, og at oppdrag blir løyste på ein profesjonell og tilfredsstillande måte. Dei frivillige bidrar til å skape den tryggleiken samfunnet vårt byggjer på.



Figur 2.12 Månadleg fordeling av og utvikling i talet på registrerte hendingar ved HRS i perioden 2012 til juli 2020

Kjelde: HRS

Det er krevjande å utføre effektiv nødkommunikasjon i nordområda i dag. Det er aukande aktivitet i havområda i nord, og klimaendringar gjer desse områda meir tilgjengelege. Noreg har ansvar for redningsberedskap i nordlege havområde opp til Nordpolen. Dette viser at vi treng velfungerande kommunikasjonsløysingar i desse områda.

Initiativet frå regjeringa og vedtaket frå Stortinget om å etablere høgfrekvensdekning (HF-dekning) i dei nordlegaste havområda blir følgt opp, og det er forventa at slik dekning vil vere etablert mot slutten av 2020. Tiltaket vil redusere risikoen for alvorlege konsekvensar av hendingar. Hendingar vil kunne handterast og koordinerast betre og meir effektivt med utvida HF-dekning. Effektiv kommunikasjon, både når det gjeld dialog med personar i nød, og når det gjeld deling av avgjerande informasjon mellom redningsressursane, er viktig for rask og riktig hjelp.

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer kostnader ved sentrale element ved redningstenesta, medrekna Hovudredningssentralen (HRS). Bemanninga ved HRS utgjorde 52 årsverk per 31. desember 2019.

Løyvinga på posten omfattar utgifter i samband med det internasjonale satellittbaserte nødpeilesystemet COSPAS-SARSAT og utgifter til Justis- og beredskapsdepartementets nasjonale og internasjonale forplikting og engasjement innanfor redningstenesta.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,9 mill. kroner i samband med opprettinga av stillinga som direktør mot ein tilsvarande reduksjon under kap. 400, post 01.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 455, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3455, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 113,5 mill. kroner.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten omfattar utgifter til å engasjere private selskap, til dømes helikopterselskap, og frivillige redningsorganisasjonar i konkrete redningstilfelle, refusjon til frivillige hjelparar for innsats i redningstenesta, forbruk og erstatning av tapt materiell m.m. Forbruket på posten er vanskeleg å berekne, sidan utgiftene varierer med talet på og omfanget av redningsaksjonar.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 29,7 mill. kroner.

### Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten dekkjer diverse investeringar til kjøp og vedlikehald av utstyr til Hovudredningssentralen.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 6,2 mill. kroner.

### Post 71 Tilskudd til frivillige organisasjoner i redningstjenesten

Løyvinga på posten dekkjer tilskot til Frivillige organisasjoners redningsfaglege forum (FORF) og til frivillige organisasjonar i redningstenesta som er representerte av paraplyorganisasjonen FORF. Løyvinga kan òg dekke tilskot til andre særskilte relevante frivillige organisasjonar innanfor redningstenesta. Midlane blir gitt til hovudorganisasjonar som er viktige for redningstenesta, og desse vil ha ansvaret for å fordele midlane til lokale lag og foreiningar i eigen organisasjon. Posten omfattar òg premie til forsikringsordning for frivillige i redningstenesta og midlar til varetaking av sekretariatsfunksjonen til Nasjonalt redningsfagleg råd. Sekretariatsfunksjonen blir vareteke av FORF.

Løyvinga omfattar òg tilskot til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta tilsvarande abonnementsordninga for alle brukarar av Nødnett.

Vidare dekkjer løyvinga på posten utgifter til dykkaropplæring av frivillige som deltek i redningsdykkarberedskap og må ha redningsdykkarsertifisering.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 58,6 mill. kroner.

### Post 72 Tilskudd til nød- og sikkerhetstjenester

Løyvinga på posten skal blant anna dekke tilskot til Telenor for den samfunnsplågede tenesta dei utfører i samband med nød- og tryggingstenesta til kystradioen, for bidraget til å halde ved lag 24-timars tårnteneste ved Svalbard lufthamn, og til andre tilskot innanfor rednings- og beredskapsfeltet.

For å vareta Noregs ansvar for redningsberedskap i dei nordlege havområda på ein betre måte, vart det løyvd 6 mill. kroner til å etablere ein forbedra HF-dekning ved å opprette ein basestasjon

på Svalbard og ein basestasjon på fastlandet i Nord-Noreg. Arbeidet med etableringa er i gang, og det er forventat at det vil vere ferdig i løpet av 2020.

Investeringskostnaden vart i 2020 dekkja av Justis- og beredskapsdepartementet, Samferdselsdepartementet, Forsvarsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet. Regjeringa foreslår derfor at løyvinga på posten blir redusert med 5 mill. kroner ved at 4 mill. kroner blir overførte til dei øvrige departementa og 1 mill. kroner til kap. 400, post 01 til utvalsarbeidet med cruise-trafikk.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 121,1 mill. kroner.

### Post 73 Tilskudd til Redningsselskapet

Tilskotet skal bidra til å halde oppe Redningsselskapets innsats i redningstenesta og i arbeidet med å førebygge ulykker. Det dekkjer ein del av driftsutgiftene selskapet har til søk- og redningsberedskap.

Redningsselskapet er ein landsdekkande og frivillig humanitær organisasjon. Det primære formålet er å redde liv og berge verdiar på sjøen. Organisasjonen er ein viktig beredskapsressurs og utfører søke-, rednings- og hjelpeteneste langs kysten av Noreg og i tilstøytande havområde. Redningsselskapet driv i tillegg arbeid med førebygging av ulykker og vern av kystmiljøet. Organisasjonen har i dag ein flåte på omlag 50 redningsskøyter. 29 er fast bemanna og har 24 timars beredskap heile året. Dei andre redningsskøytene er bemanna med om lag 1 300 frivillige. I tillegg har Redningsselskapet fire ambulansébåtar som dei opererer på vegner av helseføretak i Nordland.

Det blir foreslått å auke tilskotet til Redningsselskapet med 15 mill. kroner til drift av redningsskøyte i Vardø.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 124,8 mill. kroner.

## Kap. 3455 Redningstjenesten

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap		Forslag
		2019	Saldert budsjett 2020	
01	Refusjoner	6 841		2021
	Sum kap. 3455	6 841		

**Post 01 Refusjoner**

Løyvinga dekker refusjonar gjennom ulike aktivitetar i redningstenesta. Det blir ikkje budsjettert med noko beløp.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 455, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3455, post 01, jf. forslag til vedtak.

**Kap. 457 Nasjonal sikkerhetsmyndighet**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	396 684	370 306	343 768
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>			20 000
	Sum kap. 0457	396 684	370 306	363 768

NSM er eit direktorat som er administrativt underlagt Justis- og beredskapsdepartementet. Forsvarsdepartementet har instruksjonsmyndighet overfor NSM i saker på ansvarsområdet deira og direktoratet er såleis også underlagt Forsvarsdepartementet og ein del av forsvarssektoren.

NSM har det sektorovergripande ansvaret for at førebyggjande tryggleiksarbeid blir utført i samsvar med *Lov om nasjonal sikkerhet* (tryggingslova). Dette inneber blant anna at NSM skal utvikle rettleiingar og opplæringstiltak. NSM har eit overordna ansvar for at tryggingstilstanden i alle sektorar blir kontrollert, og skal sjå til at verksemdene oppfyller pliktene dei har etter lova. NSM er vidare nasjonalt tryggingsorgan i kontakten med andre land og internasjonale organisasjonar. NSM er peika ut som ansvarleg styresmakt etter tryggingslova til å drive ein nasjonal responsfunksjon for alvorlege digitale åtak og eit nasjonalt varslingsystem for digital infrastruktur (VDI). NSM er i tillegg nasjonalt fagmiljø for digital tryggleik. Som nasjonalt fagmiljø skal NSM støtte Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet innanfor områda departementa har ansvar for. NSM skal identifisere og foreslå nasjonale tiltak og krav og i tillegg gi råd og rettleiing.

NSM skal blant anna leggje til rette for at verksemdar som lova gjeld for, får tilgang til informasjon om trussel- og risikovurderingar og andre opplysningar som er viktige for det førebyggjande tryggleiksarbeidet i verksemdene. NSM skal bidra til å vidareutvikle samarbeidet med dei andre nasjonale etterretnings- og tryggingstenestene.

Nasjonalt cybertryggingssenter (NCSC) vart oppretta som del av NSM hausten 2019. Formålet er å styrke kapasiteten samfunnet har til motstand og beredskap i det digitale rommet. Senteret har ein rekkje partnerar frå offentlege og private verksemdar som deltar aktivt i senteret. NSM er nøgd med verksemda og ser at det er behov for tenestene og funksjonane som senteret leverer. Det er etablert eit nært samarbeid med politiets nasjonale cyberkriminalitetssenter (NC3). Slik vil ressursane samfunnet rår over på området, bli utnytta best mogleg.

Stortinget auka løyvinga til NSM i 2020 med 20 mill. kroner, og i hovudsak gjekk dette til å starte eit arbeid for å digitalisere saksbehandlinga av tryggingssklarering av personar. Arbeidet vil vere omfattande og involvere mange verksemdar. Det er likevel venta effektar av arbeidet i løpet av perioden 2020–2021. Dei to største klareringsstyresmaktene, Forsvarets tryggingssavdeling og Sivil klareringsstyresmakt, er involvert i arbeidet.

Innføringa av den nye tryggingslova vil framleis vere ei prioritert oppgåve i 2021.

NSM følgjer virusutbrotet i Noreg og utlandet tett for å ha eit oppdatert bilete av tryggingstilstanden. NSM har kvar veke under virusutbrotet gitt risikovurderingar og fremma konkrete og detaljerte anbefalingar og råd innanfor blant anna digital tryggleik, personaltryggleik, tryggleiksgraderte innkjøp og kryptohandtering. Disse er formidla gjennom brev, varsel, publikasjonar på nettsider og i media, gjennom podkastar og gjennom rådgiving retta mot enkelte verksemdar. Nasjonalt cybersikkerhetssenter har kontinuerleg følgt situasjonen knytta til digitale hendingar og teke vare på samarbeidet med mange aktørar.

Som følge av virusutbrotet vart det våren 2020 behov for å utvide varslingsystemet for digital infrastruktur (VDI) ved å kjøpe inn fleire VDI-sensorar til samfunnsviktige sektorar og verksemdar, jf. Innst. 216 S (2019–2020) og Prop. 67 S (2019–2020). Det vart løyvd 5 mill. kroner til tiltaket, og sensorane vart skaffa i løpet av mai månad og deretter utplassert.

Ny langtidsplan for Forsvaret og Stortingets behandling av denne vil også ha betydning for den vidare utviklinga av NSM og kva område som skal prioriterast framover.

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar for NSM. Bemanninga ved NSM utgjorde 276 årsverk ved utgangen av 2019.

NSM har inngått avtale med Forsvarsdepartementet sin internrevisjon om leveranse av internrevisjonsfunksjon til NSM. Godtgjersle for funksjonen utgjer 1,2 mill. kroner i 2021. Som følge av avtalen blir det foreslått å rammeoverføre 1,2 mill. kroner frå NSMs budsjettkapittel 457, post 01, til Forsvarsdepartementets budsjettkapittel 1700, post 01.

NSM har inngått avtale om å kjøpe tenester frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). Ifølgje avtalen skal godtgjersle for tenesene bli rammeoverført. Løyvinga på NSMs kap. 457, post 01, blir redusert med 1,14 mill. kroner mot ein tilsvarende auke i Finansdepartementets kap. 1605, post 01.

Ei løyving som blir vidareført i 2021, er løyvinga på 20 mill. kroner til digitalisering av klare-

ringsprosessen og etablering av samhandlingstener for behandling av ansvaret som departement og organ har etter tryggingslova. Det blir foreslått at denne løyvinga blir overført til den nyoppretta post 45 under kap. 457, sjå omtale under post 45.

Regjeringa foreslår å redusere utgiftene på posten med 5 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 3457, post 01, sjå omtale under kap. 3457, post 01.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 457, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3457, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 343,8 mill. kroner.

### Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten skal dekke utgiftene i prosjektet for digitalisering av klareringprosessen og andre oppgåver som følger av tryggingslova. Prosjektet er planlagt å gå over fleire år med årlege løyvingar. For å bidra til fleksibilitet i bruken av midlane vart det for 2020 etablert ein ny post 45 med den tilknytte teksten «kan overførast» under kap. 457, jf. Prop. 117 S (2019–2020). Det blir foreslått at posten blir vidareført frå og med 2021.

Det blir foreslått at løyvinga på 20 mill. kroner blir overført frå kap. 457, post 01, sjå omtale under post 01.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 20 mill. kroner.

## Kap. 3457 Nasjonal sikkerhetsmyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Inntekter	99 791	33 815	29 723
	Sum kap. 3457	99 791	33 815	29 723

### Post 01 Inntekter

Inntektene til Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) består i hovudsak av medlemsavgifter frå næringslivet til varslingsystemet for digital infrastruktur (VDI), kurs- og konferanseavgifter og sere utgiftene på posten med 5 mill. kroner mot

brukarbetaling ved tryggleiksgodkjenning av informasjonssystem.

Det er forventa reduserte inntekter i 2021 som følge av virusutbrotet. Dette heng saman med usikkerheit knytta til restriksjonar på reiser og ansamlingar av folk. Regjeringa foreslår å reduere ein tilsvarende reduksjon på kap. 457, post 01.



Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 457, post 01, mot tilsvarende meirinn-

tekter under kap. 3457, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 29,7 mill. kroner.

## Programkategori 06.60 Andre virksomheter

Utgifter under programkategori 06.60 fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
01–25	Driftsutgifter	1 614 407	1 539 989	1 676 110	8,8
	Sum kategori 06.60	1 614 407	1 539 989	1 676 110	8,8

Utgifter under programkategori 06.60 fordelt på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
460	Spesialenheten for politisaker	49 169	48 316	54 297	12,4
466	Særskilte straffesaksutgifter m.m.	1 169 991	1 068 646	1 224 855	14,6
467	Norsk Lovtidend	4 979	4 404	4 492	2,0
468	Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker	17 867	20 230	17 500	-13,5
469	Vergemålsordningen	372 401	398 393	374 966	-5,9
	Sum kategori 06.60	1 614 407	1 539 989	1 676 110	8,8

### Innleiing

Programkategori 06.60 omfattar Spesialeininga for politisaker, særskilde straffesaksutgifter m.m. (medrekna blant anna utgifter til advokat, tolk og sakkunnig i straffesaker), den rettsmedisinske kommisjonen, Norsk Lovtidend, Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker og verjemålsordninga.

Målet for programkategori 06.60 *Andre verksemder* er rettstryggleik.

Justis- og beredskapsdepartementet forvaltar fleire ordningar til individ og grupper. Spesialeininga for politisaker skal sikre lik og rettferdig behandling av saker som gjeld spørsmålet om til-

sette i politiet eller påtalemakta har gjort straffbare handlingar i tenesta. Eininga skal sikre rettstryggleik for den som melder, og for tilsette som blir melde. Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker skal ta stilling til om ein domfelt med rettskraftig straffedom skal få ny behandling av saka si i retten. Verjemålsordninga skal sikre at den enkelte som har behov for verje til å vareta interessene sine, får rettstryggleik og like rettar.

### Prioriteringar i budsjettet

Regjeringa foreslår å styrke Spesialeininga for politisaker med 6 mill. kroner.


**Kap. 460 Spesialenheten for politisaker**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	49 169	48 316	54 297
	Sum kap. 0460	49 169	48 316	54 297

Spesialeininga for politisaker etterforskar, avgjer påtale i og fører for retten saker der tilsette i politiet eller påtalemakta er melde for å ha gjort ei straffbar handling i tenesta. Spesialeininga for politisaker set òg i verk etterforsking dersom nokon døyr eller blir alvorleg skadde som følgje

av tenestutøvinga til politiet eller påtalemakta, sjølv om det ikkje er mistanke om ei straffbar handling. Ved å behandle alle tiltalar mot politiet med det same alvorlet og like grundig som andre tiltalar bidrar Spesialeininga for politisaker til rettstryggleik.



Figur 2.13 Mottekne og påtaleavgjorde meldingar og gjennomsnittleg saksbehandlingstid, Spesialeininga for politisaker (2015–2019)

Frå utgangen av 2016 til utgangen av 2019 var det ein auke på 23,5 prosent i talet på saker under behandling hos Spesialeininga for politisaker. Saksbehandlingstida har vore høg i fleire år. I 2019 var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for avgjorde saker 187 dagar, mot 190 dagar i 2018. Spesialeininga avgjorde påtale i 1 218 saker. I 57 (ca. 5 prosent) av dei 1 218 behandla meldingane vart det reagert med førelegg, påtaleunnlating eller tiltale. Dette gjaldt 42 personar og eitt føretak. I dei 15 åra Spesialeininga har vore verksam, er dette det høgaste talet personar som har fått førelegg eller påtaleunnlating, eller som har blitt tiltalte. Dei seinare åra har eininga hatt fleire saker under etterforsking som har kravd mykje ressursar. Ei sak har eininga ført for retten tre

gonger, og denne saka har vore svært ressurskrevjande.

I revidert nasjonalbudsjett for 2020 vart det gitt ei ekstra løyving på 6 mill. kroner for at Spesialeininga for politisaker skal kunne halde oppe høg kvalitet og effektivitet i saksbehandlinga, og for at dei tilsette skal få nødvendig kompetanseutvikling. Eininga har i fleire år hatt ein krevjande ressursituasjon som følgje av at eininga til kvar tid har alvorlege straffesaker til behandling. For at eininga skal etterforske desse sakene og samstundes kunne gjennomføre nødvendig utvikling av eininga, blir det foreslått å løyve 6 mill. kroner i 2021. Departementet vil vurdere behovet framover. Løyvinga skal leggje til rette for at Spesialeininga for politisaker kan halde oppe høg effektivitet.

tet og kvalitet, og samstundes vidareutvikle eininga.

Spesialeininga fekk ny leiar i august 2020.

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke driftsutgifter til Spesialeininga for politisaker som lønn, godtgjer-

sler til advokatar på verv, husleige og andre administrative utgifter. Spesialeininga for politisaker hadde 34 årsverk per 31. desember 2019.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 6 mill. kroner for å styrke Spesialeininga for politisaker

Det blir foreslått ei løyving på posten på 54,3 mill. kroner.

## Kap. 466 Særskilte straffesaksutgifter m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	1 169 991	1 068 646	1 224 855
	Sum kap. 0466	1 169 991	1 068 646	1 224 855


Juridisk hjelp i straffesaker bidrar til god rettstryggleik for den enkelte ved å sikre at alle partar får den hjelpa dei treng, anten dei er sikta, tiltalte, fornærma eller pårørande. På denne måten kan ei retts sak gå rettferdig for seg.

Salær til offentleg oppnemnde forsvararar, bistandsadvokatar, sakkunnige og tolkar er regulert gjennom *forskrift om salær fra det offentlige til advokater mv.* (salærforskrifta) og *forskrift om salær fra det offentlige til advokater m.fl. etter faste satser (stykkprissatser) ved fri rettshjelp og i straffesaker* (stykkprisforskrifta). Det er ein langvarig trend at utgiftene staten har til advokathjelp er veksande. Det er foreslått å auke salærsatsen frå 1 060 til 1 085 kroner i timen i 2021.

### Den rettsmedisinske kommisjonen

Hovudoppgåva til den rettsmedisinske kommisjonen (DRK) er å kvalitetssikre rettsmedisinske erklæringer og utsegner som sakkunnige gir i straffesaker, noko som er viktig for å sikre rettstryggleiken til den enkelte.

DRK får stadig tilsendt fleire erklæringer for kvalitetssikring. I 2019 tok kommisjonen for første gong imot meir enn 10 000 erklæringer. Restansane heldt seg på tilnærma same nivå som i 2018. 50 prosent av dei innkomne erklæringsane er innanfor fagområdet rettspatologi og klinisk rettsmedisin. Dei andre fagområda er toksikologi, genetik og psykiatri. Desse står for høvesvis 25, 17 og 9 prosent av saksinngangen, jf. figur under.



Figur 2.14 Innkomme og behandla erklæringer og restansar (2015–2019)

Det høge talet på erklæringar legg press på den tradisjonelle arbeidsforma til kommisjonen. I samband med oppnemninga av den nye kommisjonen i 2019 vart talet på medlemmer utvida frå 42 til 52. Ifølgje årsrapporten til DRK er det uro knytt til rekrutteringa til rettspatologi. Kommisjonen har i samband med dette delteke med to representantar i ei arbeidsgruppe nedsett av Helsedirektoratet som skal greie ut om utfordringane.

### Salær- og stykkprisforskrift

Eit eksternt firma har på oppdrag frå Justis- og beredskapsdepartementet evaluert endringane i reglane om godtgjersle ved reisefråvær for advokatar, sakkunnige og tolkar. Rapporten er ei oppfølging av oppmodingsvedtak nr. 276, 16. desember 2016 om å evaluere endringane i reglane om godtgjersle ved reisefråvær i løpet av tre år. Departementet fekk evalueringa våren 2020. Evalueringa har ikkje avdekt at endringa om godtgjersle ved reisefråvær har hatt andre konkrete konsekvensar for rettsstryggleiken, men konkluderer med at endringa har hatt negative effektar. Ho peikar særskilt på at tilgangen til domstolane har til sakkunnige, har blitt noko meir utfordrande. Barne- og familiedepartementet vil vurdere tilgangen til barnefaglige sakkunnige, blant anna i arbeidet med å vidareutvikle utdanningsprogram og registeret for barnefaglige sakkunnige. Evalueringa er til vurdering i Justis- og beredskapsdepartementet.

Godtgjersla til det arbeidet advokatar gjer med ankeskriving, vart auka frå 1. januar 2020 i samband med at òg ankar i dei mest alvorlege straffesakene vart tekne med i dagens silingsordning, jf. Prop. 53 L (2018–2019). Når det blir innført ankesiling i seksårssaker, må fleire saker bli grunngitte, slik at ankeskrivinga krev meir arbeid frå forsvararane enn tidlegare. Dette gir auka kostnader på posten. Samstundes gir lovendringa knytte til ankesiling innsparingar, slik at dei totale kostnadene på posten er uendra.

Domstoladministrasjonen samlar rekneskaps- og lønnsfunksjonane i domstolane. Første kontroll av salær oppgåver blir overført frå domstolane og til denne eininga. Den nye organiseringa inneber

auka kompetanse, standardisering, likebehandling og meir effektiv behandling av salær. Det er venta at dette vil føre til auka kontroll av salær i domstolane. Departementet reknar med at den auka kontrollen vil medføre innsparingar for staten. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.20.

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer i hovudsak utgifter til juridisk hjelp i straffesaker til personar som har rett til advokathjelp i medhald av straffeprosesslova kap. 9 og 9 a. Dette er personar som har status som sikta eller tiltalte, som fornærma eller som pårørande til eller etterlatne etter fornærma i ei straffesak. Løyvinga dekkjer utgifter til salær og reise- og kostgodtgjersle til forsvararar, bistandsadvokatar, tolkar og sakkunnige som er oppnemnde av retten eller av Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker.

Løyvinga dekkjer vidare tapt arbeidsforteneste til tolkar utan salærrett og sakkunnige i straffesaker, enkelte utgifter til den rettsmedisinske kommisjonen, som honorar og/eller godtgjersle og reise- og kursutgifter, og dessutan salær og reise- og opphaldsutgifter til aktor i militære straffesaker. Løyvinga dekkjer òg utgiftene til Justis- og beredskapsdepartementet i samband med omsetjing av rettsoppmodingar, utleveringssaker, barnebortføringssaker etter Haag-konvensjonen av 1980 og Europakonvensjonen av 1980.

Dei totale utgiftene på posten er i hovudsak avhengige av mengda straffesaker og omfanget av dei, talet på oppnemnde forsvararar eller bistandsadvokatar, bruken av tolkar og sakkunnige og nivået på den offentlege salærsatsen.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 165,4 mill. kroner med utgangspunkt i rekneskapstal og forventna utvikling i straffesaksutgifter.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 32,3 mill. kroner som følgje av auka kontroll av salær i domstolane, sjå nærmare omtale under programkategori 06.20.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1 224,9 mill. kroner

**Kap. 467 Norsk Lovtidend**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	4 979	4 404	4 492
	Sum kap. 0467	4 979	4 404	4 492

Norsk Lovtidend sørger for at lover og reglar er tilgjengelege for allmenta, og at regelverk-sendringar kan bli kunngjorde raskt, noko som er eit viktig prinsipp for rettstryggleiken. Norsk Lovtidend blir publisert av stiftinga Lovdata på vegner av Justis- og beredskapsdepartementet.

**Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga på posten dekker utgifter til tilarbeiding av manuskript og arbeidet med den elektroniske utgåva av Norsk Lovtidend.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 4,5 mill. kroner.

**Kap. 468 Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker**

(i 1 000 kr)


Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	17 867	20 230	17 500
	Sum kap. 0468	17 867	20 230	17 500

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker er eit uavhengig forvaltningsorgan som skal behandle krav om gjenopptaking av straffesaker som er rettskraftig avgjorde i domstolane. Kommisjonen skal rettleie, greie ut og avgjere sakene. Gjennom å opne for at domfelte kan få saka si prøvd på nytt i rettssystemet, bidrar Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker til at rettstryggleiken til individet er i fokus.

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker tok imot og avslutta færre saker i 2019 enn i 2018. Av dei realitetsvurderte sakene vart 9 prosent opna att, mot 21 prosent året før. I elleve av dei sakene som vart opna att i 2019, vart fem opna som følgje av strafferettsleg mangel på skuldevne (45 prosent). Ein stor del av sakene som vart opna att, handlar om manglande skuldevne i gjerningsaugneblinken, noko som er illustrerande for dei gjenopna sakene gjennom fleire år, jf. figuren

under. I revidert nasjonalbudsjett 2020 fekk kommisjonen 1,8 mill. kroner til behandlinga av Nav-sakene. Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker har per 20. august 2020 motteke 24 Nav-saker frå Riksadvokaten og sju kravsmål direkte frå domfelte/advokat. Hittil er 18 saker gjenopna og ferdigbehandla i kommisjonen. I ei av sakene som er opna att, har Høgsterett vedteke at rettstilstanden både før og etter 1. juni 2012 skal leggjast fram for EFTA-domstolen for rådgivande fråsegn. Kommisjonen ventar med vidare arbeid med Nav-sakene inntil rettstilstanden er nærmare avklart.

I lys av NOU 2020: 9 *Blindsonen — Gransking av feilpraktiseringen av folketrygdlovens oppholds krav ved reiser i EØS-området* kan talet på Nav-saker til behandling hos Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker auke. Departementet vil då komme tilbake til Stortinget om saken. Sjå omtale i del I.



Figur 2.15 Saksbehandling, Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker

**Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter til medlemmene av kommisjonen, lønn til tilsette i sekretariatet og andre driftsutgifter knytte til kommisjonen og sekretariatet. Sekretariatet hadde 10,3 årsverk per 31. desember 2019.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med – 2,8 mill. kroner som følgje av ferdigstilling av digitaliseringsprosjektet til kommisjonen

Det blir foreslått ei løyving på posten på 17,5 mill. kroner.

**Kap. 469 Vergemålsordningen**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	265 629	259 847	259 861
21	Spesielle driftsutgifter	106 772	138 546	115 105
	Sum kap. 0469	372 401	398 393	374 966

Verjemålsforvaltninga sørger for rettstryggleiken til personar som treng hjelp til å vareta sine egne interesser. Fyrstelinja i verjemålsforvaltninga er fylkesmannen. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) er klage- og tilsynsorgan. Det var registrert om lag 64 000 verjesaker per 20. august 2020, medan 260 personar var fråtekne rettsleg handleevne. Verjemåla var fordelte på om lag 43 600 verjer, og av desse var om lag 37 700 verje for berre éin person, i hovudsak nærstående. Nærstående får som hovudregel ikkje godtgjering. Ved avslutninga av 2019 forvalta fylkesmannen om lag 21,2 mrd. kroner på vegner av personar med verje.

Ordinære verjemål er eit frivillig velferdsgode, som byggjer på sjølvrådetrett. Dersom ein person motset seg det, kan Fylkesmannen ikkje opprette verjemål, uavhengig av om personen har samtykkekompetanse eller ikkje. I 2018 vart det avdekt at enkelte personar hadde ordinært verjemål mot si vilje. Som følgje av dette vart det i 2019 sett i verk ein omfattande gjennomgang som resulterte i at 255 verjemål vart oppheva. Til skilnåd frå frivillige verjemål kan fråtaking av rettsleg handleevne skje mot personens vilje. Ei slik avgjerd krev domstolsbehandling og strenge vilkår må vere oppfylte.

Det er viktig at kvart enkelt verjemål er tilpassa ønska og viljen til personen, og at verjemå-

let ikkje er meir omfattande enn nødvendig. Arbeidet med sjølvråderett og individtilpassa verjemål har derfor òg stått sentralt i 2019 og 2020. Delen verjemålssaker der saksbehandlaren har gjennomført samtale med personen det er aktuelt å opprette verjemål for, auka frå 41 prosent i 2018 til 48 prosent i 2019. Det er viktig å halde fram utviklingsarbeidet for å heve kvaliteten på verjemålsordninga ytterlegare.

Når verjemålet skal tilpassast behova til den enkelte, stiller det krav til prosessen ved oppstart av verjemålet. Det er sett i verk fleire tiltak for å styrke dette arbeidet. Det er òg foreslått endringar i verjemålsforskrifta for å leggje til rette for meir effektive arbeidsprosessar, administrative forenklingar og digitalisering. Departementet foreslår òg å gjere endringar i ordbruken i verjemålsforskrifta for å gjere det tydeleg at ordinært verjemål er frivillig.

Det er stadig aukande medvit knytt til menneskerettane, og då særleg FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) betyr for utforminga og praktiseringa av verjemålsordninga. Våren 2019 vart Noreg høyrd i FN-komiteen for CRPD i Genève i samband med at Noreg la fram sin første rapport for komiteen. Hausten 2019 fekk Noreg i tillegg FN's spesialrapportør for CRPD på tilsynsbesøk. CRPD-komiteen og spesialrapportøren kritiserer Noreg på fleire punkt, og fleire av tiltaka som er nemnde ovanfor er ledd i arbeidet med å svare på kritikken.

Det har over fleire år blitt arbeidd for å auke bruken av framtidsfullmakter. Framtidsfullmakter er eit privatrettsleg alternativ til verjemål, der ein peikar ut kven som skal vareta økonomien og personlege interesser, dersom ein sjølv blir ute av stand til det. Det er ønskjeleg at bruken av framtidsfullmakter aukar, både for å sikre at fleire tek kontroll over si eiga framtid, og for å redusere belastninga på verjemålsforvaltninga. I rapporten *Kartlegging og utredning av ordningen med framtidsfullmakter* er det fleire forslag til tiltak for å auke bruken, som å lage rettleiarar og eksempel på fullmakter, synleggjere fleire område som kan regulerast i fullmakta og leggje til rette for digitalisering. SRF har allereie utarbeidd ein rettleiar for

fylkesmannen og det vil bli lagt ut eksempel på fullmakter på nettsidene [vergemal.no](http://vergemal.no). Andre tiltak blir òg vurderte.

Verjemålsforvaltninga har mål om å levere betre og meir effektive tenester til brukarane gjennom auka bruk av digitalisering. Arbeidet med å sikre automatisert kontroll av forvaltninga som verja utøver, er i gang. Det er òg sett i verk eit eige prosjekt med fullmaktsregister der oppdatert informasjon om kven som er verje, og kva oppdraget omfattar, vil gjerast tilgjengeleg. Digitale verjefullmaktar inneber at verja kan utføre oppgåver for ein person med verje ved bruk av elektronisk ID. Elektroniske fullmakter kan effektivt bli avgrensa, utvida og oppheva, noko som vil gi auka rettstryggleik for personar med verje.

I 2019 lanserte SRF ein ny verjemålsportal for verjene. Portalen vil effektivisere arbeidet til verjene ved at dei kan levere søknader og rekneskap digitalt.

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer driftsutgifter til fylkesmannsembeta og SRF, som lønn og andre administrative utgifter. I tillegg skal løyvinga dekke investeringar, nødvendig konsulenthjelp, utstyr og prosjektkostnader.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 259,9 mill. kroner.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer godtgjersle og utgiftsdekking til verjer, jf. verjemålslova § 30. Posten dekkjer òg godtgjersle og utgiftsdekking til representantar for einslege mindreårige asylsøkarar i tillegg til nødvendige utgifter til tolk, jf. utlendingslova § 98 f.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 26,3 mill. kroner, blant anna som følge av at fylkesmennene dei siste åra har fasa ut bruken av timebetaling etter offentleg salærsats som ikkje krev juridisk kompetanse

Det blir foreslått ei løyving på posten på 115,1 mill. kroner.



## Kap. 3469 Vergemålsordningen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Vergemåls-/representantordning, ODA-godkjente utgifter	4 183	4 295	4 411
	Sum kap. 3469	4 183	4 295	4 411

### Post 01 Vergemåls-/representantordningen, ODA-godkjente utgifter

Visse innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøkarar og flyktningar kan etter OECD DACs statistikkdirektiv godkjennast som offisiell utviklingshjelp det første året asylsøkarar og flykt-

ningar er i mottakarlandet. Tiltaka må følgje internasjonale retningslinjer for offisiell utviklingsbistand (ODA) om dei skal kunne reknast som bistand.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 4,4 mill. kroner.

## Programkategori 06.70 Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordninger, m.m

Utgifter under programkategori 06.70 fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
01–25	Driftsutgifter	906 708	991 678	845 340	-14,8
60–69	Overføringer til kommuner	19 808	13 202		-100,0
70–89	Overføringer til private	509 310	642 552	590 266	-8,1
	Sum kategori 06.70	1 435 826	1 647 432	1 435 606	-12,9

Utgifter under programkategori 06.70 fordelt på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
470	Fri rettshjelp	630 524	677 293	668 312	-1,3
471	Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning	170 189	203 076	205 894	1,4
473	Statens sivilrettsforvaltning	345 328	436 621	403 512	-7,6
474	Konfliktråd	171 987	174 618		-100,0
475	Bobehandling	117 798	155 824	157 888	1,3
	Sum kategori 06.70	1 435 826	1 647 432	1 435 606	-12,9

### Innleiing

Programkategori 06.70 omfattar utgifter knytte til fri rettshjelp, tilskotsordninga for spesielle rettshjelpstiltak, statens erstatningsansvar, erstatning i samband med strafforfølgning, Stortingets rettferdsvederlagsordning, Statens sivilrettsforvaltning, valdsoffererstatningsordninga og garantiordninga for bubehandling.

Målet for programkategori 06.70 *Statens sivilrettsforvaltning, fri rettshjelp, erstatningsordningar m.m* er rettstryggleik.

Felles for dei ulike ordningane i denne programkategorien er at dei tek vare på rettstryggleiken til den enkelte. Det blir blant anna gitt fri rettshjelp til dei med særskilte behov gjennom ordninga med fri rettshjelp. Tilskotsordninga til spesielle rettshjelpstiltak skal styrke rettstryggleiken til menneske med ulike behov. Dei som er utsette for valds- og seksuallovbrot, skal få erstatning gjennom valdsoffererstatningsordninga.

**Kap. 470 Fri rettshjelp**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	575 315	619 338	608 502
72	Tilskudd til spesielle rettshjelptiltak	55 209	57 955	59 810
	Sum kap. 0470	630 524	677 293	668 312


Rettshjelpslova med forskrifter gir reglar om offentleg stønad til rettshjelp for dei som har behov for rettshjelp. Etter lova kan stønaden bli gitt i form av fritt rettsråd, fri sakførsel eller fritak for rettsgebyr. Fritt rettsråd og fri sakførsel inneber at den som har behov for rettshjelp, får hjelp frå ein advokat eller frå andre rettshjelparar. Tene- sta blir heilt eller delvis betalt av det offentlege på grunnlag av den offentlege salærsatsen. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) er klageinstans for vedtak gjorde av fylkesmennene, av fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker og av kontrollkomisjonen for psykisk helsevern. SRF etatsstyrer fylkesmennene på rettshjelpsområdet, og skal bidra til styrkt kompetanse blant fylkesmannsembeta og sikre einsarta praksis.

For nokre sakstypar har søkaren krav på rettshjelp utan omsyn til inntekt eller formue. Det offentlege dekkjer alle kostnadene i desse sakene. For andre typar saker er det berre søkarar med inntekt og formue opp til eit visst nivå som kan få stønad til rettshjelp. I tilfelle med økonomisk behovsprøving skal det normalt betalast eigendel for rettshjelpa. Inntektsgrensene er 246 000 kroner for einslege og 369 000 kroner for ektefellar og andre som lever saman og har felles økonomi.

Formuesgrensa er 100 000 kroner. Dersom ein søkar oppfyller vilkåra knytte til inntekt og formue, og saka objektivt sett gjeld vedkommande i særleg sterk grad, kan det i nokre tilfelle bli gitt fri rettshjelp òg om saka ikkje høyrer inn under sakene som er nemnde over. Unntaksvis kan det bli gitt fri rettshjelp til ei sak som ikkje er oppført i lova, utan at søkaren oppfyller vilkåra knytte til inntekt og formue.

Justis- og beredskapsdepartementet har med heimel i rettshjelpslova § 7 tredje ledd etablert eit særleg rettshjelpstiltak utan økonomisk behovsprøving for personar som er omfatta av den feilaktige praktiseringa av trygderegelverket til Nav. SRF vil dermed få auka sakstilfang på rettshjelpsområdet i 2021. Ordninga omfattar personar som feilaktig har fått vedtak om stans i, avslag på og/ eller tilbakebetaling av sjukepengar, arbeidsavklaringspengar og pleiepengar fordi dei etter juni 2012 har opphalde seg mellombels i eit anna EØS-land. Ordninga gjeld saker der det nye vedtaket ikkje endar med full omgjerding til gunst for den det gjeld.

Utgiftene over kap. 470, post 01 var i 2019 reduserte med 5 prosent frå året før.



Figur 2.16 Utgifter til fri rettshjelp (2015–2019)

Regjeringa sette i oktober 2018 ned eit offentleg utval som skulle gjennomgå rettshjelpsordninga, jf. oppmodingsvedtak nr. 98, 4. desember 2018.

Utvalet la fram utgreiinga si 30. april 2020. Utvalet foreslår ei ny lov om støtte til rettshjelp i staden for dagens ordning med fri rettshjelp. Dette inneber at fleire personar vil bli omfatta av ordninga, men med betydeleg bruk av eigendelar tilpassa betalingsevna til mottakaren. Dei økonomiske vilkåra for å få støtte til rettshjelp skal bli knytte opp mot grunnbeløpet i folketrygda (G). Utvalet foreslår reglar som skal bidra til at saker blir løyste på eit tidleg stadium ved å auke rammene for den rettshjelpa ein kan ta imot utanfor domstolane, og stramme inn tidsbruken i domstolane. Utvalet foreslår vidare at reglane om rettsleg bistand i saker der alle har krav på det, utan behovsprøving, blir tekne ut av rettshjelpslova og blir overført til den respektive særlovgivinga. I tillegg foreslår utvalet reglar som skal gjere behandlinga av barnevernsaker i fylkesnemndene og domstolane meir effektiv. Utvalet foreslår òg å opprette ei samla rettshjelpsforvaltning som varetek dei fleste oppgåvene som er knytte til rettshjelpsordninga.

Utgreiinga vart sendt på høyring med høyringsfrist 23. november 2020. Utgreiinga er til oppfølging i departementet.

Justis- og beredskapsdepartementet gir tilskot til spesielle rettshjelpstiltak. Ordninga blir forvalta av SRF og er ein viktig del av det totale tilbodet innanfor rettshjelp. Tilskotsmottakarane skal rapportere om oppnådde mål, erfaringar med tiltaka og bruken av ressursane.

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til advokat, sakkunnige og meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakførsel etter reglane i rettshjelpslova. Fri sakførsel blir gitt i saker for domstolane og for særskilde forvaltningsorgan som fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker, kontrollkommisjonen (for psykisk helsevern), smittevernnemnda m.m. I tillegg dekker løyvinga utgifter til advokat og rettshjelp i saker der det heilt eller delvis er løyvd fritt rettsråd etter reglane i rettshjelpslova. Fritt rettsråd er juridisk rådgiving i saker som ikkje er til behandling i domstolane eller eit anna organ der det kan bli gitt fri sakførsel.

- Det blir foreslått å redusere løyvinga med
- 8,2 mill. kroner i samband med auka kontroll av salær i domstolane, jf. omtale under programkategori 06.20
  - 14,3 mill. kroner på bakgrunn av rekneskapstal for dei siste åra og forventa utvikling i utgifter til fri rettshjelp

Det blir foreslått ei løyving på posten på 608,5 mill. kroner.

### Post 72 Tilskudd til spesielle rettshjelpstiltak

Løyvinga på posten dekker primært tilskot for å sikre rettstryggleiksarbeid, rettshjelpsverksemd og rettspolitisk arbeid. Formålet med tilskotsordninga er å gi kostnadseffektive rettshjelpstilbod til

utsette grupper og menneske som er i ein spesielt vanskeleg situasjon, og som kan oppfatte det som at terskelen for å oppsøke ordinær juridisk hjelp er høg. Heile posten blir fordelt av Statens sivil-

rettsforvaltning etter søknad frå dei ulike tilskottsmottakkarane.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 59,8 mill. kroner.

### Kap. 3470 Fri rettshjelp

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Tilkjente saksomkostninger m.m.	2 417	4 192	4 326
02	Fri rettshjelp, ODA-godkjente utgifter	5 118	5 255	5 396
	Sum kap. 3470	7 535	9 447	9 722

#### Post 01 Tilkjente saksomkostnader m.m.

Saksomkostnader som blir tilkjente staten i saker der éin eller begge parter får fri sakførsel (benefiserte saker), blir førte over denne posten.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 4,3 mill. kroner.

#### Post 02 Fri rettshjelp, ODA-godkjente utgifter

Utgifter til fri rettshjelp til asylsøkarar som har fått avslag på søknad om vern, kan godkjennast som utviklingshjelp (ODA). Dette er i tråd med OECD/DACs presiseringar til ODA-regelverket. Sjå utdjupande omtale under kap. 3490 og i Utanriksdepartementets Prop. 1 S (2020–2021).

Det blir foreslått ei løyving på posten på 5,4 mill. kroner.

### Kap. 471 Statens erstatningsansvar og Stortingets rettfærdsvederlagsordning

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
71	Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsbevilgning</i>	101 351	113 141	116 762
72	Erstatning i anledning av straffeforfølgning, <i>overslagsbevilgning</i>	47 113	63 399	65 428
73	Stortingets rettfærdsvederlagsordning	21 725	26 536	23 704
	Sum kap. 0471	170 189	203 076	205 894

#### Post 71 Erstatningsansvar m.m., overslagsbevilgning

Kap. 471, post 71 blir belasta når staten blir dømd til, eller har inngått forlik om, å betale erstatning fordi staten er ansvarleg etter ulovfesta eller lovfesta erstatningsrettslege reglar. Posten blir òg belasta når staten betaler ut erstatning utan at det har oppstått usemje om erstatningsansvaret i desse sakene. Posten blir vidare brukt til å dekke saksomkostnadene til ein motpart og til å dekke for-

seinkingsrenter som er tilkomne fram til éin månad etter at ein dom vart rettskraftig. Utbetaling av erstatning i kontraktsforhold kan ikkje bli belasta posten. Finst det andre budsjettpostar som dekker dei aktuelle utgiftene, skal ikkje erstatningsutbetalingane bli belasta kap. 471, post 71. Sjå elles rundskriv G-01/2017. Løyvinga på posten er regelstyrt og er ei overslagsløyving.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 116,8 mill. kroner.

### Post 72 Erstatning i samband med strafforfølgning, overslagsbevilgning

Ein person som har vore sikta, tiltalt eller dømd for ei straffbar handling, kan ha rett til erstatning for økonomisk tap og oppreisning dersom vedkommande blir frifunnen, forfølgninga mot vedkommande blir innstilt eller vedkommande har vore arrestert eller fengsla i strid med sentrale menneskerettskonvensjonar. Erstatninga følgjer faste satsar for krenking eller annan skade av ikkje-økonomisk art. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) behandlar og avgjer krav om erstatning etter strafforfølgning.

Dei fem siste åra har saksinngangen halde seg nokså stabil på mellom 850 og 1 000 saker i året. I 2019 var saksinngangen på 947 saker. I perioden har saksbehandlingstida auka hos politiet frå fire til fem månader og hos SRF frå to til tre månader.

Utgiftene knytte til erstatning i samband med strafforfølgning varierer frå år til år. Utbetalingane er først og fremst avhengige av kva type saker som er til behandling. Mengda saker som blir behandla, har mindre å seie for det totale utbetalingsnivået.

Løyvinga på kap. 471, post 72 blir belasta ved dekking av erstatning i samband med strafforfølgning etter straffeprosesslova kapittel 31 og ved dekking av sakskostnadene til motparten etter straffeprosesslova § 438. SRF avgjer krav om erstatning i samband med strafforfølgning og betaler ut erstatning, jf. straffeprosesslova kapittel 32.

Når staten blir dømd til å betale sakskostnadene til motparten etter straffeprosesslova § 438, blir utbetalinga belasta post 72. Det er politidistriktet eller påtalemakta som utøver partsstillinga på vegner av staten, som betaler ut, ikkje domstolen. Forseinkingsrenter av sakskostnadene som er tilkomne fram til ein månad etter at ein dom vart rettskraftig, kan bli belasta kap. 471, post 72. Forseinkingsrenter som er komne til etter dette tidspunktet, skal bli belasta driftsbudsjettet til verksemda. Løyvinga på posten er regelstyrt og er ei overslagsløyving.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 65,4 mill. kroner.

### Post 73 Stortingets rettferdsvederlagsordning

Posten dekkjer utbetalingar av rettferdsvederlag. Rettferdsvederlagsordninga er Stortingets eiga ordning der enkeltpersonar som har komme særleg uheldig ut i møte med det offentlege jamført med andre på same tid, kan søke om kompensasjon etter skjønn. SRF er sekretariat for Stortingets utval for rettferdsvederlag.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med

- 3,6 mill. kroner på bakgrunn av rekneskapstal for dei siste åra og forventa utvikling i utbetaling av rettferdsvederlag

Det blir foreslått ei løyving på posten på 23,7 mill. kroner.

## Kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	75 558	77 021	78 950
70	Erstatning til voldsopfer, <i>overslagsbevilgning</i>	269 770	359 600	324 562
	Sum kap. 0473	345 328	436 621	403 512

Statens sivilrettsforvaltning (SRF) har kompetanse til å fatte vedtak innanfor blant anna verjemålsområdet, fri rettshjelp, erstatning i samband med strafforfølgning og saker etter valdsoffererstatningslova. SRF etatsstyre fylkesmennene på områda verjemål og rettshjelp. SRF har i tillegg som oppgåve å etatsstyre Kontoret for valdsoffererstatning. SRF utøver også sekretariatsfunksjon for erstatningsnemnda for valdsopfer, den rettsmedisinske kommisjonen, barnesakkunnig kommi-

sjon, barnevernets tvisteløysingsnemnd, konkursrådet og kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll.


### Valdsoffererstatning – Kontoret for valdsoffererstatning

Kontoret for valdsoffererstatning (KFV) behandlar søknader om valdsoffererstatning frå personar som er påførte personskade som følgje av ei straff-

bar valdshandling. KfV behandlar òg saker om regress mot skadevaldaren. Erstatningsnemnda for valdsoffer (ENV) behandlar klagar på vedtak om valdsoffererstatning som er gjorde i første instans. SRF er sekretariat for ENV, og har delegert fullmakt til å gjere vedtak i nokre klagesaker.

Talet på nye søknader har halde seg tilnærma likt frå 2018 til 2019. Kontoret vart styrkt i 2019 for å kunne handtere den auka behaldninga av ube-


handla saker. I 2019 behandla KfV om lag 28 prosent fleire søknader om valdsoffererstatning samanlikna med året før. Framleis har KfV høg inngang av nye søknader, slik at behaldninga av ubehandla saker er betydeleg. Saksbehandlingstida ved kontoret auka i 2019 (jf. figuren under), og kontoret arbeider for å redusere saksbehandlingstida.



Figur 2.17 Nye søknader, saksbehandlingstid og behaldning av ubehandla saker (restanse) (2015–2019)

Det vart utbetalt om lag 270 mill. kroner i valdsoffererstatning i 2019, jf. figur 2.18. Det er ein reduksjon på 3 prosent frå året før, noko som kjem av at andelen innvilga saker var lågare i 2019. Det igjen kjem av at KfV i 2019 behandla saker frå heile behaldninga av ubehandla saker, under dette fleire saker påtaleeininga hadde lagt bort, medan dei i 2018 prioriterte saker der det var dom om erstatning mot skadevaldar.

KfV har i 2019 prioritert å følgje opp statens regresskrav. Kontoret behandla i 2019 meir enn 3 000 vedtak om regress frå skadevaldar, mot om lag 1 500 vedtak om regress i 2018. I 2019 vart det betalt inn om lag 102 mill. kroner (regress) frå skadevaldar. Det er ein auke på 48 prosent samanlikna med 2018. KfV har prioritert å byggje ned restansar, samstundes som talet på behandla erstatningssaker har auka.



Figur 2.18 Erstatningsutbetaling, vedtak om regress og innbetalinger (2015–2019)

I 2019 kom det inn 1 187 klagesaker til KfV. Det er ein auke på 51 prosent frå året før, noko som må seest i samanheng med at det vart produsert fleire vedtak hos KfV i 2019. SRF tok imot 809 klagesaker, ein auke på 17 prosent frå 2018. I 2019 behandla SRF og ENV 770 av dei mottekne klagesakene. SRF gjorde vedtak i 75 prosent av klagesakene. Saksbehandlingstida på klagesaker i både SRF og ENV auka, frå høvesvis tre til fire månader og fem til seks månader i 2019. Talet på saker som fekk medhald i andre instans, vart ytterlegare redusert samanlikna med 2018, frå ti prosent til ni prosent. Dette tyder på at vurderingane som vart gjorde i førsteinstans, i større grad samsvarer med dei vurderingane som vart gjorde i andre instans.

*NOU 2016: 9 Rettferdig og forutsigbar – volds-skadeerstatning* har lege til oppfølging i departementet. Departementet vurderte forslaget frå utvalet til ikkje å innehalde dei nødvendige forenklingane og har derfor greidd ut andre og meir omfattande forslag til lovendingar. Forslag til ei ny lov om erstatning frå staten til dei som har blitt utsette for vald vart sendt på høyring 4. september. Høyringsfristen er 4. desember 2020. Forslaget til ny lov inneber ei meir effektiv ordning, der dei som er tilkjende erstatning frå skadevaldar for valds- eller seksuallovbrot, skal få tilbod om å få erstatninga utbetalt frå staten direkte og utan eigen søknad. Lova er òg forenkla slik at valdsutsette lettare kan vite kva for rettar dei har dersom dei blir utsette for vald eller seksuelle overgrep. Skadevaldar skal holdast ansvarleg ved at staten raskt krev regress. Departementet tek sikte på å

leggje fram proposisjon med forslag til ny lov for Stortinget i 2021, jf. omtale av oppmodingsvedtak 10. april 2018 nr. 589 og 590, og vedtak 5. desember 2019 nr. 124.

### Kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll

Kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll (KK-utvalet) er eit uavhengig organ som skal kontrollere at bruken av kommunikasjonskontroll i politiet, romavlytting og dataavlesing skjer innanfor ramma av lover og instruksar. Utvalet skal òg kontrollere sletting og bruk av overskotsinformasjon, og vurdere meldingar og rapportar som politimeistrane sender til Riksadvokaten. SRF er sekretariat for utvalet.

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer ordinære driftsutgifter til SRF. Dette omfattar godtgjersle og reise- og kursutgifter til medlemmer av Stortingets utval for rettferdsvederlag, ENV og KK-utvalet. Løyvinga dekkjer i tillegg dei ordinære driftsutgiftene til KfV, driftsutgiftene til den rettsmedisinske kommisjonen (DRK), medrekna sekretariatet til kommisjonen, driftsutgiftene til sekretariatet til KK-utvalet og driftsutgiftene til sekretariatet for konkursrådet og andre utgifter knytte til konkursrådet, medrekna godtgjersle og reiseutgifter til medlemmene av rådet. Bemanninga i SRF utgjorde 62 årsverk og KfV hadde 31 årsverk per 31. desember 2019.



Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 473, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3473, post 01, jf. forslag til vedtak.

Vidare blir det foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 kan nettoføre som utgiftsreduksjon på kap. 473, post 01, inntektene frå å halde kurs og konferansar i regi av konkurserådet og dessutan inntekter frå anna verksemd som rådet driv, jf. forslag til vedtak.

- Det blir foreslått å auke løyvinga med
- 1,9 mill. kroner til saksbehandling som følgje av feil tolking av trygderegelverket

Det blir foreslått ei løyving på posten på 79 mill. kroner.

### **Post 70 Erstatning til voldsofre, overslagsbevilgning**

Løyvinga på posten dekker erstatning i saker etter valdsoffererstatningslova. Løyvinga på posten er regelstyrt og er ei overslagsløyving.

- Det blir foreslått å redusere løyvinga med
- 44,8 mill. kroner basert på forventa utvikling i utgifter til valdsoffererstatning

Det blir foreslått ei løyving på posten på 324,6 mill. kroner.

## **Kap. 3473 Statens sivilrettsforvaltning**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap		Forslag 2021
		2019	Saldert budsjett 2020	
01	Diverse inntekter	593	5	5
	Sum kap. 3473	593	5	5

### **Post 01 Diverse inntekter**

Inntektene på posten er refusjonar som skal dekke utgifter som den rettsmedisinske kommi-

sjonen har i samband med kurs, og eventuelle andre inntekter.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 5 000 kroner.

## **Kap. 475 Bobehandling**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap		Forslag 2021
		2019	Saldert budsjett 2020	
01	Driftsutgifter	113 730	147 999	149 853
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	4 068	7 825	8 035
	Sum kap. 0475	117 798	155 824	157 888

### **Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga på posten dekker statens ansvar for utgifter til konkursbehandling i tilfelle der buet eller den som ber om konkurs (rekvirenten), ikkje dekker utgiftene. Dette er regelstyrte utgifter etter konkurslova § 73. Det blir foreslått ei løyving på posten på 149,9 mill. kroner. Dette er ei overslagsløyving.

### **Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres**

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til Justis- og beredskapsdepartementets særskilde garantiordning.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet under garantiordninga får fullmakt til å pådra staten forpliktingar med inntil 10 mill. kroner utover løyvinga som er gitt over kap. 475, post 21, slik at den totale ramma for nye tilsegner og

gamalt ansvar ikkje overstig 33 mill. kroner, jf. forslag til vedtak.

Vidare blir det foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 får fullmakt til å nettoføre som utgiftsreduksjon over kap. 475, post 21, inntekter under garantiordninga som er betalte til-

bake, jf. forslag til vedtak. Slik tilbakebetaling skjer når buet får inn pengar etter at tingretten har betalt ut garantibeløp til bustyraren.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 8 mill. kroner.

## Programkategori 06.80 Svalbardbudsjettet m.m.

Utgifter under programkategori 06.80 fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
01–25	Driftsutgifter			56 108	
50–59	Overføringer til andre statsregnskaper	305 834	385 808	377 978	-2,0
	Sum kategori 06.80	305 834	385 808	434 086	12,5

Utgifter under programkategori 06.80 fordelt på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
480	Svalbardbudsjettet	305 834	385 808	377 978	-2,0
481	Samfunnet Jan Mayen			56 108	
	Sum kategori 06.80	305 834	385 808	434 086	12,5

### Innleiing

Programkategori 06.80 *Svalbardbudsjettet m.m.* omfattar tilskotet til Svalbardbudsjettet (kap. 480) og løyvinga til Samfunnet Jan Mayen (kap. 481).

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for koordineringa av norsk politikk i polarområda, inkludert Svalbard og Jan Mayen.

Justis- og beredskapsdepartementet fremmar svalbardbudsjettet som ein eigen budsjettproposisjon samstundes med statsbudsjettet, Prop. 1 S (2020–2021) Svalbardbudsjettet.

Kvart år blir det gitt eit tilskot frå statsbudsjettet til dekking av underskotet på svalbardbudsjettet. For 2021 er det foreslått 570,2 mill. kroner i utgifter og 192,2 mill. kroner i inntekter på svalbardbudsjettet. Differansen på 378,0 mill. kroner dannar grunnlaget for tilskotet på Justis- og beredskapsdepartementet sitt kap. 480 post 50. Løyvinga er foreslått redusert med 7,8 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2020, mellom

anna som følgje av at anslaget for forventta skatteinntekter er auka.

I hovudsak er det den statlege administrasjonen av Svalbard som er finansiert over svalbardbudsjettet. Dette inneber blant anna verksemd på Svalbard som er underlagd Justis- og beredskapsdepartementet og verksemd underlagd andre fagdepartement. Longyearbyen lokalstyre får òg løyvinga over svalbardbudsjettet.

Prop. 1 S (2020–2021) Svalbardbudsjettet gir òg ei samla oversikt over statlege løyvingar til svalbardformål som ikkje er finansierte over kap. 480, post 50. Desse utgiftene blir dekte på statsbudsjettet på kapitla til dei enkelte fagdepartementa. Forslag til løyvingar for 2021 er omtalte nærmare i Prop. 1 S (2020–2021) Svalbardbudsjettet.

Frå 1. januar 2021 blir forvaltningssansvaret for Jan Mayen overført frå Samferdselsdepartementet til Justis- og beredskapsdepartementet. I samband med overføringa blir løyvingane og kapitla 1361 Samfunnet Jan Mayen og 4361 Sam-

funnet Jan Mayen overførte til Justis- og beredskapsdepartementet. Kapitla blir plassert på kap. 481 Samfunnet Jan Mayen og kap. 3481 Samfun-

net Jan Mayen. Sjå òg Prop. 1 S (2020–2021) for Samferdselsdepartementet for nærmare omtale.

## Kap. 480 Svalbardbudsjettet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
50	Tilskudd	305 834	385 808	377 978
	Sum kap. 0480	305 834	385 808	377 978

### Måla for svalbardpolitikken

Heilskaplege meldingar til Stortinget om Svalbard blir lagde fram med nokre års mellomrom. Regjeringa la 11. mai 2016 fram Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard*. Regjeringa stadfesta i denne meldinga at dei overordna måla for svalbardpolitikken ligg fast:

- ei konsekvent og fast handheving av suvereniteten
- overhalde Svalbardtraktaten på korrekt måte og føre kontroll med at traktaten blir etterlevd
- bevaring av ro og stabilitet i området
- bevaring av den særeigne villmarksnaturen i området
- halde oppe norske samfunn på øygruppa

Behandlinga i Stortinget, jf. Innst. 88 S (2016–2017), viste igjen ei brei politisk semje om hovudlinjene i svalbardpolitikken. Regjeringa legg vekt på at forvaltninga av øygruppa er føreseieleg og ber preg av kontinuitet. Å halde fram med ei langsiktig forvaltning av Svalbard, i tråd med måla, vil både medverke til tryggleik for folk i Longyearbyen og medverke til stabilitet og ei føreseieleg utvikling i regionen.

Måla for svalbardpolitikken, saman med den auka aktiviteten på og rundt øygruppa og det at fleire aktørar er til stades, gjer det nødvendig med sterk koordinering og samordning av svalbardpolitikken. Mange departement har roller på Svalbard og er involverte i arbeidet med å nå måla. Polarområda er viktige politisk, noko som gjer det nødvendig å sjå verksemda til dei enkelte fagetane i samheng og i eit breiare perspektiv. Justis- og beredskapsdepartementet er tildelt eit eige ansvar for å koordinere norsk svalbardpolitikk.

Utover måla som er fastsette i stortingsmeldinga, har Justis- og beredskapsdepartementet eit eige mål for Arktis og Antarktis: *godt forvalta*

*polarområde*. Med godt forvalta polarområde meiner ein at polarområda skal forvaltast slik at samordning og styring byggjer opp under dei overordna måla for Svalbard og andre polare strøk. Desse omhandlar mellom anna å bevare ro og stabilitet, å bevare natur og å oppretthalde eksisterande norske samfunn i desse områda.

### Befolkning i Longyearbyen

Regjeringa har foreslått fleire tiltak for å bidra til at seriøse verksemder har gode rammetilhøve for å kunne klare seg gjennom perioden med mindre økonomisk aktivitet. For å byggje opp under målet om å halde oppe norske samfunn er det avgjerande at reiseliv og anna næringsliv på Svalbard kan halde fram gjennom perioden med redusert aktivitet.

Nedbemanninga i gruveverksemda til Store Norske Spitsbergen Kulkompani medfører ei stor omstilling for Longyearbyen. Samstundes har ikkje nedbemanninga hatt særleg innverknad på talet på sysselsette og talet på innbyggjarar i Longyearbyen, då andre næringar har vore i vekst. Samansetninga av befolkninga er derimot i endring på fleire måtar, mellom anna med ein større del utlendingar enn tidlegare år. Tal frå SSB syner at befolkningsauken i Longyearbyen og Ny-Ålesund til saman var 170 personar i 2019. 116 var nordmenn, mens 54 var utlendingar.<sup>3</sup> Det er samstundes venta at virusutbrotet og dei påfølgjande smitteverntiltaka i 2020 vil ha ein effekt på både sysselsetjinga og på innbyggjartalet i Longyearbyen, både på kort og lengre sikt.

Longyearbyen er og skal vere eit levedyktig norsk lokalsamfunn og administrasjonssenter. Det er viktig med ein god balanse mellom talet på norske og talet på utanlandske statsborgarar i dette

<sup>3</sup> SSB *Befolkningen på Svalbard*

samfunnet. Det er derfor grunn til å følge med på utviklinga i Longyearbyen. Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at folkemengda på Svalbard

auka med 8 pst. i 2019, den største folkeveksten dei siste ti åra.

Tabell 2.11 Folketal i Longyearbyen og Ny-Ålesund, 1. januar

2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
2 115	2 158	2 100	2 185	2 152	2 145	2 214	2 258	2 428

Kjelde: SSB

Tal frå SSB viser at folketalet i Longyearbyen og Ny-Ålesund i første halvår 2020 var 2 428 personar. 861 personar var utanlandske statsborgarar, noko som utgjer 35,5 pst. av befolkninga.

Regjeringa vil halde fram arbeidet for å sikre at Longyearbyen skal vere attraktiv for norske familiar. Det er nødvendig å leggje til rette for at folk er og kjenner seg trygge, og at bustadene held ein tilfredsstillande standard. Rammene for god samfunnsutvikling i Longyearbyen vart i si tid utvikla for å passe til eit gruvesamfunn. Både regelverk og rammer må tilpassast utfordringar i framtida.

#### Energiforsyning

Forsyningstryggleik for energi er grunnleggjande for alle samfunnsfunksjonar. Kolkraftverket i Longyearbyen forsyner innbyggjarane med kraft og fjernvarme. Longyearbyen er ikkje knytt saman med eit større energisystem, og tilgang på energi er òg avgjerande for annan grunnleggjande infrastruktur i samfunnet. Forsyningstryggleik for elektrisitet er derfor spesielt viktig.

Forsyningstryggleiken for elektrisitet i Longyearbyen er ikkje god nok, og det er nødvendig med større kapasitet for reservekraft. Regjeringa har foreslått å løyve halvparten av kostnadene for å finansiere bygginga av eit nytt reservekraftverk i Longyearbyen, jf. Prop 1 S (2018–2019) og Prop. 1 S (2019–2020). Stortinget slutta seg til forslaga, jf. Innst. 17 S (2018–2019) og Innst. 17 S (2019–2020). Reservekraftverket er venta å vere ferdig ved årsskiftet 2020–2021. Ein risiko- og sårbarheitsanalyse av kolkraftverket frå Longyearbyen lokalstyre som har vært fagleg vurdert av NVE viser at forsyningstryggleiken for kraft i Longyearbyen vil vere tilfredsstillande når det nye reservekraftverket er i drift.

Gruve 7 sørger for kolforsyninga til kraftverket som generer elektrisk kraft og fjernvarme til Longyearbyen, jf. Prop. 1 S (2019–2020).

I juli 2020 vart det oppdaga ei større vassinnstrøyming i indre del av Gruve 7 som ga strømut-

fall og tilhørande pumpestopp. Gruve 7 var på dette tidspunktet i planlagt produksjonstans som var venta å opphøyra medio august 2020. Som følgje av vassinnstrøyminga i gruva blei produksjonsstansen utvida og ein planlegg å starte opp produksjon i løpet av oktober 2020.

Med dagens kolprisar og eit rimeleg anslag på framtidige kolprisar ventar ein årlige underskot frå drift av Gruve 7 framover. Nærings- og fiskeridepartementet fremmar forslag om å løyve 40 mill. kroner i tilskot på kap. 950 post 71 for å møte likviditetsbehovet i Gruve 7. Storleiken på dei årlige underskota vil i stor grad avhenge av utviklinga i kolpris, samt kor lengje gruva skal halde fram.

#### Tiltak

I samband med behandlinga av Meld. St. 32 (2015–2016) Svalbard bad Stortinget regjeringa om å setje i gang ei brei utgreiing av mogleghetene for framtidig energiforsyning på Svalbard basert på berekraftige og fornybare løysingar, jf. Innst. 88 S (2016–2017). Utgreiinga vart lagd fram i juli 2018. Gjennom 2019 og 2020 har Olje- og energidepartementet og NVE arbeidde med å kvalitetssikre utgreiinga og innspela som har kome.


Olje- og energidepartementet gjer no grundigare vurderingar av samfunnsøkonomiske nytte- og kostnadsverknader for nokre få alternative energiløysingar, og kombinasjonar av løysingar. Det er viktig at ein finn ei god felles løysing for energiforsyninga slik at energikostnadene ikkje blir høgare en nødvendig. Kunnskap om dei lokale forholda på Svalbard er viktig. Longyearbyen lokalstyre er involvert i arbeidet.

I 2019 og 2020 vart det løyvt til saman 27,8 mill. kroner over svalbardbudsjettet som statleg tilskot til Longyearbyen lokalstyre for å dekke om lag halvparten av utgiftene til eit nytt reservekraftverk i Longyearbyen. Det nye reservekraftverket vil medverke til at det blir nok reservekraft i Longyearbyen. Det er venta at reservekraftverket vil vere ferdigstilt ved årsskiftet 2020/2021.

## Beredskap og skredsikring

Det har vore ein nedgang i talet på seglingar med fiskefartøy i farvatna ved Svalbard i 2019 saman-

likna med åra før. Tendensen er samstundes at den maritime aktiviteten i farvatna rundt Svalbard aukar.



Figur 2.19 Fiske- og fangstfartøy i fiskevernsona ved Svalbard, seglingar i året.

Kjelde: Kystverket/Fiskeridirektoratet

Tenestefartøyet til Sysselmannen, M/S «Polarsysse», er ein sentral ressurs i rednings- og beredskapssamanheng blant anna ved fare for skipsforlis, grunnstøying, oljeutslepp, m.m. M/S «Polarsysse» har helikopterdekk som er tilpassa Sysselmannens helikopter. Det er særskilt viktig at helikopter og fartøy kan samverke på ein god måte.

I 2019 vart sesongen M/S «Polarsysse» seglar, utvida frå ni til ti månader i samband med Prop. 114 S (2018–2019) om tilleggsøyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet for 2019. Frå 2020 disponerer Sysselmannen «Polarsysse» heile året, jf. Innst. 17 S (2019–2020). Utvida seglingssesong inneber ei styrking av beredskapen hos Sysselmannen. M/S «Polarsysse» er òg viktig for evna og moglegheita Sysselmannen har til å drive oppsyn og utøve myndigheit.

Arbeidet med skredsikring i Longyearbyen har komme langt, men nokre tiltak står att. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har frå 2016 gjennomført regional snøskredvarsling for regionen Nordenskiöld Land. I tillegg vart det etablert lokal varsling for Longyearbyen. Universitetssenteret på Svalbard (UNIS) er samarbeidspartnar for observasjonar.

#### Skredsikring i Lia

Sikringstiltak i området Lia under fjellet Sukkertoppen består av støtteforbygningar i fjellsida og ein fangvoll nedanfor fjellsida. NVE ferdigstilte første del av sikringstiltak under Sukkertoppen i 2018 til ein kostnad på 32,5 mill. kroner. Nye skredvurderingar frå 2018 viser at skredfaren er vesentleg, og at fleire bustader under Sukkertoppen ikkje lar seg sikre med fysiske tiltak som volar, skjermar eller liknande.

Regjeringa foreslo i Prop. 1 S (2019–2020) Svalbardbudsjettet å løyve 61,2 mill. kroner til ytterlegare skredsikring av området under fjellet Sukkertoppen i Longyearbyen. Stortinget slutta seg til forslaget. Arbeidet med skredsikring inneber mellom anna prosjektering og grunnundersøkingar.

Dei nye klimaframskrivingane fører med seg utfordringar innanfor geoteknikk, fundamentering og bygging av fysiske tiltak i område med permafrost. Regjeringa foreslo i Prop. 127 S (2019–2020) å auke svalbardbudsjettet med 10 mill. kroner for å framskande arbeidet med skredsikring av området under fjellet Sukkertoppen i Longyearbyen. Regjeringa foreslo vidare ein bestillingsfullmakt på inntil 60 mill. kroner i 2021 på kap. 0007 post 30 Skred og bustadtiltak på svalbardbudsjettet med same formål. Stortinget slutta

seg til forslaget, jf. Innst. 360 S (2019–2020). Olje- og energidepartementet nyttar midlane. NVE har rekna samla kostnad for skredsikring av området under fjellet Sukkertoppen til 140 mill. kroner. Det ligg an til at arbeidet vil bli ferdig i 2022.

#### Tiltak

Regjeringa foreslår å løyve 61,1 mill. kroner til skredtiltak i Longyearbyen i 2021 på kap. 0007 post 30. Olje- og energidepartementet vil kunne bruke løyvinga gjennom ei fullmakt til å belaste. Løyvinga skal nyttast til skredsikringstiltak under fjellet Sukkertoppen.

Fram til skredsikringstiltak og nye bustader er på plass, er dei viktigaste tiltaka varsling og evaku-

ering. Den lokale varslinga blir vidareført vinteren 2020/2021. Longyearbyen lokalstyre skal etter planen overta denne varslinga når sikringstiltaka er ferdige.

#### Post 50 Tilskot

Løyvinga skal nyttast til å dekke underskotet på svalbardbudsjettet, for å sikre at inntektene på svalbardbudsjettet er like store som utgiftene. Bortsett frå tilskotet er skattar og avgiftar på Svalbard den største inntektsposten.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 378,0 mill. kroner.

### Kap. 481 Samfunnet Jan Mayen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter			56 108
	Sum kap. 0481			56 108

Justis- og beredskapsdepartementet koordinerer frå 1. januar 2021 drifta av, og har budsjettansvaret for Samfunnet Jan Mayen. Budsjettposten Samfunnet Jan Mayen låg tidlegare hos Samferdselsdepartementet. Den daglege drifta vert utført av Forsvaret.

Norsk nærvær på Jan Mayen blir halde oppe. Plasseringa gjer øya godt egna for referansestasjonar for satellittbaserte navigasjonssystem. Bygningsmassen på øya er av eldre dato, og arbeidet med prosjektering av nytt hovudbygg blei avslutta i 2019. Forsvarsdepartementet er ansvarleg for prosjektet med nytt hovudbygg.

I 2021 vil aktiviteten på Jan Mayen vere knytt til normal drift.

#### Post 01 Driftsutgifter

Samfunnet Jan Mayen omfattar all felles infrastruktur på øya og personellet som driv denne. Samfunnet yter i dag tenester til Meteorologisk institutt, bakkestasjonane for EGNOS og Galileo, Telenor Maritim Radio og seismiske stasjonar. Samferdselsdepartementet har hatt avtaler med dei institusjonane som har ansvaret for desse tenestene. Avtalene omfattar mellom anna arbeidsoppgåver som skal utføres av personellet på øya og inndekning av fellesutgifter. Løyvinga skal dekke utgiftene til drifta av fellesfunksjonane på Jan Mayen. Sjå elles Prop. 1 S (2020–2021) Samferdselsdepartementet for utfyllande informasjon.

Regjeringa foreslår ei løyving på 56,1 mill. kroner på posten.

## Kap. 3481 Samfunnet Jan Mayen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap		Forslag
		2019	Saldert budsjett 2020	2021
01	Refusjoner og andre inntekter			6 502
	Sum kap. 3481			6 502

### Post 01 Refusjoner og andre inntekter

Inntektsposten omfattar refusjonar for deler av fellesutgiftane knytte til Samfunnet Jan Mayen. Desse betales av Meteorologisk Institutt, Kongsberg Satellite Services AS, Telenor Maritim Radio og andre som kjøper tenester på Jan Mayen. Inn-

tekter frå kioskdirifta på Jan Mayen føres på denne posten.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 481 post 01 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3481 post 07 jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår at det blir budsjettert med 6,5 mill. kroner i inntekter



## Programkategori 06.90 Beskyttelse og innvandring

Utgifter under programkategori 06.90 fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
01–25	Driftsutgifter	1 964 718	1 980 706	1 954 060	-1,3
30–49	Nybygg, anlegg m.v.	130 676	66 972	56 199	-16,1
60–69	Overføringer til kommuner	162 840	163 510	149 329	-8,7
70–89	Overføringer til private	197 790	253 246	219 380	-13,4
	Sum kategori 06.90	2 456 024	2 464 434	2 378 968	-3,5

Utgifter under programkategori 06.90 fordelt på kapitler

(i 1 000 kr)

Kap.	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
490	Utlendingsdirektoratet	2 173 077	2 166 493	2 085 365	-3,7
491	Utlendingsnemnda	282 947	297 941	293 603	-1,5
	Sum kategori 06.90	2 456 024	2 464 434	2 378 968	-3,5

### Innleiing

Programkategorien omfattar utforming og iverksetjing av innvandringspolitikken som Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for, med unntak av oppgåver som høyrer til ansvarsområdet til politiet. Kategorien omfattar blant anna utvikling og forvaltning av utlendingslovgivinga, drift av Utlendingsdirektoratet (UDI) og klageorganet Utlendingsnemnda (UNE), drift av asylmottak og tiltak for retur. Oppgåvene som politiet har med utlendingskontroll og gjennomføring av returar m.m., er nærmare omtalte under programkategori 06.40. Sjå elles del I for omtale av dei delane av migrasjonskjeda som andre departement har ansvar for. Justis- og beredskapsdepartementet har ifølgje kgl.res. av 18. desember 2009 det overordna ansvaret for å utforme og samordne innvandringspolitikken.

Kontrollert og berekraftig innvandring er det overordna målet for innvandringspolitikken, jf. omtale i del I.

Asylsøkarar har dei siste åra stått for ein mindre del av innvandringa til Noreg enn tidlegare. Dei største innvandringsgruppene utanom EØS-borgarar er no familieinnvandrarar og arbeidsinnvandrarar. Blant dei som fekk opphaldsløyve i familieinnvandring i 2019 (både førstegongs- og fornying) er dei største gruppene søkarar frå Syria, India, Filippinane og Thailand. Regjeringa legg vekt på å regulere familieinnvandringa for å sørge for berekraftig innvandring. Det er særleg viktig for regjeringa at familiar er i stand til å forsørge seg sjølv, og at regelverket ikkje blir misbrukt. Regjeringa legg òg vekt på å leggje til rette for ønskt arbeidsinnvandring, sjå Prop. 1 S (2020–2021) for Arbeids- og sosialdepartementet for nærmare omtale. Dei største gruppene av personar som fekk arbeidsløyve i 2019 (både første-

gongs- og fornying) var søkarar frå India, Ukraina, Vietnam og Serbia.

Som omtalt i del I har virusutbrotet ført til at innvandringa til Noreg har gått noko ned samla sett i 2020, og vi vil truleg sjå ein effekt av dette òg i 2021. Løyvinga under programkategorien er nær knytt opp til talet på søknader om opphaldsløyve, og særskilt av kor mange personar som søker asyl. I tillegg til at utlendingsforvaltninga har store oppgåver med saksbehandling, har Utlendingsdirektoratet ansvar for å tilby innkvartering til asylsøkarar. I forslaget frå regjeringa blir det foreslått å løyve om lag 790 mill. kroner i tilknytning til asylmottak (kap. 490, post 21, 60, 70 og 71) i 2021. Til samanlikning vart det brukt om lag 6,4 mrd. kroner på desse postane i 2016, som følgje av det store talet på bebuarar i mottak i 2015 og 2016.

Under følgjer omtale av hovudprioriteringar i budsjettet for 2021, omtale av utviklinga i dei ulike delane av verksemdene og omtale av budsjettfor-slag til UDI og UNE for 2021.

### Budsjettprioriteringar

For 2021 foreslår regjeringa å redusere budsjettet under programkategorien med 168,6 mill. kroner. Dette inkluderer ein prisvekst på 37,7 mill. kroner. Reduksjonen heng hovudsakleg saman med at det er færre asylsøkarar og færre bebuarar i mottak. Vidare er løyvinga til returarbeid redusert.

Regjeringa foreslår blant anna desse prioriteringane i budsjettet for 2021 for programkategori 06.90:

- redusere løyvinga knytt til asylmottak med til saman 111 mill. kroner som følgje av forventa færre inkomstar og færre bebuarar i mottak enn i 2020
- redusere løyvinga til returarbeid og forebygging av irregulær migrasjon med 14 mill. kroner, blant anna sidan målgruppa for retur over tid har blitt mindre
- løyve ytterlegare 18,6 mill. kroner til UDI og UNE for å vidareføre arbeidet med å byggje ned restansar og styrke rettstryggleiken i saker om tilbakekall av statsborgarskap (vedkjem òg budsjetta til politiet og domstolane)
- auke løyvinga til UDI med 25 mill. kroner for å behandle fleire saker om statsborgarskap (vedkjem òg budsjettet til politiet)
- vidareføre det vedtatte nivået på 3000 kvoteplassar. Plassane kan nyttast til å ta imot overføringsflyktningar eller annan type byrdedeling mellom EU/Schengen-land som relokalisering av asylsøkarar

- leggje til rette for at alle barn i asylmottak frå eittårsalderen får tilbod om gratis heildagsplass i barnehage
- leggje til rette for innføring av ein eingongsløyving for utlendingar med lang opphaldstid i Noreg. Det blir i samband med dette foreslått å løyve 4 mill. kroner til nødvendig saksbehandling i UNE, samt å redusere løyvinga til mottak med 0,1 mill. kroner knytt til reduserte stønader. Sjå òg løyvingsforslag knytt til ordninga under Prop. 1 S (2020–2021) for Kunnskapsdepartementet

### Asyl/vern

Asylsøkarar blir registrerte av politiet og får søknaden sin behandla av UDI. Klagar på vedtaka blir retta til UNE. I tillegg tek Noreg imot overføringsflyktningar, som har fått utgreidd av FN's høgkommisær for flyktningar (UNHCR) at dei treng asyl. Utviklinga i talet på asylsøkarar og overføringsflyktningar, og endringar i regelverk og/eller praksis på feltet, påverkar løyvingsforslaget på dei fleste av postane under programkategori 06.90 (UDI og UNE). For UNE vil talet på inkomne saker variere både med talet på asylsøkarar og med utfalla i vedtaka hos UDI. Under blir utviklinga i sentrale rammer og i talet på asylsaker skildra.

#### 3.1 Rammer – nasjonalt og internasjonalt

Rammene for Noregs handtering av flukt og migrasjon (asylrelaterte saker) blir i stor grad utvikla i samarbeid med FN og EU. Nokre av utfordringane kan bli løyste ved nasjonal regulering i utlendingslova og -forskrifta, men fordi migrasjonen er internasjonal, må Noreg i stor grad finne løysingar saman med andre. Noreg deltar ikkje i EUs asylpolitikk, men vi har slutta oss til Dublin- og Schengen-avtalane og er dermed bundne av dette regelverket.

Dei aller fleste asylsøkarane kjem til Noreg etter å ha reist gjennom andre europeiske land. For å hindre sekundærrørsler av asylsøkarar i Europa, er Noreg tent med eit harmonisert regelverk. Dublin-samarbeidet er her sentralt, og det same er deltaking i EUs støttekontor for asyl EASO (European Asylum Support Office) og EUs grense og kystvakt Frontex. EU-landa diskuterer endringar i både Dublin-samarbeidet og andre typar asylsamarbeid, basert på Europakommisjonnens forslag til ny pakt om migrasjon og asyl som blei lagt fram 23. september 2020. I pakta er det mellom anna foreslått nytt rammeverk for jamnare

fordeling av asylsøkarar som kjem til Europa. Dette framlegget vil det nå bli forhandlingar om i EU. Revisjonen av dei andre delane av asylregelverket kan påverke Noreg indirekte gjennom domstolsavgjerder eller gjennom anna praksis- og regelverksutvikling.

Europakommisjonen har òg lagt fram eit fornya forslag om å utvikle det nåverande støttekontoret for asyl – EASO – til eit asylbyrå, European Agency for Asylum (EUAA). Formålet er å få byrået til å bidra meir til at asylsystemet i Europa fungerer godt, og å setje byrået betre i stand til å hjelpe i situasjonar med høgt migrasjonspress i landa. Det er usikkert når det reviderte regelverket vil bli vedteke. Når forslaget blir vedteke vil endringane ha konsekvensar for Noregs deltaking i samarbeidet. Dette omfattar òg økonomiske konsekvensar.

Regjeringa støttar det pågående arbeidet med ei reform av ulike rettsakter som har som formål å førebyggje ukontrollerte sekundærrørsler og sikre jamnare fordeling av asylsøkarar i Europa. Regjeringa vurderer det slik at det i utgangspunktet er i norsk interesse at dei europeiske landa einast om ein permanent og bindande fordelingsmekanisme der alle europeiske land deltek. Norske styresmakter vil vidare halde fram med å hjelpe europeiske land som har særleg migrasjonspress. Gjennom EØS-midlane har Noreg bidratt til å styrke asyl- og migrasjonsfeltet i land som Hellas, Romania og Bulgaria. Vi viser til omtalen av EØS-midlane i Prop. 1 S (2020–2021) for Utanriksdepartementet. I tillegg støttar Noreg europeiske land, blant anna ved å sende ut ekspertar gjennom EASO og Frontex.

### 3.2 Asylsaker – utvikling


Sidan 2016 har talet på innkomne asylsøknader vore historisk lågt (sjå figur under og omtale i del

I). I 2019 kom det 2 305 asylsøkarar til Noreg. I tillegg til at det kjem få asylsøkarar, er det ein tendens til at fleire av dei som kjem får vern. Talet på klagesaker til UNE har dei siste åra gått ned som følgje av dette. Prosentdelen realitetsbehandla<sup>4</sup> asylsøknader der UDI har gitt løyve, har vore på eit relativt høgt nivå dei siste åra, og var første halvår 2020 på 74 prosent. Dette tilseier at ein større del av asylsøkarane som kjem til Noreg, faktisk har behov for vern. Det er sannsynleg at innstrammingar i det norske regelverket i 2015 og 2016, og signaleffektar av desse endringane, kan ha bidratt til at det framleis er få personar som søker asyl.

Det har per 31. august bare komme 976 asylsøkarar til Noreg i 2020. Dette kjem truleg av restriksjonane som er sette i verk globalt som følgje av virusutbrotet, blant anna grensekontrollar internt i Schengen. Årsprognosen er på bakgrunn av dette justert frå 3 000 til 1 200 personar, sjå omtale i del I. Norske tiltak for å hindre smitte av covid-19 i 2020, blant anna bortvising av bestemte grupper utlendingar som kjem til norsk grense, har ikkje omfatta asylsøkarar.

I 2021 og framover er det sannsynleg at det kjem rundt 3 000 asylsøkarar årleg, men det er framleis uvisst kor mange som likevel kan komme innanfor eit kort tidsrom. Det er usikkert i kva grad grensekontrollane og reiserestriksjonane frå 2020 vil vere gjeldande i 2021, men ei planleggingsprognose på 3 000 asylsøkarar er likevel lagt til grunn for berekningane for 2021 i fall tiltaka i stor grad blir oppheva.

<sup>4</sup> Ein del asylsøknader blir ikkje realitetsbehandla i Noreg, men blir avslått etter Dublin-regelverket.



Figur 2.20 Innkomne og behandla asylsaker UDI (ekskludert klagesaker) og UNE (vanleg klagesak og omgjeringssoppmodingar), 2014 til 31. august 2020

Kjelde: UDI

UDI og UNE har dei siste åra behandla fleire asylsaker enn det som har komme inn til verksemdene. Slik har dei redusert talet på eldre søknader som ventar på svar. Vidare har UDI og UNE som følgje av færre søknader om asyl, nedbemanna den delen av verksemdene som arbeider med asylsaker. UDI nedbemanna frå rundt 1 200 årsverk<sup>5</sup> i 2016 til rundt 900 i 2018, og har sidan vidareført organisasjonen omtrent på det nivået. UNE reduserte storleiken frå om lag 300 årsverk i 2016 til 214 ved utgangen av 2019. Nedbemanninga i UNE har halde fram gjennom 2020.

Omstilling og nedbemanning reduserte produksjon og produktivitet i UDI ein periode, men i 2019 har UDI komme nærmare ambisjonen om at ein større del av førstegongsvedtaka i asylsaker skal behandlast innan 21 dagar. Dette er knytt til arbeidet i UDI og politiet med å innføre ny saksflyt i den innleiande asylfasen for å forbetre asylsaksbehandlinga.

Nasjonalt ankomstsenter (tidlegare Ankomstsenter Østfold) vil bli ferdigstilt ultimo 2020. Her vil alle asylsøkarar bli innkvarterte i den første fasen samstundes som dei får behandla asylsøknaden sin. Det er nødvendig med god kapasitet til å saksbehandle i den innleiande asylfasen, då det er særleg viktig å ha kontroll på søkarane og å ha

<sup>5</sup> Årsverk er her definert som gjennomsnitt for året, og inkluderer alle grupper av tilsette (faste, midlertidige og ekstrahjelp/sommervikarar). Berekinga utelèt dei som er i korte eller lange permisjonar, men inkluderer dei som er i korte eller lange sykefråvær.

gode system for å kartleggje identitet, gjennomføre nødvendige helsetestar og kunne handtere svingingar i asylinnkomstar.

Politiet og UDI-tilsette vil vere samlokaliserte ved senteret. Samarbeidet mellom etatane vil gi betre saksbehandling, særleg i samband med avklaring av identitet, og dermed fleire riktige vedtak. Dette vil på sikt kunne føre til at færre personar som søker om vern får opphald på feil grunnlag. Potensielt fleire riktige asylvedtak vil på sikt òg redusere behovet for å opprette tilbakekallssaker i samband med fornya eller permanent opphaldsløyve. Det vil dermed òg kunne gi færre tilfelle der det blir gitt løyve til familieinnvandring til ein referanseperson som ikkje burde ha fått opphald i første omgang.


### 3.3 Overføringsflyktningar og annan byrdedeling – utvikling

Løyving til administrasjon og uttak av overføringsflyktningar og eventuelt relokalisering av asylsøkarar for å fordele byrden mellom EU/Schengenland blir i hovudsak budsjettert over kap. 490 Utlendingsdirektoratet. Som hovudregel deltar òg Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) og politiet i uttak, og løyving til dette blir ført over kap. 290 og kap. 440. Når overføringsflyktningane kjem til Noreg, skal dei som hovudregel bli busette direkte i ein kommune, sjå omtale i Prop. 1 S (2020–2021) for Kunnskapsdepartementet. Relokaliserte blir plasserte i asylmottak, og i

nokre tilfelle blir og overføringsflyktningar plasserte i mottak før dei blir busette. Noreg har dei siste åra hatt ein kvote på 3 000 plassar. Dette er fleire per capita enn alle andre europeiske land. I 2018 og 2019 kom det fleire overføringsflyktningar enn ordinære asylsøkarar til Noreg.

Justis- og beredskapsdepartementet fastsett kvotesamansetninga i samråd med Utanriksdepartementet og Kunnskapsdepartementet etter for-

slag frå UDI og IMDi, som igjen byggjer på forslag frå UNHCR og innspel frå norske frivillige organisasjonar. UDI gjer vedtak for uttaka av dei enkelte flyktningane i samsvar med fordelinga som er vedteken, og i tråd med gjeldande rundskriv. Figuren under viser talet på vedtak om overføring og det faktiske talet på innkomne overføringsflyktningar til Noreg i åra 2014–2020 (per august).



Figur 2.21 Overføringsflyktningar 2014–2020 (per 31. aug)

Kjelde: UDI

I 2019 hadde Noreg ein kvote på 3 000 plassar. Plassane vart hovudsakeleg fordelt på syriske flyktningar i Libanon og Jordan, flyktningar av ulike nasjonalitetar i Uganda og Etiopia, og flyktningar som vart evakuerte frå Libya via Romania. Det vart overført 115 plassar frå 2018 på grunn av vanskar med Libya-situasjonen.

UDI gjorde vedtak for 3 100 flyktningar i 2019, inkludert flyktningane som fylte dei overførte plassane. Det kom 2 803 overføringsflyktningar til Noreg i 2019, og syrarar var den største gruppa med 1 306 personar. Hovudårsaka til at det ikkje er samsvar mellom talet på vedtak og kor mange flyktningar som kjem til landet eit bestemt år, er at det går tid frå vedtaket er gjort, til det blir funne ein busetjingskommune.

I 2020 er det per 31. august gjort vedtak om overføring for totalt 967 flyktningar. Dei låge tala for både vedtak og innreise er direkte konsekvensar av virusutbrotet.

I 2020 er det 3 015 plassar for overføringsflyktningar på kvoten, inkludert 15 plassar som vart overførte frå 2019. I tillegg til dei nemnde grup-

pene vil dei andre hovudgruppene være flyktningar som oppheld seg i Kenya og Rwanda. Kvoten omfattar òg plassar som er opne for alle nasjonalitetar, og 60 medisinske plassar som blir rekna mot dei ulike delkvotane. Flyktningane frå Libya blir no evakuerte ikkje berre via Romania, men òg via Rwanda, der det er etablert ein ny evakueringsmekanisme. Noreg gav 50 mill. kroner til dette i 2019. Kvoten vil måtte bli justert i løpet av året som følgje av virusutbrotet. Det vil bli vanskeleg å nå målet om å fylle 3 000 plassar i 2020. Ubrukte plassar kan overførast til 2021.

Regjeringa meiner at talet på kvoteplassar skal ses i samanheng med talet på asylsøkarar og andre innvandrings- og integreringsutfordringar i Noreg. Plassane kan nyttast til å ta imot overføringsflyktningar eller annan type byrdedeling mellom EU/Schengen-land som relokalisering av asylsøkarar. På grunn av det låge talet på asylsøkarar og ein venta nedgang i familieinnvandringa foreslår regjeringa å vidareføre ein kvote i 2021 på same nivå som i 2020. Virusutbrotet vil ha conse-

kvensar for arbeidet med uttak i heile 2020 og i 2021.

Hellas opplevde ein sterk auke i talet på asylsøkarar hausten 2019 og bad då andre europeiske land om å relokalisere asylsøkarar frå Hellas. Regjeringa meiner det er nødvendig med ei varig og langsiktig løysing for byrdedeling, og ikkje adhoc initiativ knytte til enkeltland. Det er viktig at ei løysing for byrdedeling ikkje oppmuntrar fleire til å migrere. På grunn av den særskilt pressa situasjonen Hellas er i beslutta Regjeringa i haust å bidra til relokalisering frå landet. Regjeringa vil relokalisere 50 asylsøkarar frå Hellas. Vi vil prioritere sårbare familiar med barn frå Syria som med stor sannsynlighet vil få opphaldsløyve i Noreg, og kor det ikkje er grunn til å anta at det finnast eksklusjonsgrunner eller andre forhold som kan få følgjer for grunnleggjande nasjonale interesser. Det er ikkje mogleg å fylle kvoten for overføringsflyktningar i 2020. Asylsøkarar som blir relokaliserte til Noreg vil medføre ein reduksjon i tal på overføringsflyktningar i 2021.

### Andre saker om opphald

Søknader om opphaldsløyve blir leverte til politiet eller ein utanriksstasjon. UDI fattar vedtak om løyve i dei fleste sakstypane, men i nokre få saker er det politiet eller utanriksstasjonane som gjer dette. Klagar på vedtaka blir retta til UNE. Utviklinga i talet på opphaldssaker og endringar i regelverk og/eller praksis har stor påverknad på drifta av UDI og UNE. Prognosar for innkomne saker, og planlagde endringar i regelverk eller praksis, er derfor sentrale føresetnader for løyvingforslaget på fleire av postane under programkategori 06.90 (UDI og UNE). For UNE vil talet på innkomne saker variere både med talet på søknader om ulike løyve og med utfalla i vedtaka hos UDI. Under blir utviklinga i sentrale rammer og i talet på opphaldssaker skildra.

#### 4.1 Rammer – nasjonalt og internasjonalt

På opphaldsområdet er Noreg bunden av EØS-regelverk når det gjeld innvandring frå EU/EØS-landa. Det er Arbeids- og sosialdepartementet som har ansvar for EØS-regelverket, sjå omtale under Prop. 1 S (2020–2021) for Arbeids- og sosialdepartementet.

Når det gjeld familieinnvandring, er Noreg bunden av Den europeiske menneskerettskonvensjon (EMK), som pålegg statar ei plikt til å respektere retten til familieliv og privatliv. Inngrep i denne retten kan berre skje dersom det er i sam-

svar med lov, og blant anna er påkravd av omsyn til nasjonal eller offentleg tryggleik eller den økonomiske velferda i landet.

Ved familieinnvandring til Noreg meiner regjeringa at innvandraren anten må kunne forsørge seg sjølv, eller bli forsørgd av den personen vedkommande blir gjenforeint med. Regjeringa vil kjempe mot tvangsekteskap og fleirkoneri og hindre at reglane om familieinnvandring blir undergravne gjennom misbruk. Regjeringa vil stramme inn regelverk og praksis, og fremme tiltak for å forhindre omgåelsesekteskap, fleirkoneri og gjentakande familieinnvandring. Departementet vurderer no endringar på desse områda. Regjeringa vil òg vurdere endringar i regelverket for familieetablering for å kjempe mot fleirkoneri. Departementet vurderer no kva tiltak som kan vere hensiktsmessige.

I mars i år sende regjeringa på høyring eit forslag til endringar i utlendingsforskrifta. Dette forslaget vil stramme inn unntaket frå kravet til å kunne forsørge seg sjølv for å få permanent opphaldsløyve for vaksne som får opplæring i grunnskule eller vidaregåande skule.

Bruk av falske dokument for å få opphald i Noreg er ikkje uvanleg. For mange søkarar er det vanskeleg å skaffe papir som i tilstrekkeleg grad kan dokumentere identitet og familierelasjon. DNA-testing skal sikre at personen som bur i Noreg, og den som søker om gjenforeining med vedkommande, verkeleg er i slekt. Tidlegare har det berre vore høve til å be om DNA-test i saker der slektskapet er avgjerande for opphaldsløyvet. I mai 2020 vedtok Stortinget endringar i utlendingslova som tillèt å påleggje DNA-testing i saker der det ikkje er tilstrekkeleg med dokumentasjon på slektskapen i sakspapira.


UDI har sidan 2003 lagra og søkt med biometri (fingeravtrykk) frå asylsøkarar. Eit forslag om ei rekkje regelendringar knytta til opptak og lagring av biometri var på høyring hausten 2019, og blir følgt opp. Dei foreslåtte regelendringane inneber blant anna at det skal takast fingeravtrykk av alle som søker om opphaldsløyve, inkludert dei som søker ved ein utanriksstasjon. Fingeravtrykka som blir lagra i utlendingsregisteret, vil etter forslaget òg kunne bli lagra i lengre tid enn etter dagens regelverk. Dette vil styrke arbeidet med å avklare identitet.

Tiltaka regjeringa har sett i verk for å avgrense smitta av covid-19 har verka inn på moglegheita utlendingar har til å reise inn i Noreg. Det har vore fastsett mellombelse reglar om innreise-restriksjonar for utlendingar av omsyn til folkehelsa. Då reglane vart fastsette 15. mars 2020 var

retten utlendingar har til innreise i Noreg, strengt avgrensa. Det vart fastsett unntak for ulike grupper utlendingar som vart rekna for å ha ei særleg tilknytning til Noreg eller eit viktig formål med besøket sitt her. Reglane er endra fleire gonger, i hovudsak i form av oppmykingar, der det har vore forsvarleg ut frå smittevernlege vurderingar. Til dømes er det opna for innreise for EØS-borgarar, for dei fleste nære familiemedlem til norske borgarar eller til utlendingar som bur i Noreg, og for dei fleste utlendingane som har fått opphaldsløyve for å arbeide eller studere. Sjølv om det er opna for innreise gjeld som hovudregel føresegner om innreisekarantene.

#### 4.2 Søknader om opphald – utvikling

Talet på opphaldssaker som blir behandla hos UDI, har dei siste åra vore på rundt 90 000 i året, med noko høgare tal i 2016 og 2017 fordi det var mange saker om familiegjenforeining som gjaldt asylsøkarar som kom i den store asyltilstrøyminga i 2015. Saksinngangen hos UNE er på veg ned, med kring 5 000 innkomne saker dei siste åra. Figurane under viser utviklinga i innkomne opphaldssaker og talet på behandla saker i UDI og UNE. Merk at aksane er ulike.



Figur 2.22 Utvikling i talet på innkomne saker og behandla saker i UDI og UNE, 2014–juni 2020

Kjelde: UDI og UNE

Som vist i del I er størsteparten av opphaldssakene relaterte til familieinnvandring og arbeid når det gjeld nye søknader. Det kjem òg inn mange søknader om permanent opphald og statsborgarskap.

I 2018 og 2019 behandla UDI færre opphaldssaker enn det som kom inn, noko som hang saman med at UDI hadde problem med produktiviteten som følgje av nedbemanning og omstilling (sjå omtale under asyl). Det same var tilfellet for UNE i 2019. Før virusutbrotet hadde produktiviteten i 2020 byrja å ta seg opp i UDI. Totalt behandla UDI 91 600 opphaldssaker i 2019, mot om lag 79 000 i 2018. Det er forventa at UDI vil behandle enda fleire saker i 2020.

UDI forventar å ta imot færre søknader om opphald i 2020 enn i 2019. Dette er i stor grad på grunn av tiltak for å hindre spreiding av covid-19.

Utanriksstasjonane og politiet sine publikumstener har delvis vore stengde og delvis hatt redusert opningstid. Dette gjer at det blir registrert færre saker i førstelinja, og at færre saker blir sende til UDI for vedtak.

For 2021 er det lagt til grunn at covid-19-tiltak som reiserestriksjonar og stengde publikumsmottak i politiet og ved utanriksstasjonane vil bli avvikla. UDI forventar likevel ein nedgang i reiser og med det færre søknader om visum. Det er òg lagt til grunn færre søknader om arbeidsløyve og studieløyve som resultat av virusutbrotet. Det er vidare forventa ein nedgang i søknader om familieinnvandring fordi det no er færre som får vern etter søknad om asyl. Det blir òg færre søknader om permanent opphald som følgje av at det var ein nedgang i talet på personar som fekk vern tre år tidlegare. Samanlikna med 2019 vil derfor den

samla mengda saker bli mindre i 2021, men noko større enn det som forventast i 2020.

I prognosen for 2020 og 2021 er det ein stor auke i talet på søknader om statsborgarskap. Dette heng saman med at prinsippet om eitt statsborgarskap vart avvikla frå 1. januar 2020, jf. Prop. 111 L (2017–2018) *Endringer i statsborgerloven*. Samla er det forventta 60 000 fleire søknader om norsk statsborgarskap i perioden 2020–2022 som følgje av endringa. Den reduserte saksinngangen til UDI i 2020 gjer at UDI vil ha færre ubehandla saker totalt sett ved inngangen til 2021 og vil derfor auke innsatsen på søknader om statsborgarskap. For å hindre at saksbehandlingstida blir altfor lang foreslår regjeringa å auke løyvinga til politiet og UDI med til saman 61,5 mill. kroner i 2021 for å auke kapasiteten til å handtere sakene, sjå òg omtale under kap. 440, post 01, og kap. 490, post 01. Auken i søknader medfører òg auke i gebyrinntekter over kap. 3440, post 06.

#### 4.3 Tilbakekall av opphaldsløyve – utvikling

Betre ID-arbeid har ført til at utlendingsstyresmaktene har avdekt at fleire personar har opphaldsløyve basert på feil identitet eller på andre urette opplysningar, noko som gir grunnlag for å kalle tilbake opphaldsløyvet etter utlendingslova § 63 eller statsborgarskap etter statsborgarlova § 26. Samstundes kan ein med heimel i utlendingslova § 37 kalle tilbake flyktningstatus og opphaldsløyve når det ikkje lenger er behov for vern, og også andre opphaldsløyve kan ein kalle tilbake når opphaldsgrunnlaget ikkje lenger er til stades, sjå utlendingslova § 63.

Figurane under viser utvikling i oppretta og behandla saker (for alle paragrafar) sidan 2017, samt utfall av vedtaka i 2019. I 2019 vart det oppretta rundt 2 400 tilbakekallssaker, og UDI behandla cirka 2 700. Kring 1 500 av desse fekk eit vedtak om tilbakekall. Om lag 20 prosent av sakene som får vedtak om tilbakekall er knytt til feil eller urette opplysningar, nokre få er knytt til betra forhold i heimlandet, mens dei resterande i hovudsak er knytt til forvaltningsmessige grun-

ner som til dømes at dei ikkje lenger fyller vilkåra for løyvet.


Dei kring 20 prosent av sakene som er knytt til feil eller urette opplysningar er typisk saker der personen har oppgitt uriktig identitet. Fleire får nye opphaldsløyve basert på andre grunnlag, til dømes sakar kor personen fyller vilkåra for beskyttelse i Noreg med den nye identiteten (sjå til dømes instruks GI-08/2015-8 *Utlendinger som har rett til internasjonal beskyttelse, men som tidligere har hatt oppholdstillatelse under falsk identitet*), eller kor barna har ei særleg tilknytning til Noreg og får løyve etter utlendingslova § 38.

Vedtak om tilbakekall knytt til betra forhold i heimlandet er altså få. Samla sett har det kun blitt fatta 42 vedtak om tilbakekall etter denne heime-len sidan instruks GI-03/2019 (tidligere GI-14/2016) først blei gitt i 2016 (tall per 30. juni 2020). Dei fleste av dei oppretta sakene er blitt henlagd. Årsaka til dette er at det har vore grunn til å gi nytt opphaldsløyve av andre årsaker – til dømes at dei fyller vilkåra for permanent løyve, at barn har budd lenge i Noreg eller at saksbehandlingstida har vore for lang. I nokre saker er det også slik at personen framleis har eit individuelt behov for vern sjølv om dei generelle forholda i eit land er betra.

Ein stor del av tilbakekallsakene er knytt til opphaldsløyve til arbeidstakarar og studentar. Desse løyva vert hovudsakleg kalla tilbake når utlendingen ikkje lenger fyller vilkåra for løyvet, men årsaka kan òg vere at utlendingen har gitt urette opplysningar til dømes om utdanninga frå heimlandet eller andre vilkår for løyvet. Ein stor del av vedtaka om tilbakekall av løyve til au pairar er grunna i at au pæren har søkt om og får opphaldsløyve hos ein ny vertsfamilie. Då vert den gjenstående perioden av det føregåande løyvet som gjeld for den førre vertsfamilien kalla tilbake.

I sum er det altså slik at fleire av dei som får eit løyve kalla tilbake, både på grunn av urette opplysningar og opphør av behovet for vern, arbeid eller anna opphald, får eit nytt løyve på anna grunnlag.





Figur 2.23 Tal tilbakekallssaker og vedtak 2017–2020 (juni) og fordeling av vedtak i 2019.

Kjelde: UDI

Det har vore lang saksbehandlingstid på mange av tilbakekallssakene, særskilt knytt til feil eller urette opplysningar og betra forhold i heimlandet. Tilbakekallssakene krev mykje ressursar, og det er utfordrande å bygge ned restansar.


Den lange saksbehandlingstida har hatt konsekvens og for søknader om permanent opphald knytt til dei same personane og saker knytt til familiemedlemmar. UDI har fått kritikk av Sivilombudsmannen for den lange saksbehandlingstida for slike tilknytte søknader (sjå SOM-2020-326).

Per 30. juni 2020 er det om lag 3 500 tilbakekallssaker totalt som ikkje er ferdig behandla, kor kring 90 er knytt til mogleg betra forhold i heimlandet (sjå instruks GI-03/2019). UDI prioriterer tilbakekallsaker og har redusert restansar i løpet av 2019 og 2020, og dei vil halde fram med dette i 2021.

Regjeringa har sidan 2020 gitt auka løyve til å bygge ned restansar og for å styrke rettsvernet i saker om tilbakekall av statsborgarskap, noko som blir vidareført i 2021.

#### 4.4 Utvising – utvikling

Den som bryt norsk lov, kan bli utvist. Det er ikkje berre kriminelle handlingar som kan danne grunnlag for eit vedtak om utvising, men òg brot på utlendingslova, slik som til dømes å opphalde seg i Noreg utan løyve eller å gi feil informasjon om identiteten sin. Den som blir utvist, må forlate Noreg, og som oftast òg Schengen-området, og vil ikkje kunne reise inn igjen før innreiseforbodet er utgått. I dei grovaste tilfella kan innreiseforbodet vere varig. Sjølv om vilkåra for utvising er oppfylte, skal det alltid vurderast om ein så alvorleg reaksjon samsvarer med tilknyttinga personen har til Noreg, slik som familie og lang butid i landet. I saker som råkar barn, skal omsynet til kva som er best for barnet, vurderast særskilt. UDI har dei siste åra fått inn og behandla rundt 5 000 saker om utvisning årleg, og saksinngangen er forventa omtrent på same nivå i 2021. Figuren under viser talet på utviste dei siste åra fordelt på årsak.



Figur 2.24 Tal på utviste årleg 2014–2020 (juni) fordelt på årsak.

Kjelde: UDI

## Retur

Den som får endeleg avslag på ein søknad om vern eller anna opphald, får ein frist til å forlate landet, normalt tre veker. Vedkommande kan rette seg etter dette ved å returnere til heimlandet innan denne fristen, anten på eiga hand (sjølvorganisert retur) eller med hjelp frå norske styresmakter (assistert retur). Alternativet til dette er tvungen retur med politiet. Sjølvorganisert retur frå Noreg blir ikkje registrert (løyving knytt til assistert retur er ført over kap. 490, postane 01, 21, 72 og 75). Retur har òg ein indirekte påverknad på andre postar under programkategori 06.90, til dømes ved at raskare retur kan bidra til lågare utgifter til asylmottak og lågare saksinnangang til UNE.

### 5.1 Rammer – nasjonalt og internasjonalt

Noreg er knytt til EUs retursamarbeid blant anna gjennom Schengen-samarbeidet. EU har utvida samarbeidet om retur med både transitt- og opphavsland og har styrkt det operative retursamarbeidet. Regjeringa støttar opp om ei slik tilnærming. Det bidrar til å halde oppe asylinstituttet og avgrense talet på personar i Europa utan lovleg opphald. Regjeringa vil òg at Noreg skal kople seg tett til EUs returavtalar og -ordningar, der dette er naturleg. Å inngå avtalar tek ofte lang tid og krev mykje ressursar, og Noreg er derfor tent med å inngå tilsvarande avtalar som EU gjer. Dette gjer

òg at Noreg kan samarbeide med EU om oppfølging av avtalane når dei er likelydande, noko som er ein stor fordel. Etter at EUs grensebyrå Frontex i 2019 fikk styrkt sitt mandat på returfeltet, kan Frontex nå gje utvida støtte til medlemslandas returarbeid, både kva gjeld frivillig og tvungen retur. Noreg tek òg del i prosessen med å revidere EUs returdirektiv. Regjeringa støttar EUs kopling av returarbeid til visumpolitikk, som inneber at manglande samarbeid om retur frå opphavslanda kan resultere i innstramningar i visumprosedyrane hos alle EU/Schengen-land.

Regjeringa ønskjer velordna og trygg internasjonal migrasjon. For å få til betre ordningar for retur gir departementet tilskot til tiltak i land som Noreg treng å returnere personar til. Utanriksdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet samarbeider elles for å styrke samarbeidet om retur og migrasjon bilateralt med sentrale transitt- og opphavsland. Gjennom dialog med, og tiltak overfor slike land, prøver Noreg å fremme ei samordna tilnærming til migrasjonsutfordringane. Eit viktig verkemiddel for å lukkast med dette er å bruke Noregs posisjon blant anna som bistands-givar. Utanriksdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet vurderer felles tiltak og har blant anna utvikla felles landstrategiar for retur til enkelte opphavsland. Desse strategiane inneber at retur og tilbaketaking av eigne borgarar er integrert i det bilaterale samarbeidet. Dei felles landstrategiane gjeld ut 2020, og vidareføring til 2021 er under planlegging. Per juli 2020 har Noreg 14

spesialutsendingar for utlendingssaker i viktige transitt- og opphavsland. Formålet med desse stillingane er å hjelpe utlendingsforvaltninga med spørsmål som gjeld fastsetjing av identitet og gjennomføring og tilrettelegging av returar.


Ved assistert retur gis det tilskot til reise og reintegrering. I 2020 forskriftsfesta Justis- og beredskapsdepartementet ordninga med tilskot til assistert retur, som UDI forvaltar. Hensikta var å ha eit tydelegare regelverk som er enklare å forstå både for dei som søker, og for dei som behandlar søknaden om assistert retur.

Regjeringa vil halde fram arbeidet med å sikre ei heilskapleg og samordna tilnærming til migrasjon og retur. Målet er å styrke samarbeidet med dei landa som har ansvar for personar i Noreg utan lovleg opphald, for å sikre effektiv retur av desse. Her må vi ta i bruk ulike verkemiddel.

## 5.2 Assisterte returar – utvikling

Dei siste åra har talet på assisterte returar gått ein god del ned. Det same har talet på utreisepliktige

personar i mottak. Nedgangen er dels eit resultat av at regjeringa har satsa på fleire returar dei siste åra og at det dermed er færre att i målgruppa, men hovudårsaka er at det har komme færre asylsøkarar til Noreg. Samstundes med at målgruppa for retur har blitt mindre, har personane blitt meir krevjande å motivere til retur. Ein større del av sakene gjeld no personar som har vore lenge i Noreg, og personar med særskilde behov. Fleire har uavklart identitet og statsborgarskap, og desse er vanskelege å handtere utan å samarbeide med styresmaktene i heimlandet. Dei fleste i målgruppa for assistert retur oppheld seg truleg utanfor mottak, og det er vanskeleg å nå desse med effektive returtiltak. I løpet av 2019 reiste 213 personar med assistert retur. Det er om lag 11 prosent færre enn i 2018. Figuren under viser utviklinga i talet på assisterte returar og utviklinga i talet på personar som er i asylmottak og har utreiseplikt.



Figur 2.25 Assisterte returar og personar i mottak med utreiseplikt, 2014–30. juni 2020.

Kjelde: UDI

Det er ikkje berre talet på returar som er viktig, men òg kven som reiser. UDI og Politiets utlendingsseining (PU) heldt i 2019 fram med den styrkte innsatsen for å få til returar av utreisepliktige personar som fører til store kostnader for samfunnet. Dette gjeld personar som bur i særskilde butilbod, tilrettelagde avdelingar i mottak, og i fengsel. I 2019 returnerte tolv personar, assistert eller med tvang, frå slike spesielle butilbod,

mot seks i 2018. Sjølv nokre få slike returar kan gi store innsparingar. Returen av dei tolv personane har gitt ei innsparing på minimum 18,8 mill. kroner i året berre til losji. Arbeidet med denne gruppa vil halde fram i 2021.

Både ved assistert retur og ved tvangsretur er det eit stort problem at personen som skal returnerast, har ukjend identitet. Få asylsøkarar legg fram identitetsdokument når dei kjem til Noreg.

For meir omtale av utfordringar og tiltak som gjeld avklaring av identitet, sjå omtalane under programkategori 06.40.

I 2019 tildelte Justis- og beredskapsdepartementet nærmare 29 mill. kroner i tilskot til tiltak i land som Noreg treng å returnere personar til og til førebygging av irregulær migrasjon, sjå nærmare omtale under kap. 490, post 72. Det blir foreslått å kutte tilskotsmidlane i 2021 med 8 mill. kroner. Bakgrunnen er at målgruppa for retur har blitt mindre over tid utan at tilskotsmidlane har vore justert deretter. Talet på returar, både assisterte returar og tvangsreturar (i kategoriene Dublin og asyl), har gått ned med om lag 60 prosent første halvår 2020 samanlikna med same periode i 2019. Nedgangen heng i stor grad saman med dei globale reiserestriksjonane som vart sette i verk frå mars 2020.

### Asylmottak

Alle asylsøkarar har rett til innkvartering i asylmottak etter utlendingslova § 95. Mottakstilbodet er differensiert etter behova til utlendingsforvaltninga og mottaksbebuarane, blant anna med Nasjonalt ankomstsenter (tidlegare kalla Ankomstsenter Østfold), transittmottak, ordinære mottak, integreringsmottak og mottak for bebuarar med særskilde behov, og dessutan eigne mottak for einslege mindreårige mellom 15 og 18 år. Aktiviteter i mottaka vil vere retta både mot retur og mot integrering. Behovet for innkvarteringskapasitet er avhengig av talet på asylsøkarar og kor lenge asylsøkarane blir buande i mottaka. Utgifter til UDIs arbeid med asylmottak, drift av asylmottak, vertskommunar og bebuarar i mottak er førte over kap. 490, post 01, 21, 60, 70 og dels 71. Storleiken på utgiftene til mottak heng likevel tett saman med saksbehandlinga og andre aktiviteter under heile programkategori 06.90.

#### 6.1 Rammer – nasjonalt og internasjonalt

Det er ingen internasjonale konvensjonar Noreg er bunden av som uttrykkeleg pålegg Noreg å tilby innkvartering til asylsøkarar, men utlendingslova § 95 gir asylsøkarar som kjem til Noreg, rett til innkvartering. Retten til innkvartering gjeld ikkje for personar som har fått endeleg avslag på asylsøknaden sin. I Noreg har ein likevel sett seg tent med å tilby innkvartering òg til denne gruppa. Ordninga er grunnleggjande ut frå kontrollomsyn og bidrar samstundes til at kommunane ikkje får ein uhøveleg stor auke i utgiftene sine for personar med endeleg avslag.

Dei viktigaste krava til mottak er nedfelte i GI-13/2017- *Instruks til Utlendingsdirektoratet om innkvartering av asylsøkerer*. UDI arbeider blant anna med å styrke oppfølginga av kontraktar og å sikre god økonomisk kontroll med mottaksdrifta.

Regjeringa ønskjer å bruke mottakssystemet til å fremme integrering for personar som har fått opphaldsløyve, og til å stimulere til retur for personar med utreiseplikt. Regjeringa har derfor etablert integreringsmottak med formål om å leggje til rette for at nykomne innvandrarakar som har vore på flukt, kan komme seg raskare ut i arbeid og delta i samfunnet. Prøveordninga med integreringsmottak er evaluert, og regjeringa vil vidareføre den. Sjå nærmare omtale av integreringsmottak i Prop. 1 S (2020–2021) for Kunnskapsdepartementet.

For at mottaka skal følgje krav og råd om smittevern under virusutbrotet, har dei i 2020 blitt pålagde ei rekkje ekstraordinære tiltak knytte til isolasjons- og karantenefasilitetar og meir spreidd busetjing. Ein del av desse tiltaka vil truleg halde fram i 2021. Nasjonalt ankomstsenter vil vere i drift med full kapasitet frå seint på hausten 2020. Det vil kunne gjere at alle asylsøkarar får eit tilbod om innkvartering allereie frå før dei er registrerte av politiet, noko som gir ein monaleg betre beredskap dersom talet på asylsøkarar skulle auke sterkt på kort tid.


#### 6.2 Utvikling

Talet på bebuarar i asylmottak har variert frå å vere rekordhøgt ved utgangen av 2015 til svært få så langt i 2020, jf. figur under. At det er så få bebuarar i dag, kjem i hovudsak av at det er færre asylsøkarar enn i tidlegare år. Mange har òg flytta ut av mottak i den same perioden, blant anna som følgje av at busetjingstakta har auka dei siste åra, sett bort frå noko forsinkingar i busetjingsarbeidet etter virusutbrotet. At regjeringa over tid har satsa på retur, har også medverka til at det er færre bebuarar i mottaka, sjå også omtalen under pkt. 4. Dette har resultert i at det er markant færre personar som ventar på busetjing eller retur, enn i tidlegare år. Figuren under viser utviklinga i talet på bebuarar i mottak sidan 2014.

Det gjennomsnittlege talet for 2019 på bebuarar i mottak for ordinære asylsøkarar var om lag 3 100. Mottak for einslege mindreårige hadde i 2019 i gjennomsnitt 60 bebuarar. Ved utgangen av juni 2020 var det omtrent 2 250 bebuarar i mottak, og det er forventet at dette vil gå ned til om lag 1 800 ved slutten av året.

Sjølvs om det har komme færre asylsøkarar i 2020 på grunn av virusutbrotet, har talet på bebuarar i mottak halde seg som planlagt. Det heng


saman med at retur og utflytting av mottak i stor grad har blitt forsinka.



Figur 2.26 Bebuarar i mottak og delen einslege mindreårige bebuarar per 31. desember i perioden 2014–30. juni 2020 (total avrunda til nærmaste 100)

Kjelde: UDI

Figur 2.27 viser ein kraftig nedgang i talet på mottak dei siste åra. Talet på mottak var redusert til 30 ved utgangen av juni 2020.



Figur 2.27 Tal på mottak og vertskommunar ved slutten av året 2014–2019, og per 30. juni 2020.

Kjelde: UDI

UDI har dei siste åra redusert talet på mottaksplassar i raskt tempo for å tilpasse kapasiteten til eit stadig mindre behov. Dette gir reduserte offentlege utgifter. Samstundes gir færre mottaks-

plassar redusert kapasitet til å handtere rask og uventa auke i talet på asylsøkarar. Det er også utfordrande å halde oppe kostnadseffektiv drift av mottak tilpassa eit lågare inntektsnivå og sam-

stundes halde oppe kapasitet i marknaden. UDI vurderer fortløpande ulike løysingar for å sikre beredskap for innkvartering, og har blant anna inngått fleire rammeavtalar for akuttinnkvartering og andre former for innkvartering. Det nye nasjonale inkomstsenteret vil òg bidra til betre beredskap, sjå omtale over. Vidare jobbar UDI kontinuerleg med beredskapsplanar for ein ekstraordinær auke i talet på asylsøkarar. Krav og råd frå helsestyresmaktene i samband med virusutbrotet, blant anna om at færre bebuarar deler rom, bad og kjøkken, gjer i 2020 og 2021 at behovet for mottakskapasitet er større enn kva prognosar og kostnadseffektiv drift i ein normalsituasjon skulle tilseie.

Uvisse kring talet på asylsøkarar skaper utfordringar for tilpassinga og planlegginga i forvaltninga, spesielt i tilknytning til kostnadseffektiv drift og nedskalering av plassar i asylmottak. Mottakskapasiteten må tilpassast behovet for mottaks-

plassar for å vere kostnadseffektiv, men det er likevel viktig at UDI har eit minimum av kapasitet sjølv ved svært låge inkomstnivå, då situasjonen raskt kan endre seg. Det er behov for beredskap til å handtere raske aukar i asylinnkomstane, særleg i den innleiande inkomstfasen.

I 2021 er det forventa 3 000 asylsøkarar og om lag 1 800 bebuarar i mottak i gjennomsnitt. Av dei 1 800 bebuarane er om lag 60 personar i mottak for einslege mindreårige mellom 15 og 18 år. Det forventa talet på bebuarar i mottak er noko lågare enn det som ligg til grunn for det salderte budsjettet for 2020. Årsaka til det er at det har komme færre asylsøkarar i 2019 og 2020 enn prognosane tilsa. Regjeringa foreslår å vidareføre ein basiskapasitet i mottak på rundt 2 850 plassar for å halde oppe kvalitet og konkurranse i marknaden, medrekna moglegheita til å skalere opp ved behov.

## Kap. 490 Utlendingsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	1 036 192	1 012 202	1 060 401
21	Spesielle driftsutgifter, asylmottak	633 734	643 848	581 433
22	Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse	7 689	22 083	13 867
23	Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling, <i>kan overføres</i>	4 156	4 632	4 756
30	Ombygginger, ankomstsenter for asylregistrering og mottak, <i>kan overføres</i>	21 588		
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	109 088	66 972	56 199
60	Tilskudd til vertskommuner for asylmottak	162 840	163 510	149 329
70	Stønader til beboere i asylmottak	86 131	85 374	50 800
71	Tilskudd til aktivitetstilbud til barn i asylmottak, og veiledning for au pairer	18 832	8 217	8 480
72	Internasjonalt migrasjonsarbeid, og assistert retur og reintegrering i hjemlandet, <i>kan overføres</i>	53 992	73 078	51 205
73	Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., støtte- tiltak, <i>kan nyttes under kap. 291 post 60</i>	21 066	21 920	18 448

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
74	Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., <i>kan overføres</i>		36 424	55 400
75	Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, <i>kan overføres</i>	17 769	28 233	35 047
	Sum kap. 0490	2 173 077	2 166 493	2 085 365

### Innleiing

Utlendingsdirektoratet (UDI) skal setje i verk flyktning- og innvandringspolitikken på ansvarsområdet til Justis- og beredskapsdepartementet. Hovudoppgåvene til UDI er å behandle søknader etter utlendingslova og statsborgarlova, blant anna søknader om visum, opphaldsløyve, statsborgarskap og asyl, å etablere, drifte og leggje ned innkvarteringstilbod til asylsøkarar og å leggje til rette for assistert retur av personar som har søkt asyl. UDI skal vidare gi fagleg baserte bidrag til utviklinga av regelverk og politikk på dette området. Som direktorat skal UDI støtte førstelinja gjennom fellesløysingar for IKT og gjennom andre tiltak som gjer utlendingsforvaltninga effektiv samla sett. UDI skal òg bidra til å realisere integreringsmål som ligg under ansvarsområdet til Kunnskapsdepartementet.

Justis- og beredskapsdepartementet har fastsett målet «kontrollert og berekraftig innvandring», som UDI skal bidra til å nå. Det er også ei overordna føring at UDI skal sikre effektiv og forsvarleg saksbehandling, vere open, tilgjengeleg og brukarorientert i verksemda si, og samhandle godt med andre aktørar på feltet. Sjå omtale under programkategori 06.90 over for omtale av dei viktigaste innsatsområda til utlendingsforvaltninga, der både UDI og Utlendingsnemnda (UNE) bidrar.

### Postomtale

#### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av UDI. Første halvår 2020 var bemanninga i UDI på 905 årsverk.

I 2020 har regjeringa fremma ein lovproposisjon om styrkt saksbehandling knytt til tilbakekall av statsborgarskap på grunn av urette opplysningar m.m. UDI fekk i 2020 løyvd 12 mill. kroner på kap. 490, post 01, for å byggje ned restansar og gjennomføre tilpassa saksbehandling. For 2021

blir det foreslått å tilføre ytterlegare 5,6 mill. kroner til dette arbeidet i UDI, mot reduksjon på politiets budsjett.

Nasjonalt ankomstsenter i Råde er i full drift frå ultimo 2020, og huser både kontorlokale til saksbehandlinga til UDI og politiet og fasilitetar til innkvartering av asylsøkarane. Løyving til drift av senteret har vore ført over kap. 490, post 21, men det blir foreslått å flytte delen som utgjer leigeutgifter til kontorlokala, over til driftspostane til UDI og Politidirektoratet (POD). Det blir derfor foreslått å auke post 01 med 2,3 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon over kap. 490, post 21.

UDI har lenge hatt ein avtale med International Organisation for Migration (IOM) om ei rekke tenester knytte til uttak av overføringsflyktningar. Utgiftene til desse tenestene har blitt førte over post 73. Avtalen har blitt reforhandla for første gong sidan 2005 og har blitt noko dyrare. Dessutan har ein del utgifter blitt rekna som administrative utgifter. Det blir derfor foreslått å flytte 4,2 mill. kroner frå post 73 til post 01, og å auke løyvinga på posten med ytterlegare 6,3 mill. kroner for å dekke alle dei administrative utgiftene.

UDI tek imot refusjonar for deltaking i samarbeid under EØS-finansieringsmekanismane over kap. 3490, post 05. Refusjonane skal brukast til å dekke driftskostnader UDI har i samband med deltakinga. I tidlegare år har ikkje UDIs driftskostnader blitt justerte i samsvar med refusjonsinntektene. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 2,1 mill. kroner for at utgiftene samsvarer med refusjonane over kap. 3490, post 05.

I prognosen for 2020 og 2021 er det ein stor auke i talet på søknader om statsborgarskap. Dette heng saman med at prinsippet om eitt statsborgarskap vart avvikla frå 1. januar 2020, jf. Prop. 111 L (2017–2018). Regjeringa foreslår å auke løyvinga til UDI med 25 mill. kroner i 2021 for å auke kapasiteten til å handtere sakene, sjå òg omtale under kap. 440, post 01.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 01, blir rapporterte som bistandsutgifter iht. OECDs ret-

ningslinjer om Official Development Aid (ODA), og blir førte som inntekter på kap. 3490, post 01 og post 03, jf. nærmare omtale under posten.

Løyvinga på kap. 490, post 01, kan bli overskriden mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3490, post 05.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 1 060,4 mill. kroner.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter, asylmottak

Løyvinga på posten skal dekke utgifter staten har til drift av mottak for asylsøkarar, inkludert integreringsmottak.

Forutan losji skal tilbodet om innkvartering omfatte visse nødvendige sosial- og omsorgstjenester, blant anna mat, klede og omsorgstjenester for bebuarar med særskilde behov. Løyvinga dekker òg opplærings- og informasjonstiltak, ulike organiserte sosiale aktivitetar som dagtilbod for barn, nødvendig helsehjelp til nykomne asylsøkarar og returfremmande tiltak for bebuarane i mottak. Vidare dekker posten utgifter til blant anna særskilde tiltak som vaktthald, tilrettelegging av buforhold og plassering utanfor mottak for personar med særskilde behov, aldersundersøkingar av asylsøkarar som oppgir å vere einslege mindreårige, reise og kost for asylsøkarar i samband med asylintervju, og transport for asylsøkarar til og frå norskopplæring.

Posten omfattar òg midlar til lokala og mottaksdrifta på Nasjonalt ankomstsenter (tidlegare Ankomstsenter Østfold). Dei ekstra utgiftene kommunen har til lovpålagde kommunale tenester fordi han er vertskommune for eit innkomstsenter, kan dekkast over posten.

Behovet for løyving på posten er som hovudregel avhengig av kor mange bebuarar det er i mottak, og dette blir bestemt av talet på asylsøkarar og kor lenge dei blir buande i mottaka. Som vist i omtalen av asylmottak er det venta at det i gjennomsnitt vil vere rundt 1 800 bebuarar i mottak i løpet av 2021. Blant desse vil det vere om lag 60 personar i mottak for einslege mindreårige. I løyvinga er det lagt til grunn at mottaka skal halde oppe ein basiskapasitet på 2 850 plasser for å innkvartere asylsøkarane, og for å ha ein beredskap for å handtere svingingar i inntekstar. Dette er om lag 750 færre plasser i gjennomsnitt samanlikna med 2020, og det blir foreslått å redusere løyvinga med 102,9 mill. kroner i samband med dette.

Nokre smittevernstiltak som vart innførte i 2020 i samband med virusutbrotet, vil bli vidare-

førte i delar av 2021. Det blir foreslått å auke løyvinga med 2,4 mill. kr i tilknytning til desse tiltaka.

Det er venta at behovet for å kjøpe inn spesialiserte mottaksplassar i tilbodet «særskild bu- og omsorgsløysing» og institusjonsplassar i helsevesenet berre vil bli marginalt lågare enn det som ligg til grunn for saldert budsjett 2020, sjølv om talet på bebuarar totalt sett er venta å vere betydelig lågare i 2021 enn i 2020. Årsaka er at fleire mottak melder om at det har blitt meir utagering og krevjande åtferd i mottaka, og dermed større behov for særskilde tiltak. Dette er dyre plassar, med ein årspris på rundt rekna 2–3 mill. kroner<sup>6</sup> per plass. Det er sannsynleg at ein større del av bebuarane har særskilde behov dels som ein konsekvens av covid-19 og meir utfordrande forhold i mottaka, og at det til dels er ein tilfeldig variasjon. I sum blir det foreslått å redusere løyvinga til dei spesialiserte plassane med 3,8 mill. kroner.

Nasjonalt ankomstsenter i Råde er i full drift frå ultimo 2020, og huser både kontorlokale til saksbehandlinga til UDI og politiet og fasilitetar til innkvartering av asylsøkarane. Drifta av senteret har vore fullt finansiert over post 21, men det blir foreslått å flytte delen som utgjør leigeutgifter til kontorlokala, til driftspostane til UDI og POD. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga på post 21 med 8,1 mill. kroner. 5,8 mill. kroner blir overførte til kap. 440, post 01, og 2,3 mill. kroner til kap. 490, post 01.

Samla går utgiftene ned med 62,4 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2020.

Det er svært usikkert kor mange asylsøkarar som faktisk vil komme gjennom året, og den faktiske kapasiteten gjennom året kan derfor avvike frå det som blir lagt til grunn ved inngangen til året. Sjå òg forslag til romartalsvedtak om fullmakt om mellombels drift av asylmottak.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 21, blir førte som ODA-godkjende utgifter og blir førte som inntekter under kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 581,4 mill. kroner.

### Post 22 Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse

Posten skal dekke tolking og omsetjing i kommunikasjonen mellom søkarar og UDI i første instans. Løyvinga skal òg dekke kvalitetssikringsarbeid i samband med intervju og omsetjingar.

<sup>6</sup> Basert på dagens avtala. Avtalane for begge plasstypane vil bli reforhandla i løpet av 2020, så prisane kan bli endra.



Vidare dekker løyvinga utgifter til nødvendig omsetjing av originaldokument. Løyvinga kan òg dekke tolking og omsetjing for overføringsflyktningar som takast ut frå transittleirar der det er vanskeleg å finne tilstrekkeleg med tolkar.

Det er forventa at UDI i 2021 vil behandle færre intervju i samband med behandling av søknader om vern enn i 2020. Dette var allereie tilfellet før virusutbrotet, men grensekontrollen og færre asylinnkomstar har gjort at det vil bli endå færre intervju, og dermed også mindre behov for løyving. Regjeringa foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 8,2 mill. kroner.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 22 kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntekstsførast på kap. 3490, post 07, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 07.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 13,9 mill. kroner.

### **Post 23 Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling, kan overføres**

Løyvinga skal brukast til å støtte oppgåveløysinga i UDI ved å utvikle kunnskap om innvandring. I 2019 publiserte UDI fem studiar ved hjelp av midlar frå post 23. Alle rapportane er tilgjengelege på heimesida til UDI:

- Asylsøkeres digitale hverdag
- Søk i åpne kilder – hva er lov?
- Bruk av søk i åpne kilder i UDI og UNE
- Losing the right to stay
- Hvem arbeider i asylmottakene? Bemanning og kompetanse ved asylmottakene 2003–2017

I tillegg har posten blitt benytta til evalueringar.

I 2021 planlegg UDI FoU-aktivitetar på same nivå som i 2020, og legg blant anna opp til å vidareføre FoU-studiar som starta opp i 2020. Desse undersøker:

- faglært arbeidsinnvandring
- heving av kompetanse om barn i UDI, PU og UNE
- representantordninga
- kompetanse hos ansatte i asylmottak om vald i nære relasjonar
- kvaliteten på asylintervjua i UDI

I tillegg planlegg UDI heilt nye prosjekt som skal starte opp i 2021. Desse vil bli utvikla på grunnlag av kunnskapsbehov som blir identifiserte i siste del av 2020.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 4,8 mill. kroner.

### **Post 30 Ombygginger, ankomstsenter for asylregistrering og mottak, kan overføres**

Det har i perioden 2018-2019 samla vore løyva 162,7 mill. kroner på posten til investeringar i og vidareutvikling av Nasjonalt ankomstsenter (tidlegare Ankomstsenter Østfold). Ankomstsenteret skal stå klar til full drift med ny og meir effektiv innleiande asylsakhandsaming ultimo 2020. Regjeringa foreslår at det ikkje bevilges midler på posten i 2021.

### **Post 45 Større utstyrsansanskaffelser og vedlikehold, kan overføres**

Posten dekker utgifter til blant anna systemutvikling, iverksetjing og installering i tillegg til utstyrskjøp og bruk av interne ressurspersonar i involverte etatar i samband med større investeringar i systemløysingane til utlendingsforvaltninga.

Moderniseringa av IKT-systema til UDI starta i 2017. Tiltaka som er slutførte eller starta i 2019 og 2020, skal bidra til høgare effektivitet og betre kontroll og styring i heile migrasjonskjeda, inkludert på mottaksområdet.

I 2021 vil UDI gjennomføre tiltak for å betre det underliggjande grunnsystemet, Utlendingsdatabasen (UDB). Ved å byrje å modernisere datastrukturen i UDB vil UDI på sikt redusere manuelle feil i saksbehandlingssystemet, gjere framtidig automatisering mogleg og leggje til rette for at det blir enklare å tilpasse datasystema til regelverksendringar. Det er planlagt at 26,3 mill. kroner av det samla løyvingforslaget på posten skal brukast til modernisering av IKT-løysingane i 2021.

I forslaget til løyving på posten inngår 29,9 mill. kroner i utgifter til nasjonal utvikling og iverksetjing av IKT-system for grense- og migrasjonskontroll, som Noreg har forplikta seg til gjennom medlemskap i Schengen og andre internasjonale samarbeid. Systema der UDI vil ha større investeringsutgifter i 2021, er visumsystema «VIS» og «Visa Code Recast», systemet for innreise- og utreiseregistrering «Entry/Exit System (EES)» og systemet for registrering av visumfrie tilreisande til Noreg «European Travel Authorisation System (ETIAS)».

Sidan det er usikkerheit kring den sentrale planlegginga, er posten gitt stikkordet «kan overføres».

Regjeringa foreslår ei samla løyving på posten på 56,2 mill. kroner.

### **Post 60 Tilskudd til vertskommuner for asylmottak**

Vertskommunetilskotet skal dekke utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon i samband med drift av mottak og omsorgssenter i kommunen. I tillegg til det ordinære vertskommunetilskotet omfattar ordninga eit særtilskot ved omsorgsplassering og tilskot til kommunar som tek imot og følgjer opp personar med alternativ mottaksplassering (AMOT). UDI forvaltar tilskotsordninga og betaler ut tilskot kvartalsvis når det ligg føre kontrakt med ein driftsoperatør i den respektive kommunen. Kommunane treng ikkje å søke om tilskot.

For 2021 vil desse satsane gjelde:

- grunnsats per kommune: 700 962 kroner per år
- sats per ordinære mottaksplass: 10 758 kroner per år
- sats per plass for einslege mindreårige asylsøkarar: 16 568 kroner per år
- sats per tilrettelagd plass: 152 318 kroner per år
- sats per plass i omsorgssenter: 40 864 kroner per år

Vertskommunar for omsorgssenter tek ikkje imot grunntilskot. AMOT inneber at UDI gir tilskot til ein kommune mot at kommunen gir ein person utan opphaldsløyve eller ein flyktning eit butilbod i kommunen i staden for opphald i asylmottak. I tilskotsbrevet blir det stilt krav til korleis kommunen skal bruke tilskotsmidlane. Kommunen skal vurdere individuelt kva for oppfølging personen i AMOT har bruk for. I 2021 vil satsen for AMOT vere 15 697 kroner per plass per måned.

Eigne satsar gjeld for å bidra til å dekke særleg høge barnevernsutgifter i samband med at kommunen får eit auka ansvar for ein mindreårig asylsøkar etter barnevernlova kap. 4. For 2021 vil desse satsane gjelde:

- særtilskot for barn som har komme til Noreg i følgje med føresette: 29 874 kroner per måned
- særtilskot for einslege mindreårige: 14 936 kroner per måned

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2020 vart det vedteke å innføre gratis heildagsplass i barnehage for eittåringar i asylmottak, med verknad frå august 2020. Regjeringa foreslår å vidareføre dette tilbodet for eittåringane i 2021. Gratis heildagsplass for 2- og 3-åringar blir òg vidareført. Dermed vil det i 2021 bli gitt tilskot heile året for heildagsplass i barnehage for alle

barn i mottak frå eitt år og oppover. Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 8,3 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon over kap. 231, post 21 under Kunnskapsdepartementet i tilknytning til dette.

Satsane for 2021 er som følgjer:

- 1- og 2-åringar heildagsplass: 295 970 kroner per år
- 3–5-åringar heildagsplass: 164 428 kroner per år
- SFO: 30 076 kroner per år

Behovet for løyving på posten er avhengig av talet på mottak og omsorgssenter, talet på vertskommunar og talet på plassar. Behovet vil derfor kunne endre seg i løpet av budsjettåret.

I 2019 var det totalt 33 kommunar som fekk tilskot for delar av eller heile året. I løpet av året gjekk talet frå 33 kommunar i første kvartal til 29 i fjerde kvartal. Kommunane får betalt ut vertskommunetilskot òg for plassar som ikkje er i bruk.

Løyvingsforslaget er basert på at basiskapasiteten på kring 2 850 mottaksplassar skal haldast oppe i 2021. Det er noko lågare behov for mottaksplassar enn det som vart lagt til grunn for 2020, jf. omtale av kap. 490, post 21, og dette gir forventna mindretgifter på 14,2 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2020.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 60, kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 149,3 mill. kroner.

### **Post 70 Stønader til beboere i asylmottak**

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til stønadsordninga som omfattar økonomiske ytingar til livsopphald for bebuarar i asylmottak som ikkje kan dekke dette sjølv, og andre nødvendige ytingar. Driftsoperatøren for asylmottaket betaler ut ytingar for bebuarar i asylmottak og får dei refunderte av UDI.

Behovet for løyving på posten er avhengig av talet på bebuarar i mottak og samansetninga av bebuargruppa. Løyvingsforslaget for 2021 er basert på ein prognose på i overkant av 1 800 bebuarar i mottak. Dette er kring 1 100 færre enn det som vart lagt til grunn for 2020. Dette er i hovudsak knytt til lågare inkomstar føregåande år. Vidare vil regjeringas tilrettelegging for å gjennomføre ei eingongsløysing for utlendingar med lang opphaldstid i Noreg redusere talet på bebuarar i mottak noko. Det blir foreslått å redusere løy-

vinga med 34,6 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2020. Dette inkluderer 0,1 mill. kroner knytt til fleire utflyttingar frå mottak knytt til eingongsløysinga.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 70, kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 50,8 mill. kroner.

### **Post 71 Tilskudd til aktivitetstilbud for barn i asylmottak, og til veiledning for au pairar**

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til ei tilskotsordning til aktivitetstilbud for barn i mottak, og utgifter til tilskot til informasjons- og rettleiingstiltak for au pairar.

Formålet med tilskot til aktivitetstilbudet er å bidra til at barna får ein meningsfull kvardag og ein så normalisert barndom som mogleg innanfor rammene av eit asylmottak. UDI lyser ut og forvaltar tilskotsordninga i tråd med regelverk som Justis- og beredskapsdepartementet fastset. Tiltaka har bidratt til at barn i mottak har fått fleire moglegheiter til å vere med på sportslege og kulturelle aktivitetar. Sjå nettsidene til UDI for utdjuvende opplysningar om tilskotsmottakarane.

Talet på bebuarar i mottak, inkludert barn, er redusert, og opphaldstida er korta ned for dei fleste mottaksbebuarane. Regjeringa foreslår å vidareføre løyvinga til tilskotsordninga på 5,2 mill. kroner.

Regjeringa foreslår vidare å løyve 3,3 mill. kroner til tilskot til informasjons- og rettleiingstiltak til au pairar i 2020.

Delar av utgiftene som er knytte til tilskot til aktivitetstilbud på kap. 490, post 71, kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 8,5 mill. kroner.

### **Post 72 Internasjonalt migrasjonsarbeid, og assistert retur og reintegrering i hjemlandet, kan overføres**

Formålet med posten er å bidra til:

- at personar med endeleg avslag på søknad om vern og andre personar utan lovleg opphald i Noreg, returnerer til heimlandet
- at flyktingar kan vende tilbake til heimlandet når det er trygt
- at migrasjon går føre seg på ein velordna, trygg og regulert måte, og at det blir mindre irregulær migrasjon frå enkelte land og regionar

Desse tilskotsordningane til enkeltpersonar blir finansierte over denne posten:

- reisetilskot ved assistert retur
- reintegreringstilskot ved assistert retur
- reintegreringstilskot til utlendingar som er særleg kostnadskrevjande for samfunnet
- reintegreringstilskot for personar som blir tvangsreturnerte til land UDI har eit returprogram for
- tilbakevendingstilskot for personar med opphaldsløyve

Justis- og beredskapsdepartementet forskriftsfesta i 2020 ordninga med tilskot til assistert retur. Forskrifta har reglar om reisetilskot og reintegreringstilskot for personar som vel assistert retur, og reintegreringstilskot ved tvangsretur av utlendingar som enten er særleg kostnadskrevjande for samfunnet eller blir returnerte til land UDI har eit særskilt returprogram for. I 2019 vart det gjennomført 213 assisterte returar, og 10 personar fekk tilbakevendingstilskot.

Tabellen under viser talet på returar innanfor kvar ordning og summen som vart brukt til desse ordningane i 2019. Ein retur kan ha fått tilskot frå fleire ordningar.

Tabell 2.12 Returar og rekneskapstal per ordning, 2019

	Rekneskap 2019 (i 1 000 kr)	Talet på returar og tilbakeven- dingar
Voluntary Assisted Return Programme («VARP») – avtale med International Organization for Migration (IOM)	14 966	162
Assistert retur, reintegreringstilskot	308	–
Assistert retur, reintegreringstilskot til sårbare personar	586	–
Assistert retur med politiet, reintegreringstilskot	464	51
Landprogram, assistert retur, Somalia	3 069	3
Landprogram (pilot), retur, Marokko	342	15
Landprogram (mellombels), retur, Afghanistan	1 171	43 <sup>1</sup>
Verifiseringsavtale, Afghanistan	–	–
Tilbakevending, reintegreringstilskot	150	10
<b>Totalt</b>	<b>21 056</b>	

<sup>1</sup> Omfattar både assisterte returar og tvang

UDI kjøper òg tenester frå organisasjonar for at dei skal bidra med informasjons- og motiveringsarbeid som kan få personar som er busette utanfor mottak, til å returnere til heimlandet. Tilskotsordningane blir forvalta av UDI. Søknadsskjema og informasjon om dei finst på nettsidene til UDI.

Tabell 2.13 Namn på organisasjonar UDI har inngått rammeavtalar med i 2019

Namn	Beløp
NOAS (Norsk organisasjon for asylsøkere)	1 500 000
Caritas	1 400 000
NOMKUS (Norges multi-kulturelle senter)	1 100 000
Pireus	1 290 000
<b>Totalt</b>	<b>5 290 000</b>

I tillegg blir posten brukt til prosjekt som støttar opp om dialog og forhandlingar med viktige opphavs- og transittland og om velordna, trygg migrasjon, blant anna returavtalar, retursamarbeid og styrking av migrasjonsforvaltninga i opphavs- og transittland. Det kan bli gitt slike prosjekttilskot til tiltak i land Noreg har, eller ønskjer å ha retursamarbeid eller migrasjonspartnerskap med. Justis- og beredskapsdepartementet tildelte 28,5 mill.

kroner til slike prosjekttilskot i 2019. Det vart i 2019 gitt tilskot blant anna til eit migrasjonscenter i Sudan, til styrking av migrasjonsforvaltninga i Somalia og til styrking av retur- og grensekontroll i land i Midtausten.

Innanfor ramma til budsjettposten kan departementet endre desse tre typene tilskotsordningar: tilskot til personar som returnerer, tilskot til informasjonstiltak i Noreg og tilskot til prosjekt i andre land.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 72, kan bli førte som ODA-godkjende utgifter og bli førte som inntekter på kap. 3490, post 01 og post 08, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 01 og post 08.

I budsjettforslaget er det tatt utgangspunkt i at det vil bli 250 assisterte returar i 2021.

Det blir foreslått å kutte tilskotsmidlane i 2021 med 14 mill. kroner, sidan målgruppa for returar har blitt mindre over tid utan at løyvingane har vore justert deretter. Av dette er 0,9 mill. kroner knytt til å redusere tilskotssatsane knytt til personar som returnerer slik at dei blir meir på nivå med satsar i andre europeiske land, 5,2 mill. kroner er knytt til kutt i UDIs returframjande arbeid og 8 mill. kroner blir foreslått kutta i departementet sine internasjonale prosjekter.

Frå 2019 til 2020 vart budsjettføresetninga for assisterte returar justert frå 300 til 250 assisterte returar, og ved ein inkurie vart ikkje løyvinga justert ned tilsvarende. Det blir foreslått å redusere

løyvinga på posten i samband med dette med 9,8 mill. kroner (midlane vil òg bli foreslått trekte ut av 2020-budsjettet).

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 51,2 mill. kroner.

### **Post 73 Beskyttelse av flyktningar utanfor Noreg m.m., støttetiltak, kan nyttas under kap. 291, post 60**

Formålet med posten er å finansiere støtte til arbeidet som FN's høgkommissær for flyktningar (UNHCR) og eventuelt andre organisasjonar, som International Organization for Migration (IOM), gjer med overføring av flyktningar. Dersom midlar på posten ikkje blir brukte til slik støtte, vil dei bli brukte til å overføre flyktningar til Noreg. Midlane vil bli brukte i nært samarbeid med UNHCR og eventuelt andre organisasjonar. Løyvinga bidrar til å auke kapasiteten UNHCR har til å arbeide med overføringssaker med tanke på både kvantitet og kvalitet. Tilskot blir gitt direkte frå departementet utan utlysing.

I 2019 vart det rekneskapsført 21,1 mill. kroner på posten. Heile løyvinga vart overført til UNHCR. Av dette vart 12,8 mill. kroner løyvde til UNHCRs operative arbeid, blant anna knytt til gjennomføring av norske uttakskommisjonar. Uttakskommisjonar inneber at UDI, IMDi, PU og i nokre høve PST, reiser til vertsland og intervjuar flyktningane som er aktuelle for overføring til Noreg. Det gjekk 8,3 mill. kroner til bruk av personell frå samarbeidsorganisasjonar som inngår i ei ordning med utplassering av personell til aktuelle land (International Catholic Migration Commission, RefugeePoint, Dansk Flygtningehjelp og International Refugee Assistance Project).

I tråd med den nye strukturen i avtalen med IOM om uttak av overføringsflyktningar (jf. omtale under post 01) blir det for 2021 foreslått å flytte 4,2 mill. kroner frå post 73 til post 01.

Utgiftene på kap. 490, post 73, kan bli førte som ODA-godkjende utgifter og bli førte som inntekter på kap. 3490, post 06, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 06.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 18,4 mill. kroner.

### **Post 74 Internasjonale forpliktelser, kontingenter m.m., kan overføres**

Løyvinga gjeld internasjonale forpliktingar på migrasjonsområdet og dekker kontingentar og

andre innbetalningar til det internasjonale samarbeidsorganet European Asylum Support Office (EASO), IKT-systemet VIS, som er eit system for grensekontroll som Noreg er forplikta til å ta i bruk som følgje av at vi deltek i Schengen-samarbeidet, og Eurodac, som er eit biometrisystem for asylsøkarar.

Noregs delinnbetaling blir rekna som ein del av budsjetta til dei ulike organa. Det er venta at Noregs innbetalningar vil auke som følgje av aukingar i budsjetta til EASO og systema VIS og Eurodac.

Innbetalinga knytt til EASO er forventa å auke frå 24,6 mill. kroner i 2020 til 41,8 mill. kroner i 2021. Auken har si årsak i at EASO får fleire aktiviteter, i tillegg til at kronekursen er svekt, og at finansieringa frå Storbritannia ventest å falle bort etter Brexit. Vidare er det venta at kontingentar til IKT-systema for grensekontroll vil auke med 0,4 mill. kroner i 2021, knytt til endringar i valutakurs. Samla blir det derfor foreslått å auke løyvinga på posten med 19 mill. kroner.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 55,4 mill. kroner.

### **Post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og fra utlandet, kan overføres**

Løyvinga dekker reiseutgifter for overføringsflyktningar og eventuelt mottak av asylsøkarar for å fordele byrde mellom EU/Schengen-land, og reiseutgifter for flyktningar som vender tilbake til heimlandet sitt. Løyvinga dekker òg utgifter i samband med mottak av overføringsflyktningar.

Løyvinga på posten varierer med storleiken på den norske kvoten for overføringsflyktningar.

Det er lagt til grunn at det vil komme 3 500 overføringsflyktningar til Noreg i 2021. Årsaka til auken samanlikna med 2020 er at det er venta at ein del av flyktningane frå kvoten i 2020 vil ha forseinka innkomst på grunn av covid-19, slik at dei kjem i 2021 i staden for i 2020.

Eit anna forhold som medfører auka utgifter, er Noregs reforhandling av avtalen med International Organization for Migration (IOM) knytt til administrasjon av reisa til overføringsflyktningar, jf. omtale under post 01.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 75, kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 03, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 03.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 35 mill. kroner.

**Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Assistert retur fra Norge for asylsøkere med avslag, ODA-godkjente utgifter	786	769	1 170
03	Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, ODA-godkjente utgifter	21 852	31 094	49 927
04	Asylmottak, ODA-godkjente utgifter	308 351	343 876	264 914
05	Refusjonsinntekter	5 716	7 018	4 623
06	Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., ODA-godkjente utgifter	21 066	21 982	22 624
07	Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter	8 840	20 635	13 212
08	Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter	37 834	113 692	26 783
	Sum kap. 3490	404 445	539 066	383 253

**Innleiing**

Visse utgifter under Utlendingsdirektoratets (UDI) kap. 490 kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (Official Development Assistance, «ODA») og inntektsførast under kap. 3490. Disse utgiftene blir altså rekna som ein del av Noregs bistandsbudsjett. Under følgjer ei oversikt over dei ulike postane og delane av verksemda til UDI som kan reknast som utviklingshjelp, i tillegg til omtale av post 05, som består av refusjonsinntekter UDI mottek.

Etter OECD/DACs (Development Assistance Committee) retningslinjer kan visse flyktningutgifter knytte til opphald i Noreg og tilbakevending til heimlandet klassifiserast som offisiell internasjonal bistand (ODA). Kva for utgifter som skal reknast som bistand, er regulert i retningslinjene til OECD. På bakgrunn av nye presiseringar frå OECD gjer Noreg frå og med 2019 fleire endringar i rapporteringa, jf. Prop. 1 S (2018–2019) for Justis- og beredskapsdepartementet og for Utanriksdepartementet. Den nye praksisen er lagd til grunn for berekninga av løyvingforslaga for 2021.

**Postomtale****Post 01 Assistert retur fra Norge for asylsøkere med avslag, ODA-godkjente utgifter**

Utgifter til tilrettelegging for at flyktningar skal kunne vende tilbake til heimlandet, og utgifter til at personar med avslag på asylsøknad skal kunne returnere, kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell internasjonal bistand. Regjeringa foreslår at deler av utgiftene på kap. 490, post 01 og 72, blir rapporterte inn som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 1,2 mill. kroner på kap. 3490, post 01, i 2021.

**Post 03 Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, ODA-godkjente utgifter**

Reiseutgifter til og frå utlandet for flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Regjeringa foreslår at 14,9 mill. kroner av utgiftene på kap. 490, post 01 og utgiftene på post 75, knytte til administrative tenester i samband med at flyktningar reiser, blir rapporterte som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 49,9 mill. kroner på kap. 3490, post 03, i 2021.

**Post 04 Asylmottak, ODA-godkjente utgifter**

Visse innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøkarar og flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Regjeringa foreslår at deler av utgiftene på kap. 490, post 01, post 21, post 60, post 70 og post 71, blir rapporterte som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 264,9 mill. kroner på kap. 3490, post 04, i 2021.

**Post 05 Refusjonsinntekter**

Posten består av refusjon for at andre verksemdar har brukt IKT-systemet DUF, refusjon for deltaking i europeiske samarbeidsprosjekt og andre mindre refusjonar. På bakgrunn av erfaringstal blir det foreslått å løyve 4,6 mill. kroner i 2021. Det blir foreslått at løyvinga på kap. 490, post 01, kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3490, post 05, jf. forslag til vedtak.

**Post 06 Beskyttelse av flyktninger utenfor Norge m.m., ODA-godkjente utgifter**

Utgifter knytte til overføring av flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Regjeringa foreslår at utgiftene på kap. 490, post 73, blir rapporterte inn som bistand. I samband med dette foreslår

regjeringa å inntektsføre 22,6 mill. kroner på kap. 3490, post 06, i 2021.

**Post 07 Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter**

Utgifter til tolk, omsetjing og informasjon i samband med asylsøkarprosessen kan ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Det blir foreslått at utgiftene på kap. 490, post 22, blir rapporterte som bistand. I samband med dette blir det foreslått å inntektsføre 13,2 mill. kroner på kap. 3490, post 07, i 2021.

**Post 08 Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter**

Utgifter knytte til reintegrering av personar som blir returnerte til opphavslandet eller til eit tredjeland, og tiltak som bidrar til samarbeid om retur, returavtalar, oppbygging av migrasjonsforvaltninga i sentrale opphavs- og/eller transitland, og velordna migrasjon, kan godkjennast som offisiell internasjonal bistand ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC. Regjeringa foreslår at relevante utgifter under kap. 490, post 72, og kap. 400, post 23, blir rapporterte inn som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 26,8 mill. kroner på kap. 3490, post 08, i 2021.

**Kap. 491 Utlendingsnemnda**

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttas under post 21</i>	275 245	285 316	277 709
21	Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, <i>kan nyttas under post 1</i>	7 702	12 625	15 894
	Sum kap. 0491	282 947	297 941	293 603

**Innleiing**

Utlendingsnemnda (UNE) er klageinstans for vedtak UDI har gjort, og skal bidra til ei samstemd, effektiv, rettssikker, føreseieleg og brukarvennleg utlendingsforvaltning som brukarane har tillit til. UNE fungerer som eit uavhengig forvaltningsorgan når dei gjer vedtak i klagesaker. UNE vurderer både asylsaker og opphaldssaker etter utlendingslova, i tillegg til saker om statsborgar-

skap. UNE saksbehandlar òg krav om omgjerung av eigne vedtak. UNE har ei eiga prosedyreining som prosederer ein del av UNE sine saker i rettsystemet i samarbeid med Regjeringsadvokaten.

Justis- og beredskapsdepartementet har fastsett målet «Kontrollert og berekraftig innvandring», som UNE skal bidra til å nå. Sjå omtale under programkategori 06.90 over for ein omtale av dei viktigaste innsatsområda der både UDI og UNE bidrar.

**Postomtale****Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under kap. 491, post 21**

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av UNE. Per 30. juni 2020 var bemanninga i UNE på 210 årsverk. Dette er om lag 17 færre årsverk enn i 2020, noko som bidrar til redusert løyvingsbehov på posten. Som følgje av nedbemanning og effektiviseringstiltak har UNE og redusert driftsutgiftene sine. Regjeringa foreslår derfor å redusere posten med 25 mill. kroner i 2021.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 491, post 01, med 10,6 mill. kroner for å gjennomføre lovendringane knytte til tilbakekall av statsborgarskap og for å byggje ned talet på ubehandla saker, jf. omtale ovanfor.

Regjeringa foreslår å løyve 3,7 mill. kroner til å handtere saker knytt til eingongsløysinga for utlendingar med lang opphaldstid i Noreg.

Samla foreslår regjeringa ei løyving på posten på 277,7 mill. kroner. Når ein tek omsyn til dei gjeldande prognosane og samansetninga av saker, legg løyvingsforslaget til rette for å halde ved lag situasjonen med relativt korte saksbehandlingstider.

**Post 21 Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, kan nyttes under kap. 491, post 01**

Løyvinga på posten skal dekke utgifter i samband med avviking av nemndmøte. Det er den enkelte

nemndleiaren som, ut frå regelverket, avgjer om det skal setjast nemnd i den enkelte saka. Nemndutgiftene omfattar blant anna godtgjersle for reise og opphald for nemndmedlemmer og tolkar i tillegg til reise- og opphaldsutgifter for advokatar og klagarar. UNE utsette nemndmøte frå mars til mai 2020 som følgje av utbrotet av covid-19 og restriksjonar knytte til dette. I mai 2020 vart det vedteke mellombelse endringar i utlendingslova for å avhjelpe konsekvensar av covid-19-utbrotet. Desse gjorde blant anna at det vart mogleg for UNE å halde fjernmøte. Lova blir oppheva 1. november 2020, men regjeringa har eit forslag på høring om forlenging frem til 1. juni 2021.

Posten skal òg dekke sakskostnadene til klagaren ut frå forvaltningslova § 36 og i tillegg reise- og opphaldsutgifter for sakføraren i samband med tvunge verneting for utlendingssaker.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 491, post 21, med 2,5 mill. kroner for å gjennomføre lovendringane knytte til tilbakekall av statsborgarskap og for å byggje ned talet på ubehandla saker, jf. omtale ovanfor.

Regjeringa foreslår å løyve 0,4 mill. kroner til å handtere saker knytt til eingongsløysinga for utlendingar med lang opphaldstid i Noreg.

Samla foreslår regjeringa ei løyving på posten på 15,9 mill. kroner.



*Del III*  
*Særlege tema*



## 3 Fornye, forbedre og forenkle

### 3.1 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

---

#### 3.1.1 Nødmeldingssentralar

Nasjonalt nødmeldingsprosjekt dokumenterte i 2014 at det er lønnsamt å redusere talet på sentralar i kvar etat og i størst mogleg grad lokalisere dei saman. Felles geografiske verkeområde har praktiske og beredskapsmessige fordelar og vil kunne leggje til rette for meir effektiv handtering av hendingar og færre feil og mistydingar i samvirket mellom etatane. Fleire av operasjonssentralane i politiet og 110-sentralane i brannvesenet er derfor i ferd med å bli lokaliserte vegg i vegg i dei nye politidistrikta, som har samanfallande geografiske grenser med 110-regionane. Det blir òg lagt til rette for at AMK-sentralane til helsetenestene kan bli plasserte på same stad på eit seinare tidspunkt, dersom dei sjølv ønskjer det. Det er gjennomført samlokaliseringar mellom politi og brannvesen i politidistrikta Innlandet, Møre og Romsdal, Øst, Sør Øst og Nordland. Det er òg i gang etablering av ny samlokalisert sentral i Kirkenes, og prosesser for å leggje til rette for samlokalisering i Tromsø. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) skal i samarbeid med Politidirektoratet utarbeide ein plan for samlokalisering i dei attståande regionane/politidistrikta.

### 3.2 Kriminalomsorga

---

#### 3.2.1 Nytt fengsel i Agder

Nye Agder fengsel er landets største fengsel med høgt tryggningsnivå for menn. Fengselet har totalt 300 nye plassar, fordelt med 100 plassar i Mandal og 200 plassar i Froland. Fengselet opna medio 2020 og markerar eit viktig løft for norsk kriminalomsorg. Moderne fengselsbygg gir betre forhold for både dei innsette og tilsette, og legg til rette for eit godt innhald i soninga.

Utbygging av kapasitet i kriminalomsorga gjerast gjennom gjenbruk av einsarta løysingar. Kriminalomsorga og Statsbygg utvikla i 2015 ein

modell for fengselsbygg, kalla Modell 2015. Denne modellen for fengselsbygg vart først benytta ved utbygginga av Ullersmo og Eidsberg fengsel. Det er også denne modellen som ligg til grunn for utbygginga i Agder.

Standardiseringa av fengselsbygg har bidratt til meir tids- og kostnadseffektive planleggings- og byggeprosessar og ein meir kostnadseffektiv drift.

### 3.3 Politiet

---

#### 3.3.1 Digitalisering i politiet

Digitalisering er ein nøkkelfaktor for at politiet skal klara å effektivisera tenestene og styrke kontakten med befolkninga. Digitalisering i politiet er å bruke teknologi til å fornye, forenkle og forbedre tenester, både interne arbeidsprosessar og metodar og publikumstenester. Politiet skal tilby nye og betre tenester som er enkle å bruka, effektive og pålitelege, og å leggja til rette for auka verdiskaping og innovasjon slik at produktiviteten aukar. For mange er den føretrekte plattformen for kontakt med politiet i dag digital. Politidirektoratet arbeider med ein strategi som skal leggja til rette for korleis politiet skal møta innbyggjarane digitalt, der tenestene til politiet, kanalar og grensesnitt mot innbyggjarane blir vurderte. Strategien skal i tillegg bidra til å forbedra, forenkla og fornya prosessar som i dag er kostnadsdrivende og mindre effektive. Utviklinga av ein slik strategi følgjer opp digitaliseringsstrategien til regjeringa, digitaliseringsrundskrivet og den kommande strategien til regjeringa for innovasjon i offentleg sektor. Arbeidet med å etablere ein strategien skal ferdigstillast i slutten av 2020.

Digitalisering av arbeidsprosessar vil vera kostnadseffektivt og vil på noko sikt kunna frigjera ressursar. Det dreier seg både om å automatisera og effektivisera interne arbeidsprosessar. Digitaliseringsarbeidet vil bidra til å gi den enkelte polititienestepersonen gode digitale hjelpemiddel. Løysingane må vera kostnadseffektive og gi betre moglegheit til å levera gode polititienester til befolkninga. Nye digitale arbeidsprosessar vil

bidra til å avdekka meir kriminalitet, styrka beredskapen og effektivisera etterforskinga.

Politiet har dei siste åra fått nokon nye datasystem og fleire digitale verktøy og tenester, men det er betydeleg potensiale for fornying, betring og for forenkling – særleg innanfor arbeidsprosene til politiet knytt til dei mest sentrale kjerneoppgåvene. Det er langt igjen til vi reelt sett har eit digitalt politi, sjølv om mykje har skjedd. Mange opplever politiet som ein digital umoden organisasjon. Det er nødvendig å vurdera korleis politiet kan utnytta eksisterande rammer på ein meir formålstenleg måte enn i dag, slik at effektiviseringsgevinster blir henta ut ved digitalisering. Politiet må i større grad setja likskapsteikn mellom digitalisering og verksemdsutvikling. For å få til dette er det heilt nødvendig å sjå digitalisering som ein integrert del av alt anna utviklingsarbeid i etaten.

Departementet legg opp til tydelegare prioriteringar når det gjeld utviklingsprosjekt i politiet, mellom anna ved å leggja til grunn at IKT-system blir utvikla stegvis og med hyppige leveransar. Politiet bør òg vurdera om utviklinga av digitale løysingar, på tvers av etatar der politiet er ein aktør, i større grad kan leiast av andre enn politiet.

## 3.4 Domstolane

### 3.4.1 Digitalisering av domstolane

Domstolane går gjennom eit digitalt skifte. Prosjektet Digitale domstolar som strekkjer seg over totalt seks år (frå 2017 til 2022) er kjernen i denne moderniseringa. Frå 2021 blir alle domstolar bli omfatta av satsinga, Digitale domstolar II. Prosjekta handlar om at saksbehandlinga i domstolane skal digitaliserast, og det inneber at det investerast i teknisk utstyr og produktutvikling. I tillegg er det ei satsing på å betre informasjonstryggleiken. Digitale domstolar II er planlagd til fire år (2021 til 2024).

Digitalisering av domstolane vil føre til ei vesentleg effektivisering av domstolane og bidra til å redusere saksbehandlingstida. Arbeidet er viktig for å halde oppe den høge kvaliteten i saksbehandlinga til domstolane, noko som igjen er viktig for at befolkninga skal ha tillit til dei. Samfunnet forventar digitale arbeidsmåtar og tenester i møte med offentlege verksemdar, og at tenestene tek hand om krav til tryggleik og til personvernet til den enkelte på ein god måte. Ein sentral del av arbeidet er å utvikle og ta i bruk løysingar som sikrar god elektronisk samhandling mellom domstolane og andre sentrale aktørar som mellom anna påtalemyndigheten, advokatar og andre.

## 3.5 Utlendingsforvaltninga

### 3.5.1 Modernisering av IT-løysingane til utlendingsforvaltninga

IT-moderniseringa til utlendingsforvaltninga skal leggje grunnlag for stegvis utfasing av eldre løysingar, og samstundes gi betre oversikt over og kontroll med asylsøkarar og andre tredjelandsborgarar. Vidare skal IT-moderniseringa leggje eit grunnlag for effektivisering i forvaltninga og kortare ventetider for søkjarane gjennom betre funksjonell støtte og automatisering av utlendingsforvaltninga si sakshandsaming. UDI vil i 2020 automatisere handsaminga av søknadar om statsborgarskap, og vil i åra som kjem automatisere nye saksområde.

UNE vil primært tilpasse seg og ta del i det felles utviklingsløpet i utlendingsforvaltninga, og utover dette vil dei utvikle og forbetre sine egne system på enkeltområde der dei kan hauste dei største gevinstane.

### 3.5.2 Meir effektiv innleiande asylsakshandsaming

UDI og POD/PU arbeider med å innføre ny saksflyt for å effektivisere asylsaksbehandlinga i den innleiande tilkomstfasen, òg medrekna innkvarteringslogistikken. UDI og PU skal vere samlokaliserte på Nasjonalt ankomstsenter, tidlegere omtalt som Ankomstsenter Østfold, i den innleiande tilkomstfasen og det er venta at arbeidet blir fullført mot slutten av 2020.

Etatane ventar at det skal være mogleg å fatte vedtak i 70 prosent av alle nye asylsøknader innan tre veker etter asylsøkarane kjem til Noreg, med unntak av sakene der etatane må innhenta eller gjennomføra nødvendige undersøkingar. Arbeidet begynner i november 2020, men ein forventar at det tar noko tid frå oppstart før den nye asylprosessen er stabil.

Kortare ventetid for asylsøkaren før første-gongsvedtak er forventa å føra til raskare og meir effektiv retur, eller tidlegare integrering – avhengig av utfallet i saka. I tillegg til redusert ventetid for asylsøkarane, og derav òg utgifter til kost og losji for den same gruppa, gir den nye asylprosessen auka evne til å handtera svingingar og høge asyltal. (Med svingingar menes normale sesongvariasjonane som kan oppstå innanfor eit år, dvs. kortvarige aukar, medan tilkomstene fordelt over året framleis er innanfor «normalen»/prognosen. Massetilkomster viser til ein situasjon der tilkomstene i løpet av eit halvår eller år langt overstig det

som blir rekna som «normalt», dvs. prognosen for perioden.)

### **3.5.3 Betre samhandling mellom utlendingsforvaltninga og det moderniserte folkeregisteret**

UDI og Skattedirektoratet har dei siste åra samarbeidd om felles løysingar for automatisk tildeling

av d-nummer og fødselsnummer i folkeregisteret ved registrering og innvilging av opphald i saker etter utlendingslova.

Folkeregisteret har no førebudd at utlendingsmyndigheitene skal kunne leggje inn ei ytterlegare opplysning om ID er kontrollert, ved at biometri er samanlikna mellom ulike kjelder. Utfyllande regelverk og rutinar for dette er no til utgreiing.

## 4 FNs berekraftsmål – rapportering

FNs berekraftsmål nr. 16: Fred, rettferd og velfungerande institusjonar: Fremje fredelege og inkluderande samfunn for å sikre berekraftig utvikling, sørgje for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå.

### 4.1 Rapport om nasjonal og internasjonal innsats i 2019

16.1: Nasjonalt: Drapsrata i Noreg ligg stabilt på rundt 0,5 drap pr. 100.000 innbyggjarar. I 2019 vart det gjort 26 drap i Noreg. Fem av ofra var partnar/eks-partnar, kjæraste eller tidlegare kjæraste til gjernings-personen. Partnardrap har siste åra representert ein fjerdedel av alle drap i Noreg. Dei fleste drepne i denne gruppa er kvinner. Regjeringa har satt ned eit utval som skal avdekka om, i kva grad og på kva måte det har vore svikt i relevante styresmakter si handtering før desse drapa. I Noreg har vi sett ein generell nedgang i kriminaliteten over fleire år. Innbyggjarane opplever også at det er trygt å bu i Noreg. Det har vore ein auke i talet på vald og seksuallovbrott. Regjeringa sitt arbeid mot vald og overgrep er organisert ved fleire tverrdepartementale planar som dekkjer alle former for vald i nære relasjonar, inklusive vald og overgrep i parforhold, vald og overgrep mot born samt tvangsekteskap og kjønns-lemlesting. Ein ny handlingsplan mot vald i nære relasjonar vil verte lansert hausten 2020

Internasjonalt: Noreg arbeider med FN, Verdsbanken og sivilsamfunnsorganisasjonar for å fasilitere og støtte dialoginitiativ og fredsprosessar i konflikhtar rundt omkring i verda for å fremme fredelege og inkluderande samfunn. Overgangsrettferd og inkludering av kvinner er hovudstolpar i dette arbeidet.

16.2: Nasjonalt: Regjeringa sin strategi mot arbeidslivskriminalitet skal førebygge menneskehandel innan arbeidslivet. Justis- og beredskapsdepartementet forvaltar ei tilskottsordning på prostitusjons- og menneskehandelsfeltet. Strategien prioriterer støtte til offer som har vore utnytta i ulike arbeidsforhold, samt til prosjekt som skal

støtte offera. Hausten 2019 arrangerte Koordineringsseininga for offer for menneskehandel ein konferanse om bla. utnytting av arbeidstakarar, rettar for dei som vert utnytta i gråsona samt bistand til offera. Her la representantar frå politidistrikta sine nyleg etablerte spesialgrupper mot menneskehandel fram sine erfaringar.

Internasjonalt: Noreg støttar arbeidet mot vald og overgrep mot barn gjennom Unicef og FNs spesialrepresentant for nedkjemping av vald mot barn. I 2020 vart arbeidet med å førebyggje og oppklara straffesaker om seksualrelatert kriminalitet mot barn og unge styrkt med ein politiutsending ved ambassaden i Manila. Vern mot seksualisert og kjønnsbasert vald, spesielt mot kvinner og jenter, er høgt prioritert i Noregs humanitære strategi.

16.3: Nasjonalt: Domstolkommisjonen ga ei delutgreiing om domstolstruktur i 2019. I utgreiinga skildrar utvalet utfordringar ved eksisterande domstolstruktur, og under dette ulik sakshandsamingstid. Utgreiinga om domstolstruktur, vart i mars 2020 sendt på ny høyring saman med eit alternativt forslag. Utvalet skal gje si siste delutgreiing til Justisdepartementet hausten 2020, her vil bla. kor uavhengige domstolane og dommarrane er være tema.

Rettshjelpsutvalet sitt mandat var å «utrede hvordan rettshjelpsordningen bør organiseres for å være best mulig rustet til å oppnå rettssikkerhet for den enkelte, og ivareta forventninger om effektivitet og kvalitet». Rettshjelpsutvalet leverte 30. april si utgreiing. Utgreiinga blir følgt opp i departementet.

Internasjonalt: Ein viktig del av samarbeidet med dei ti partnarlanda for langsiktig utviklings-samarbeid er innsats for å støtte godt styresett, rettsstat og respekt for menneskerettar. Noreg støttar stabiliseringsinnsats i Afghanistan, Irak, Sør-Sudan, Somalia og Sahel. Formålet med stabiliseringsinnsatsen er å leggje til rette for at internt fordrivne kan returnere og å støtte lokale styresmakter i å kunne gi grunnleggjande tenester til befolkningsgrupper råka av væpna konflikt. Noreg vidarefører òg stabiliseringsinnsatsen i Libanon og Jordan for å dekke behova til den

syriske flyktningbefolkninga og støtte opp under dei sårbare lokalsamfunna som har teke imot flyktningane. Den langsiktige støtta til Palestina er forankra i berekraftsmål 16.

Noreg samarbeider med aktørar i sivilt samfunn, som International Commission of Jurists, som fremjar rettstryggleik for menneskerettsforvararar.

16.4 og 16.5: Nasjonalt: Dei siste åra har det vore auka fokus på å hindre og kjempe mot ulovlege pengestraumar. Ny teknologi og nye betalingsstenester gjer det vanskelegare å avdekke slik kriminalitet. Ny hvitvaskingslov trådde i kraft i 2018, og i 2019 kom nye bandleggingsreglar om frys av midlar som vert mistenkt å skulle nyttast til terrorfinansiering. En ny nasjonal strategi om kamp mot kvitvasking, terrorfinansiering og finansiering av spreiding av masseøydeleggingsvåpen vart vedtatt av Regjeringa i juni 2020.

Sjølv om korrupsjon førekjem i Noreg har den ikkje tatt form av eit stort samfunnsproblem. Institusjonar sin integritet er verna ved offentleglova, forvaltningslova og spesiallover for dei einskilde institusjonane. Medvitsgjering, transparens, nulltoleranse og straffetruksmål kombinert med aktive tilsynsstyresmakter og effektiv rettshandheving er viktige føresetnader for førebygging og kamp mot korrupsjon i Noreg.

Internasjonalt: Noreg arbeider i UNODC (FNs kontor mot narkotika og kriminalitet), FNs generalforsamling, FNs økonomiske og sosiale råd (ECOSOC), utviklingsbankane, OECD og andre forum for å førebyggje og nedkjempe skattesnyting, korrupsjon og ulovleg kapitalflyt. Finansiering for utvikling er hovudtema for Noregs presidentskap i ECOSOC 2019–2020. Saman med presidenten for FNs generalforsamling (Nigeria) etablerte ECOSOC-presidenten (Noreg) i mars 2020 FNs høgnivåpanel for finansielt ansvar, openheit og integritet (FACTI-panelet), som er forventa å levere en førebels rapport i september 2020 og endeleg rapport i første kvartal 2021. Med norsk støtte arrangerte UNODC eitt ekspertmøte om storskalakorrupsjon i Lima i 2018 og eitt i Oslo i 2019. Noreg deltok på det åttande storpartsmøtet for FNs antikorrupsjonskonvensjon (UNCAC) i 2019 og lukkast med å synleggjere Oslo-erklæringa om storskalakorrupsjon i fleire av resolusjonane som vart vedtekne. Noreg deltek i førebuingane til FNs spesialsesjon om korrupsjon 2021 (UNGASS21). Støtta til fagleg samarbeid for å nedkjempe korrupsjon og fremme godt styresett har auka.

16.6: Nasjonalt: Eit av føremåla i ny kommunelov, som trådde i kraft hausten 2019, er å leggja

til rette for eit sterkt og representativt lokaldemokrati med aktiv deltaking frå innbyggjarane. Lova slår fast kommunalt og fylkeskommunalt sjølvråderett og krev heimel i lov for å avgrense det. For å bidra til medverknad i lokaldemokratiet, krev ny kommunelov at alle kommunar og fylkeskommunar skal ha råd for eldre, råd for personer med funksjonsnedsetting og ungdomsråd; dette er grupper som ofte har vore underrepresentert i lokaldemokratiet. Råda har rett til å ta opp eller uttale seg om saker som gjeld gruppa si. For å sikre inkludering og involvering av nasjonale minoritetar og urfolk har ein etablert kontaktforum for nasjonale minoritetar, og i spørsmål som kan virke inn på samiske interesser er det eigne konsultasjonsprosedyrar.

Internasjonalt: Noreg bidrar til å utvikle viktige rammevilkår for berekraftige, fredelege og inkluderande samfunn gjennom samarbeid med globale og regionale aktørar, enkeltstatar og sivilt samfunn, som arbeider for å styrke demokratiske institusjonar og strukturar baserte på premissa for rettsstaten og respekt for menneskerettane. Blant anna støtta rein International IDEAs innsats for å inspirere og rettleie avgjerdstakarar til å gjennomføre inkluderande og konfliktsensitive demokratiske prosessar, og rettshavarar til å halde avgjerdstakarar ansvarlege.

16.7: Internasjonalt: I alle fredsprosessar der Noreg har ei formell rolle, støttar Noreg deltakinga til kvinner og sivilt samfunn, i tråd med handlingsplanen for kvinner, fred og tryggleik og i samarbeid med sivilt samfunn, styresmakter, FN og regionale organisasjonar. Alle Noregs humanitære partnerar involverer kvinner som har behov for humanitær hjelp i arbeidet sitt. Og i Noregs innsats for førebygging og nedkjemping av valdeleg ekstremisme er inkludering ein gjennomgåande prioritet. I 2019 kunne halvparten av landinnsatsane rapportere at kvinner faktisk deltok og hadde påverknad, og at kvinnerettar vart integrerte i arbeidet. Noreg er aktivt engasjert for å bidra til at fredsoperasjonar i regi av FN og regionale aktørar inkluderer fleire kvinner og varetek rettane til menn og kvinner.

16.8: Internasjonalt: Noreg støttar inkluderinga av utviklingsland i det internasjonale pengefondet IMF og dei multilaterale utviklingsbankane. Noreg støttar stemmereform i Verdsbanken med sikte på ein rettferdig stemmedel gjennom ein open prosess som inkluderer tiltak for å beskytte dei minst utvikla landa.

16.9: Nasjonalt: Alle born som vert fødd i Noreg vert registrert og ført inn i Folkeregisteret. Nyleg er det innført elektronisk fødselsregistre-

ring. Fødselsmelding vert sendt elektronisk frå sjukehuset til Folkeregisteret, som etterpå registrerar barnet og automatisk gir fødselsnummer.

Internasjonalt: Noreg støttar innsatsen til Universitetet i Oslo, Folkehelseinstituttet og Statistisk sentralbyrå for å utvikle helseinformasjonssystem, register og plattformer for kunnskapsdeling i samarbeid med internasjonale organisasjonar og nettverk. Noreg støttar kapasitetsbygging med omsyn til sivil registrering og vital statistikk (CRVS), blant anna gjennom Global Financing Facility (GFF). SSB har vore med og utvikla internasjonale tilrådingar for CRVS-system i regi av FNs statistikkdivisjon og i samarbeid med FNs økonomiske kommisjon for Asia gitt opplæring i korleis enkeltland i Sentral- og Søraust-Asia kan lage betre statistikk over fødsjar, dødsfall og dødsårsaker.

16.10: Gjennom partnerskap med blant anna UNESCO bidrar Noreg til at fleire statar utviklar og gjennomfører lover som betrar tilgangen befolkninga har til informasjon. Noreg deltar i Freedom Online Coalitions arbeid for å sikre blant anna eit fritt, uavhengig og menneskerettsbasert internett som gir allmenta tilgang til informasjon. Gjennom støtte til internasjonale og norske sivilsamfunnsorganisasjonar (blant anna International Media Support, Article 19, Institutt for Journalistikk og OsloMet) bidrar Noreg til at befolkninga i ei rekkje land får auka tilgang på kjeldekritisk journalistikk.

16a: Norsk politi og anna personell frå justis-sektoren deltar i internasjonale fredsoperasjonar i land som har behov for støtte til på ny å opprette ein normal samfunnsstruktur etter krig og konflikt. Norsk politi deltar for tida i FN-operasjonane i Sør-Sudan, Mali og Colombia. Der bidrar dei til å byggje opp kapasitet i lokalt og nasjonalt politi samt til å verne sivile. I Mali har Noreg ansvar for eit spesialisert polititeam som assisterer malisk politi med etterforsking av kriminalitet. Dette vil bidra til å styrke styresmaktene sin kamp mot organisert kriminalitet og terrorisme. I alle fredsprosessar der Noreg har ei formell rolle, støttar Noreg kvinner og sivil samfunnet si deltaking i samfunnet. I samsvar med gjeldande handlingsplan for kvinner, fred og tryggleik vert det arbeid stadig meir systematisk med inkludering gjennom heile fredsengasjementet, i samarbeid med sivilsamfunn, styresmakter, FN og regionale organisasjonar. Alle humanitære partnerar Noreg samarbeider med involverer kvinner som har behov for humanitær hjelp i sitt arbeid. Vern mot seksuali-

sert og kjønnsbasert vald, særleg mot kvinner og jenter, er høgt prioritert i Noreg sin humanitære strategi. 1 milliard kroner vil gå til våre humanitære partnerar i dette arbeidet i 2019–2021.

I 2014 vart det etablert eit formelt nordisk nettverk med føremål om å tryggje effektiv informasjonsutveksling og erfaringsbasert læring mellom dei nordiske land om førebygging av voldelig ekstremisme. Dette inkluderer utveksling av kunnskap om trendar, førebyggingsmetodar og målretta tiltak. Noreg vil halde fram med å bidra aktivt inn i nettverket. Handlingsplan mot radikalisering og valdeleg ekstremisme er i 2020 revidert med nye og justerte tiltak. Handlingsplanen inneheld blant anna tiltak for styrking av nasjonale institusjonar, som til dømes etablering av radikaliseringsskottaktar i politidistrikta og i kriminalomsorga, samt ein ny nasjonal rettlegarfunksjon ved dei regionale ressurscentera om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging. I den internasjonale innsatsen for førebygging og kamp mot valdeleg ekstremisme er inkludering ein gjennomgåande prioritet. I 2019 kunne halvparten av landinnsatsane rapportere om at kvinner faktisk deltok og hadde innverknad, og at kvinner sine rettar vart integrert i arbeidet. Noreg er engasjert for å bidra til at FN og regionale aktørar sine fredsoperasjonar inkluderer fleire kvinner og sikrar menn og kvinner sine rettar.

Ved støtte til partnerskapsavtalen mellom GANHRI (Global Alliance for National Human Rights Institutions), UNDP og OHCHR bidrog Noreg i 2019 til å styrkje nasjonale menneskerettssinstitusjonar (NHRIs) i Afrika. Som ledd i ei breiare satsing på vern og nedkjemping av vald mot menneskerettsforsvararar, inkludert blant anna journalistar og forsvararar av rettane til minoritetar, leiar Noreg arbeidet med å styrkje det normative vernet av menneskerettsforsvararar gjennom periodiske resolusjonar i FNs menneskerettsråd og Generalforsamlinga.

16b: Nasjonalt: Likestillings- og diskrimineringslova trådde i kraft i 2018. I 2020 vart vernet mot seksuell trakassering gjort meir effektivt, ved at Diskrimineringsnemnda fekk kompetanse til å handheve slike saker. Samstundes vart styresmaktene og arbeidsgjevarar si plikt til å utøve aktivt likestillingsarbeid og til å rapportere om dette arbeidet styrka.

Internasjonalt: Noreg støttar det internasjonale arbeidet for rettane til blant anna LGTBI-personar, urfolk og personar med funksjonsnedsetjing.



## 5 Likestilling

Under følger omtale av og oversikt over arbeidet med likestilling i Justis- og beredskapsdeparte-

mentet og dei underliggjande og tilknytte etatane. Vi viser òg til årsrapportane for etatane.

### 5.1 Justis- og beredskapsdepartementet

Tabell 5.1 Oversiktstabell for departementet

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K
2019 <sup>1</sup>	377	37	63	96,8	1,4	3,8	1,2	4,4
2018	440	39	61	96,0	1,7	3,0	1,8	3,8
2016	436	37	63	99,6	0,0	5,0	2,0	4,0

<sup>1</sup> Tala for 2019 er frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring per 1.2.19.

Tabell 5.2 Fordeling av stillingar 2018 og 2019

	Februar 2018		Februar 2019	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Dep.-råd og eksp.-sjef	3	8	3	8
Avdelingsdirektør	23	23	19	18
Direktør		3		3
Fagdirektør	19	16	21	13
Underdirektør	2	4	2	3
Spesialrådgivar	2	2	2	2
Lovrådgivar	14	4	15	3
Prosjektleder	2	2	1	2
Seniorrådgivar	137	68	122	61
Rådgivar	39	25	31	25
Seniorkonsulent	12	1	11	1
Førstekonsulent	12	16	12	10
Konsulent	3			
Sum	268	172	236	141

Talet omfattar både tilsette som er lønte på kap. 400, og dei som er lønte over andre kapittel under Justis- og beredskapsdepartementet.

Kjelde: DFØ per 1. feb. 2018 og 2019

Frå 2018 til 2019 hadde departementet ein nedgang på 63 tilsette. Hovudårsaka er at integreringsavdelinga vart overført til Kunnskapsdepartementet 1. mai 2018. Samstundes gjorde ein innsparingar på grunn av lågare budsjett, særleg inn- anfor administrasjon.

Oversikta viser at delen kvinner i departementet var 63 prosent i 2019, mot 61 prosent i 2018. Delen kvinner på høgaste leiar nivå var i 2019 uendra frå 2018. Delen kvinner på mellomleiar nivå var i 2019 51 prosent, mot 47 prosent i 2018. Kvinner var framleis underrepresenterte i leiarstilling-

gar samanlikna med samansetninga av kjønn totalt. I fagdirektørstillingar auka delen kvinner til 62 prosent i 2019, mot 54 prosent i 2018.

Departementet hadde fleire kvinner i saksbehandlarstillingar som seniorrådgivar, rådgivar og førstekonsulent. Blant seniorrådgivarar var delen kvinner uendra på 67 prosent i 2019. Delen kvinner blant rådgivarar vart redusert frå 61 prosent i 2018 til 55 prosent i 2019. I førstekonsulentstillingar var det i 2019 55 prosent kvinner, mot 43 prosent i 2018.

Tabell 5.3 Lønn (i 1 000 kroner)

	Februar 2018		Februar 2019	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Dep.-råd og eksp.-sjef <sup>1</sup>	1 248	1 342	1 521	1 332
Avdelingsdirektør	927	921	973	953
Direktør		858		1 093
Fagdirektør	794	792	798	809
Underdirektør	734	730	755	762
Spesialrådgivar	1 118	1 033	1 130	1 048
Lovrådgivar	808	791	831	883
Prosjektleiar	994	1 107	924	1 121
Seniorrådgivar	636	653	662	670
Rådgivar	530	527	538	533
Seniorkonsulent	521	479	547	497
Førstekonsulent	470	467	496	491
Konsulent	419			

<sup>1</sup> Tala for 2019 inkluderer ikkje lønnsauken for 2019.

Kjelde: DFØ per 1. feb. 2018 og 2019

Skilnadene i lønn på toppleiar nivå er i nokon grad knytte til kor tung stillinga er med omsyn til ansvar, omfang og kompleksitet, jf. leiarlønnssystemet. Endringa i lønna til kvinner på toppleiar nivå heng saman med at det var tilsett ny kvinneleiar departementsråd i 2019.

Justis- og beredskapsdepartementet er oppteke av å ha mest mogleg lik kjønnsfordeling i alle stillingar og lik lønn for samanliknbare stillingar. Det er relativt små lønnskilnader mellom kjønna på saksbehandlar- og mellomleiar nivå. Lønnskilnaden mellom kjønna på seniorrådgivar nivå har

minka på grunn av bevisst prioritering i lønsforhandlingar.

Det er nokre fleire kvinner enn menn som arbeider deltid. Bruk av deltid er i stor grad knytt til omsorgspermisjonar.

Ved tilsetjingar i ledige stillingar skal minst ein kvalifisert søkar med minoritetsbakgrunn eller nedsett funksjonsevne kallast inn til intervju. Dette skal omtalast i innstillinga.

Virusutbrotet eller verksette tiltak som følgje av virusutbrotet har ikkje påverka likestillingssituasjonen i departementet.

## 5.2 Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn			Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		Deltid (pst.)	M	K	M	K	M
2016	13	23	77	87,5	0	23	0	7,7	0	1,0
2017	12	25	75	93,3	0	8	8	16,6	0	0,5
2018	12	25	75	100	0	8	8	16,6	0	2,8
2019	13	23	77	98	7,7	23	0	7,7	0	2,9

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker hadde per 31. desember 2019 13 tilsette. Dette utgjorde 10,3 årsverk. Kvinner utgjorde 77 prosent av staben. Det var kvinner i alle leiarposisjonar, og statens mål om 40 prosent kvinner i leiarposisjonar var oppfylt. Lønsskilnadene mel-

lom kvinner og menn vart reduserte i perioden 2016 til utgangen av 2019.

Virusutbrotet eller verksette tiltak som følgje av virusutbrotet har ikkje påverka likestillingssituasjonen i Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker.

## 5.3 Spesialeininga for politisaker

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn			Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		Deltid (pst.)	M	K	M	K	M
2016	36	36,1	63,9	86	0	0	0	2,8	2,5	7,8
2017	36	38,9	61,1	79	0	0	0	5,6	1,2	4,8
2018	36	41,7	58,3	86	0	0	0	2,8	1,4	6,6
2019	39	41	59	96	0	0	5,1	5,1	2,1	3,7

Spesialeininga for politisaker har 35 fast tilsette medarbeidarar, og det er fleire kvinnelege enn mannlige tilsette i eininga. I tillegg til fast tilsette medarbeidarar har Spesialeininga for politisaker utnemnt ti advokatar på verv. Av desse er sju menn og to kvinner. Leiinga var i 2019 sett saman av to menn (33,3 prosent) og fire kvinner (66,6 prosent), og éin av mennene og éi av kvinnene er advokatar på verv. Berekningar med utgangspunkt i fast tilsette leiarar viser at kvinne delen i leiinga er 75 prosent. Personell blir lønte likt i dei enkelte stillingskategoriane uavhengig av kjønn.

Spesialeininga for politisaker har som mål å ha eit inkluderande arbeidsmiljø der medarbeidarane speglar mangfaldet i befolkninga og har ein variert erfaringsbakgrunn med omsyn til kjønn, funksjonsevne og etnisk bakgrunn. Dette målet kjem tydeleg fram i stillingsannonsane til spesialeininga. Dersom det er kvalifiserte søkarar med minoritetsbakgrunn til nye stillingar, skal minst éin av dei bli kalla inn til intervju.

Virusutbrotet eller verksette tiltak som følgje av virusutbrotet har ikkje påverka likestillingssituasjonen i Spesialeininga for politisaker.

## 5.4 Kontoret for voldsoffererstatning

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fravær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2015	55	36	64	104,3	50	20	0	8,6	0,2	3,2
2016	51	35	66	105,6	16,7	15,2	16,7	12,1	0,2	2,8
2017	31	32	68	95,4	0	0	0	0	1	3,5
2018	28	29	71	90	0	0	0	0	0,4	1,7
2019	31	32	68	78	0	0	0	0	0,7	1,3

Per 31. desember besto ledergruppen i Kontoret for voldsoffererstatning av en kvinne og tre menn.

Virusutbrotet eller verksette tiltak som følgje av virusutbrotet har ikkje påverka likestillingssituasjonen i Kontoret for voldsoffererstatning.

## 5.5 Den høgere påtalemyndighet

År	Antall ansatte	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Midlertidige stillingar (pst.)		Legemeldt fravær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2016	189	39,7	60,3	69,1	0	4,7	2,6	6,8	1,5	5,3
2017	181	39,2	60,8	68	0,55	4,97	0,5	2,7	4,2	5,0
2018	186	37,1	62,9	67,6	1,07	5,91	2,1	3,22	2,1	3,4
2019	191	38,7	61,3	69,6	0,45	5,42	1,8	2,74	2,2	3,0

Stillingskategoriane i Den høgere påtalemyndighet er embetsmenn og administrativt tilsette. Lønna til embetsmenn er høgare enn til administrativt tilsette. Vidare er dei fleste av administrativt tilsette kvinner.

Stillingskategorien embetsmenn omfattar riksadvokaten, assisterande riksadvokat, fyrstestatsadvokatar og statsadvokatar. Det blir praktisert likelønn i denne stillingskategorien. Kvinnedelen av embetsmenn utgjer 40 prosent og årslønna til

kvinner er på 96,6 prosent av lønn til mannleg tilsett embetsmenn.

Det er 67 kvinner og sju menn ansatt i administrative stillingar ved Den høgere påtalemyndigheten. Dette er ei utfordring i eit likestillingsperspektiv. Det blir likevel i stor grad praktisert likelønn blant dei ulike administrative stillingskategoriane.

Virusutbrotet eller verksette tiltak som følgje av virusutbrotet har ikkje påverka likestillingssituasjonen i Den høgere påtalemyndighet.

## 5.6 Statens sivilrettsforvaltning

År	Kjønnsbalanse		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn			Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)		
	N	(pst.)		Deltid (pst.)	Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)			
		M	K		M	K	M	K		
2015	74	35	65	89	0	4,3	5,3	3,6	0,9	1,3
2016	72	35	65	92	0	7	1,4	5,6	0,1	3,3
2017	61	39,3	60,7	96,3	0	13,5	12,5	8,1	0,2	2,2
2018	74	39,2	60,8	97,6	0	13	12,9	13	0,2	3,4
2019	75	36,5	63,5	104,7	0	10,6	14,8	12,8	0,7	1,6

Statens sivilrettsforvaltning hadde per desember 2019 75 tilsette. Dette svarer til om lag 62 årsverk. Delen kvinner og menn var høvesvis 63,5 og 36,5 prosent. På leiarnivå, direktør og avdelingsdirektør var kvinne delen 100 prosent.

Statens sivilrettsforvaltning har som mål å ha eit inkluderande arbeidsmiljø der medarbeidarane speglar mangfaldet i befolkninga og har ein variert erfaringsbakgrunn med omsyn til kjønn, alder,

funksjonsevne og etnisk bakgrunn. Desse forholda blir vektlagde i rekrutteringsprosessane i verksemda. Statens sivilrettsforvaltning jobbar kontinuerleg med å auke delen menn i samband med rekruttering.

Virusutbrotet eller verksette tiltak som følgje av virusutbrotet har ikkje påverka likestillingssituasjonen i Statens sivilrettsforvaltning.

## 5.7 Domstoladministrasjonen

År	Kjønnsbalanse		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn			Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)		
	N	(pst.)		Deltid (pst.)	Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)			
		M	K		M	K	M	K		
2015	2116	37	63	67,3	0,9	10,5	2,5	5,2	0,5	2,3
2016	2075	36	64	69,6	3,9	13	6,2	7,5	1,6	4
2017	2073	36,5	63,5	71,3	2,8	12,2	7,7	7,0	2,1	4,8
2018	2048	36,2	63,8	72,4	2,9	10,9	8,3	8,6	2,1	4,6
2019	2002	36,3	63,7	74,0	1,7	9,1	5,8	11,1	2,8	5,8

Per 31. desember 2019 var det 2 022 tilsette i domstolane. Dette svarte til 1 974 årsverk. Det er ei overvekt av kvinnelege tilsette i Domstoladministrasjonen og i domstolane. Dette kjem i hovudsak av at kvinner er overrepresenterte i saksbehandlarstillingar, som utgjer om lag halvparten av talet på medarbeidarar i domstolane. Utsiftinga i administrative stillingar i domstolane er låg. Endring i kjønnsfordelinga vil derfor ta tid, uavhengig av tiltak som blir sette i verk. Domstolane prioriterer balansert kjønnsfordeling i arbeidet med rekrutterings- og personalpolitikken.

Det blir sett i verk tiltak for å betre situasjonen for medarbeidarar som av helse årsaker har behov for tilpassingar. Domstolane fokuserer på god seniorpolitikk. Det er få medarbeidarar med innvandrarbakgrunn i domstolane.

Lønnsskilnadene mellom kvinner og menn må sest i samanheng med at kvinner er overrepresenterte i saksbehandlarstillingar, og at menn er overrepresenterte i dommarstillingar, som er vesentleg høgare lønt. Virusutbrotet eller verksette tiltak som følgje av virusutbrotet har ikkje påverka likestillingssituasjonen i Domstoladministrasjonen eller domstolane.

## 5.8 Kriminalomsorga

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Kortvarige stillingar (pst.)	
		M	K		M	K	M	K
2019	4 935	55	45	98	4	11	1	1
2018	5 047	55	45	97	6	19	6	6

Når det gjeld talet på tilsette, omfattar dette også aspirantar ved KRUS. Når det gjeld lønn, deltid og kortvarige stillingar, er aspirantar haldne utanfor.

Kjønnsfordelinga blant tilsette i kriminalomsorga var 45 prosent kvinner og 55 prosent menn i 2019. Det er det same nivået som året før. Det er fleire kvinner enn menn som arbeider deltid. Dei deltidstilsette utgjer ca. 8 prosent av dei tilsette. Delen tilsette i kortvarige stillingar auka i åra fram til 2015, men har gått ned dei siste åra. Den gjennomsnittlege månadslønna til kvinner utgjer om lag 98 prosent av lønna til menn. Kjønnsfordelinga

blant aspirantar ved Høgskolen og utdanningssenteret for kriminalomsorga (KRUS) var 54 prosent menn og 46 prosent kvinner i 2019.

Kriminalomsorga har som mål å auke mangfaldet blant dei tilsette i etaten. I 2019 hadde åtte prosent av aspirantane ved KRUS ein annan kultur- og språkkompetanse enn norsk og engelsk. Kriminalomsorgsdirektoratet har eit mål om at minst 10 prosent av aspirantane skal ha ein slik kompetanse. Virusutbrotet eller tiltak som er sette i verk som følgje av virusutbrotet har ikkje påverka likestillingssituasjonen i kriminalomsorga.

### Politiet

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2018	17 626	54	46	96,3	0,9	6,0	2,3	3,2	2,6	5,7
2017	17 242	54	46	96,1	0,9	7,6	3,5	4,3	2,6	5,8
2016	16 595	55	45	95,1	1	8,7	2,3	3,6	2,3	5,5
2015	16 286	55	45	94,4	1	9,6	2,0	2,2	2,6	5,4

Tabellen omfattar Politidirektoratet og alle underliggjande einingar og er basert på data frå personal- og lønssystemet i etaten.

Tala omfattar ikkje timelønte medarbeidarar, medarbeidarar på pensjonistvilkår, eksterne, medarbeidarar i permisjon utan lønn eller tilsette i Politiets tryggingstjeneste (PST).

Kjønnsbalanse: Prosent av tilsette som får lønn, inkludert medarbeidarar i foreldrepermisjonar (ikkje årsverk)

Lønn: Berekna av gjennomsnittleg grunnlønn per md. for alle tilsette (ekskl. faste tillegg). Lønn for deltidstilsette er omrekna tilsvarende 100-pst.-stilling.

Deltid: Omfattar ikkje medarbeidarar i delvis omsorgspermisjon.

Mellombelse: Tala for tidlegare år er endra som følgje av at vikarar tidlegare var tekne med i berekningane. Ein del fast tilsette er mellombelse i ei anna stilling og kan vere koda som mellombelse.

Gjennomsnittleg brutto grunnlønn per måned for alle stillingskategoriar i politi- og lensmannsetaten var 43 616 kroner i 2018, med 42 735 kroner for kvinner og 44 367 kroner for menn. Lønnskilnader kan blant anna forklarast ut frå variablar som ansiennitet og at det er fleire menn i leiarstillingar. Fleire kvinner enn menn jobbar deltid. Noko av forklaringa kan ligge i at kvinner i større grad enn menn vel deltidsarbeid for å oppnå betre

balanse mellom jobb og fritid i periodar av karrieren.

God kjønnsbalanse i politiet er eit politisk og strategisk mål og eit viktig bidrag til at politiet kan levere på samfunnsoppdraget sitt. Per 31.12.2018 var det 46 prosent kvinner i politiet. Talet har vore stabilt høgt dei siste åra, noko som er ein effekt av målretta arbeid med rekruttering til Politihøgskolen. Opptaket i 2018 viste den høgaste delen av kvinnelege søkarar nokosinne, med 48 prosent,

og blant dei som vart tekne opp, var delen kvinner 46 prosent. Det er venta at god kjønnsbalanse på Politihøgskolen vil bidra til fleire kvinnelege leiarar i etaten på sikt. I leiargruppene til politimeistrane har delen kvinner auka og ligg no på 36 prosent. Mentoringprogrammet er eitt tiltak for blant anna å motivere fleire kvinner til å velje ein leiar-karriere. Til saman har om lag 144 tilsette delteke i programmet. Det er sett krav om at minimum halvparten av deltakarane skal vere kvinner.

I overordna plan for kjønnsbalanse i leiarstillingar er det sett mål om 30 prosent kvinnelege leiarar i politistillingar og 40 prosent kvinnelege leiarar totalt innan 2022. For å nå målet har alle distrikt og særorgan utarbeidd eigne tiltak som blir følgde opp lokalt.

Sjuefråværet held seg relativt stabilt på rundt fem prosent for kvinner og to prosent for menn.

Eit resultat av dette arbeidet er ein auke på to prosentpoeng kvinner i leiarstillingar totalt det

siste året, slik at delen per 31. desember 2018 var 34 prosent. I politistillingar har det vore ein jamn auke i delen kvinnelege leiarar. Denne har gått opp frå 16 prosent i 2015 til 21 prosent i 2018, med ein auke på ett prosentpoeng det siste året.

Politiet skal verne alle grupper i samfunnet. For at politiet skal ha legitimitet i befolkninga og løyse oppgåvene sine på best mogleg måte, er det viktig at dei speglar befolkningssamansetninga. Politiet har styrkt arbeidet sitt for å fremme likestilling og hindre diskriminering gjennom opplæring og gjennom profesjonalisering av rekrutteringsprosessane. Alle politidistrikt og særorgan har òg i 2018 følgd opp arbeidet med å førebyggje seksuell trakassering gjennom dilemmatrening og opplæring i varslingsrutinar. Dette er eit viktig bidrag for å fremme ønskt kultur og ønskte haldningar i politiet.

## 5.9 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)		
		M	K	M	K	M	K	M	K	
2019	661	55,8	44,2	95,6	1,5	6,2	3,2	2,2	2,4	4,3
2018	667	56,4	43,6	94,1	2,2	8,7	1,9	1,3	2,9	5,5
2017	684	56,4	43,6	94,0	2,9	9,6	2,4	1,9	2,1	2,4
2016	639	56,6	43,4	91,5	1,9	6,7	2,5	2,4	2,1	2,6

Kjelde: DSB

Blant leiarar i Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) var kvinnedelen 36 prosent i 2019, mot 39 prosent i 2018.

Det var stor skilnad mellom dei ulike leiarnivåa, med 73 prosent kvinnedel på direktørnivå, mot 28 prosent kvinnedel i mellomleiarstillet.

I mellomleiarstillet finn vi dei tradisjonelt mannsdominerte delane av verksemda, med sivilforsvarsdistrikt og regionskontor innanfor eltryggleik. Her er berre tre av 20 leiarar kvinner, og rekrutteringsgrunnlaget består i hovudsak av menn.

DSB jobbar for likestilling og ei balansert kjønnsamansetning gjennom rekrutteringspro-

sessar, og direktoratet legg særleg vekt på at kunngjeringstekstane skal utformast slik at verksemda kan tiltrekkje seg begge kjønn og samstundes stimulere til betre mangfald i verksemda. DSB arbeider for likelønn mellom kjønna og for å redusere uønskte skilnader i lønn mellom nytilsette og tilsette som har arbeidd i DSB i fleire år. Likelønnsprinsippet er nedfelt i DSBs lønnspolitiske dokument.

Virusutbrotet eller tiltak som er sette i verk som følgje av virusutbrotet har ikkje påverka likestillingssituasjonen i DSB.

## 5.10 Hovudredningsentralen (HRS)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2019	54	79,7	20,3	73,1	0	0	0	1,9	1	4,2
2018	53	80,9	19,1	75,7	0	0	0	0	2,7	2,5
2017	48	83,3	16,7	66,7	0	0	0	0	1	2,8
2016	48	83,3	16,7	66,7	0	0	0	0	1	2,8
2015	48	77,6	22,4	63,9	0	0	0	0	1,1	2,6

Kjelde: HRS

Av seks leiarar ved dei to redningsentralane (HRS) var fem menn ved utgangen av 2019. Ved nyrekruttering blir kvalifiserte kandidatar med ulik utdanning og ulik arbeids- og livserfaring alltid oppmoda om å søke stillinga. Hovudredningsentralen praktiserer likevel ikkje noka form for kvotering. Til stillingane som redningsleiar er det eit krav om såkalla operativ erfaring. Dette inneber at kandidatane ofte kjem frå mannsdominerte

sektorar, som Forsvaret, politiet eller sivil luft- og sjøfart. HRS har ei forventning om at prosentdelen kvalifiserte kvinnelege søkarar vil auke i takt med at kvinneprosenten aukar i dei nemnde sektorane.

Virusutbrotet eller tiltak som er sette i verk som følgje av virusutbrotet har ikkje påverka likestillingssituasjonen i HRS.

## 5.11 Sivil klareringsstyresmakt (SKM)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2019	33	30,3	69,7	88,7	0	0	6,1	0	0,41	1,27
2018	27	33,3	66,7	86,4	0	0	11	4	0,10	0,75

Kjelde: SKM

Mot slutten av 2019 var det kjønnsbalanse i leiargruppa i Sivil klareringsstyresmakt (SKM), som bestod av to kvinner og to menn. Totalt auka talet på kvinner i verksemda frå 2018 til 2019. Per 31. desember 2019 var 70 prosent av dei tilsette kvinner.

I kunngjeringsstekstane har verksemda alltid med ei mangfaldserklæring, men SKM har ikkje aktivt oppmoda kandidatar av eit bestemt kjønn om å søke. Kjønnsbalanse har likevel vore eitt av fleire element som har vore vurdert i rekrutteringsprosessar.

I lønnspolitikken til verksemda er det eit mål at tilsette skal få lik lønn for arbeid av lik verdi, og

at kvinner og menn skal ha lik lønnsutvikling. Lønns- og personalpolitikken skal bidra til at alle arbeidstakarar har moglegheit for karrieremessig utvikling, uavhengig av kjønn. Samstundes skal lønn og stillingskode spegle innhald, ansvar, kompleksitet og krav til kompetanse og resultat i stillinga.

Likestilling vil være eit sentralt tema i utviklinga av livsfasepolitikken til SKM.

Virusutbrotet eller tiltak som er sette i verk som følgje av virusutbrotet har ikkje påverka likestillingssituasjonen i SKM.



## 5.12 Nasjonalt tryggingorgan (NSM)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2019	295	68,1	31,9	92,3	4,7	1,3	2,1	2,5	3,55*	8,33
2018	289	68,5	31,5	94,3	2,4	2,4	2,8	3,5	3,0	7,5

\* Totalt sjukefrávær, legemeldt og eigenmeldt. Nasjonalt tryggingorgan (NSM) gjekk frå 1. januar 2019 over til nye system for lønn, rekneskap og tidsregistrering. Dette påverkar korleis sjukefráværet blir registrert.

Kjelde: NSM

Ved utgangen av 2019 var 31,9 prosent av dei tilsette i Nasjonalt tryggingorgan (NSM) kvinner. I leiargruppa var 37,5 prosent kvinner. I mellomleiarstillet (einings- og seksjonsleiarstillingar) var 16,7 prosent av dei tilsette kvinner.

NSM skal vere ein attraktiv arbeidsplass for begge kjønn. Dette kan først og fremst bli påverka gjennom rekrutteringsprosessane. NSM er oppteke av å ha personalgode som er kjønnsnøytrale, og som kan appellere til alle tilsette, uavhengig av kjønn. NSM legg til grunn kvalifikasjonsprinsippet, som betyr at den best kvalifiserte kandidaten blir tilsett i alle rekrutteringsprosessar. I stillingar der det har vist seg å vere vanskeleg å rekruttere kvinner, oppmodar NSM kvinner om å søke. Kvalifiserte kvinnelege søkarar blir alltid inviterte til intervju. Dette gjeld spesielt for tekniske stillin-

gar, og meir spesifikt for stillingar innanfor IKT-tryggleik. I andre fagmiljø er kjønnsammansetninga jamn, og i enkelte miljø er kvinnedelen høg.

I profilering eksternt, blant anna i media, ser NSM at det er viktig at begge kjønn er representerte. Dette blir følgt opp kontinuerleg. NSM jobbar for likelønn mellom kjønn. Ein av grunnane til at menn tener meir enn kvinner i verksemda, kan vere at menn dominerer i enkelte tekniske miljø. Desse miljøa er sterkt konkurranseutsette, noko som ofte medfører at lønningane er høgare enn i andre delar av verksemda. Dette får utslag på lønnsstatistikken.

Virusutbrotet eller tiltak som er sette i verk som følgje av virusutbrotet har ikkje påverka likestillingssituasjonen i NSM.

## 5.13 Sekretariatet for konfliktråda (Sfk)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2019	142	41	59	101,2	0	3,5	5,6	9,8	3,1	3,6
2018	128	29	71	102,6	0	11	27,0	15,0	8,2	2,9
2017	134	27	73	103,3	0	8,9	16,2	18	4,1	6,8
2016	131	31	69	96,3	0,8	7,6	4,7	4,4	1	3,8

31. desember 2019 utgjorde bemanninga i Sekretariatet for konfliktråda (Sfk) 141,9 årsverk. Kvinner er overrepresenterte blant dei tilsette. Sekretariatet blir leidd av ein kvinneleg direktør. Ti av tolv konfliktrådsleiarar er kvinner. Menn har blitt oppmoda om å søke ved nokre rekrutteringar for å fremme likestilling blant kjønn. Sfk har som mål å ha eit inkluderande arbeidsmiljø der medar-

beidarane speglar mangfaldet i befolkninga med tanke på kjønn, funksjonsevne og etnisk bakgrunn. Dette blir spegla i stillingsannonsane til verksemda. Ved konfliktråda er det oppretta avtalar med tre lærlingar. Virusutbrotet eller tiltak som er sette i verk som følgje av virusutbrotet har ikkje påverka likestillingssituasjonen i konfliktråda.

### Utlendingsdirektoratet (UDI)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2019	1004	29,3	70,7	90,0	12	22	0,20	0,10	3,8	5
2018	941	30,7	69,3	91,0	13	22	0,32	0,43	3,0	5,8
2017	1 092	30,4	69,6	84,9	3,4	8,6	24,4	21,2	2,2	4,8
2016	1 517	32,8	67,2	95,8	1,7	7,4	38	34,7	2,5	4,4

Kjelde: UDI

Det var 63 fleire tilsette ved utgangen enn ved inngangen av 2019. Aukinga i tilsette frå 2018 kjem avat UDI skulle bygge ned asylrestansen med 450 ekstra saker, som følgje av overgangen til ny asylprosess. Tala er tekne ut per 31. desember 2019.

Virusutbrotet eller tiltak som er sette i verk som følgje av virusutbrotet har ikkje påverka likestillingssituasjonen i verksemda.

### 5.14 Utlendingsnemnda (UNE)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2019	250	30	70	95,0	1,6	9,2	0	0,8	4,3	4,3
2018	290	28	72	97,0	1,2	7,2	1,2	0	4,1	4,1
2017	353	28	72	95,1	3	10	0	0,5	3,1	4,8
2016	337	29	71	95,8	2	12	0,3	0,5	4,2	3,5
2015	338	30	70	93,6	5	14	0	0,3	4,4	2,6

Kjelde: UNE

Det var færre tilsette ved utgangen enn ved inngangen av 2019 pga. fortsatt nedbemanning av verksemda. Kjønnsfordelinga i UNE er 70 prosent kvinner og 30 pst menn, og har vore om lag dette dei siste åra. Blant leiarar var fordelinga 13. desember 2019 46,7 prosent kvinner og 53,3 pro-

sent menn. Ved inngangen av 2019 var talet på leiarar 15, mot 25 førre år.

Virusutbrotet eller tiltak som er sette i verk som følgje av virusutbrotet har ikkje påverka likestillingssituasjonen i UNE.

## 5.15 Politiet

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2019	17 758	54	46	96,7	1,0	5,5	1,8	2,4	2,6	5,8
2018	17 626	54	46	96,3	0,9	6,0	2,3	3,2	2,6	5,7
2017	17 242	54	46	96,1	0,9	7,6	3,5	4,3	2,6	5,8
2016	16 595	55	45	95,1	1	8,7	2,3	3,6	2,3	5,5
2015	16 286	55	45	94,4	1	9,6	2,0	2,2	2,6	5,4

Tabellen omfattar Politidirektoratet og alle underliggjande einingar og er basert på data frå personal- og lønssystemet i etaten. Tala omfattar ikkje timelønnte medarbeidarar, medarbeidarar på pensjonistvilkår, eksterne, medarbeidarar i permisjon utan lønn eller tilsette i Politiets tryggingstjeneste (PST).

Kjønnsbalanse: Prosent av tilsette som får lønn, inkludert medarbeidarar i foreldrepermisjonar (ikkje årsverk)

Lønn: Berekna av gjennomsnittleg grunnlønn per md. for alle tilsette (ekskl. faste tillegg). Lønn for deltidstilsette er omrekna tilsvarende 100-pst.-stilling.

Deltid: Omfattar ikkje medarbeidarar i delvis omsorgspermisjon.

Mellombelse: Tala for tidlegare år er endra som følgje av at vikarar tidlegare var tekne med i berekningane. Ein del fast tilsette er mellombelse i ei anna stilling og kan vere koda som mellombelse.

Gjennomsnittleg brutto grunnlønn per md. for alle stillingskategoriar i politi- og lensmannsetaten var 45 150 kroner i 2019, med 44 344 kroner for kvinner og 45 847 kroner for menn. Lønsskilnader kan bl.a. forklarast ut frå variablar som ansienitet og kjønnsfordeling over tid. Det er òg fleire menn i leiarstillingar. Fleire kvinner enn menn jobbar deltid. Noko av forklaringa kan liggje i at kvinner i større grad enn menn vel deltidsarbeid for å oppnå betre balanse mellom jobb og fritid i periodar av karrieren.

God kjønnsbalanse i politiet er eit politisk og strategisk mål og eit viktig bidrag til at politiet kan levere på samfunnsoppdraget sitt. Per 31.12.2019 var det totalt 46 pst. kvinner i politiet. Talet har vore stabilt høgt dei siste åra, noko som er ein effekt av målretta arbeid med rekruttering til Politihøgskolen. Opptaket i 2019 viste den høgaste delen av kvinnelege søkarar nokon sinne, med 52,6 pst, opp frå 47,9 prosent i 2018. Blant dei som vart tekne opp, var delen kvinner 49,5 pst.

Det er venta at god kjønnsbalanse på Politihøgskolen vil bidra til fleire kvinnelege leiarar i etaten på sikt. For å få fleire kvinner til å satsa på leiging er det viktig med gode rollemodellar. Andelen kvinnelege toppleiarar i distrikta ligg per 31.12.2019 på 50 prosent. Mentoringprogrammet

er eitt tiltak for blant annet å motivere fleire kvinner til å velje ein leiarkarriere. Til saman har om lag 150 personar delteke i programmet når det avsluttast i 2020. 71 prosent av adeptene er kvinner. Totalt for både adeptar og kvinner ligg kvinneandelen på 53 prosent.

I overordna plan for kjønnsbalanse i leiarstillingar er det sett mål om 30 prosent kvinnelege leiarar i politistillingar og 40 prosent kvinnelege leiarar totalt innan 2022. Alle distrikt og særorgan har utarbeidd eigne tiltak som blir følgde opp lokalt, for å nå målsettinga. Eit resultat av dette arbeidet er ein auke på 2 prosentpoeng kvinner i leiarstillingar totalt det siste året, slik at delen per 31.12.2019 var 35 prosent. I politistillingar har det vore ein jamn auke i delen kvinnelege leiarar. Denne har gått opp frå 16 prosent i 2015 til 23 prosent i 2019, med ein auke på 2 prosentpoeng det siste året.

Sjukefráværet held seg relativt stabilt på rundt 5 pst. for kvinner og 2 pst. for menn. Det er høgare for kvinner enn menn. Det totale sjukefráværet for 2019 var på 5,3 prosent, medan det i 2018 var på 5,2 prosent.

Virusutbrotet eller tiltak som er sette i verk som følgje av virusutbrotet har ikkje påverka likestillingssituasjonen i politiet.

## 6 Opptrappingsplan mot vald og overgrep

Regjeringa la i oktober 2016 fram Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vald og overgrep (2017–2021)*. Planen skal redusere førekosten av vald i nære relasjonar og styrke varetakinga av barn som er utsette for overgrep. Tiltaka i planen blir gjennomførte i perioden 2017 til 2021. Justis- og beredskapsdepartementet følgjer òg opp fleire oppmodingsvedtak om tema som ligg nær opptrappingsplanen. Status for oppmodingsvedtaka blir omtalt i del I av budsjettproposisjonen. Nedanfor følgjer ei oversikt over status for tiltaka i opptrappingsplanen:

Omsynet til dei som blir utsette for vald og overgrep, er viktig i heile straffesakskjeda. Regjeringa etablerte i 2017 støttesenter for kriminalitetsutsette i alle dei 12 politidistrikta. Sentera skal styrke stillinga til dei fornærma gjennom straffesakskjeda og bidra til at valdsoffer og deira pårørende blir tekne hand om. Støttesentera for kriminalitetsutsette skal evaluerast i 2021.

Det er gjennomført ei evaluering av besøksforbodet og kontaktforbod med elektronisk kontroll (omvend valdsalarm). Det vil òg bli gjennomført ei utgreiing av spørsmålet om å utvide ordninga med omvend valdsalarm til òg å gjelde straffeprosessuelt besøksforbod.

Politidirektoratet har etablert retningslinjer for politiets bruk av kode 6 (strengt fortruleg adresse) og samarbeid med andre tenester i slike tilfelle. Bruken av vernetiltaket kode 6 skal evaluerast.

Det er nemnt opp eit offentleg utval som skal greie ut spørsmål knytte til partnardrap. Utvalet skal sjå på forhold som kan ha innverknad på førebygging av slike drap.

I 2016 vart det utarbeidd felles retningslinjer for drifta av Statens barnehus. Retningslinjene skal reviderast. Det er sett av midlar til evaluering av Statens barnehus i 2020.

I 2014 vart det starta opp eit forskingsprogram om vald i nære relasjonar, som blir gjennomført av NOVA/OsloMet og Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS). Programmet blir vidareført for perioden 2019–2024.

Undersøkinga EU Kids Online 2018 gir kunnskap om korleis norske barn bruker internett, blant anna når det gjeld risiko og tryggleik for barn på nettet. I perioden 2019–2021 er det gitt ytterlegare midlar til å leggje til rette for tverrfagleg forskning om behov på praksisfeltet, til komparative analysar internasjonalt, og til å vidareutvikle nasjonalt FoU-nettverk. I tilknytning til valdsprogrammet har NOVA fått midlar til forskning på internettrelaterte seksuelle overgrep mot barn.

Regjeringa oppmodar kommunane om å utarbeide kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar. NKVTS har kartlagt korleis kommunane bruker handlingsplanane, korleis dei implementerer planane i den daglege verksemda, og kva dei treng for å utvikle gode planar. Resultata frå arbeidet til NKVTS blir følgde opp i samarbeid mellom dei aktuelle departementa.

Prosjekt November i Oslo politidistrikt bidrar til meir tilgjengelege tenester og betre oppfølging av og tryggleik for dei som er utsette for vald i nære relasjonar. Arbeidet er vidareført og utvida i 2020. Bakgrunnen for utvidinga er samanhengen mellom ungdomskriminalitet og dårlege oppvekstvilkår med vald og overgrep i familien. Ei evaluering frå prosjektet vart ferdigstilt våren 2019.

## 7 Tekniske endringer i kontostrukturen og bruk av stikkord kan overføres

Det blir foreslått å endre navn på kap. 440 *Politidirektoratet- politi- og lensmannsetaten* til kap. 440 *Politiet*. Tilsvarende endring blir foreslått på kap. 3440, fra kap. 3440 *Politidirektoratet- politi- og lensmannsetaten* til kap. 3440 *Politiet*.

Det blir foreslått å endre navn på kap. 440, post 25 *Retur av asylsøkere med avslag og andre utlendinger utan lovlig opphold* til kap. 440, post 25 *Variable utgifter ved ankomst, mottak og retur i politiets utlendingsforvaltning*. Vidare blir det foreslått å fjerne stikkordet *overslagsbevilgning*.

Kap. 474 *Konfliktråd* blir foreslått flyttet fra programkategori 06.70 til programkategori 06.30 nytt kap. 433 *Konfliktråd* slik at straffegjennomføring omtales i same programkategori 06.30. Navn på programkategori 06.30 blir foreslått endra fra *Kriminalomsorg* til *Straffegjennomføring og kon-*

*fliktråd*. Tilsvarende blir navnet på programkategori 06.70 foreslått endra fra *Fri rettshjelp, erstatninger, konfliktråd* til *Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordninger m.m.*

Justis- og beredskapsdepartementet overtar i 2021 forvaltninga av Jan Mayen. Det blir i tråd med dette foreslått å opprette kap. 481 *Jan Mayen*, post 01 *Driftsutgifter* og kap. 3481 *Jan Mayen*, post 01 *Inntekter* i statsbudsjettet for 2021.

Det blir foreslått å endre stikkord fra *overslagsbevilgning* til *kan overføres* under kap. 490, post 72 *Internasjonalt migrasjonsarbeid, og assistert retur og reintegrering i hjemlandet*. Løyvinga på posten dekker utgifter til retur til heimlandet for personar med endeleg avslag på søknad om vern og andre personar med ulovleg opphald i Noreg. Forslaga er i tråd med tabellen under:

Under Justis- og beredskapsdepartementet blir stikkordet foreslått knyttet til disse postene utenom postgruppe 30–49

			(i 1 000 kr)	
Kap.	Post	Betegnelse	Overført til 2020	Forslag 2021
400	23	Spesielle driftsutgifter, forskning, evaluering og kunnskapsinnhenting	8 935	38 521
410	22	Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler	1 706	2 724
430	60	Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv.	12 013	86 200
433	60	Tilskudd til kommuner		13 611
440	22	Søk etter omkomne på havet, i innsjøer og vassdrag	1 849	9 689
451	22	Spesielle driftsutgifter – Nødnett	7 966	500 137
475	21	Spesielle driftsutgifter	15 062	8 035
490	23	Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling	1 755	4 756
490	72	Internasjonalt migrasjonsarbeid, og assistert retur og reintegrering i hjemlandet		51 205
490	74	Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv.		55 400
490	75	Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet		35 047

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2020–2021) om statsbudsjettet for år 2021 føres opp de forslag til vedtak som er nevnt i et  
framlagt forslag.

---

## Forslag

Under Justis- og beredskapsdepartementet føres det i Prop. 1 S (2020–2021) statsbudsjettet for budsjettåret 2021 opp følgende forslag til vedtak:

### Kapitlene 61, 400–491, 3400–3490

#### I

#### Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon			
400	Justis- og beredskapsdepartementet		
	01 Driftsutgifter	479 519 000	
	23 Spesielle driftsutgifter, forskning, evaluering og kunnskapsinnhenting, <i>kan overføres</i>	38 521 000	
	50 Norges forskningsråd	55 469 000	
	70 Overføringer til private	12 651 000	
	71 Tilskudd til internasjonale organisasjoner	15 365 000	601 525 000
	Sum Administrasjon		601 525 000
Rettsvesen			
61	Høyesterett		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 410, post 01</i>	121 027 000	121 027 000
410	Domstolene		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 61, post 01</i>	2 760 973 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	86 393 000	
	22 Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler, <i>kan overføres</i>	2 724 000	2 850 090 000
414	Forliksråd og andre domsutgifter		
	01 Driftsutgifter	248 045 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	38 591 000	286 636 000
	Sum Rettsvesen		3 257 753 000
Straffegjennomføring og konfliktråd			
430	Kriminalomsorgen		
	01 Driftsutgifter	4 872 334 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 430, post 01</i>	96 384 000	
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	37 808 000	
	60	Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., <i>kan overføres</i>	86 200 000	
	70	Tilskudd	33 934 000	5 126 660 000
432		Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter		
	01	Driftsutgifter	179 195 000	179 195 000
433		Konfliktråd		
	01	Driftsutgifter	138 083 000	
	60	Tilskudd til kommuner, <i>kan overføres</i>	13 611 000	
	70	Tilskudd	22 622 000	174 316 000
		Sum Straffegjennomføring og konfliktråd		5 480 171 000
		Politi og påtalemyndighet		
440		Politiet		
	01	Driftsutgifter	19 535 578 000	
	22	Søk etter omkomne på havet, i innsjøer og vassdrag, <i>kan overføres</i>	9 689 000	
	23	Sideutgifter i forbindelse med sivile gjøremål	33 239 000	
	25	Variable utgifter ved ankomst, mottak og retur i politiets utlendingsforvaltning	130 255 000	
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	214 549 000	
	48	Tildeling fra EUs indre sikkerhetsfond (ISF), <i>kan overføres</i>	48 894 000	
	70	Tilskudd	66 156 000	
	71	Tilskudd Norsk rettsmuseum	7 215 000	
	73	Tilskudd til EUs grense- og visumfond	315 729 000	20 361 304 000
442		Politihøgskolen		
	01	Driftsutgifter	631 994 000	631 994 000
444		Politiets sikkerhetstjeneste (PST)		
	01	Driftsutgifter	967 936 000	967 936 000
445		Den høyere påtalemyndighet		



Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	01	Driftsutgifter	300 999 000	300 999 000
446		Den militære påtalemyndighet		
	01	Driftsutgifter	9 079 000	9 079 000
448		Grensekommisæreren		
	01	Driftsutgifter	5 762 000	5 762 000
		Sum Politi og påtalemyndighet		22 277 074 000
		Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap		
451		Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap		
	01	Driftsutgifter	924 603 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	23 810 000	
	22	Spesielle driftsutgifter – Nødnett, <i>kan overføres</i>	500 137 000	
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	114 552 000	
	70	Overføringer til private	6 898 000	1 570 000 000
452		Sentral krisehåndtering		
	01	Driftsutgifter	26 927 000	26 927 000
453		Sivil klareringsmyndighet		
	01	Driftsutgifter	47 123 000	47 123 000
454		Redningshelikoptertjenesten		
	01	Driftsutgifter	681 925 000	
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	1 977 470 000	2 659 395 000
455		Redningstjenesten		
	01	Driftsutgifter	113 475 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	29 736 000	
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	6 244 000	
	71	Tilskudd til frivillige organisasjoner i redningstjenesten	58 637 000	
	72	Tilskudd til nød- og sikkerhetstjenester	121 106 000	
	73	Tilskudd til Redningsselskapet	124 798 000	453 996 000
457		Nasjonalt sikkerhetsmyndighet		
	01	Driftsutgifter	343 768 000	
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	20 000 000	363 768 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
	Sum Redningstjenesten, samfunns- sikkerhet og beredskap		5 121 209 000
	Andre virksomheter		
460	Spesialenheten for politisaker		
	01 Driftsutgifter	54 297 000	54 297 000
466	Særskilte straffesaksutgifter m.m.		
	01 Driftsutgifter	1 224 855 000	1 224 855 000
467	Norsk Lovtidend		
	01 Driftsutgifter	4 492 000	4 492 000
468	Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker		
	01 Driftsutgifter	17 500 000	17 500 000
469	Vergemålsordningen		
	01 Driftsutgifter	259 861 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	115 105 000	374 966 000
	Sum Andre virksomheter		1 676 110 000
	Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordninger m.m.		
470	Fri rettshjelp		
	01 Driftsutgifter	608 502 000	
	72 Tilskudd til spesielle rettshjelpiltak	59 810 000	668 312 000
471	Statens erstatningsansvar og Stor- tingets rettferdsvederlagsordning		
	71 Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsbevilgning</i>	116 762 000	
	72 Erstatning i anledning av straffe- forfølgning, <i>overslagsbevilgning</i>	65 428 000	
	73 Stortingets rettferdsvederlags- ordning	23 704 000	205 894 000
473	Statens sivilrettsforvaltning		
	01 Driftsutgifter	78 950 000	
	70 Erstatning til voldsofre, <i>overslagsbevilgning</i>	324 562 000	403 512 000
475	Bobehandling		
	01 Driftsutgifter	149 853 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	8 035 000	157 888 000
	Sum Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordninger m.m.		1 435 606 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Svalbardbudsjettet m.m.			
480	Svalbardbudsjettet		
	50 Tilskudd	377 978 000	377 978 000
481	Samfunnet Jan Mayen		
	01 Driftsutgifter	56 108 000	56 108 000
	Sum Svalbardbudsjettet m.m.		434 086 000
Beskyttelse og innvandring			
490	Utlendingsdirektoratet		
	01 Driftsutgifter	1 060 401 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, asylmottak	581 433 000	
	22 Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse	13 867 000	
	23 Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling , <i>kan overføres</i>	4 756 000	
	45 Større utstyranskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	56 199 000	
	60 Tilskudd til vertskommuner for asylmottak	149 329 000	
	70 Stønader til beboere i asylmottak	50 800 000	
	71 Tilskudd til aktivitetstilbud til barn i asylmottak, og veiledning for au pairer	8 480 000	
	72 Internasjonalt migrasjonsarbeid, og assistert retur og reintegrering i hjemlandet, <i>kan overføres</i>	51 205 000	
	73 Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., støttetiltak, <i>kan nyttes under kap. 291 post 60</i>	18 448 000	
	74 Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., <i>kan overføres</i>	55 400 000	
	75 Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, <i>kan overføres</i>	35 047 000	2 085 365 000
491	Utlendingsnemnda		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttes under post 21</i>	277 709 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, <i>kan nyttes under post 1</i>	15 894 000	293 603 000
	Sum Beskyttelse og innvandring		2 378 968 000
Sum departementets utgifter			42 662 502 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Departementets inntekter			
3400	Justis- og beredskapsdepartementet		
	01 Diverse inntekter	5 782 000	
	02 Refusjon av ODA-godkjente utgifter	1 027 000	6 809 000
3410	Domstolene		
	01 Rettsgebyr	330 251 000	
	02 Saks- og gebyrinntekter jord- skiftedomstolene	25 045 000	
	03 Diverse refusjoner	1 961 000	
	04 Vernesaker jordskiftedomstolene	2 440 000	359 697 000
3430	Kriminalomsorgen		
	02 Arbeidsdriftens inntekter	96 268 000	
	03 Andre inntekter	21 713 000	
	04 Tilskudd	2 520 000	120 501 000
3432	Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter		
	03 Andre inntekter	1 117 000	1 117 000
3433	Konfliktråd		
	02 Refusjoner	746 000	746 000
3440	Politiet		
	01 Gebyr – pass og våpen	630 950 000	
	02 Refusjoner mv.	278 210 000	
	03 Salgsinntekter	79 301 000	
	04 Gebyr – vakselskap	4 354 000	
	06 Gebyr – utlendingssaker	285 178 000	
	07 Gebyr – sivile gjøremål	1 076 406 000	
	08 Refusjoner fra EUs grense- og visumfond	65 000 000	2 419 399 000
3442	Politihøgskolen		
	02 Diverse inntekter	17 549 000	
	03 Inntekter fra Justissektorens kurs- og øvingssenter	19 513 000	37 062 000
3444	Politiets sikkerhetstjeneste (PST)		
	02 Refusjoner	18 204 000	18 204 000
3445	Den høyere påtalemyndighet		
	02 Refusjoner	2 142 000	2 142 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
3451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap		
	01 Gebyr	127 658 000	
	02 Refusjoner driftsutgifter Nødnett	34 074 000	
	03 Diverse inntekter	28 206 000	
	04 Refusjoner større utstyrsanskaffelser og vedlikehold Nødnett	75 118 000	
	05 Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett	470 012 000	
	06 Refusjoner	7 026 000	742 094 000
3454	Redningshelikoptertjenesten		
	01 Refusjoner	28 358 000	28 358 000
3457	Nasjonal sikkerhetsmyndighet		
	01 Inntekter	29 723 000	29 723 000
3469	Vergemålsordningen		
	01 Vergemåls-/representantordning, ODA-godkjente utgifter	4 411 000	4 411 000
3470	Fri rettshjelp		
	01 Tilkjente saksomkostninger m.m.	4 326 000	
	02 Fri rettshjelp, ODA-godkjente utgifter	5 396 000	9 722 000
3473	Statens sivilrettsforvaltning		
	01 Diverse inntekter	5 000	5 000
3481	Samfunnet Jan Mayen		
	01 Refusjoner og andre inntekter	6 502 000	6 502 000
3490	Utlendingsdirektoratet		
	01 Assistert retur fra Norge for asylsøkere med avslag, ODA-godkjente utgifter	1 170 000	
	03 Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, ODA-godkjente utgifter	49 927 000	
	04 Asylmottak, ODA-godkjente utgifter	264 914 000	
	05 Refusjonsinntekter	4 623 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner
06	Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., ODA-godkjente utgifter	22 624 000	
07	Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter	13 212 000	
08	Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter	26 783 000	383 253 000
	Sum Departementets inntekter		4 169 745 000
	Sum departementets inntekter		4 169 745 000

*Fullmakter til å overskride gitte bevilgninger*

II

Merinntektsfullmakter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 kan:

1.

overskride bevilgningen under	mot tilsvarende merinntekter under
kap. 61 post 01	kap. 3061 post 03
kap. 400 post 01	kap. 3400 post 01
kap. 410 post 01	kap. 3410 postene 02 og 03
kap. 410 post 22	kap. 3410 post 04
kap. 430 post 01	kap. 3430 postene 03 og 04
kap. 430 post 21	kap. 3430 post 02
kap. 432 post 01	kap. 3432 post 03
kap. 433 post 01	kap. 3433 post 02
kap. 440 post 01	kap. 3440 postene 02, 03 og 04
kap. 442 post 01	kap. 3442 post 02 og 03
kap. 444 post 01	kap. 3444 post 02
kap. 451 post 01	kap. 3451 post 02, 03 og 06
kap. 451 post 22	kap. 3451 post 05
kap. 451 post 45	kap. 3451 post 04
kap. 454 post 01	kap. 3454 post 01
kap. 455 post 01	kap. 3455 post 01

overskride bevilgningen under	mot tilsvarende merinntekter under
kap. 457 post 01	kap. 3457 post 01
kap. 473 post 01	kap. 3473 post 01
kap. 481 post 01	kap. 3481 post 01
kap. 490 post 01	kap. 3490 post 05
kap. 491 post 01	kap. 3491 post 01

Merinntekt som gir grunnlag for overskridelse, skal også dekke merverdiavgift knyttet til overskridelsen, og berører derfor også kap. 1633, post 01 for de statlige forvaltningsorganene som inngår i nettoordningen for merverdiavgift.

Merinntekter og eventuelle mindreinntekter tas med i beregningen av overføring av ubrukt bevilgning til neste år.

- Overskride bevilgningen under kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, post 01 Driftsutgifter med inntil 75 pst. av inntekter ved salg av sivilforsvarsanlegg og fast eiendom. Inntekter inntektsføres under kap. 3451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, post 40 Salg av eiendom.

### III

#### Fullmakt til overskridelse

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 kan overskride bevilgningen under kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, post 21 Spesielle driftsutgifter med inntil 34 mill. kroner dersom det oppstår en situasjon med ekstraordinær stor skogbrannfare og/eller mange skogbranner, og det i den forbindelse er nødvendig med innsats for slokking og beredskap utover det som må påregnes i et normalår. Fullmakten gjelder uten opphold og før Kongen kan gi slikt samtykke.

#### *Fullmakter til å pådra staten forpliktelser utover gitte bevilgninger*

### IV

#### Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 kan bestille varer utover den gitte bevilgning, men slik at samlet ramme for nye bestillinger og gammelt ansvar ikke overstiger følgende beløp:

Kap.	Post	Betegnelse	Samlet ramme
440		Politiet	
	01	Driftsutgifter	150,0 mill. kroner

### V

#### Tilsagnsfullmakter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 kan:

- gi tilsagn om støtte utover gitte bevilgninger på kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 72 Internasjonalt migrasjonsarbeid, og assistert retur og reintegrering i hjemlandet, *kan over-*

*føres*, men slik at samlet ramme for nye tilsagn og gammelt ansvar ikke overstiger 50 mill. kroner.

- gi tilsagn som pådrar staten forpliktelser utover budsjettåret for å gjennomføre forsøk med velferdsobligasjoner innenfor en samlet ramme på inntil 10 mill. kroner inkludert tidligere gitte tilsagn under kap. 430 Kriminalomsorgen, post 70 Tilskudd.

## VI

### Fullmakt til å pådra staten forpliktelser i investeringsprosjekter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 under kap. 430 Kriminalomsorgen, post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlike-

hold, *kan overføres*, kan pådra staten forpliktelser utover budsjettåret for å anskaffe brukerutstyr til rehabiliteringsprosjektet ved Ila fengsel og forvaringsanstalt. Samlede forpliktelser og utbetalinger kan ikke overskride kostnadsrammen for brukerutstyr på 40 mill. kroner.

### *Andre fullmakter*

## VII

### Videreføring av bobehandling

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 kan bestemme at det under ordningen med utgifter til fortsatt bobehandling pådras forpliktelser utover gitt bevilgning under kap. 475 Bobehandling, post 21 Spesielle driftsutgifter, *kan overføres*, med inntil 10 mill. kroner, men slik at totalrammen for nye tilsagn og gammelt ansvar ikke overstiger 33 mill. kroner.

sen med inntil 250 000 kroner for hver enkelt søknad, men slik at grensen er 500 000 kroner for HIV-ofre og 300 000 kroner for tidligere barn i barnehjem, offentlige fosterhjem og spesialskoler. Søknader der utvalget anbefaler å innvilge erstatning som er høyere enn nevnte beløp, fremmes for Stortinget til avgjørelse. Det samme gjelder søknader som etter utvalgets vurdering reiser spørsmål av særlig prinsipiell art.

## VIII

### Nettobudsjetteringsfullmakter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 kan:

1. trekke politiets direkte utgifter til oppbevaring, tilsyn og salg av beslag fra salgsinntekten, før det overskytende inntektsføres under kap. 5309 Tilfeldige inntekter, post 29 Ymse.
2. trekke salgskostnader ved salg av faste eiendommer fra salgsinntekter før det overskytende inntektsføres under kap. 3451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, post 40 Salg av eiendom.
3. nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning, post 01 Driftsutgifter, inntektene ved avholdelse av kurs og konferanser i regi av Konkursrådet, samt inntekter fra rådets øvrige virksomhet.
4. nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 475 Bobehandling, post 21 Spesielle driftsutgifter, *kan overføres*, tilbakebetalte inntekter under ordningen med utgifter til bobehandling.

## IX

### Stortingets rettsferdsvederlagsordning

Stortingets utvalg for rettsferdsvederlag får i 2021 fullmakt til å tilstå rettsferdsvederlag av statskas-

## X

### Avhending av sivilforsvarsanlegg

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 kan overdra sivilforsvarsanlegg til en verdi av inntil 500 000 kroner vederlagsfritt eller til underpris når særlige grunner foreligger.

## XI

### Innkvartering av utlendinger som søker beskyttelse

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 kan inngå avtaler med varighet utover 2021 om midlertidig drift av innkvartering for utlendinger som søker beskyttelse i Norge. Dersom behovet for innkvartering av asylsøkere og flyktninger blir større enn forutsatt i statsbudsjettet for 2021 eller det oppstår behov for å gjennomføre tiltak for forsvarlig innkvartering utover det som der er lagt til grunn, samtykker Stortinget i at Justis- og beredskapsdepartementet kan øke innkvarteringskapasiteten eller iverksette nødvendige tiltak, selv om dette medfører et bevilgningsmessig merbehov over kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 21 Spesielle driftsutgifter, asylmottak, post 60 Tilskudd til vertskommuner for asylmottak eller post 70 Stønader til beboere i asylmottak. Summen av overskridelser på postene kan ikke overstige 900 mill. kroner i 2021, og for-



pliktelsene utover 2021 skal ikke overstige en samlet ramme på 1 mrd. kroner.

**XII**

Fullmakt til postering mot mellomværendet med statskassen

Stortinget samtykker i at Domstolsadministrasjonen i 2021 kan postere sideutgifter som forskutteres i henhold til rettsgebyrloven, mot mellomværendet med statskassen.

*Andre vedtak***XIII**

Oppheving av anmodningsvedtak

Vedtak nr. 529, 8. mars 2018 oppheves.

---

---



## Bestilling av publikasjoner

Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon

[www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonene er også tilgjengelige på

[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Trykk: 07 Media AS – 10/2020

